

# **Masteroppgåve**

**“...det som vi alle føler vi skylder Finland”**

**Finlandsambulansen.**

**Foreningen Norden og Norges Røde Kors sitt  
krigssjukehus i Finland under  
Vinterkrigen 1939 - 1940**

**Nils Einar Rye**

**Kulturmøte  
2018**

**53 968 ord**





## Samandrag

Denne oppgåva tek føre seg den såkalla *Finlandsambulansen*. Dette var Foreningen Norden og Norges Røde Kors sitt krigssjukehus i Finland under den finsk-sovjetiske krigen i 1939 – 1940, seinare kjend som Vinterkrigen. Krigen vakte eit voldsomt engasjement, og ei bølge av solidaritet med Finland både i Norden, i Europa og verda elles. Eg undersøker den historiske konteksten og humanitære tradisjonen som ambulansen verka innanfor. Oppgåva gjer dessutan greie for krigens bakgrunn og forløp, og undersøker også kva det var ved denne konflikten som utløyste det sterke engasjementet for Finland og det finske folket i den norske opinionen, og korleis dette engasjementet kom til uttrykk i norske aviser. Oppgåva gjer elles greie for sentrale trekk ved Røde Kors- og sjukepleierske-kulturen som kan ha bidrege til å motivere ikkje minst Røde Kors- søstrene til innsats i Finland. Den går også nærare inn på kven dei var, desse kvinnene som drog, kva bakgrunn dei hadde.

Vidare viser oppgåva korleis ambulansen kom i stand, og korleis den praktiske etableringa og gjennomføringa gjekk føre seg i Finland. Ambulansen drog for å hjelpe Finland og sára finske soldatar. Denne partiske involveringa vert problematisert og spegla mot filantropiske ideal frå Røde Kors-rørsla sin barndom, som til dømes nøytralitet på slagmarka og grenseoverskridande universalisme. Dette, saman med ønsket om vere ein fredsorganisasjon, var ideal som framleis var ein stor del av fundamentet for Røde Kors si eiga sjølvforståing. Samtidig argumenterer oppgåva for at Finlandsambulansen gjekk inn i ein tydeleg tradisjon som gjorde seg gjeldande i mange nasjonalforeiningar alt i opptakta til første verdskrigen, nemleg ei stadig sterkare vektlegging av nasjonalisme og patriotisme på bekostning av dei nettopp nemnde ideala. Oppgåva ser også på korleis sentrale initiativtakarar og deira eigne erfaringar frå den finske borgarkrigen i 1918 kan ha bidrege til deira sterke engasjement for å hjelpe Finland.

## Abstract

The subject of this thesis is the so called *Finlandsambulansen*. This was the Norwegian Red Cross' war hospital established in Finland during the Russo-Finnish Winter War 1939 – 1940. The War was met with stark reactions, and the sympathy and solidarity for Finland and its cause was very strong in Norway and the other Nordic countries. The thesis investigates the historical context and humanitarian tradition the Norwegian ambulance acted within, as well as describing the war itself and its background. The study also has a broad approach to the Red Cross culture and the society of the Norwegian Red Cross sisters who were part of the ambulance's personnel, their ethics and view of life – and how these factors may have motivated their wish to serve in Finland. It also looks into their social background etc.

In addition to this, the thesis describes how the ambulance was organized and deployed in Finland, and how it operated on the Finnish side. This is discussed in the context of the the ideals of neutrality and universalism on which the Red Cross movement was based on in its early days. On the same time, the thesis shows that *Finlandsambulansen* was a part of a a tendency where many national societies of the red Cross movement turned to become more nationalistic and patriotic during the years prior to and during the First World War. The thesis also looks into central leaders of the war hospital and how their experiences from the Finnish civil war in 1918 may have connections with their desire to help the country again in 1939.

## Føreord

På radiobordet heime hos besteforeldra mine låg alltid eit fotoalbum framme. Det var innbunde i raudt skinn, og hadde ei diskret påskrift i gull nede i venstre hjørnet: *Laura Hoff Finland 1940*. Inne på peisstova hang der eit diplom som var signert av ein *Fältmarskalk Mannerheim*. Eg forstod at der var eit samband mellom diplommet og albumet. Dessverre hadde bestemor og eg så mykje anna å snakke om – ho var nemleg ei svært klok dame – at eg aldri fekk heilt grep om kva det var ho gjorde den gongen. Der. I Finland. I 1940. Denne masteroppgåva er eit forsøk på å formulere eit svar på det spørsmålet eg burde stilt bestemor: *Kva var Finlandsambulansen, og kvifor var du med?*

Ei stor takk til rettleiaren min, professor Inger Marie Okkenhaug, for entusiastisk tru på prosjektet frå første dag, oppmuntringar og gode og konstruktive tilbakemeldingar undervegs! Denne jobben har teke meg fleire år, og er gjort på fritida. Eg har vore i ein slags unntakstilstand inne i mi eiga boble av gammalt arkivstoff, avisutklipp og haugar med bøker. Bøker, ja; eg vil rette ei stor takk til Manuel Navarro og Hilde Alvestad ved Sykkylven bibliotek for deira urokkelege tolmod. Eg kunne sikkert tapetsert stova mi med purringar på bøker som har vore utlånt, men akk så sjeldant innlevert til rett tid. Det er prisen for å vere deltidsstudent, og det er ein pris Manuel og Hilde har betalt i form av tallause utsettingar og godsnakkande epostar og telefonsamtalar med Nasjonalbiblioteket og andre institusjonar landet over. Igjen: takk!

Vidare må eg få takke kollegaene mine ved Sykkylven ungdomsskule. Eg har aldri hatt orden pulten min, men dei siste åra har eg løfta kaoset til eit heilt nytt nivå. Takk til dykk alle, for forståing og empati! Særleg to må nemnast spesielt; Randi L. Aasen og Frode Hjelmevoll, som har møtt mine ønske og behov med fleksible sinn og vilje til å hjelpe når eg har hatt behov for å reise til Riksarkivet, Nasjonalbiblioteket eller høgskulen i Volda. Takk. Ei stor takk også til bror Kjetil og svigerinne Anne for fantastisk hjelp med det gjenstridige Word-dokumentet no i inspurten. Takk også til tante Elisabet for gode samtalar både om ambulansen, bestemor og mykje anna.

Og sist, men eigentleg *aller* først: Tusen hjarteleg takk til familien min, som kanskje har betalt mest for denne langvarige reisa eg har hatt saman med Finlandsambulansen. Og aller, aller mest takk til May Jorunn. Takk. Takk. Takk.

No skal eg slå plenen.



## Innhald

1	Innleiing .....	1
1.1	Historisk bakgrunn: Finland og Sovjetunionen – og Finland i Norden.....	1
1.1.1	“(...) det som vi alle føler vi skylder Finland” .....	3
1.2	Problemstilling og forskings spørsmål .....	6
1.3	Avgrensingar og premissar .....	8
1.4	Tidlegare forskning.....	9
1.5	Kjeldemateriale og metodiske utfordringar .....	11
1.6	Mulege vegar vidare .....	13
1.7	Strukturen på oppgåva .....	13
2	Røde Kors og hjelp på slagmarka – ei historisk skisse .....	15
2.1	Omgrepet humanitarisme.....	15
2.1.1	Humanitarisme i to hovudformer .....	17
2.2	Tre humanitære epokar .....	17
2.3	Den imperiale humanitarismen .....	18
2.4	Dunant og Solferino.....	19
2.4.1	Gamle tankar med ny aktualitet for ei ny tid.....	21
2.5	Komiteen i Genève og den dansk-tyske krigen .....	22
2.5.1	Den første testen: den dansk-tyske krigen i 1864 .....	23
2.6	Den første Genèvekonvensjonen .....	24
2.6.1	Humanistisk – ikkje pasifistisk .....	25
2.6.2	Frå statleg skepsis til statleg ja.....	26
2.7	Rørsla breier seg .....	26
2.8	To prøvesteinar .....	27
2.8.1	Prøyssen - Austerrike .....	27
2.8.2	Den fransk-tyske krigen .....	28
2.9	Norges Røde Kors .....	28
2.9.1	Kvinner og Røde Kors.....	30
2.10	Universalisme versus nasjonalisme: 1880 - 1918.....	31
2.10.1	Den internasjonale komiteen under verdskrigen .....	33
2.10.2	Norges Røde Kors under verdskrigen .....	34
2.10.3	Norsk ambulanse til den finske borgarkrigen .....	34
2.11	Røde Kors-rørsla etter første verdskrigen.....	35
3	Vinterkrigen – og norske reaksjonar .....	37
3.1	Aukande sovjetisk press .....	38
3.2	Moskvapakta og nedteljing til krig.....	40
3.3	Opptakt til krig.....	41

3.3.1	På leit etter vener.....	44
3.4	Krigen november – desember 1939.....	45
3.5	Krigen januar – mars 1940 .....	49
3.6	“Ånda frå Vinterkrigen” .....	50
3.7	Noreg og vinterkrigen.....	51
3.8	Press frå aust og vest .....	52
3.9	Krigen i norske media og opinion .....	54
3.10	Reportasjar, meldingar og kommentarar i media.....	56
3.11	Militært heltemot .....	59
3.12	“Finlandsrørsla” .....	61
3.13	Samarbeid mellom Foreningen Norden og Norges Røde Kors .....	64
4	Finlandsambulansen .....	65
4.1	Leiarane og deira band til Finland .....	67
4.2	Opptakta.....	71
4.3	Ambulanse til Finland .....	73
4.4	Travle veker.....	76
4.4.1	Utstyr og logistikk.....	76
4.4.2	Politisk og militær klarering.....	77
4.5	Lokalisering, operasjonsområde, organisering .....	79
4.6	Verksemda i Finland – 1. ambulanse.....	80
4.6.1	Feltlasarett .....	80
4.7	Verksemda i Finland – 2. ambulanse.....	83
4.7.1	Ulike oppgåver for lasarett og sjukehus .....	85
4.7.2	Alvorlege skadar .....	85
4.7.3	Transport .....	87
4.7.4	Risiko .....	88
4.7.5	Genferkorsets status .....	90
4.7.6	Nøytralitet og omsorg for alle? Russiske fangar .....	92
4.8	Avvikling av Finlandsambulansen .....	95
4.9	Kulturmøte.....	96
4.10	Aktivt opinionsarbeid.....	97
4.10.1	Den gode finnen og “Østens horder” .....	98
4.11	Skisma.....	101
4.12	Situasjonsbestemt humanitarianisme? .....	102
5	Søstrene – identitet, ideal og motivasjon.....	105
5.1	Søstrer utan stemme?.....	105
5.2	Sjukepleien – gammal omsorg i nye former.....	107



5.3	Formalisert utdanning .....	108
5.4	Verdsleg sjukepleieutdanning – Røde Kors og andre .....	109
5.5	Nightingale-systemet .....	110
5.6	Sosial, geografisk og utdanningsmessig bakgrunn .....	112
5.6.1	Generelle trekk – norske sjukepleiarar .....	112
5.6.2	Alderen til dei som drog .....	113
5.6.3	Sosial bakgrunn .....	113
5.6.4	Geografisk bakgrunn .....	114
5.6.5	Alder ved opptak til Røde Kors-utdanninga .....	114
5.6.6	Skulebakgrunn før sjukepleiekarrieren .....	114
5.6.7	Praksis før sjukepleiekarrieren .....	115
5.7	Søknadene .....	115
5.7.1	Attestar og referansar .....	116
5.8	Søsterideal i utdanning og pensum .....	116
5.8.1	Kallet i ånd og praksis .....	117
5.9	Røde Kors-kulturen i Røde Kors Månedstidsskrift .....	121
5.9.1	Søstervigsler – appellar og talar .....	121
5.9.2	Mental beredskap .....	122
5.10	Internasjonalt utsyn i Røde Kors' månadstidsskrift .....	123
5.10.1	Etiopia .....	123
5.10.2	Kina og Spania .....	124
5.11	Søsterhjemmet og søstersamfunnet .....	125
5.12	Interne band .....	126
6	Avslutning .....	128
6.1	Engasjement og nordisk samkjensle .....	128
6.2	Den humanitære konteksten .....	128
6.3	Søstrene si rolle .....	131
6.4	Leiarane – betydning og motivasjon .....	132
7	Referanseliste - kjelder og litteratur .....	133
	Bøker og artiklar .....	133
	Mastergradsoppgåver .....	136
	Arkiv .....	136
	Aviser .....	136
	Røde Kors - publikasjonar .....	137
	Nettstader .....	137
	Andre kjelder .....	137
	Vedlegg 1: Kontingentane .....	138

Vedlegg 2: Finland dei to første krigsmånadene.....	140
Vedlegg 3: Krigssjukehusets og feltsjukehusets plassering i Finland.....	141
Vedlegg 4: Organisering av Finlandsambulansen.....	142
Vedlegg 5: Ambulansar frå andre land .....	143
Vedlegg 6: Kopi av fotoalbumet Laura Hoff, Finland 1940 .....	145
Vedlegg 7: Røde Kors-søster i Finland: Laura Rye f. Hoff (1905 – 1988).....	186

*Til minne om Laura Rye f. Hoff og alle dei andre som deltok på Finlandsambulansen.*

# 1 Innleiing

Konflikten og krigen mellom Finland og Sovjetunionen kom utvilsomt til å utløse en sjeldent omfattende og dyptgående menneskelig engasjement i de nordiske land. Vi står overfor en unik opinion som etter kort tid materialiserte seg i hektisk aktivitet på ulike områder. Enkeltmennesker, foreninger, organisasjoner og myndigheter sto langt på vei sammen i et ønske om å gjøre den best mulige hjelpeinnsats innenfor nøytralitetsreglens noe uklare ramme. Intensitet og dimensjoner var slik at om propaganda og aktiviteter ble sett i sammenheng, dreide det seg om en særegen stemning; intet mindre enn en “**Finlandsbevegelse**”!<sup>1</sup>

*Konflikten og krigen* historikaren Torstein Strømsøe skriv om er den finsk-sovjetiske krigen, også kalla *Vinterkrigen*, som varte frå 30. november 1939 til 13. mars 1940. I denne oppgåva vil eg ta føre meg eitt konkret resultat av dette ønsket om å hjelpe, denne *Finlandsbevegelsen*, nemleg den såkalla *Finlandsambulansen* til Noregs Røde Kors og Foreningen Norden.

Krigen mellom stormakta og finnane var av dei viktigaste militære konfrontasjonane i Europa i perioden som av engelskmennene vert kalla *The Phoney War*,<sup>2</sup> det første halve året etter Tysklands overfall på Polen 1. september 1939. Angrepet på Finland vakte svært sterke reaksjonar i det internasjonale samfunnet, ikkje minst i dei nordiske nabolanda. Regjeringane i Danmark, Sverige og Noreg var sjokkerte, men vegra seg samtidig for å engasjere seg på ein måte som kunne bryte med nøytralitetslinja. Likevel var dei offentleg uttrykte reaksjonane på krigen svært sterke, ikkje minst i det politiske miljøet, media og den folkelege opinionen elles. Ei blanding av frykt for stormakta i aust og indignasjon over kva eit broderfolk vart utsett for, fekk ei rekke praktiske utslag. *Finlandsambulansen* var eit slikt utslag.<sup>3</sup> Til saman vel 80 nordmenn tok del i operasjonen, fordelt på ulike personellkategoriar som legar, sjukepleiarar, sjåførar og andre typar hjelpemannskap.

## 1.1 Historisk bakgrunn: Finland og Sovjetunionen – og Finland i Norden

Finland var eit russisk storhertugdømme i over 200 år. Etter den russiske revolusjonen erklærte landet seg som sjølvstendig stat den 6. desember 1917, og vart ikkje lenge etter anerkjent av dei nye makthavarane i Russland: bolsjevikane med Lenin i spissen. Etter ein blodig borgarkrig i 1918 mellom dei kvite og raude, der dei kvite borgarlege kreftene gjekk av

---

<sup>1</sup> Strømsøe 1997: 5

<sup>2</sup> Edwards 2007, Trotter 1991, van Dyke 1997

<sup>3</sup> Ordet *ambulanse* er i denne samanhengen synonymt med krigssjukehus og alt som høyrer med på logistikk-transport- og materiellsida.

med sigeren, følgde år med sterke indre spenningar i Finland. Med tida fekk landet god økonomisk vekst, og utover på trettitalet hadde det lukkast å bygge opp ein økonomi som hadde bereevne til å løfte stadig større delar av befolkninga ut av fattigdommen. Ved utbrotet av Vinterkrigen, hadde Finland ei positiv sosial og økonomisk utvikling med ein blomstrande eksportindustri,<sup>4</sup> og sjølv om det parlamentariske demokratiet hadde gått gjennom ei rekke kriser,<sup>5</sup> var det no klart at landet orienterte seg meir og meir mot vest, ikkje minst økonomisk.<sup>6</sup> Innanrikspolitisk ville landet bygge eit “robust, holdbart og inkluderende sosialdemokrati.”<sup>7</sup>

Dei første åra etter borgarkrigen sleit imidlertid Finland med ei rad problem som gjorde det vanskeleg å få fullt innpass i resten av det politiske Norden. Den fascistiske og reaksjonære Lappo-rørsla<sup>8</sup> hadde gitt finnane eit dårleg omdømme i politiske kretsar i dei skandinaviske landa. Dei sosialdemokratiske partia i Noreg, Sverige og Danmark meinte finsk politikk var “alvorleg infisert av fascistiske virus.”<sup>9</sup> Også det borgarleg orienterte Finland, med si ferske historie med ein blodig borgarkrig og kontroversielle handtering av den tapande parten, kunne nok bidra til denne lunkne haldninga. For svenskane sin del bidrog det også negativt til synet på Finland at landet i mange år hadde ein språkstrid gåande mellom den finsktalande majoriteten og det svensktalande mindretalet. Sverige meinte språkminoriteten vart diskriminert. Det er interessant i denne samanhengen at vinterkrigen skulle bidra til å fjerne motsetningane mellom dei to språkgruppene.<sup>10</sup> Ein tvist med Sverige over Ålandsøyane vart imidlertid rydda av vegen alt i 1921, og skulle dermed ikkje vere til hinder for at Finland også søkte tryggleik innanfor ei nordisk ramme.

Men heller ikkje den *norske* haldninga til Finland hadde historisk vore udelt positiv. På 1800-talet, medan Finland enno var eit russisk storhertugdømme, opplevde Finnmark og Troms etter måten betydeleg innvandring frå finsk side. Dette vart i store kretsar sett på som ein trussel, då innvandrane “kunne vere fortroppar for den russiske ekspansjonen inn i Noreg på veg mot det isfrie havet – det kunne ein i allfall frykte.”<sup>11</sup> Den norske nasjonale

---

<sup>4</sup> Klinge 1981:102; Edwards 2007:17

<sup>5</sup> Klinge 1981:101

<sup>6</sup> Klinge 1981:29, Edwards 2007:17, 23

<sup>7</sup> Edwards 2007:17

<sup>8</sup> Den økonomiske krisa på slutten av tjuetalet hadde gitt grobottn for den høgreekstreme – nokon vil seie fascistiske – Lapporørsla, som med sin sterke agitasjon mot både kommunistar og sosialistar bidrog til å halde ved like polariseringa i det finske samfunnet. Sjå Klinge 1981:101; Singleton 1998:117.

<sup>9</sup> Strømsøe 1997:18

<sup>10</sup> Strømsøe 1997:17f. Sjå også Haavikko 1979:131f og Meinander 2012:61

<sup>11</sup> Berg 2016:37

oppvakninga på 1800-talet hadde dessutan ein finsk parallell i den såkalla *fennomanien*. Denne hadde ikkje russiske røter, men skapte like fullt uro i Noreg. Styresmaktene frykta at at finsk innvandring var resultat av finsk ekspansjonisme – og at kvenane var illojale mot Noreg. *Den finske faren* var ein fryktgenerator i Noreg så seint som i mellomkrigstida.<sup>12</sup>

Presidentvalet i 1937 var med på å endre dei andre nordiske landa sitt negative syn på Finland, og minske avstanden mellom Finland og nabolanda i vest. Kyösti Kallio frå det sentrumsorienterte agrarpartiet vart president, og sosialdemokratane kom inn i regjeringa saman med agrarpartiet og dei liberale. Slik vart det innarikspolitiske landskapet i Finland meir likt det ein fann i dei andre nordiske landa, og det vart teke godt imot både der og i Moskva at den nye regjeringa var mindre oppteken av å pleie relasjonar ein hadde hatt til Tyskland.<sup>13</sup> Koalisjonen «førte Finland inn på den same ideologiske linje som de andre nordiske land». <sup>14</sup> Presidentvalet opna med andre ord for at den utbreidde skepsisen til Finland vart redusert i Norden. Eller som Strømsøe formulerer det: «Finland var i ferd med å gjøre seg politisk stueren i Norden!»<sup>15</sup>

Tryggingspolitisk gjekk Finland dei første åra langs ein uklar veg, men la seg på trettitalet på den same nøytralitetslina som dei andre nordiske landa. Den aukande storpolitiske spenninga mellom Sovjetunionen, Tyskland og Vestmaktene i dette tiåret vanskeleggjorde Finland si geopolitiske stilling. Finskebukta inst i Austersjøen var strategisk viktig, Sovjetunionen frykta at særleg det sørlege Finland kunne bli brukt til oppmarsjområde for eit angrep på landet, og kravde territorielle konsesjonar frå Finland. Finnane nekta, og etter langvarig sovjetisk press kulminerte striden i open konflikt. Krigen braut ut 30. november 1939 og vart i dei andre nordiske landa umiddelbart oppfatta som ei stormakts nådelause overfall på ein liten nabo. Krigen skapte ein voldsom solidaritet med Finland i verda generelt, og i Norden spesielt. Den norske Finlandsambulansen var eitt av mange konkrete og handfaste uttrykk for den same solidariteten.

### **1.1.1 “(...) det som vi alle føler vi skylder Finland”**

Om kvelden den 30. desember 1939 var gåande og ridande politi utkommanderte saman med “handfaste karer av jernbanens egen stab”<sup>16</sup> for å halde orden på store menneskemengder på Østbanestasjonen i Oslo. Trengsla var stor, folk klatra opp på traller og i stolpar etter kvart

---

<sup>12</sup> Berg 2016:38

<sup>13</sup> Haavikko 1979:136. Dette var relasjonar som gjekk heilt tilbake til borgarkrigen, då tyskarane hadde støtta dei kvite.

<sup>14</sup> Strømsøe 1997:19

<sup>15</sup> Strømsøe 1997:19

<sup>16</sup> Aftenposten 2.1.1940

som det vart knapt med ståplass på perrongen. Oslo Musikerforening sytte for hornmusikk, medan folk stimla saman for å ta farvel med dei som snart skulle gå om bord i toget til Stocholm.<sup>17</sup> Folkemengda var samla for å seie farvel til Finlandsambulansen som endeleg, etter veker med førebuing, var klar for avreise. Så omfattande var ekspedisjonens materiell at den trong eit tog på 11 vogner – 9 godsvogner og to personvogner.

“Hele Norge ønsker dere lykke på ferden,”<sup>18</sup> proklamerte Aftenposten i ein artikkel som gjekk over fem spalter. Fotografi viste “tungt belesede leger på vei til sine kupèer,”<sup>19</sup> namneopprop og sjølvsgatt “Ferdens leder professor Holst.”<sup>20</sup> Alle var kledde i “sine klædelige grå sportsdrakter med Røde Kors-merket i luen og på armen”<sup>21</sup> og “toget bortover perrongen beleset med saueskinnspluser og velfylte rygsekker(...).”<sup>22</sup>

Da bagasjen var vel installert, spilte musikerne Bjørneborgernes marsj, og alle blottet hodet mens overlæge Paus – Røde Kors’ fungerende president – besteg en kasse og takket de menn som reiste ut for å hjelpe på Finlands slagmarker, hjelpe det folk som mere enn en gang hadde gått i bresjen for hele Norden og ved sitt heltemot og sitt blod hadde stanset anslagene fra øst.<sup>23</sup>

Foreningen Nordens leiar, Harald Grieg, ville også sende med Finlandsfarane nokre ord på vegen: “Det er neppe for meget sagt (...) at hele det norske folk føler det som en tilfredsstillelse at dere reiser østover i aften. Fordi denne ambulansen innfrir litt av det som vi alle føler vi skylder Finland.”<sup>24</sup> Før toget rulla ut frå stasjonen, hadde både ekspedisjonsdeltakarane og dei mange fram møte sunge både den finske og den norske nasjonalsongen, medan “alle hoder blottedes,”<sup>25</sup> og i tillegg – etter oppmoding frå Foreningen Nordens formann – stemt i eit 3 x 3 hurra.

Kvifor dette voldsomme engasjementet? Kvifor denne jublende entusiasmen som bokstaveleg talt fylte perrongen på Østbanen til siste ståplass? Kva var det Paus referte til då han snakka om at Finland *meir enn ein gong* hadde gått i bresjen for heile Norden og med

---

<sup>17</sup> Aftenposten 2.1.1940; Sjå også Morgenposten 2.1. 1940

<sup>18</sup> Aftenposten 2.1.1940

<sup>19</sup> Aftenposten 2.1.1940. Bilettekst.

<sup>20</sup> Aftenposten 2.1.1940. Bilettekst.

<sup>21</sup> Norges Røde Kors’ Månedstidsskrift 1/1940

<sup>22</sup> Norges Røde Kors’ Månedstidsskrift 1/1940

<sup>23</sup> Aftenposten 2.1.1940

<sup>24</sup> Aftenposten 2.1.1940

<sup>25</sup> Morgenposten 2.1.1940

heltemot og blod hadde stansa “anslagene fra øst?”<sup>26</sup> Og kva hadde Harald Grieg i tankane då han snakka om at alle hadde ei skuld til Finland?

Både entusiasmen for Finland og støtta til den finske sida i Vinterkrigen hang saman med ein djup frykt hos norske styresmakter og opinion for Sovjetunionen og bolsjevismen. Det var ikkje meir enn 22 år sidan Finland hadde vore gjennom ein borgarkrig som av mange i Norden vart sett på som ein *fridomskrig*<sup>27</sup> – ein kamp ikkje berre for Finland og finsk sjølvstende spesielt, men for vestlege og nordiske verdiar generelt. Det var ein kamp mot ein *raud fare*, radikale krefter som i mange sine auge forsøkte å utvide den nye kommuniststaten Sovjetunionen si makt til også å omfatte nordisk territorium.

Men angsten for stormakta i aust var gammal, langt eldre enn bolsjevikregimet i Moskva. Den strekte seg tilbake til tidleg på 1800-talet, då tsaren rådde grunnen i det russiske riket. *Russofobien* utgjorde eit viktig innslag i tryggingpolitiske refleksjonar og vurderingar i Noreg heilt fram til den kalde krigen.<sup>28</sup> Interessant nok kom det sovjetiske angrepet på Finland på eit tidspunkt då det i fleire år hadde vore ei opptining av Noregs forhold til den kommunistiske stormakta.<sup>29</sup> Derfor kom det sovjetiske overfallet som eit sjokk som skapte full panikk i Noreg.<sup>30</sup> Russofobien var tilbake for fullt.<sup>31</sup> Meir om reaksjonane i kapittel 3.

I Røde Kors sitt månadstidsskrift for januar 1940 skreiv fungerande president Nikolai Paus at “1939 har vært et blodig år. (...) folk står mot folk, syke og sårede, døende og døde dekker Europas slagmarker.”<sup>32</sup> Paus såg lite å glede seg over, men insisterte på at Røde Kors meir enn nokon gong før, “med løftet hode og uten å knuges ned av bekymringer, lidelser og savn (...) må søke å tilfredsstille de krav, som livet stiller til oss (...)”<sup>33</sup> Etter ein gjennomgang av engasjementet for finnane og Finland, med den nyleg avreiste ambulansen som eit toppunkt, kunne Paus slå fast at “Røde Kors alltid vil stå på vakt, rede til å hjelpe, så langt evnene rekker.”<sup>34</sup>

---

<sup>26</sup> Aftenposten 2.1.1940

<sup>27</sup> Det er liten grunn til å tvile på at nordmenn delte narrativet til den kvite sida som til slutt gjekk av med sigeren. For dei var borgarkrigen ein fridomskrig, og dei raude kunne sjåast som agentar for bolsjevismen og dei nye makthavarane i Moskva. Som ei stadfesting av dette, peikar konservative historikarar på at leiarar for dei raude flykta til Sovjetunionen der dei stifta det finske kommunistpartiet og seinare vart medlemmar i vasallregjeringa som Stalin forsøkte å innsette i Finland under vinterkrigen i 1939-40. Sjå Singleton 1998:110 og elles også Meinander 2012:51

<sup>28</sup> Berg 2016:32f

<sup>29</sup> Alt i 1924 inngjekk Noreg og Sovjetunionen ein bytehandel. Sovjetunionen anerkjende Spitsbergen-traktaten, og Noreg anerkjende Sovjetunionen. Sjå Berg 2016:57

<sup>30</sup> Stortingets utanrikskomitè diskuterte til dømes rykte om russiske planar om å ta Finnmark. Sjå Berg 2016:57

<sup>31</sup> Berg 2016: 57,75

<sup>32</sup> Norges Røde Kors' Månedstidsskrift 1/1940

<sup>33</sup> Norges Røde Kors' Månedstidsskrift 1/1940

<sup>34</sup> Norges Røde Kors' Månedstidsskrift 1/1940



Der var lite *nøytralitet* å spore hos Paus – sympatien låg hos finnane. Om han personleg nokon gong hadde næra frykt for *den finske fare*, var den borte no. Langt større farar truga Finland, Noreg og den nordiske fellesskapen. Paus signerte desse refleksjonane i månadstidsskriftet den 6. januar. Då var ambulansen i Finland alt i gang med å omsette Paus sitt noko høgstemte credo til praktisk handling. Paus hadde sitt daglege arbeid som overlege ved sjukehuset i Tønsberg. Nokre veker seinare var han sjølv i Finland, som leiar for ambulansens siste kontingent.

## 1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Denne oppgåva undersøker altså Norges Røde Kors sin ambulanse til Finland under Vinterkrigen i 1939-40. Dei tre spørjeorda *kvifor*, *korleis* og *kven* gir retning for prosjektet og temaet det er meint å kaste lys på. Eg er interessert i å undersøke *kvifor* og *korleis* ambulansen kom i stand. Svara eg finn på det første, *kvifor*, kan bidra til å forklare bakgrunnen for at ambulansen i det heile såg dagens lys. Her må eg utdjupe og gå nærare inn på Vinterkrigen. Kva handla den om, og, ikkje minst, kva var det ved denne historiske hendinga som skapte eit slikt engasjement for Finland i Noreg, ein slik *Finlandsbevegelse*? Korleis vart krigen framstilt i norske media, og korleis kan denne diskursen ha bidrege til å motivere dei som melde seg frivillig til å vere med på ambulansen?

Men ambulansen var ikkje berre ei mellomfolkeleg solidaritetshandling på eit visst punkt i historien, den var også ein humanitær hjelpeaksjon som stod i ein *humanitær tradisjon*. Oppgåva undersøker difor nærare denne tradisjonen, og prøver å vise den humanitærhistoriske konteksten Finlandsambulansen og Norges Røde Kors verka innanfor. Røde Kors internasjonalt og nasjonalt vil måtte få ein brei plass i denne framstillinga – ikkje minst i kapittel 2.

Ved å studere oppsettinga av ambulansen og verksemda i Finland, finn eg svar på *korleis* ambulansen vart organisert og utførte oppgåvene sine i praksis, og kva faktorar som påverka gjennomføringa. Her vil eg også seie noko om korleis dei opphavelige tankane og idèane om Røde Kors-nøytraliteten kolliderte med røyndommen på dette punktet i historien; med norske sympatiar og antipatiar, og med oppfatninga av kven som *fortente* hjelp.

*Kven* var så med på ambulansen? Her er eg spesielt interessert i dei rundt førti Røde Kors-sjukesøstre som drog til Finland. Krigen og opinionsdanninga i media var *ytre* motivasjonsfaktorar. For å finne dei *indre* motivasjonskreftene har eg sett nærare på

sjukepleiaryrket, dei ideala som prega profesjonen på denne tida, og kva historiske og ideologiske røter desse hadde. Dette biletet teiknar eg ved å studere sjukepleiarutdanninga og ikkje minst det eg kallar søsterkulturen og Røde Kors-kulturen slik desse kjem til uttrykk i tradisjon, utdanning og praksis. Slik trer desse sjukesøstre fram som representantar for ein profesjon som ved inngangen til 1940-talet på ganske mange måtar såg annleis ut enn i dag. Dei står også støtt på ei utviklingsline der konturane av eit omsorgsyrke kjem stadig sterkare fram i tråd med generelle utviklingstrekk i samfunns- og produksjonsliv frå tidleg på 1800-talet og framover.

I sum og i korte trekk: Oppgåva tek sikte på å gjere greie for kva Finlandsambulansen var, kvifor den kom i stand, kva utfordringar den møtte, kven som drog, og ikkje minst kva ytre og indre motivasjonsfaktorar som kan ha fått dei til å reise.

Dei ovanståande refleksjonane fører meg fram til følgjande problemstilling:

*Finlandsambulansen: Foreningen Norden og Norges Røde Kors sitt krigssjuehus i Finland under Vinterkrigen 1939 – 40. Kva, kven og kvifor? Historisk bakgrunn og humanitær kontekst.*

Sidan temaet har så mange fasettar og kan studerast frå så mange sider, er det nødvendig med nokre forskingsspørsmål. Desse kan vere:

- Kva var det ved krigen som utløyste det sterke engasjementet for Finland og det finske folk i den norske opinionen?
- Kva var Finlandsambulansen? Opptakt og gjennomføring. Kva humanitærhistorisk kontekst opererte Finlandsambulansen innanfor?
- Kven var Røde Kors-søstre som reiste til Finland? Kva bakgrunn hadde dei, og kva var det ved Røde Kors- og søsterkulturen som motiverte dei til innsats?
- Kva betydning hadde leiarar og initiativtakarar sine personlege erfaringar frå den finske borgarkrigen 1918 for at den norske Finlandsambulansen såg dagens lys i 1940?

Det siste spørsmålet er interessant, for det var ikkje første gongen Norges Røde Kors engasjerte seg i Finland. Organisasjonen hadde nemleg ein ambulanse i Finland også under borgarkrigen i 1918, der både initiativtakaren Johan Holst og leiaren for Foreningen Norden, Harald Grieg, var med.

For å skape samanheng og eit nødvendig bakteppe for det eg vil undersøke i oppgåva, er det også nødvendig å stille eit bagrunnsspørsmål, nemleg: *Kva var den finsk-russiske vinterkrigen?* Det vil bli gjort greie for krigens bakgrunn og utvikling i kapittel 3.

### **1.3 Avgrensingar og premissar**

Temaet for denne oppgåva er Foreningen Norden og Norges Røde Kors sin Finlandsambulanse. Det er på det reine at også Nansenhjelpen hadde ein ambulanse i Finland samtidig. Eg har valt å halde denne utanfor mine undersøkingar, rett og slett fordi eg prioriterer å sjå på Norges Røde Kors si rolle – og i den samanhengen Røde Kors-kulturen slik eg har gjort greie for ovanfor. I den grad eg er inne på andre hjelpetiltak, er det for å vise at Finlandsambulansen var del av ei stor rørsle som hadde felles ein sympati og solidaritet med Finland, og for å vise at alle desse enkelttiltaka kunne vere bidrag og eksempel til å bygge opp motivasjon til innsats hos dei som vart direkte involverte i Finlandsambulansen, Av same grunn brukar eg lite plass på andre sider ved Røde Kors si verksemd i forhold til Finland. T.d. kunne eg undersøkt alt frå mottak av flytkningar i Nord-Noreg til klesinnsamlingar, men dette ligg altså utanfor mi problemstilling. Eg er også inne på andre nordiske lands ambulansar i Finland, men då berre som eit lite komparativt element for å vise at den norske innsatsen var del av ei større *nordisk* rørsle. Eg vel også å halde utanfor framstillinga emne som den frivillege militære hjelpa til Finland. Denne blir berre omtala for å få fram viktige sider ved ambulansedeltakarar si haldning til militær versus humanitær hjelp.

Når det gjeld periodeaspektet ved temaet eg behandlar, har eg gjort eit klart val med omsyn til det som er relatert til sjølv *ambulansen*: Eg tek føre meg tida frå krigsutbrotet 30. november til byrjinga av april 1940, om lag tre veker etter fredsslutninga mellom Finland og Sovjetunionen, då den siste kontingenten reiste heim til Noreg. Med omsyn til sjølv Vinterkrigen har eg valt å ta med både opptakta til krigen, og krigens gang fram til fredsslutninga – rett og slett fordi det er med på å skape den heilskapen og historiske ramma Finlandsambulansen opererte innanfor. Når det gjeld den humanitærhistoriske konteksten og tradisjonen som Røde Kors-, søster- og sjukepleiarkulturen inngjekk i, vert naturlegvis

horisonten sterkt utvida bakover i tid. Dette er nødvendig for å etablere den tids- og idèmessige aksen Finlandsambulansen opererte i enden av.

#### 1.4 Tidlegare forskning

Etter mitt syn er følgjande felt innan forskinga relevante for denne oppgåva: forskning på Vinterkrigen i seg sjølv, og på reaksjonane den skapte i den norske opinionen; på humanitariasme og Røde Kors, og på utviklinga og danninga av kall og ideal i sjukepleiarprofesjonen slik denne kom til uttrykk på tidspunktet for Vinterkrigen.

Eit av standardverka om Vinterkrigen er W. Trotters *Den finske vinterkrig 1939 – 1940*. (Originaltittel: *A Frozen Hell: The Russo –Finnish War of 1939 – 1940*.)<sup>35</sup> Denne boka gir ei god innføring i kva krigen dreide seg om, og sjølv om forfattaren har sympati med Finlands sak, vert denne godt balansert mot ei viss forståing for den reelle frykta Sovjetunionen hadde for at Finland skulle bli brukt som oppmarsjområde i ein konflikt med t.d. Tyskland. Trotter uttrykker beundring for den finske forsvarsmakta og betydninga den hadde for det finske sjølvstendet, men underslår heller ikkje dei klare militære begrensingane styrkane hadde. Også R. Edwards si *Hvit død. Russlands krig mot Finland 1939 – 40*<sup>36</sup> gir ei spennande, informativ og svært leseverdig innføring i krigen, sjølv om sympatien for den finske sida er meir eksplisitt og uttalt her enn hos Trotter. Også van Dykes *The Soviet invasion of Finland 1939 – 40*<sup>37</sup> har vore eit nyttig supplement i arbeidet med sjølve vinterkrigen.

Viktig i studiet av dei norske reaksjonane på krigen har Strømsøes *Solidaritet eller nøytralitet? Norsk Finlands-politikk og opinionen under Vinterkrigen 1939-1940* vore.<sup>38</sup> Dette verket tek føre seg norske styresmakter sin balansegang mellom solidaritets- og nøytralitetsomsyn, den norske opinionens syn på krigen, og korleis dette synet initierte frivilleg innsats på mange plan. Boka gjer greie for den mangearta hjelpeverksemda som vart Finland til del – og då ikkje minst den materielle og praktiske hjelpa Finlandsambulansen var ein del av. Strømsøe tek også føre seg reaksjonar i pressa, noko som har bidrege til å utvide mitt bilete av “Finlandsrørsla.”

---

<sup>35</sup> Trotter 2004

<sup>36</sup> Edwards 2007

<sup>37</sup> van Dyke 1997

<sup>38</sup> Strømsøe 1997

På det humanitære området har eg gjennomgåande brukt Barnetts *Empire of Humanity. A History of Humanitarianism*.<sup>39</sup> Denne boka gir ei kritisk framstilling av den historiske utviklinga av humanitarianismen, og tilbyr mellom anna interessante perspektiv på menneskelege destruksjonskrefter (som krig) og menneskelege ønske om å bøte på resultatane av dei same kreftene – nemleg medliding og motivasjon til å hjelpe. Barnett tek også føre seg Røde Kors-rørsla og plassen denne har i den humanitære tradisjonen. Det gjer også boka *Dunant`s Dream. War, Switzerland and the History of the Red Cross*<sup>40</sup> av Caroline Moorehead, som mellom anna tek føre seg Røde Kors-rørsla si agering i krig gjennom 1800- og 1900-talet. *Champions of Charity, War and the Rise of the Red Cross* av historikaren John F. Hutchinson rettar eit kritisk blick på Røde Kors-rørsla si sjølvforståing, og har også vore nyttig i arbeidet.

For innsikt i den generelle historien til Norges Røde Kors, har eg brukt Eldrid Mageli si *Med rett til å hjelpe*.<sup>41</sup> Denne er ei oversiktshistorie om den norske nasjonalforeininga, og tek føre seg både organisasjonen i det store og heile og kvinnene sin innmarsj, ikkje minst i sjukepleiaryrket, som jo er viktig i denne oppgåva. Mageli nemner berre så vidt Finlandsambulansen, og då i samband med den tyske invasjonen av Noreg. Med tanke på temaet mitt har *Grenseløs omsorg. Norges Røde Kors ute i 100 år*<sup>42</sup> av Erling Welle-Strand hatt meir stoff som har vore nyttig for meg.

I studiet av sjukepleiarkulturen generelt, har særleg to verk vore sentrale for meg. Den eine, *Kall og kamp*<sup>43</sup> av Kari Melby, handlar om framveksten av og historien til Norsk Sykepleierforbund, men også om ein profesjon i støypeskeia – om sjukepleien og denne si historie i Noreg. Det same gjer Fause og Michaelsens *Et fag i kamp for livet. Sykepleiens historie i Norge*.<sup>44</sup> Begge desse har dessutan vore viktige i mitt arbeid med bakgrunnen til dei søstrene som reiste til Finland.

I si masteroppgåve frå 2016, *Utforming og gjennomføring av norsk humanitær hjelp etter opprøret i Ungarn, 1956 – 1957*<sup>45</sup> presenterer Heidi Cecilie Vekony Olsen interessante perspektiv på Norges Røde Kors si rolle i forhold til ein annan internasjonal konflikt som også

---

<sup>39</sup> Barnett 2011

<sup>40</sup> Moorehead 1998

<sup>41</sup> Mageli E. 2014

<sup>42</sup> Welle-Strand 2001

<sup>43</sup> Melby 1990

<sup>44</sup> Fause og Michaelsen 2008

<sup>45</sup> Vekony Olsen 2016

skapte sterkt folkeleg engasjement i i Noreg. Denne har danna grunnlaget for ei samanlikning av organisasjonens tilnærming til dei to krisene.

## 1.5 Kjeldemateriale og metodiske utfordringar

I arbeidet med Finlandsambulansen har primærkjeldene for det meste vore arkivmateriale; dokument, rapportar, oversikter, notat, brev, telegram og rulleblad i Røde Kors sitt privatarkiv som er deponert hos Riksarkivet. I tillegg kjem radioprogram frå NRK, utdrag frå Filmavisen og eit fotoalbum etter ein av deltakarane på Finlandsambulansen. Dessutan har månadstidsskriftet til Norges Røde Kors vore ei mykje brukt kjelde, saman med årsmeldingar frå organisasjonens representantskap. Dette materialet har eg funne i Nasjonalbiblioteket. Vidare har eg brukt aviser frå denne tida, i all hovudsak Aftenposten og Arbeidarbladet.

I møtet med primærkjeldene har eg nytta meg av kvalitative metodar. Slike arbeidsmåtar er i mindre grad enn kvantitative metodar eigna til å bringe fram generaliserande konklusjonar. Til gjengjeld meiner eg kvalitative metodar gjer det muleg å gå meir i djupna på det emnet vi studerer. Eg hadde i utgangspunktet laga meg nokre hypotesar om Finlandsambulansen og kva eg ønskte å finne ut når eg skulle dukke ned i dette materialet. Det same hadde eg laga meg om Røde Kors-søstrene og kven dei var. Etter kvart som arbeidet skreid fram, måtte kartet tilpassast terrenget slik det framstod i kjeldene eg kunne finne. Vegen har blitt til undervegs.

Norges Røde Kors sitt historiske arkiv er ordna i boksar etter tema. Det var derfor ikkje vanskeleg å finne stoff som var relevant for den delen av oppgåva som galdt sjølve organiseringa av *Finlandsambulansen*. Problemet var at stoffet i svært liten grad var sortert og ordna. Rett nok var materialet i boksane lagt i mapper, men desse hadde ofte til dels misvisande eller i beste fall ufullstendig merking. Ein annan ting er at brev og dokument ikkje låg kronologisk i mappene, slik at det måtte gjerast litt sorteringsarbeid for at eit heilskapleg bilete av enkeltelemta skulle tre fram. Dette problemet var endå større då eg leita etter stoff om RødeKors-søstrene, sjukepleiarutdanning, søsterheimar, rullar osb. Her var materialet spreidd over ein langt større tidsperiode, men etter kvart fann eg også her mykje av det eg var ute etter.

Som eg skriv i kapittel 4 er søstrene sine stemmer påfallande tause i Røde Kors-arkivet. For om muleg å nærme meg ei forståing av deira verdsbilete, oppsøkte eg derfor lærebøkene dei hadde, propagandaen dei vart utsette gjennom månadstidsskriftet og andre publikasjonar, skjema og hefter. Slik meiner eg å ha fått fram eit bilete av søsterkulturen og

og deira plass i Røde Kors-systemet som ikkje vert artikulert i organisasjonens arkiv – og dermed også ein *indirekte* motivasjon for deltaking på Finlandsambulansen.

Eit berande prinsipp i hermeneutikken, fortolkingslæra, er at menneskelege handlingar, utsegn og produkt har ein *intensjon*, ei *mening* – at dei kommuniserer noko. Hermeneutikken går ut på å leite etter, fortolke og forstå denne meninga. Alle dokumenta i Røde Kors sitt arkiv er slike menneskelege produkt. Når det til dømes går fram av protokollen etter landsstyret den 13.12. 1939 at *Johan Holst* ti dagar tidlegare hadde lagt fram forslag om å sende ein ambulanse til Finland, seier det noko om intensjonen hans. Men så lenge *motivet* ikkje er direkte uttrykt i dokumentasjonen, som til dømes at dei humanitære behova er enorme og må avhjelpast, kan vi berre gå ut frå at dette var Holst si grunngeving for forslaget. Når vi så legg til at Holst deltok aktivt på den kvite sida i kampen mot dei raude under den finske borgarkrigen i 1918, er det rimeleg å slutte at motiva hans for å foreslå en ambulanse i 1939 ikkje *berre* var humanitære, men også hadde ideologiske undertonar, gitt at motstandarane til finnane under Vinterkrigen var det raude og bolsjevikiske Sovjetunionen. *Den hermeneutiske sirkelen* hjelper meg som granskar å forstå kva det handlar om: I møtet med nytt materiale tolkar forskaren enkeltdelane ut frå heilskapen, og heilskapen ut frå enkeltdelane i ein vekselverkande prosess. I denne prosessen aukar forståinga ved at forståingshorisontane til forskingsobjektet og forskaren nærmar seg kvarandre. Prosessen er dynamisk, forskaren får nye innsikter undervegs – innsikter som gir nye idear og innfallsvinklar til stoffet.

“Ambisjonen for historikeren er å si noe om en faktisk virkelighet i gamle dager, ikke å dikte opp en tenkt virkelighet,”<sup>46</sup> seier historikaren Knut Kjeldstadli. “Fortiden er borte, og vi sitter igjen med et mylder av ytringer og gjenstander som vi bruker som grunnlag for fortellinger og historier som knytter dem sammen for oss, her og nå. Historikernes virksomhet er ikke rekonstruksjon, men konstruksjon,”<sup>47</sup> hevdar Erling Sandmo. Og presiserer etterpå at historieskriving alltid er tekst, “en tekst som gjør utvalg: anlegger et perspektiv, antar en form.”<sup>48</sup> I dette prosjektet har eg hatt denne erfaringa: Kjeldene har utvida blikket mitt, men også tvinga meg til å gjere val som igjen har prega forma på teksten. Denne oppgåva slik ho ligg føre, er resultat av tallause slike val. Alt i utvalet av sekundærkjelder, og av kva primærkjelder som skulle vektleggast, vart det gjort val. Like eins i utforminga av problemstillinga og forskingsspørsmåla. I hermeneutikken har vi omgrepet *for-dommar*. Også

---

<sup>46</sup> Kjeldstadli 1999:209

<sup>47</sup> Sandmo 2015:186

<sup>48</sup> Sandmo 2015:187

forskaren er prega av eit verdsbilete, ja, ein *habitus*, så å seie, som bidreg til å farge tilnærminga til stoffet. Noko er medvite, og noko er det ikkje. Historiefaget handlar om menneskeverda, og eg som forskar er også berre eit menneske.<sup>49</sup>

## 1.6 Mulege vegar vidare

Basert på alle vala eg har gjort, har eg konstruert fortida. Men eg kan aldri hevde at eg har fanga *heile* historien om Finlandsambulansen, menneska som var med, motiva deira, forståinga dei hadde av det som hende, eller livskjensla deira. Det vil vere umuleg. Som nemnt har eg i Røde Kors-arkivet eller i publikasjonar funne svært lite som eksplisitt bringer vidare erfaringar frå Finland sett gjennom *søstrene* sine auge. Ein muleg veg vidare mot djupare innsikt i dette kan vere ei *mikrohistorisk* tilnærming. Det er ikkje umuleg at det i lokalaviser, lokale arkiv, bibliotek, bygdebøker finst materiale der søstrene sjølve kjem til orde og kan fortelje.

Som oppgåva viser, vart Vinterkrigen i store delar av den norske opinionen tolka inn i ei forståingsramme med klare ideologiske overtonar. Mange nordmenn såg finnane sin krig som ledd i ein eksistensiell kamp mot bolsjevismen og Russland. Det kunne vere interessant å finne ut meir om korleis Røde Kors-søstrene som var i Finland stilte seg til dette, og om den humanitære ideologien til Røde Kors, som vi må tru prega dei, også hadde islett av politisk-ideologiske sympatiar og antipatiar. Om lag 500 norske kvinner tenestegjorde som frivilleg i teneste for det tyske Røde Kors utanfor Noregs grenser under andre verdskrigen.<sup>50</sup> I forlenginga av dette kunne det vere spennande å finne ut om nokon av søstrene i Finland var mellom desse. Om så var tilfelle, kan det også vere eit grunnlag for å sjå ein tydeleg politisk-ideologisk motivasjon for innsatsen på Finlandsambulansen hos dei det gjaldt.<sup>51</sup>

## 1.7 Struktura på oppgåva

Denne oppgåva har ein klar struktur. Gitt temaet og behovet for ein humanitær og historisk kontekst, startar eg i kapittel 2 med å sjå på dei historiske og ideologiske røtene til den humanitære rørsla spesielt og Røde Kors generelt på 1800-talet. Vidare gjer eg greie for

---

<sup>49</sup> For meir om hermeneutikk, sjå Krogh 2014.

<sup>50</sup> Gripp Bay 2014:1

<sup>51</sup> Mellom anna peikar Gripp Bay på at front søstre var "vitner og medløpere til operasjonene som medførte terror og folkemord i Østområdene. (...) mange av front søstrene var gjennom NSUF, NS, hirden og sin frivillighet i DRK (det tyske Røde Kors, min mrk.) en del av dette." Sjå Gripp Bay 2014:109. Forfatteren meiner dette er eit tema som er nedprioritert i Noreg til fordel for eit narrativ om 'den apolitiske' kvinna og humanitær hjelp.



opptakta og forløpet til Vinterkrigen. Eg meiner begge desse kapitla er viktige for kunne sjå og gripe dei større rammene for temaet eg studerer.

I kapittel 3 ser eg også nærare på dei norske reaksjonane på krigen, og viser korleis desse utløyste ei brei vifte med innsamlingar og andre frivillege tiltak for å hjelpe finnane. I kapittel 5 tek eg føre meg Finlandsambulansen, og nærmar meg den med både deskriptive og analytiske auge. Det er naturleg å gi ambulansens verksemd ei kronologisk framstilling, dette er jo eit tiltak som både har ein bakgrunn, ei byrjing og ein ende. Undervegs i kapitlet speglar og diskuterer eg ein del av funna mine mot den større konteksten, særleg slik den trer fram i kapittel 2. I kapittel 5 går eg nærare inn på Røde Kors- og søsterkulturen – for om muleg å teikne eit bilete av den sjølvforståinga og dei kreftene som fekk dei til å ønske å vere med til Finland. Avslutningsvis oppsummerer og diskuterer eg ein del av funna eg har gjort.

Eg har valt å ta med sju vedlegg til oppgåva. Eitt er ei oversikt over alle som var med til Finland. Det største vedlegget er kopi av eit fotoalbum som gir eit godt innblikk i ambulansens daglege verksemd, både med omsyn til behandling av pasientane, og elles dei sosiale banda som oppstod i Finland. Vidare har eg med to kart og ei skisse for å vise kvar ambulansen var stasjonert, og korleis den vart organisert med krigssjukehuset og feltlasarettet som viktige tannhjul i systemet. Eitt vedlegg gjer greie for andre nordiske ambulansar i Finland, medan eg til slutt legg ved med ein artikkel eg har skrive om bestemor mi, Røde Kors- søster Laura Rye, som var med på den første kontigenten. Ho er hovudgrunnen til at denne oppgåva har sett dagens lys, og står som ein typisk representant for ein generasjon og ei tid som er borte.

## 2 Røde Kors og hjelp på slagmarka – ei historisk skisse

Legane, Røde Kors-søstrene og dei andre som melde seg til frivilleg teneste ved den norske ambulansen i Finland, gjorde vala sine innanfor ein tradisjon av transnasjonal omsorg og medkjensle for lidande medmenneske. I dette kapittelet er målsettinga å plassere deltakarane på den norske ambulansen i det eg vil kalle ein *humanitærhistorisk* kontekst – og då med hovudvekt på frivillig hjelpearbeid på slagmarka og i andre situasjonar der soldatar er i naud under krig. Finlandsambulansen er eit eksempel på nettopp dette. I ei slik framstilling må Røde Kors-rørsla få ein sentral plass – og då særleg Røde Kors i Europa. Her fell Norges Røde Kors inn som ein etter kvart naturleg del av denne historiske skissa. Det var Norges Røde Kors som danna miljøet tradisjonen og og ein stor del av forståingshorisonten dei kjende seg heime i, dei som drog til Finland dei første månadene av 1940.

Frivillig hjelpearbeid i krig er uttrykk for empati med medmenneske i naud som er så sterk at den sporar til handling. Denne identifikasjonen med og omtanken for lidande soldatar fekk tydelege ideologiske, institusjonelle og organisatoriske uttrykk på 1800-talet. Det er ikkje tilfeldig. Særleg siste halvdel av dette århundret var prega av det Michael Barnett kallar ein konkurranse mellom to motstridande menneskelege drivkrefter; menneskeslekta sine evner til å vise ondskap mot andre, og evna og lysta til å hjelpe medmenneske som var offer for den same vondskapen.<sup>52</sup>

I det følgjande vil eg sjå nærare på det ideologiske og humanitære jordsmonnet der Røde Kors slo rot, og korleis dette kom til på ein bakgrunn av generelle utviklingstrekk i europeiske og vestlege samfunn på 1800-talet.

### 2.1 Omgrepet humanitarisme

Det engelske omgrepet *humanitarianism* – humanitarisme – kom i bruk tidleg på 1800-talet, og kan forståast som ei form for omsorg, sympati og medkjensle for andre menneske si lidning. I praksis fekk humanitarismen nokre tydelege kjenneteikn: For det første innebar den etter kvart assistanse og hjelp *over* landegrensene. Dette ønsket om å hjelpe menneske i andre land, heng saman med eit anna karakteristisk trekk ved humanitarismen, nemleg ei tru på at den er knytt til noko transcendentalt. Det transcendentale elementet ligg etter mitt syn i forståinga eller oppfatninga av at menneskets verdi og den menneskelege eksistensen har ein metafysisk dimensjon som overskrid klasse- og gruppeforståing, og ikkje minst nasjonale

---

<sup>52</sup> 2011: s. 11

grenser og geografiske avstandar. Det transcendentale kan ha ei religiøs form, og religionen var då også svært viktig i humanitarianismens første fase. Men også dåtidig og seinare, meir sekulær humanitarisme har klare transcendentale trekk.<sup>53</sup>

Humanitarianismen på 1800-talet vart også i stadig aukande grad prega av organisering, styring og institusjonalisering av dei humanitære aktivitetane. Tidlegare hadde medliding vore ein privat affære – eit privilegium for velsituerte som hadde ressursar og overskot til å hjelpe andre. Når nokon var i naud, måtte dei stole på andre si godheit. Nettopp den veksande institusjonaliseringa og organiseringa av humanitært arbeid gjorde det muleg å hjelpe over større avstandar, over landegrensene.<sup>54</sup>

Organiseringa og systematiseringa av det humanitære arbeidet vart ikkje gjort berre for å gjere hjelpa meir effektiv og verne menneska mot lidning, men for å *forbetre* menneskeslekta i seg sjølv: “Humanitarianism is a creature of the world it aspires to civilize.”<sup>55</sup> Humanitarianismen er med andre ord eit resultat av modernitet, opplysningstid og dermed tilliten til at menneskeslekta har ei ibuande *evne* til å skape framsteg og framgang.<sup>56</sup> Her ligg altså eit klart element av moralisme, men denne er også avgrensa av kultur, historisk kontekst og andre omstende.<sup>57</sup> Det tilsynelatande universelle humanitære imperativet om å rykke inn for å stoppe menneskeleg lidning, vil alltid måtte levast ut, *etterlevast*, i konkrete situasjonar som krev reelle val mellom verkelege alternativ i ei verkeleg verd. Humanitær etikk vil derfor aldri kunne bli det Barnett kallar ein *transhistorisk kategori* – rett og slett fordi den vil vere rotfesta i, og farga av *samtidige* oppfatningar av kva humanitet er for noko, og ikkje minst kven som treng – og fortener –hjelp.<sup>58</sup> Her kan det vere på sin plass å peike på det paradoksale i at kvar epoke likevel ser ut til å vurdere sine eigne verdisett som tidlause og evigvarande.<sup>59</sup>

---

<sup>53</sup> Barnett 2011: s. 20

<sup>54</sup> Barnett 2011: s. 10, 21f

<sup>55</sup> Barnett 2011: s. 9

<sup>56</sup> Barnett 2011: s. 21

<sup>57</sup> Barnett 2011: s. 9. Opphavsmannen til ideen om Røde kors, Henri Dunant, var til dømes svært oppteken av å gjere Europa mindre barbarisk, men viste lita interesse dei europeiske kolonimaktens grusomme behandling av innfødde i koloniane.

<sup>58</sup> Barnett 2011: s. 14. Den sveitsiske 1700-talsfilosofen Emmerich de Vattel understrekar til dømes ein paneuropeisk solidaritetstanke når han peikar på at det er ei plikt å hjelpe andre nasjonar som er råka av katastrofar. Hans oppfatning av humanitet avgrensar seg imidlertid til å gjelde kristne medmenneske.

<sup>59</sup> Barnett 2011: s. 11. Det var til dømes ein vanleg tenkemåte for 1800-talets europearar å sjå på Europa som eit fyrtårn for menneskeleg moral, og kristendom og modernitet som sivilisasjonsagentar som kunne bringe resten av verda ut av mørkret.

### 2.1.1 Humanitarianisme i to hovudformer

Humanitarianisme og humanitært arbeid kan delast i to hovudkategoriar. På den eine sida har vi dei menneska og organisasjonane som ser det som ei hovudoppgåve å ville berge liv som står på spel, lindre smerte og bringe hjelp for å møte *akutte* naudsituasjonar. På den andre sida finn vi dei som vil fjerne sjølv *årsakene* til menneskeleg lidning.<sup>60</sup> Røde Kors-rørsla starta i si tid ut som ein organisasjon med ei hovudvekt på det første, nærare bestemt med eit mål om å hjelpe soldatar på slagmarka. Seinare, ikkje minst etter 1. verdskrigen, vart nye prioriteringar lagde til dei gamle både i Noreg og internasjonalt, slik at organisasjonen meir og meir framstod som ein hybrid som tok opp i seg begge humanitarismens hovuduttrykk.<sup>61</sup> Finlandsambulansen til Norges Røde Kors var eit konkret svar på ein akutt situasjon, og må vel kunne seiast å vere motivert av tankegodset som i si tid førte til at Røde Kors-rørsla i det heile tatt såg dagens lys.

### 2.2 Tre humanitære epokar

Barnett deler dei siste 200 åra inn i tre humanitære epokar. Det som kjenneteiknar desse periodane og samtidig skil dei frå kvarandre, er det varierende forholdet mellom tre vesentlege kategoriar med krefter som var med på å forme utviklinga, og dermed bestemme *føremål med og vilkår for* humanitært arbeid. Desse tre kreftene var *øydelegging, produksjon og medlidning*. Relasjonen mellom desse elementa og ikkje minst interaksjonen mellom dei, opnar og lukkar handlingsrommet for humanitær innsats – og er dermed med på å forme humanitarianismen i den historiske konteksten den opererer i.

*Øydeleggingskreftene* er handlingar og valdsmønster som set liv i fare og reduserer tryggleik. Dei er også med på å bestemme korleis små og store makter ser på tilhøvet mellom staten og menneskeleg tryggleik. Måten statar – og for så vidt også ikkje-statlege aktørar – fører krig på, og ikkje minst kva strategiske mål dei har med krigføringa, utvidar eller innsnevrar handlingsrommet til humanitære organisasjonar. Viss der t.d. er *samsvar* mellom det ein stat eller part oppfattar som sine tryggingsinteresser på den eine sida og humanitær innsats på den andre, aukar mulegheitene for hjelpearbeid.<sup>62</sup> I samband med Norges Røde Kors sitt engasjement i Finland er dette eit både relevant og interessant perspektiv.

---

<sup>60</sup> Barnett 2011:22

<sup>61</sup> Mageli 2014:111ff

<sup>62</sup> Barnett 2011:22f. Til dømes har endringar i militær teknologi og strategi auka behovet for å utvide krigens lover og styrke vernet av sivile. Slaget ved Solferino som gav Dunant visjonen om Røde Kors, sette i gang ein prosess der utviklinga av stadig meir dødeleg militærteknologi, førte til humanitære forsøk på å utlikne dette.

*Produksjonskreftene* inkluderer ideologiar som på ulikt vis definerer statens rolle i samfunnet og kapitalismen som økonomisk system. Den humanitære revolusjonen som fekk sin idemessige og praktiske fødsel på 1700-talet, var på mange måtar ein konsekvens av sterke og raske samfunnsendingar, som til dømes industriell revolusjon, påfølgjande urbanisering og eroderte sosiale strukturar på landsbygda. Nye sosiale klasser kom til, og dei hadde ikkje dei gamle sosiale tryggingssnetta – noko som skapte behov for nye tankar om menneskelege behov og korleis desse problema kunne møtast. Alle desse sosiale omveltingane i England frå 1700-talet og framover skapte nye sosialetiske idear og tenkemåtar.<sup>63</sup> Nokon vil seie at humanitært arbeid vart ein tryggingssventil for å ta seg av dei kapitalismen undertrykker, og slik hindre opprør mot samfunnsordninga. Marx hevda til dømes at humanitarianismen er ein konstruksjon som glattar over sosiale forskjellar for å berge borgarskapen.<sup>64</sup>

### 2.3 Den imperiale humanitarianismen

Barnett deler humanitarismen dei siste to hundreåra inn i tre periodar, og gir dei namn avleia av viktige internasjonale utviklingstrekk. Den første og lengste epoken er *den imperiale humanitarianismen*. Denne strekker seg frå starten av 1800-talet og fram til slutten av 2. verdskrigen.<sup>65</sup> Det er på enden av denne lange tidsaksen finn vi den norske Finlandsambulansen.

Barnett meiner framveksten av ein kultur for *moral compassion* som har gjort seg gjeldande dei siste 300 åra, er knytt til revolusjonen i kapitalismen og statssystemet.<sup>66</sup> Ein doktrine og diskurs om humanitarianisme og ei forestilling om det *empatiske mennesket* byrja å vinne terreng frå midten av 1700-talet. Filosofar tok føre seg og populariserte tanken om humanitet. Jordskjelvet i Lisboa i 1755 utløyste til dømes ein paneuropeisk hjelpeaksjon – den første i sitt slag.<sup>67</sup>

Opplysningsfilosofane var også opptekne av krigen som fenomen, og korleis denne kunne siviliserast – ja, kanskje endåtil fjernast. Det var eit uttalt håp at menneskeleg felles sjølvinteresse og venlegheit ville kunne eliminere institusjonalisert vald.<sup>68</sup> Hobbes sitt

---

<sup>63</sup> Sjå også Barnett 2011:54: Buforholda i dei overbefolkta industribyane var deprimerande, gamle familiestrukturar og familieverdiar vart undergrevene og moralsk forfall i mange former breidde om seg.

<sup>64</sup> Barnett 2011:24

<sup>65</sup> Dei to andre epokane Barnett opererer med, er a) Neohumanitarianismen (1945 – 1989), som er prega av avkolonialisering, utvikling og suverenitet, og b) Liberal humanitarianisme (1989 – ), dominert av “liberal fred,” globalisering og vekt på menneskerettar. Sjå Barnett 2011:30.

<sup>66</sup> Barnett 2011:49

<sup>67</sup> Barnett 2011:50

<sup>68</sup> Best 1980:35

mekanistiske verdsbilete vart avløyst av trua på at medliding var eit menneskeleg instinkt, og eit mål på ein person sin verdi. Ein gryande sympati for menneske ein i utgangspunktet ikkje hadde nære kjenslemessige band til, vart omsett til kollektiv handling, og den vitskaplege revolusjonen bidrog til å auke trua på at enkeltmennesket kunne vere med og endre og forbetre verda og tilveret.

Viktig for denne humanitære bølga var ein evangelisk kristendom knytt til omvending, frelse og oppvakning. Nettopp ideen om det siste – oppvakning – representerte eit brot med predestinasjonslæra, at mennesket bar på ei arvesynd og lite kunne gjere for å frelse seg sjølv. Den evangeliske forkynninga forfekta at mennesket hadde fri vilje til å gjere handlingar som kunne leie til frelse. Den evangeliske rørsla førte til ein kraftig vekst i veldedig arbeid og sosiale reformar. Sjølv om også sekulære krefter spelte med, meiner mange at det er vanskeleg å sjå føre seg ei sosial reformrørsle utan sterk religiøs grunngeving på denne tida. Evangelikanarar såg ikkje med blide auge på Opplysningstidas angrep på religionen, og fann heller inga motsetning mellom religion og opplysning. Tvert om: Moderniseringa som no var tydeleg i ein del vestlege land, vart sett som teikn på kristen overlegenheit.

Misjonsrørsla tok med seg dei filantropiske impulsane til India og andre koloniar, saman med kapitalisme og kristendom. Forestillinga om ei menneskeslekt sameina på tvers av landegrensar og verdshav vart spreidd, og oppfordringa om medliding og solidaritet fekk god grobotn på heimebane. Denne humanitære diskursen forfekta likskap mellom menneska, men nokre menneske var likare enn andre: Kristendom og kapitalisme gjorde den vestlege sivilisasjonen overlegen andre og meir tilbakeliggande folkeslag. Med dette følgde ei forplikting til å hjelpe framande;<sup>69</sup> Kiplings “White man’s burden” fekk praktiske uttrykk. Den imperiale epoken er prega av det eg vil kalle eit *vestleg siviliseringsimperativ*.

## 2.4 Dunant og Solferino

(...)finner man ulykkelige som ikke bare er blitt rammet av kuler eller granatsplinter som har kastet dem til jorden, men som har fått armene og bena knust under hjulene på artillerivognene. (...) Også granatsplintene og de koniske kulene forårsaker smertefulle brudd og grusomme indre ødeleggelse. Splinter av enhver art, bruddstykker av knokler, fragmenter av klær, mundur eller fottøy, jord og blybiter forverrer og irriterer ofte den lidendes sår og øker hans angst.(...) Den som vandrer

---

<sup>69</sup> Barnett 2011: s. 54f

rundt på denne veldige skueplassen (...) møter for hvert skritt, og midt i en forvirring uten like, vitnesbyrd om ubeskrivelig fortvilelse og lidelser av alle slag.<sup>70</sup>

Med dette kraftfulle og biletrike språket formidlar sveitsaren Henri Dunant sine inntrykk etter slaget ved den italienske landsbyen Solferino, der to store armear frå Frankrike og Austerrike barka saman den 24. juni 1859. Det skulle vise seg å vere eitt av dei blodigaste slaga i Europa på 1800-talet.<sup>71</sup> Til saman 300.000 soldatar tok del i kampene, og då kvelden kom, låg det att 6.000 døde på slagmarka, medan skrika og jamringa frå minst 30.000, kanskje så mange som 40.000 såra menn spreidde seg i kveldsmørket.<sup>72</sup>

Henri Dunant var ein 31 år gammal forretningsmann som var i området der slaget utspelte seg. Dagen etter at kampene var over, kom han til landsbyen Castiglione. Her var det oppretta eit fransk felthospital der byens kvinner alt var i full gang med å lindre nauda med det vesle dei hadde.<sup>73</sup> Dunant var rysta over kor lite organisert støtte soldatane fekk,<sup>74</sup> og kasta seg inn i arbeidet. Han organiserte hjelpa til dei såra, og delte kvinnene inn i arbeidslag som skaffa mat, vaska og stelte pasientane. Etter kvart sytte han for at 10.000 soldatar fekk medisinsk pleie og andre former for omsorg. Mange hadde fryktelege sår etter kuler, bajonettar og sablar, og måtte vente opp til fire dagar før dei fekk hjelp.<sup>75</sup>

Oppe i all denne menneskelege miseren la også Dunant merke til noko anna. Her, i dei lidande mennene si hjelpeløyse, var der ikkje noko skilje mellom venn og fiende. Dei frivillige spurte ikkje etter nasjonaliteten til ein soldat som trong hjelp. *Tutti fratelli!* Vi er alle brør! Slik lydde omkvedet blant alle hjelparane.<sup>76</sup> Ein menneskeleg universalisme som braut ned kunstige skilje mellom mennene som var i naud, gjorde på sett og vis alle like der i dette infernoet av liding og offer.

Dunant sine ord som er gjengjevne ovanfor, er henta frå boka *Minner fra Solferino* som han gav ut i 1862. Boka er tredelt. Første delen skildrar kampene mellom dei kjempande armeane. I den andre delen går forfattaren meir ned på individnivå, og vert gripen av den grusomme lagnaden og urettvisa som ventar mange av dei såra og døyande mennene han møter. Skildringane er svært realistiske. På usminka vis vert krigen utmåla i all si gru: “Stripped of its heroism and splendor, war became a series of brutal set pieces in which

---

<sup>70</sup> Dunant 1999:42f

<sup>71</sup> Mageli 2014:22

<sup>72</sup> Moorehead 1998:2; Mageli 2014:22

<sup>73</sup> Mageli 2014:23

<sup>74</sup> Mageli 2014:23; Moorehead 1998:4

<sup>75</sup> Moorehead 1998:4

<sup>76</sup> Barnett: 2011:77; Hutchinson 1996:17; Mageli 2014:23; Moorehead 1998:5

soldiers were sacrificed and then abandoned to suffer until they died.”<sup>77</sup> Spørsmålet i tredje delen var så om det ikkje var muleg å etablere nasjonale foreiningar av frivillige i fredstid som kunne rykke inn og hjelpe dei skadde når krig braut ut? Og kvifor ikkje samtidig etablere nokre prinsipp og retningsliner som kunne vere rammer for tenesta til desse samanslutningane?<sup>78</sup>

#### 2.4.1 Gamle tankar med ny aktualitet for ei ny tid

Michael Barnett slår fast at boka slo ned som ei bombe då ho kom,<sup>79</sup> og vart raskt omsett til fleire språk, ikkje berre fordi ho på slikt rørende vis makta å gjere levande krigens forferdelege konsekvensar for menneska, men også fordi den på mange måtar kom til rett tid.

Det vil imidlertid vere feil og seie at Dunants idear var nye. Allereie i fleire tiår hadde det vore snakka om behovet for meir humanitet i krig, ikkje minst med tanke på ein stadig betre våpenteknologi som gjorde seg gjeldande i form av meir og meir øydeleggande og grusomme skader på soldatane. På 1700-talet hadde Jean-Jaques Rousseau teke til orde for at ein sjuk, sår eller på andre måtar indisponert soldat ikkje lenger var eit instrument for den krigførande staten, og dermed gjenvann sin verdi som eit hjelpelaust enkeltmenneske med rett på vern og hjelp.<sup>80</sup> Den italienske legen Palasciano meinte at skadde soldatar skulle erklærast nøytrale medan dei var til behandling.<sup>81 82</sup>

Stadig fleire europearar på slutten av 1700- og byrjinga av 1800-talet skulle kome til at krigens lidingar på slagmarka var uakseptable.<sup>83</sup> Det måtte gå an å kontrollere, avgrense og *humanisere* krigen. Dette var idear i slekt med tankesettet til europeiske filantropar som støtta Dunant sin draum: Ein sår soldat var ikkje lenger ein fiende, men eit medmenneske som hadde krav på respekt og medisinsk hjelp. Nasjonale grenser skulle ikkje “stå i veien for nestekjærlighet og barmhjertighet.”<sup>84</sup> Alt tidleg på 1800-talet var der militære styrkar som hadde eigne sanitetsavdelingar i felten. Militærkirurgar ville dessutan at militærstjukehus skulle ha nøytral status.<sup>85</sup>

---

<sup>77</sup> Barnett 2011:78

<sup>78</sup> Mageli 2014:24; Moorehead 1998:8

<sup>79</sup> Barnett 2011:78

<sup>80</sup> Barnett 2011:78; Forsythe 2005:17

<sup>81</sup> Moorehead 1998:26

<sup>82</sup> Der fanst imidlertid innvendingar mot haldningane som Rousseau og Palasciano argumenterte for. I 1833 slo den prøyssiske generalen Clausewitz fast at heile poenget med krig var å slå fienden, og at ei kvar form for medkjensle med fienden var beint fram farleg. Sjå Moorehead 1998:25.

<sup>83</sup> Best 1980:26

<sup>84</sup> Mageli 2014:25

<sup>85</sup> Barnett 2011:79; Mageli 2014:33



Dunants bok kom ut samtidig med at den amerikanske borgarkrigen rasta, og på begge sider av Atlanteren var der ein veksande agitasjon for betre omsorg for soldatane.<sup>86</sup> Florence Nightingale, *the lady with the lamp*, brukte egne erfaringar frå Krimkrigen til å arbeide for det same. At frivillege hjelpeforeiningar skulle ha ei rolle i felten – slik Dunant antyda i boka si, var ho imidlertid sterkt usamd i. Tvert om, ein slik tankegang var direkte farleg, meinte ho, og hevda at det var dei krigførande regjeringane si plikt å sjølve ta seg av sine sår.<sup>87</sup> Ein del militærlegar lovprisa boka, men mislikte idèen om at hjelpekomitear skulle kunne stablast på beina og haldast aktive i fredstid. Berre i krigstid ville patriotismen vere sterk nok til å vekke frivillig aktivitet av denne typen.<sup>88</sup>

## 2.5 Komiteen i Genève og den dansk-tyske krigen

John F. Hutchinson peikar på nokre trekk ved *Minner fra Solferino* som er vanskelege å oversjå i dag, nemleg det faktum at meir enn halve boka reflekterer lidningane til offiserane som tilhørde overklassen. Desse er beskrivne med namn og personlege, positive eigenskapar.<sup>89</sup>

Hvordan kan man, mest etter marskalkene og divisjonsgeneralene, unngå å nevne den ærefulle andel i seieren som tilkommer de heltemodige brigadegeneralene og alle disse strålende oberstene, de mange modige bataljonssjefene og tapre kapteinene som så effektivt medvirket til resultatet av denne store dagen?<sup>90</sup>

Forteljningane om dei meinige mannskapa sine lidingar låg på eit anna plan. Mot og ære var reservert aristokratiet; dei “vanlege” soldatane Dunant likte best, var dei som bar lagnaden sin verdig, som døydde audmjuke og stille.<sup>91</sup>

Målgruppa for boka var imidlertid ikkje allmuen, men tvert imot overklassa og dei velkondisjonerte, dei som hadde pengar og ressursar, og ikkje minst tid til å tenke store tankar om humanitet og filantropi. Slik sett oppfylte *Minner fra Solferino* oppdraget sitt. Boka gjorde til dømes sterkt inntrykk på Gustave Moynier, ein filantrop som leia *Societe genevoise d'utilité publique* (SGUP), ei foreining av velståande i Geneve som ville betre tilhøva for vanlege folk på det materielle og åndelege planet. Dunants visjonar om frivillege hjelpekomitear appellerte til Moyniers filantropi. Her kunne både kristne og utilitaristiske

---

<sup>86</sup> Barnett 2011:79. Florence Nightingale reiste til USA og delte sine erfaringar frå Krim-krigen. The United States Sanitary Commission, danna under den amerikanske borgarkrigen, foreslo ulike reformar, t.d. hygienereglar for å redusere sjukdom blant soldatane.

<sup>87</sup> Nightingale gjekk i staden inn for ei total omorganisering av den britiske hæren for betre å møte dei medisinske behova. Sjå Moorehead 1998:30-32

<sup>88</sup> Hutchinson 1999:20

<sup>89</sup> Hutchinson 1996:15f

<sup>90</sup> Dunant 1999:35

<sup>91</sup> Hutchinson 1996:15f

ideal kombinerast: Å bistå såra soldatar var ein praktisk måte å vise kristent sinnelag mot dårlegare stilte medmenneske. På den andre sida kravde det å organisere slik hjelp akkurat dei eigenskapane som utilitaristane trudde på, og som ein meinte var avgjerande for suksess: disiplin, effektivitet og det å alltid vere førebudd på kva som måtte kome. Organiseringa av slike hjelpeforeiningar kunne også vere med og spreie meir siviliserte standardar for mellommenneskeleg åtferd.<sup>92</sup> Dunant vart invitert til å legge fram tankane sine på eit av møta til SGUP, og i februar 1863 vart ei arbeidsgruppe på fem menn – *ein Internasjonal komitè for hjelp til dei såra*<sup>93</sup> –danna for å arbeide vidare med saka. Moynier og Dunant vart begge med i komiteen.

I oktober 1863 vart det avvikla ein internasjonal, uformell konferanse i Genève med representantar for seksten statar og nokre filantropiske organisasjonar. På agendaen stod diskusjonen om ein standard for humanitet i krig. Delegatane vart samde om at det i fredstid skulle organiserast komitear i kvar enkelt europeisk hovudstad, som skulle assistere hærens sanitet ved eit krigsutbrot. Prinsippet om at desse hjelpearane skulle ha nøytral status, vart slått fast, og dei skulle identifiserast med eit kvitt armbind med eit raudt kors – det omvendte sveitsiske flagget. Den internasjonale komitèen i Geneve skulle fungere som nøytral koordinator og bindeledd mellom den nasjonale foreiningane. Komiteen i Sveits skulle også etter kvart verte oppteken med utvikling av lovverk og andre juridiske spørsmål.<sup>94</sup> Den internasjonale Røde Kors-rørsla var fødd. I tida som følgde, etablerte fleire statar hjelpeforeiningar, medan førebuinga av ein diplomatisk internasjonal kongress gjekk for fullt.<sup>95</sup>

### **2.5.1 Den første testen: den dansk-tyske krigen i 1864**

Den dansk-tyske krigen i 1864 vart den første testen for dei humanitære prinsippa som såg dagens lys under konferansen i oktober året før. Komitèen sende ein delegat til kvar side for å spreie ideane konferansedeltakarane hadde blitt samde om, og knesette prinsippet om nøytralitet og medisinsk hjelp på slagmarka.<sup>96</sup> Louis Appia, medlem i den internasjonale komitèen, var lege og la ned ein enorm innsats ved fronten. Kvite armbind med eit raudt kors vart brukte for første gong, og stadig fleire byrja å bruke Røde Kors som namn på den nye rørsla. Røde Kors-delegatane framstod som *den tredje stridande*, den som arbeider til beste

---

<sup>92</sup> Hutchinson 1996:21

<sup>93</sup> Moorehead 1998:17

<sup>94</sup> Forsythe 2005:18

<sup>95</sup> Mageli 2014:26 – 28; Moorehead 1998: 20f

<sup>96</sup> Mageli 2014:29; Moorehead 1998:39

for begge partar, som berre er interessert i lidinga til det forsvarslause mennesket, uavhengig av nasjonalitet.<sup>97</sup>

Krigen vart også den første der nøytraliteten til den internasjonale komiteen vart problematisert. Den danske sida forlangte ei klar fordømming av det ein såg som eit overfall frå den prøyssiske stormakta si side. Komiteens forklaring om at oppgåva til den nye rørsle ikkje var å ta stilling til krigens gang, men å hjelpe krigens offer, vart ikkje godteken av alle. Dilemmaet er like aktuelt i dag: Er det rett å teie og dyrke diskresjon i møte med overgrep, berre for å få hjelpa fram?<sup>98</sup>

## 2.6 Den første Genèvekonvensjonen

I august 1864 var den sveitsiske regjeringa vertskap for den diplomatiske kongressen som skulle kome til å signere den første Genèvekonvensjonen. 16 statar med 26 delegatar tok del. Deltakarane var diplomatar og offentlege tenestemenn, mellom anna mange militærlegar.<sup>99</sup>

Dokumentet som var klart etter to vekers forhandlingar,<sup>100</sup> hadde ti paragrafar, og representerer ein milepåle i historien om forholdet mellom statsmakt, militærmakt og humanitet. Nøytralitetsprinsippet vart understreka: Ein sår soldat var ikkje lenger stridande, men eit skadd menneske som hadde rett til hjelp og behandling, uavhengig av nasjonalitet. Dersom han ikkje lenger var stridsdyktig, var han ute av kampen og skulle sendast heim. Som ei forlenging av dette vart det understreka at ambulansar, militære sjukehus og personell som arbeidde der, *var å sjå som nøytrale*.<sup>101</sup> For lett å kunne identifisere dei med nøytral status, vart emblemet med raudt kors på kvit bakgrunn offisielt akseptert som identitetsmarkør. Alle som hjalp dei sårar skulle respekterast og ikkje risikere å bli tekne til fange.<sup>102</sup> I kvart land skulle det dannast nasjonale komitear som i fredstid skulle syte for beredskap i tilfelle krig, og frivillige skulle sleppast til på slagmarka. Med andre ord: Humanitære ideal trumfa militære omsyn.<sup>103</sup> Det som tidlegare hadde vore til dels utopiske og luftige idear, var no gjort til internasjonal lov som overskreid grensene for nasjonal suverenitet.<sup>104</sup> Dermed stod den nye

---

<sup>97</sup> Junod 1951: s. 9

<sup>98</sup> Mageli 2014: s. 29

<sup>99</sup> Best 1980: s. 150; Mageli 2014: s. s.29.

<sup>100</sup> Delegatane for tolv av dei seksten deltakande statane signerte umiddelbart, medan resten måtte melde tilbake til eigne hovudstader først. Sjø Moorehead 1998: s. 46f

<sup>101</sup> Best 1980: s. 150

<sup>102</sup> Mageli 2014: s. 29; Moorehead 1998: s. 46

<sup>103</sup> Mageli 2014: s. 30

<sup>104</sup> Ein stats deltaking og tilslutning til Genèvekonvensjonen var frivilleg, og der var inga "straff" for ikkje å vere med. Sjø Barnett 2011 s. 80

rørsla på to solide fundament: Ein forpliktande konvensjon og nasjonale foreiningar. Innan august 1864 gjekk over i historien, vart det danna 8 nasjonalforeiningar.<sup>105</sup>

Mange år seinare presenterte Max Huber, presidenten i ICRC frå 1928 til 1944, essensen i oppdraget til den nye rørsla som hadde klart å gjere luftige visjonar om til forpliktingar for det internasjonale samfunnet av små og store statar:

In accordance with the nature and its particular task The Red Cross aids the victims of war not on account of their particular nationality or because they are fighting for this or that cause, but purely and simply because they are human beings who are suffering and are in need of help, and because it strives to assuage all human distress which has no hope of effective aid from other sources.<sup>106</sup>

Det var ei særleg plikt å lindre lidning påført av andre menneske. Den mest grusomme forma for umenneskelegheit var den ein fann på slagmarka, og derfor var også den same slagmarka Røde Kors sin fødestad, hevda Huber.

### 2.6.1 Humanistisk – ikkje pasifistisk

Men trass i all si vekt på humanitet: Genevekonvensjonen av 1864 var ikkje eit manifest for *pasifisme*. Pasifistiske svermarar og fantastar var heller ikkje dei fem som sat i den første Geneve-komiteen, og som var opphavsmennene til Røde Kors-rørsla. Dei utgjorde ei homogen gruppe; pietistiske, protestantiske kristne med konservative politiske haldningar. Sansen for radikale idear var heller liten. Først og fremst kan drivkrafta bak engasjementet deira seiast å ha vore kristen miskunn og plikt til å lindre lidning. Dei såg på krig som ei naudsynt form for mellomstatleg konfliktløysing. På den andre sida var komiteen sterkt prega av krigens brutalitet – det måtte vere eit mål å sivilisere barbariet.<sup>107</sup> Viss frivillige organisasjonar for å hjelpe såra kunne lære armear siviliserte normer for god åtferd, og gjennom dette spreie slike edle ideal til allmugen, massane, då var det håp om at “the advancing tide of popular government would not destroy the achievements of European civilization.”<sup>108</sup> Dunant meinte at å berge soldatar var synonymt med å berge kristendommen. Den raske moderniseringa skapte ei moralsk krise i Europa, og danninga av Røde Kors ville styrke det ein trudde var unikt kristne verdiar som humanitet, veldedigheit og omsorg.<sup>109</sup>

---

<sup>105</sup> Moorehead 1998:46

<sup>106</sup> Junod 1951: 7f

<sup>107</sup> Mageli 2014:26

<sup>108</sup> Hutchinson 1996:21

<sup>109</sup> Barnett 2011:13

Prioriteringa til ICRC og Røde Kors-rørsla var individa i væpna konfliktrar. Forsythe peikar på det paradoksale i at uroa for lagnaden til enkeltmenneske i andre land skulle vise seg berre i krigstid: “Let there be peace, and the fate of an Austrian citizen was of little concern to outsiders. Let there be war between Austria and Italy, and that same Austrian – now a soldier – was the subject of greater international concern.”<sup>110</sup>

## 2.6.2 Frå statleg skepsis til statleg ja

Statane var i utgangspunktet kritiske til ideen om Røde Kors og Genevekonvensjonen, dei hadde inga interesse av sjølvutnemnde samaritanar som forvilla seg inn på slagmarkene for å gjere godt mot medmenneske. Utan statane si tilslutning, ville Dunants visjon vere død.

Fleire faktorar bidrog til at dei endra meining. På denne sida vart fleire statar avhengige av hærar av vernepliktige til erstatning for leigesoldatar. Gjennom avisreportasjar og andre kanalar fekk soldatane til familiane no meir innsikt i krigens vesen og korleis den verka inn på deira eige kjøt og blod. Ei stadig meir informert offentlegheit stilte krav til regjeringane. At statane tilsynelatande opna for meir målretta pleie av sjuke og såra, kunne vere med og legitimere krigen som politisk verkemiddel i breie lag av folket. Ei tilslutning til Genevekonvensjonen ville dessutan gjere det lettare å få støtte til krigen som eit utanrikspolitisk instrument. Det hjelpte nok også at konvensjonen la til rette for at dei nasjonale foreiningane skulle kunne operere innanfor vide rammer. At dei nasjonale foreiningane fekk ei spesiell rolle i den nasjonale beredskapen, kunne også gjere det lettare å utnytte dei til politiske føremål.<sup>111</sup>

## 2.7 Rørsla breier seg

Innan tre år hadde 21 statar slutta seg til konvensjonen, mellom dei Det ottomanske riket.<sup>112</sup> Også stormakter som Frankrike og Russland kom med.<sup>113</sup> Ingen filantropisk idè har breidd seg med slik fart som Røde Kors-visjonen, hevdar Caroline Moorehead.<sup>114</sup> Årsakene til det var mange: Sjølv om alle i komiteen i Geneve var kristne, var ikkje tankane og visjonane som konvensjonen gav uttrykk for, eksplisitt bundne til denne religionen. Tvert om, dei utgjorde

---

<sup>110</sup> Forsythe 1977:7. Forfattaren peikar på at filosofar som Hegel og Marx var opptekne av menneskelagnader på tvers av landegrensene uavhengig av om det var krig eller fred, men at ICRC skulle halde fast ved sitt hovudfokus på væpna konfliktrar gjennom heile sitt første hundreår. Forsythe kallar det også eit historisk faktum at det for mange i Vesten var krig som stimulerte interesse og engasjement for borgarar i andre land.

<sup>111</sup> Barnett 2011:80; Forsythe 2005:19; Mageli 2014:34

<sup>112</sup> Det ottomanske riket vart det første til å nytte den muslimske varianten av RK-emblemet: ein raud halvmåne på kvit botn. Søsterorganisasjonane i Vesten og i muslimske land heiter i dag Røde Kors og Røde Halvmåne.

<sup>113</sup> Moorehead 1998:46

<sup>114</sup> 1998:46

eit idèmessig fundament svært mange kunne kjenne seg heime i – også sekulære humanistar. Vidare kom konvensjonen til i ei tid der kommunikasjonane over landegrensene vart utvikla i rasande fart, gjennom betre vegar, jernbane, telegraf, postvesen etc. Desse gode vilkåra for spreieing av informasjon gjorde det ikkje muleg for noko land å neglisjere soldatane sine og deira behov. Mornier og Appia, to av medlemmane i ICRC, gav i 1867 ut boka *La guerre et la charité*, som skulle bli noko av ein bibel for Røde Kors, og som bidrog ytterlegare til å spreie det ideologiske grunnlaget for rørsla.

## 2.8 To prøvesteinar

Røde Kors-ideologien var også aktuell fordi ein no såg ein auke i militære konflikhtar i Europa i siste halvdel av 1800-talet, etter nokre relativt fredelege tiår etter napoleonskrigane. Det hadde også vist seg at utviklinga i våpenteknologien kunne gi enorme tapstal i større konflikhtar.<sup>115</sup> For dei som ville sjå Røde Kors i aksjon, dukka det opp to krigar med kort mellomrom – begge med Prøyssen som ein av dei krigførande partane.

### 2.8.1 Prøyssen - Austerrike

I 1866 braut det ut krig mellom *Prøyssen og Austerrike*. Prøyssen hadde alt etablert 120 lokale Røde Kors-foreiningar, medan Austerrike ikkje ein gong hadde signert Genevekonvensjonen. Krigen, som vart vunnen av prøyssarane etter ei veke, viste skilnaden i medisinsk beredskap på dei to sidene. Etter berre nokre dagar hadde tyskarane sendt 70 jernbanevogner med Røde Kors-materiell og om lag 1000 legar og sjukepleiarar. Desse var alt i gang med arbeidet før hærens eigen sanitet kom til staden. På austerrisk side var der ingen medisinsk plan, og omsorg og pleie for såra og sjuke på begge sider vart ei utelukkande prøyssisk oppgåve. Båreberarar, legar og sjukepleiarar gjekk med Røde Kors-emblem, og sytte for intens aktivitet på talrike feltsjukehus. Prøyssarane hadde også etablert sjukehus og rekonvalesensheimar som stod klare til å ta imot pasientar. Innsatsen til det prøyssiske Røde Kors var enorm. Rørsla sitt banner vaia då også saman med preussiske flagg under sigersparaden gjennom Berlin. Austerrike på si side såg betydninga av den frivillege innsatsen på prøyssisk side, og signerte Genevekonvensjonen like etter.<sup>116</sup>

---

<sup>115</sup> Den amerikanske borgarkrigen 1860-1864 resulterte t.d. i over 600.000 drepne.

<sup>116</sup> Moorehead 1998:53f

## 2.8.2 Den fransk-tyske krigen

*Den fransk-tyske krigen* i 1870 vart også ein arena for praktisk Røde Kors-innsats. Begge land hadde signert Geneve-konvensjonen, begge lova at dei ville følgje den, og begge hadde nasjonale Røde Kors-foreiningar. Den internasjonale komiteen i Geneve overvaka krigen, og var klar til å bistå partane. Prøyssen var som ved førre krig svært godt budd på dei humanitære utfordringane, med eit intimt samarbeid mellom den nasjonale Røde Kors-foreininga og hæren. På fransk side var tilhøva kaotiske og tilfeldige. Her var Genevekonvensjonen knapt kjend, og den medisinske hjelpa var dårleg organisert i byrjinga. Franske styrkar arresterte endåtil legar og pleiarar. Sakte, men sikkert fekk også franskmennene system på Røde Kors-arbeidet, og då krigen var over etter ti månader, såg mange i den internasjonale rørsla på eigen innsats som ein suksess.

Den internasjonale komiteen i Geneve hadde koordinert innsatsen, og mykje av det som skjedde på den fransk-tyske slagmarka skulle bli ein mal for framtidige engasjement. Identitetsmerket hadde vore i bruk. Ein hadde fått testa ut og reist spørsmål rundt korleis ein skulle oppnå respekt for Røde Kors-symbola, korleis ein skulle overvake at konvensjonen vart halden, repatriering av skadde soldatar, oppsporing av sakna soldatar, og ikkje minst tallause besøk hos krigsfangar.<sup>117</sup> Ved krigens slutt hadde 14 nasjonalforeiningar teke aktivt del i hjelpearbeidet på begge sider. Prinsippet om nøytralitet hadde halde i det praktiske arbeidet. 347 legar hadde vore i sving på slagmarka, 46 av dei var blitt drepne.

Nasjonale Røde Kors-foreiningar frå heile Europa såg denne krigen som eit høve til å prøve ut alt ein hadde diskutert. Det var her termen *ambulanse* vart brukt i ei så vid tyding som den skulle få seinare. Ambulanse kunne vere vogner til å hente såra med, feltsjukehus, førstehjelpsstasjonar, bygningar omdanna til midlertidige sjukehus. Ambulansar kunne også vere sjølvforsynte medisinske einingar med kirurgar, pleiarar, prestar, vogner, mat og medisinske forsyningar.<sup>118</sup>

## 2.9 Norges Røde Kors

Også i Noreg slo Røde Kors-ideologien rot. Alt i 1865 – året etter signeringa av Genevekonvensjonen – oppstod den norske avleggaren under namnet *Foreningen for Syke og Saarede i Feldt og for Understøttelse av Saarede og Faldnes Efterladte*. Foreininga var ein parallell til ei svensk Røde Kors-avdeling, og vart altså ikkje underordna denne sjølv om Sverige og Noreg var i union med kvarandre med svenskekongen som monark.

---

<sup>117</sup> Forsythe 2005:24; Moorehead 1998:61-70, 82-86.

<sup>118</sup> Moorehead 1998:67

Alt frå starten hadde den norske foreininga eit klart overklasse-preg, og spegla slik sett den sosiale bakgrunnen til leiarfigurane som gjorde seg gjeldande i rørsle i Sveits og andre europeiske land. Initiativet til den norske foreininga hadde då også kome frå arveprinsen Oscar, den seinare Oscar II. Styret for foreininga vart godkjent av regjeringa i november 1865, og var samansett av menn med sterke band til både unionen og unionskongen.<sup>119</sup> Sentrale aktørar var knytte til stats- og forsvarsinstitusjonar. Det var ikkje unaturleg, påpeikar Eldrid Mageli, all den tid konferansen i 1864 hadde understreka statane sitt ansvar for såra soldatar. Styret for den nye foreininga låg langt til høgre i det politiske landskapet, medlemmane var tilhengjarar av unionen og tilsvarande skeptiske til Stortinget.<sup>120</sup>

Noreg var ein utkant i Europa, og hadde også svært avgrensa erfaring med krig. Særleg kunnskap om den nyleg vedtekne Genevekonvensjonen hadde befolkninga heller ikkje. Ei omfattande orientering om konvensjonen og den norske foreininga vart sendt rundt i landet. Her vart det peika på at landets militære sanitetsteneste ville vere ute av stand til å møte hjelpebehova blant soldatane i tilfelle krig, og at det derfor var nødvendig med eit supplement. Rett nok var ikkje sjansane for krig i Noreg så store, men det var godt muleg nordmenn døydde på, eller kom såra heim frå, fjerne slagmarker. Dessutan ville desse ha familie og etterlatne som ville kunne trenge hjelp som kravde økonomiske ressursar.

Interessa for den nye foreininga var heller beskjeden, og dei første åra låg medlemstalet neppe over 500 personar, i hovudsak rekrutterte frå dei øvste laga i samfunnet. Det skulle gå fleire år før Røde Kors-namnet kom i bruk i Noreg, og foreininga hadde då også minimal kontakt med komiteen i Geneve den første tida.<sup>121</sup>

To motstridande omsyn i føremålsparagrafen kan ha bidrege til at foreininga var etter måten passiv og sleit med å kome fram til eit konkret handlingsprogram dei første åra: På den eine sida ville ønsket om sjukepleie i krig krevje førebuing og oppbygging av sanitetsmateriell i fredstid. Kostnadene ved dette ville imidlertid gjere det vanskelegare å møte det andre ønsket i føremålsparagrafen, nemleg å støtte etterlatne. Dette siste omsynet vog tyngst hos styret, og lenge kan *Foreningen for Syke og Saarede i Feldt og for Understøttelse av Saarede og Faldnes Efterladte* knappast seiast å ha vore noko særleg meir enn eit fond med eit godt føremål.<sup>122</sup>

---

<sup>119</sup> Mageli 2014:35f

<sup>120</sup> Mageli 2014:40f

<sup>121</sup> Mageli 2014:39

<sup>122</sup> Mageli 2014:43



Den Fransk-tyske krigen i 1870 skapte engasjement også i Noreg, og styret reagerte raskt då oppmodinga om hjelp kom frå komiteen i Geneve. Pengeinnsamlingar og andre tiltak over heile landet møtte god respons på tvers av sosiale skiljelinjer. To norske legar var med på ein ambulanse utstyrt av det belgiske Røde Kors.<sup>123</sup> I Noreg bidrog krigen til å auke kunnskapen om og forståinga for Røde Kors, men dette skulle ganske raskt avta igjen – rett og slett av mangel på dramatiske hendingar og krigar ute i Europa som kunne bidra til folkeleg samling om ei felles sak.<sup>124</sup>

### 2.9.1 Kvinner og Røde Kors

I 1889 tok generalmajor Johan Fredrik Thaulow over som formann i foreininga, men først etter at han hadde fått oppfylt fleire vilkår. Mellom anna vart namnets siste ledd, det om *Understøttelse av Saarede og Faldnes Efterladte*, fjerna. Andre lovendingar opna for beredskapsarbeid i fredstid, noko Thaulow var svært oppteken av.

Unionsstriden med Sverige eskalerte utover 1890-talet. Røde Kors-styret, og dermed heile organisasjonen, vart av mange sterkt assosiert med den svenske sida i unionen. Mange kvinner ville gjere frivillig sanitetsarbeid og bu landet på ein eventuell krig gjennom produksjon av sanitetsmateriell og andre aktivitetar. Av politiske årsaker gjekk imidlertid mange av dei som identifiserte seg med venstresida til den nyoppretta Norske Kvinners Sanitetsforening.<sup>125</sup> Røde Kors hadde vore den fremste beredskapsorganisasjonen i landet, men måtte no finne seg i konkurransen frå NKS. Rett nok avgjorde Forsvarsdepartementet at NKS skulle underleggast Røde Kors i krig, men slo samtidig fast at den reine kvinneorganisasjonen kunne ha ei sjølvstendig rolle i fredstid. Vedtaket, og det at begge organisasjonane fekk statsstøtte, vart av mange oppfatta som eit prestisjenederlag for Røde Kors.<sup>126</sup>

Medan 1. verdskrigen var under oppsegling det første halvtanna tiåret av 1900-talet, skulle Norges Røde Kors i aukande grad vende merksemda og prioriteringane innover. Både før og etter unionens samanbrot hadde Noreg nok av utfordringar på det helsepolitiske feltet. No vart det viktig å satse på utdanning av sjukepleiarar: “For mange ble en Røde Kors-uniformert sykepleier, alltid beredt til å lindre menneskers nød, det fremste symbolet på

---

<sup>123</sup> Welle-Strand 2001: 25. Dei to legane si deltaking vart ikkje finansiert med midlar frå den norske foreininga.

<sup>124</sup> Mageli 2014: 44f; Meinich 1957: 31

<sup>125</sup> Fause og Micalsen 2008:109

<sup>126</sup> Mageli 2014: 62f

foreningens virksomhet,” skriv Eldrid Mageli.<sup>127</sup> Nokre av desse framtidige Røde Kors-søstrene skulle finne vegen til Finland og vinterkrigen tidleg i året 1940.

## 2.10 Universalisme versus nasjonalisme: 1880 - 1918

Erfaringane frå den fransk-prøyssiske krigen viste kor viktig det var for dei stridande partane å ha effektive sanitetstenester. Det preussiske Røde Kors demonstrerte betydninga av god beredskap i fredstid, og vart no eit førebilete for andre nasjonalforeiningar. Tyske frivillege som vart underkasta prøyssiske militære kommandolinjer og instruksar, fungerte godt, og konklusjonen var at frivillige måtte trenast og leiast av profesjonelle. Under Røde Kors sin Genevekonferanse i 1884 fekk den prøyssiske modellen sterk tilslutning: Generalsekretæren i Italias Røde Kors meinte nasjonalforeiningane måtte leggest inn under militærvesenets kontroll også i fredstid, det viktigaste var å møte dei militære behova.<sup>128</sup>

Mot slutten av 1800-talet og fram til første 1. verdskrigen vart då også nasjonalforeiningane stadig sterkare knytte til det statlege militærvesenet. Røde Kors vart tildelt ei særstilling i den nasjonale beredskapen i mange land. Foreiningane fekk store statlege privilegier, skattelette, gratis posttenester, rimelege billetter ved jernbanen osv. I bytte mot denne særbehandlinga måtte RK-foreiningane vere klare til å stille seg heilt til rådvelde for dei militære styresmaktene.<sup>129</sup>

Dette utfordra dei opprinnelege prinsippa om universalisme og transnasjonalitet som ICRC hadde lagt slik vekt på i starten. Dei to orda *Tutti fratelli* gav ikkje lenger den same gjenklangen i nasjonalforeiningane som dei hadde gjort i hjartet til Henri Dunant ved Solferino den sommardagen tilbake i 1859. Draumen om at ei transnasjonal, kosmopolitisk rørsle til støtte og respekt for soldatar uavhengig av uniform og nasjonalitet skulle føre til forbrødring og samkjensle, vart fjernare. Dei nasjonale Røde Kors-organisasjonane vart i staden prega av denne verda og denne verdas realpolitikk og statssystem. Patriotismen trumfa internasjonalismen,<sup>130</sup> og militariseringa av humanitært arbeid – som dette jo var – skapte liten motstand i nasjonalforeiningane. Slik sett kan historikaren Geoffrey Best ha dekning for påstanden om at Røde Kors-rørsla mot slutten av 1800-talet vart ein mellomting mellom ei krigsrørsle og ei fredsrørsle – ein hybrid som fekk næring frå to motsette idèunivers;

---

<sup>127</sup> 2014:64

<sup>128</sup> Mageli 2014:50

<sup>129</sup> Hutchinson 1996:350. Forfattaren peikar på at Florence Nightingale hadde åtvare mot frivillig hjelp på slagmarka, fordi dette ville gjere det lettare å gå til krig, og meiner utviklinga viste at ho fekk rett. Dilemmaet viste seg til fulle under verdskrigen 1914 – 18: Nasjonalforeiningane vart støtteorganisasjonar for militærmaktene. Sjå også Mageli 2014: 31

<sup>130</sup> Barnett 2011:81

nasjonalisme, patriotisme, militarisme på den eine sida, og filantropi, universalisme og antimilitarisme på den andre: “The war movement (...) was only just beginning; the peace movement still felt full of power. The Red Cross movement initially aimed straight between them.”<sup>131</sup>

Frå 1880-talet og fram mot 1914, tona då også Røde Kors-rørsla i både ord og handling gradvis ned vektlegginga av universelle og allmennhumanitære prinsipp til fordel for den aggressive nasjonalismen og militarismen som prega Europa i denne perioden: “The international Red Cross Conferences of the 1880s made it plain that both the ICRC and the national societies were prepared to live with the cult of the nation.”<sup>132</sup> Framlegg om tettare band mellom nasjonalforeiningane, som jo kunne skapt alternative kommunikasjonskanalar og kanskje då også sterkare mellomfolkeleg forståing, vart avviste. Heller ikkje initiativ for å gi ICRC ei større og meir formalisert rolle som nøytral institusjon for internasjonal lov, samla særleg støtte; nasjonale Røde Kors-leiarar viste større interesse for å bu seg på krig og konsekvensane av denne, enn for filantropisk arbeid.

Faktisk heldt også rørsla ein *distanse* til krefter som arbeidde for fred og nedrusting. I den reviderte Genevekonvensjonen av 1906 vart dette stadfesta då hjelpeforeiningar var formelt godkjende som frivillege ressursar tilknytte væpna styrkar. Mykje av aktiviteten i dei nasjonale foreiningane handla no om å trene frivillege og bygge opp lager av medisinsk utstyr og materiell som kunne vere klart til bruk for armeane i tilfelle krig.<sup>133</sup> “That extraordinary ‘neutral’ status disappeared in the 1906 revised version of the Convention, and the whole military and ambulance business was brought under strict military control.”<sup>134</sup>

Hutchinson meiner krig og førebuing til krig vart sett på som ein sosialt akseptabel aktivitet, og det var alle si plikt å bidra på patriotisk vis. Best er inne på noko av det same. Røde Kors sine nasjonalforeiningar vart arenaer å engasjere seg på for menneske som ikkje kunne vere ein del av dei regulære militære styrkane: “The Red Cross movement (...) became also (...) a means by which those unable, through age, station or sex, to serve their countries directly by fighting for them, could serve almost as directly by caring for their fighters.”<sup>135</sup>

Ved utbrotet av 1. verdskrigen framstod dermed Røde Kors-foreiningar i opinion og regjeringkretsar som krigsorganisasjonar. Statane behandla i aukande grad dei nasjonale Røde Kors-foreiningane som ein del av krigsinnsatsen. Røde Kors-folk framstod som berarar

---

<sup>131</sup> Best 1980:142

<sup>132</sup> Hutchinson 1996:150

<sup>133</sup> Mageli 2014:51

<sup>134</sup> Best 1980:142

<sup>135</sup> Best 1980:142

av ein patriotisk nasjonalisme, idet dei overfor opinionen understreka plikta til å hjelpe soldatane ved fronten. Foreiningane bidrog til krigsinnsatsen ved å skaffe forsyningar, opprette bodbankar, drive pengeinnsamlingar og bemanne rekonvalesensheimar for skadde soldatar.<sup>136</sup> Samtidig var no avstanden til den opprinnelege idèen om heltemodige samaritanar som tok seg av slagmarka sine offer midt i havet av gjørme, granatnedslag og redslar, stadig større.

Men ingen Røde Kors-hjelpere kom til fronten. Ingen krigførende makter tillot frivillige i slagsoner. Det kunne forhindre militær framrykking og være til mer skade enn gagn. Frivillige ble beordret bak linjene, for å lindre tilværelsen for soldater på sykehus, i evakueringssoner, og på jernbanestasjonar. Der gjorde de det som de militære krevde av dem.<sup>137</sup>

Røde Kors-personell gjekk kledde i uniformar som likna dei soldatane bar, noko som stadfesta den militære kontrollen over organisasjonen, og ikkje minst også at dei som var med i den gjorde viktig arbeid for nasjonen.<sup>138</sup>

### **2.10.1 Den internasjonale komitèen under verdskrigen**

Då krigen braut ut i 1914, hadde 42 land signert og ratifisert Genevekonvensjonen, og 38 nasjonalforeiningar var oppretta. Nokre meiner ICRC vart respektert og lytta til av regjeringar og anerkjent av militære som ei moralsk kraft i spørsmål om krig og fred.<sup>139</sup> ICRC var eit serviceorgan for dei krigførande partane, og opparbeidde seg ein portefølgje av oppgåver og gjeremål som ein kan hevde gav den eit godt moralsk omdømme, noko som også vart manifestert ved at den fekk fredsprisen i 1917.<sup>140</sup> Frå 1915 besøkte 40 ICRC-delegatar systematisk over 500 fangeleirar i Europa, Nord-Afrika og Asia. Hensikten var å hindre hevnaksjonar mot fangane, skaffe dei nødvendig naudhjelp, mat og hygieniske artiklar.<sup>141</sup> Komiteen protesterte mot bruk av gass, sytte for oppsporing av sakna, formidling av pakkar og brev til internerte, og målbar uro for sivile som ikkje var verna av Genevekonvensjonen. Dette står i ein viss kontrast til det faktum at Røde Kors sine mange nasjonalforeiningar gjorde sitt aller beste for å hjelpe dei same militærmaskinane.<sup>142</sup>

---

<sup>136</sup> Barnett 2011:81

<sup>137</sup> Mageli 2014:102

<sup>138</sup> Hutchinson 1996:351

<sup>139</sup> Moorehead 1998:175; Forsythe 2005:32

<sup>140</sup> Forsythe 2005:33

<sup>141</sup> Mageli 2014:99

<sup>142</sup> Mageli 2014:91. Mageli peikar på at oppslutning og RK i mange land vart eit mål på nasjonalt sinnelag. Sjå også Hutchinson (1996: s. 351), som meiner at nasjonalforeiningane hjelpte til med å promotere ein kultur av militarisme gjennom si vektlegging av hierarki, sentralisering, autoritet og disiplin. Båreberarar, ambulanseiningar og andre vart trent på militært vis.

Andre er imidlertid meir kritiske også til ICRC, og hevdar komiteen i åra *før* krigsutbrotet var passiv og hadde lite å seie om farene ved krig. Åtvaringane mot den stadig mørkare og fatalistiske krigsmentaliten i befolkningane til stormaktene var få og reserverte frå dette haldet, noko som kan skuldast at ein i stadig sterkare grad dei siste tiåra hadde gjort seg avhengig av støtte frå nettopp dei same maktene for å kunne oppfylle det ein såg som komiteens mandat. Det høyrer også med i det store biletet at ICRC viste større interesse for vestfronten enn austfronten, og at det kan reisast tvil om kor upartisk komiteen eigentleg var.<sup>143</sup> Kanskje kan det hevdast at alle dei i og for seg prisverdige humanitære oppgåvene komiteen utførte, bidrog til å gjere kostnadene ved krigen meir akseptable, og dermed også det sivilisasjonssamanbrotet den representerte, meir handterleg i dei krigførande landa – både på det praktiske og mentale planet.<sup>144</sup>

### **2.10.2 Norges Røde Kors under verdskrigen**

Norges Røde Kors hadde ei relativt passiv rolle internasjonalt i første halvdel av 1. verdskrigen, og spegla med det det norske regjeringa si haldning til konflikten. Landet låg langt frå frontane, og styresmaktene prøvde å halde ein isolasjonistisk kurs.<sup>145</sup> Mot slutten av krigen vart imidlertid nasjonalforeininga her i landet meir involvert. I februar oppretta landsstyret ein hjelpekomitè for krigsfangar.<sup>146</sup> Seint i 1917 vart også Norges Røde Kors med i ein nordisk komitè som koordinerte fangetransportar. Som følgje av dette fekk rundt 1000 krigsfangar opphald i landet. Ein bidrog også i arbeidet med å plassere mellom 3000 og 4000 underernærte austerrikske ungar i norske heimar for eit års tid.<sup>147</sup>

### **2.10.3 Norsk ambulans til den finske borgarkrigen**

Norges Røde Kors sende ein ambulans til Finland under borgarkrigen der i 1918.<sup>148</sup> Medan Finlands Röda Kors hovudsakleg tok seg av såra på dei raude si side, vart den norske ambulansen – saman med sju andre nordiske ambulansar – sett inn på kvit side. Det norske materiellet, eit halvt feltlasarett på 50 sengar, vart sendt til Finland i slutten av februar, og

---

<sup>143</sup> Forsythe 2005:32

<sup>144</sup> Hutchinson 1996:351

<sup>145</sup> Foreiningane i Sverige og Danmark var langt meir aktive under heile krigen. Dansk Røde Kors dreiv eit opplysningskontor for oppsporing av sakna, og den svenske søsterforeininga hjelpte til ved utveksling av såra tyske, austerrikske og russiske krigsfangar. ICRC heldt også fleire møte om krigsfangespørsmål i Stocholm. Sjå Mageli 2014:89

<sup>146</sup> Mageli 2014:94

<sup>147</sup> Mageli 2014:90; Meinich 1957:31f

<sup>148</sup> Sjå Jentoft 2018.

skulle etter kvart operere heilt framme ved frontlinja mellom dei stridande partane.<sup>149</sup> Ein av kirurgane ved den norske ambulansen heitte Johan Holst. Han skulle spele ei avgjerande rolle for Finlandsambulansen i 1939-40. Meir om dette i kapittel 4.

## 2.11 Røde Kors-rørsla etter første verdskrigen

I kjølvatnet etter store menneskeskapte katastrofar veks det ofte fram eit slags moralsk ønske om å gjere verda betre:

After World Wars I and II various religious and secular elites attempted to push forward new moral institutions that they believed would represent true monuments to the dead. We pledge to become the people that we said we were. This collective process of atonement helps explain the burst of institutionbuilding that follow horrific events that shock not just the conscience but also our own sense of humanity. (...) Disasters, both natural and man-made, are not only moments when we recognize that we are not who we say we are, but also moments of possible renewal.<sup>150</sup>

Destruksjonsperiodar vert følgde av gjenoppbygging og institusjonalisering: “The severity and duration of the war meant that private voluntary agencies had to become bigger and develop the qualities of permanent organizations, with staff, rules, procedures,” meiner Michael Barnett.<sup>151</sup> Folkeforbundet vart fødd i ruinane etter sivilisasjonssamanbrotet som verdskrigen hadde representert. Også den internasjonale Røde Kors-rørsla skulle etter 1918 diskutere korleis dei kunne bidra til å gjere ei betre verd muleg. Prosessen og resultatet av den skapte sterke indre spenningar. Spørsmålet var om rørsla no i sterkare grad skulle utvide verkefeltet sitt frå krig til fred.

Krigen som skulle ende alle krigar var over. Særleg det amerikanske Røde Kors ivra etter å vise kva dei mange frivillige med raudt kors på armen kunne utrette i fredstid, og leiaren Henry P. Davison såg føre seg ein slags humanitær parallell til Folkeforbundet, med medisinske styrkar som kjempa mot sjukdom, hjelpeløyse og hungersnaud,<sup>152</sup> noko president Wilson støtta. Genevekonvensjonen var eit gammalt svar på gamle problemstillingar, no var tida inne for eit konvensjon for freden, var omkvedet. Nokre store nasjonalforeiningar med

---

<sup>149</sup> Welle-Strand 2001:45 – 48. Forfattaren påpeikar at Røde Kors-prinsippa om upartiskheit og nøytralitet ikkje vart diskutert, og at det dermed ikkje vart sett på som problematisk at ein ikkje tilbydde den andre sida liknande hjelp.

<sup>150</sup> Barnett 2011:28

<sup>151</sup> 2011:86

<sup>152</sup> Moorehead 1998:258, 265f: Dei humanitære forholda i Europa var prekære i 1920: 1/3 av den polske befolkninga var alvorleg sjuke, I Ukraina herja tyfus og influensa, i Wien rekna ein med over 100.000 sveltande barn, og i tillegg til dette sleit kontinentet med store uløyste problem med krigsfangar etter krigen.

den amerikanske i spissen sette saman eit program for fred og velferd.<sup>153</sup> Under ein konferanse i Cannes i 1919 diskuterte framstående helseeksperter frå mange land folkehelse og førebyggjande helsearbeid. Parallelt hadde Folkeforbundspakta fått ein artikkel 25 som oppmoda medlemslanda til bidra til opprettinga av, og samarbeide med, Røde Kors-foreiningar som var opptekne av helse, sjukdom og lindring av naud i mange former.<sup>154</sup> Dei nye universelle måla bar i seg ei dreining bort frå den opprinnelege Røde Kors-ideen om innsats på slagmarka og i krigsrelaterte naudsituasjonar, mange ville legge mindre vekt på den meir selektive humanitarismen som hadde vore hjartet i RK-ideen frå starten av.<sup>155</sup>

Ei samanslutning av nasjonalforeiningar vart danna under namnet Røde Kors-ligaen. Mandatet var å gjere for freden det ICRC hadde gjort for krigen. ICRC frykta med dette for si leiande moralske rolle i rørsla, men måtte til slutt godkjenne den nye organisasjonen den no hadde fått ved sida av seg. I 1928 vart ein samde om ei arbeidsdeling der ICRC skulle ta seg av krigen, vere ein vaktar for Genevekonvensjonen, og ha det øvste koordineeringsansvaret ved kriser skapte av krig. Røde Kors-ligaen på si side skulle ta seg av oppgåver i fredstid, som handtering og koordinering av hjelp ved naturkatastrofar og liknande. Ein internasjonal konferanse skulle haldast kvart 4. år, og ein ståande komitè skulle syte for kontinuerleg kontakt og kordinering mellom mellom dei to organa.<sup>156</sup> Frå no av bestod Røde Kors-familien av ICRC, Ligaen og nasjonalforeiningane.

I 1929 vart den tredje Genevekonvensjonen vedteken. Den var eit direkte resultat av ICRC sine erfaringar under krigen, og slo mellom anna fast at krigsfangar hadde krav på human behandling.<sup>157</sup> Moorehead kallar dei nye elementa i konvensjonen for “attempts to address the many lacunae revealed by the First World War (...).<sup>158</sup>

Medan Noregs Røde Kors i tjuetjueåra i hovudsak var oppteken av fredsrelaterte syslar som folkehelse og utbygging av sjukehus, utdanning av sjukepleiersker m.m. skulle hendingar på 1930-talet tvinge organisasjonen til å vende blikket utover. Meir om dette i kapittel 4.

---

<sup>153</sup> Mageli 2014:107

<sup>154</sup> Forsythe 2005:33; Mageli 2014:109

<sup>155</sup> Hutchinson 1996:354

<sup>156</sup> Moorehead 1998:289. Dei nordiske nasjonalforeiningane hadde meldt seg ut av ligaen i protest mot uroa mellom partane, men melde seg inn igjen i 1930. Sjå Mageli 2014: s. 109.

<sup>157</sup> Mageli 2014:100

<sup>158</sup> 1998:291.

### 3 Vinterkrigen – og norske reaksjonar

Krigen mellom Finland og Sovjetunionen braut ut den 30. november 1939, då Sovjetunionen gjekk til massive angrep langs heile grensa mellom dei to landa. Konflikten mellom stormakta og finnane var mellom dei viktigaste militære konfrontasjonane i Europa under det som av engelskmennene vart kalla The Phoney War det første halve året etter Tysklands overfall på Polen 1. september 1939.

I vekene før kamphandlingane vart Finland utsett for eit stadig sterkare press frå stormakta i aust. Bakteppet var den generelle tryggingpolitiske utviklinga på slutten av trettitalet, der Europa hadde sett eit stadig sterkare og meir sjølvmedvite Tyskland etter Hitler si maktovertaking i 1933. Den aggressive tyske utanrikspolitikken gjenoppliva ei gammal russisk uro over den strategisk sårbare situasjonen landet hadde i Austersjøregionen, der Leningrad (tidlegare St.Peterburg) låg inst i Finskebukta. Vinterkrigen var difor også eit resultat av Sovjetunionens frykt for Leningrads tryggleik.<sup>159</sup> Det må også leggjast til at Sovjetunionen heilt sidan den bolsjevikiske revolusjonen hadde blitt sett på med skepsis av *alle* stormaktene i vest. Ein såg med uro på kva som kunne vere dei internasjonale måla ved politikken til dei nye makthavarane i Moskva, som bygde staten sin på eit heilt anna ideologisk fundament enn dei andre. Storbritannia og Frankrike hadde jo også aktivt støtta dei kvite i kampen mot bolsjevikane. For Sovjetunionen var det derfor raskt etter revolusjonen eit klart mål å hindre ein antisovjetisk koalisjon som kunne truge den nye statsdanninga.<sup>160</sup> Difor gjekk bolsjevikregjeringa på tjuetalet i gang med skape det van Dyke kallar diplomatiske buffersoner mot potensielle agressorar.<sup>161</sup> Det vart inngått vennskaps og ikkje-angreppspakter med land som Tyrkia og Japan på tjuetalet, og dei baltiske landa, Finland og Frankrike tidleg på trettitalet.

Depresjonen i Vesten i 1929, Japans invasjon av Kina og framveksten av Nazi-Tyskland overtydde sovjetarane om at ein ny storkrig nærma seg. Her spelte Leningrads tryggleik ei nøkkelrolle, og det vart eit viktig mål å hindre tysk ekspansjon til lands og til sjøs i den baltiske regionen. Som eit ledd i dette arbeidet kan ein sjå fornyinga av ikkje-angreppspaktene med Finland og dei baltiske landa i 1934.<sup>162</sup>

---

<sup>159</sup> Klinge 1983:102.

<sup>160</sup> van Dyke 1997: xi

<sup>161</sup> van Dyke 1997: xii

<sup>162</sup> van Dyke 1997: 1



### 3.1 Aukande sovjetisk press

Trass i dette vart Sovjetunionen stadig meir skeptisk til Finlands og dei baltiske statane sin vilje og evne til å halde på nøytraliteten i tilfelle ein konflikt mellom Sovjetunionen og Tyskland.<sup>163</sup> I juni 1935 gjorde den sovjetiske ambassadøren til Finland det klart at Sovjetunionen, om stormaktskonflikten vart eit faktum, ville okkupere Finland for å sikre såkalla «framskote forsvar», der Russland ville møte angriparane på finsk territorium. I januar 1936 skulda sjefen for Den Raude Armè Finland for å bygge flybasar for tyske flyangrep mot Sovjetunionen og seinare same året åtvara sovjetregjeringa finnane og baltarane mot å bryte nøytraliteten ved å inngå tryggingssamarbeid med Tyskland. Etter 1935 vart ikkje lenger finsk og baltisk nøytralitet sett på som det beste for Sovjetunionen – tvert om, den kunne bli sett på som eit *hinder* for den kommunistiske stormakta i tilfelle krig mot Tyskland.<sup>164</sup> Dette kan ha blitt bestemmende for det presset Sovjetunionen om berre kort tid skulle utsette Finland og Baltikum for. Sovjetunionen ville ha tettare band til dei små naboane sine.

I april 1938 var det i følge Edwards to imperativ som bestemte korleis Sovjetunionen vurderte si nordvestlege grense: For det første: Ein måtte gjenvinne det av tsartidas territorium som hadde gått tapt under revolusjonen og borgarkrigen. For det andre: Tsarens stat hadde vore ein levedyktig stat der vestgrensene hadde “gjenspeilet en optimal balanse mellom sikkerhet og territorium.”<sup>165</sup> Dei to forholda er altså tett forbundne med kvarandre. I storfyrstedømmets tid hadde Russland betre vilkår for eit forsvar *i djupna* enn no rett før 2. verdskrigen. Frykta var stor for at ein tysk invasjon skulle gå over finsk og baltisk territorium.<sup>166</sup>

Etter regjeringsskiftet i 1937 hadde den finske utanriksministeren reist til Moskva for å understreke overfor sovjetarane at den finske nøytraliteten låg fast, og at ein aldri hadde hatt nokon former for tryggingssamarbeid med tyskarane. Dette skulle imidlertid ikkje hindre ytterlegare sovjetisk press. I april 1938, etter den tyske innmarsjen i Tsjekkoslovakia, prøvde Moskva å få til ei semje med Finland i tilfelle Tyskland skulle prøve å bruke finsk territorium i eit angrep på Sovjetunionen. Russarane ville ha ein avtale om militær assistanse. Dette innebar sovjetiske basar på finsk jord og ein rett for Den Raude Armè til å rykke inn på

---

<sup>163</sup> Hitler hadde støtta nordisk nøytralitet, ikkje minst den finske. Etter krigen har det vore klarlagt at den tyske førareren ikkje hadde territorielle ambisjonar i regionen, men at ein var mest oppteken å sikre fri ferdsel i Austersjøen for malmtransportane mellom Sverige og Tyskland. Sjå Trotter 2004:23.

<sup>164</sup> van Dyke 1997:1

<sup>165</sup> 2007:21. Sjå også Meinander 2012:59

<sup>166</sup> van Dyke 1997: 2; Meinander 2012:57. Sjå også Trotter 2004:25: Sovjetarane stolte ikkje på nazi-Tyskland, og meinte at tyskarane i tilfelle krig ville oppnå openberre fordelar om dei kunne bruke Finland som oppmarsj område.

finsk territorium for slik å møte og stoppe fiendens styrkar før dei kom for nær Leningrad. Grensa på det Karelske neset måtte også flyttast lenger bort frå Leningrad. I tillegg kravde dei å få råderetten over ein del finske øyar i skipsleia i Finskebukta. Finnane avviste dette, dei trong ikkje sovjetisk vern, fordi dei ville ha *begge* stormaktene til å akseptere og respektere finsk nøytralitet. Finland var fast bestemt på å bevare denne.<sup>167</sup>

München-forliket i september 1938 skapte «en bølge av optimisme» i Vest-Europa.<sup>168</sup> Moskva, derimot, såg med uro på Chamberlain og Ententens fredspolitikkk overfor Tyskland, då ein meinte dette ville opne for tysk ekspansjon i Aust-Europa. Derfor gav Stalin ordre om å bu seg på krig i Baltikum.<sup>169</sup> I januar 1939 var det klart at Tyskland hadde intensivert bygginga av krigsskip i den baltiske regionen.<sup>170</sup> Dei svenske og finske regjeringane vart samde om felles bygging av festningsverk på Åland. Ein gjorde det klart overfor Moskva at dersom Sovjetunionen ville akseptere eit svensk-finsk forsvarssamarbeid på desse øyane, ville Finland på si side forplikte seg til å hindre eitkvart angrep på Sovjetunionen frå finsk territorium.

Dette var ikkje godt nok for Moskva, som hevda Finland sin nøytralitet ikkje kunne sikrast *utan* sovjetisk hjelp. Berre eit løfte om at finnane ville akseptere sovjetisk assistanse i påkomande tilfelle, var tilfredsstillande, sett frå Moskva.<sup>171</sup> Finnane avslo, og peika på det openberre: at dette ville representere eit brot på den finske nøytraliteten og suvereniteten. Ein annan ting var at det ville vere politisk umuleg for den finske regjeringa å gå med på dette.<sup>172</sup> Som svar modererte Sovjetunionen krava sine noko, utan at finnane endra meining.<sup>173</sup>

Presset heldt fram. I 1939 gjorde Sovjetunionen det klart at dei ville ha ei gjensidig *bistandspakt* med Finland som opna for at finnane skulle forsvare seg mot ein tysk invasjon med økonomisk og militær hjelp på Sovjetunionen. I tillegg måtte den sovjetiske marinen få forpakte og fortifisere øya Suursaari (Hogland) og fire mindre øyar i Finskebukta, i byte mot

---

<sup>167</sup> Trotter 2004:25,28; Johansen 1983:56f

<sup>168</sup> Edwards 2008: 40

<sup>169</sup> van Dyke 1997: 3

<sup>170</sup> van Dyke 1997: 4

<sup>171</sup> Johansen 1983:57f; van Dyke 1997:4. Johansen peikar også på at dette standpunktet var «i tråd med sovjetisk strategisk tenking. I tilfelle trussel om krig eller faktiske tyske angrep, skulle den sovjetiske forsvarskampen førast på finsk territorium.

<sup>172</sup> Johansen 1983:58

<sup>173</sup> van Dyke 1997:4.

delar av dei omdiskuterte grenseområda i Karelen.<sup>174</sup> Til gjengjeld skulle Finland få høve til – ein-sidedig – å bygge festningsverk på Ålandsøyane. Finnane avviste forslaga.<sup>175</sup>

Samtidig hadde Sovjetunionen drøftingar med Frankrike og Storbritannia om korleis ein best skulle få etablert eit “bolverk” mot nazistisk aggresjon i aust. Desse spørsmåla var knytte til Polen og Finland. Sovjetarane let det skine igjennom at dei ville ha fri råderett over territorium som tidlegare hadde lege under tsaren – noko som betydde rett til å ta kontroll over mellom anna Finland om det skulle oppstå situasjonar der *dei* – russarane – fann dette nødvendig. For britar og franskmenn var det politisk umuleg å akseptere dette.<sup>176</sup> Det slapp dei då også, for berre nokre dagar seinare kom nyheita som dramatisk skulle endre Finland si stilling i forhold til Sovjetunionen.

### 3.2 Moskvapakta og nedteljing til krig

23. august 1939 såg Moskvapakta – eller Molotov-Ribbentrop-avtalen – dagens lys. Dette var ei ikkje-angrepspakt der dei mest dramatiske momenta låg i dei hemmelege protokollane som følgde avtalen. Partane delte Sentral- og Aust-Europa inn i interessesfærer, og viktig i denne samanhengen er at Finland, Estland og Latvia vart rekna til den sovjetiske.<sup>177</sup> Ein vennskaps- og grensetraktat i september la også Litauen inn under området der Sovjetunionen skulle vere hegemonen.<sup>178</sup> Den hemmelege protokollen sikra også Sovjetunionen dei austlege provinsane av Polen og Romania i fall det skulle oppstå krig mellom Polen og Tyskland.

Avtalen skapte sjokk i Europa, og braut med forestillinga om Tyskland og Sovjetunionen som dei to hovudmotstandarane på det europeiske kontinent. Med denne pakta forsvann også ein av dei viktigaste premissane for korleis det europeiske konfliktbiletet skulle oppfattast og tolkast.<sup>179</sup> 1. september 1939 gjekk Tyskland inn i Polen, og den 17. same månaden gjekk Sovjetunionen inn frå aust med 475.000 soldatar.<sup>180</sup> Polen var utsletta frå kartet.

Finland hadde levd i den tru at landet ville vere i stand til å ta vare på eigen tryggleik så lenge russarane og tyskarane var motstandarar, ein av dei viktigaste premissane for landets

---

<sup>174</sup> Trotter 2004:28

<sup>175</sup> Denne avvisinga var Mannerheim sterkt imot. Han viste til at øyane var heilt utan verdi for Finland, og slo fast at det var svært uklokt å stå så sterkt i mot dette sovjetiske kravet, når ein samtidig hadde eit forsvar i svært dårleg forfatning, heilt ute av stand til å støtte regjeringa sin steile politikk.

<sup>176</sup> Edwards 2008:47f

<sup>177</sup> Trotter 2004:30

<sup>178</sup> Strømsøe 1997:27; van Dyke 1997:9

<sup>179</sup> Strømsøe 1997:27. Norsk presse såg til dømes avtalen som «diktaturenes allianse» mot vestmaktene og småstatane i Europa.

<sup>180</sup> Edwards 2008:54; Trotter 2004:31

tryggingspolitikk hadde vore at det ville vere ein konstant motsetning og fiendskap mellom Tyskland og Sovjetunionen, og at dette ville sikre ein viss maktbalanse i Austersjø-regionen, og slik også Finlands integritet som sjølvstendig stat.<sup>181</sup> Den unge staten fann seg no i ein heilt ny situasjon.

I slutten av september og byrjinga av oktober, etter ein serie sovjetiske provokasjonar, vart dei tre baltiske statane pressa til å inngå forsvarspakter med Sovjetunionen. Sovjetiske basar vart etablerte i landa, og Sovjetunionen hadde no kontroll over den sørlege kysten av Finskebukta.<sup>182</sup>

### 3.3 Opptakt til krig

Moskvapakta og hendingane i Polen og Baltikum hadde på berre få veker gjort Finland si stilling ytterlegare utsett. Sovjetunionen hadde sikra seg fofeste og kontroll i Baltikum. Problemet var at hamnene var dårlege. Det var no – sett med sovjetiske auge – avgjerande å etablere basar og kystbatteri på nordsida av Finskebukta, på halvøyane Hangö og Porkkala-Udd vest for Helsinki, i tillegg til å få råderett over over øyane Hogland og Suur-Tiutärsaari. Dette var likevel berre ei minimumsløysing, og hadde som ein føresetnad at Finland makta å halde på nøytraliteten sin. Skulle England, Frankrike eller Tyskland krenke den finske nøytraliteten, ville landet, som mellom anna hadde mange flystriper, kunne bli brukt som springbrett for eit angrep på Sovjetunionen.<sup>183</sup> Igjen var det den gamle frykten for Leningrads tryggleik, og for at Finland ikkje skulle klare å bevare nøytraliteten sin, som slo igjennom.<sup>184</sup>

Den 12. oktober 1939 møtte ein finsk delegasjon sovjetiske forhandlarar med Stalin og utanriksminister Molotov i spissen, i Moskva. Dei finske utsendingane var Stocholm-ambassadør Juho Kusti Paasikivi, Väinö Tanner og Moskva-ambassadør Aarno Yrjö-Koskinen, som hadde klare ordrar frå Helsinki om ikkje å diskutere sovjetiske basar på Ålandsøyane eller andre delar av finsk territorium, grenseendringar på Det karelske neset eller gjensidig bistandspakt.<sup>185</sup> Paasikivi prøvde, ved å bruke Sverige og Noreg som eksempel, å forklare den finske nøytralitetspolitikken, og la sterk vekt på at denne var umuleg å kombinere

---

<sup>181</sup> Johansen 1983:58; Strømsøe 1997: 30

<sup>182</sup> Edwards 2008: 60f; van Dyke 1997:12f ; Strømsøe 1997:29; Trotter 2004:31

<sup>183</sup> Manninen 2004:8. Trusselen om eit *finsk* angrep på Sovjetunionen vart sett på som liten – landet si befolkning på 3,65 million menneske var jo ikkje større enn den i Leningrad åleine. Men den aukande faren for storkrig gjorde at sovjetarane måtte ta omsyn til mulegheita for at Finland – nøytralt eller ikkje – kunnje bli brukt som oppmarsjområde.

<sup>184</sup> van Dyke 1997:14; Klinge 1981:102

<sup>185</sup> van Dyke 1997:16

med ein gjensidig bistandsavtale med ei stormakt. Han understreka også at Finland ville forsvare seg i tilfelle fiendtlege angrep.<sup>186</sup>

Stalin på si side presenterte følgjande krav: Finland skulle leige ut heile Hanko-halvøya til Sovjetunionen for ein 30-årsperiode. Her skulle Sovjetunionen kunne bygge ein marinebase med kystartilleri som kunne sperre av Finskebukta og innseglinga til Leningrad. Vidare skulle den sovjetiske Austersjøflåten kunne bruke Lappvikbukta til ankringsplass. Finland skulle gi frå seg dei tidlegare nemnde øyane, i tillegg til Björkö, og avstå den vestlege delen av Fiskarhalvøya i nord. Den sovjetisk-finske grensa på Det karelske neset skulle flyttast vestover, bort frå Leningrad, og dei finske festningsverka på Det karelske neset fjernast. Her må det skytast inn Finlands forsvarsplan var basert på ei forventning om at det sovjetisk hovudangrep ville kome over nettopp Det karelske neset. Dei mange innsjøane og vassdraga der ville tvinge angriparane saman i konsentrasjonar som ville svekke mobiliteten deira. Denne linja av festningsverk som ved utbrotet av krigen bestod av 101 installasjonar og anlegg i betong, gjekk under namnet *Mannerheimlinja*.<sup>187</sup> Ei oppgjeving av Mannerheimlinja ville dermed legge Finland ope for angrep.

Til gjengjeld for alle desse konsesjonane skulle Finland få eit område i Aust-Karelen som i areal var dobbelt så stort som dei areala landet måtte avstå.<sup>188</sup> Trass i dette tilbodet peikar Edwards på at Stalins forslag betydde «en konfiskering av finsk beskyttelse mot øst, og at hamnebyen Petsamo ved Nordishavet ville misse «sin strategiske ukrenkelighet.»<sup>189</sup>

I eit møte med i det finske statsrådet 20.-21. oktober, der statsministeren og sivile og militære representantar var til stades, diskuterte ein Paasikivis rapport frå forhandlingane i Moskva, og vegen vidare. Hovudspørsmålet var kva ein skulle legge mest vekt på i utforminga av den finske forhandlingsstrategien: Landets suverenitet slik den var fastslått i konstitusjonen og internasjonale avtalar, eller ei anerkjening av at Sovjetunionen faktisk hadde tryggingspolitiske behov.<sup>190</sup> Her peika feltmarskalk Mannerheim, som no var leiar for forsvarsrådet, på at ein del av dei sovjetiske krava var legitime. Han og handelsminister

---

<sup>186</sup> Edwards 2008:66; Johansen 1983:65f

<sup>187</sup> Manninen 2004:8f. Til samanlikning: Maginotlinja i Frankrike var berre litt lenger, men hadde heile 5.800 installasjonar i betong. Ein må vel derfor kunne slå fast at finnane si forsvarslinje var heller porøs. Men det var denne dei hadde,

<sup>188</sup> Edwards 2008: 66f; Johansen 1983:66; Trotter 2004:31f; Klinge 1981:102f

<sup>189</sup> 2008:67; Trotter 2005:31f. Trotter viser elles til at Finland ved å etterkome desse krava ville oppgi Mannerheimlinja som utgjorde landets hovudforsvar, og slik etterlate landet sterkt svekka. Mannerheimlinja var ei kjede av forsvarsstillingar som gjekk over heile Det karelske neset, frå Finskebukta til Lagodasjøen, utvikla gjennom 20- og 30-talet.

<sup>190</sup> van Dyke 1997:14; Johansen 1983: 68ff

Tanner var villige til å avstå festninga i Ino på sørkysten av Det karelske neset, nokre øyar i Finskebukta og den sørlege halvparten av øya Suursaari. Alle var imot å imøtekomme ønsket om langtidsleige av Hangö og grensejusteringar på Det karelske neset.

Ved to nye forhandlingsrundar, 23.-25. oktober og 2.-4. november, nærma partane seg kvarandre, men ikkje nok. Når finnane peika på at dei eksisterande ikkje-angrepspaktene hadde vore tilstrekkeleg til å oppretthalde freden mellom dei to landa, parerte Stalin med at endra geopolitiske føresetnader hadde gjort dei utilstrekkelege.<sup>191</sup> Stalin var villeg til ikkje å flytte grensa fullt så langt vestover som i det opprinnelege forslaget, og finnane gav nokre konsesjonar i samband med grensejusteringar og seks øyar i Finskebukta.<sup>192</sup> Kravet om sovjetisk marinebase på Hangö vart imidlertid oppretthalde, og her hadde ikkje finnane noko meir å gi enn sist.<sup>193</sup> Forhandlingane braut saman.

Reint objektivt sett er det muleg å hevde at Stalin, ut frå sin måte å sjå verda på, kunne ha gode grunnar for frykten han hadde med tanke på forsvaret av Leningrad. Rett nok hadde Leningrad aldri vore utsett for åtak frå Det karelske neset, men Hitlers lynkrig i Polen hadde vist at om nokon skulle vere i stand til å ta Leningrad på denne måten – og slik verkeleggjere ein meir enn to hundre år gammal russisk frykt – så måtte det vere Wehrmacht. Det faktum at finnane, trass i sitt nesten ikkje-eksisterande forsvar, framleis stod på sitt og nekta å gi konsesjonar i forhandlingane, gjorde den sovjetiske leiaren berre meir mistenksam. Kunne finnane ha eitt eller anna slags hemmeleg arrangement med Hitler? Finnane på si side mistenkte at Stalins krav berre var dei første, og at dei ved å gi frå seg lillefingeren kunne risikere å misse heile handa.<sup>194</sup> Trotter viser på den andre sida til sovjetiske etterkrigskjelder, mellom anna Krustjovs memoarar, som uttrykker at russarane vart overrumpla av finnane si trassige haldning. Rett nok hadde sovjethæren planlagt for omfattande militære operasjonar på finsk jord, men det var ut frå den premissen at ei anna europeisk stormakt hadde trengt inn i landet og slik engasjerte Sovjetunionen i eit framskote forsvar. At ein skulle hamne i ein krig mot Finland åleine, hadde ein ikkje sett på som eit seriøst scenario.<sup>195</sup> Delar av den sovjetiske militærleiinga var uansett overtydd om at Finland berre ville vere i stand til å yte kortvarig og symbolsk motstand, og det mest for å redde ansikt. I politbyrået hadde ein også forestillingar om at den finske arbeidarklassen var klar til å gjere væpna opprør mot regjeringa dersom

---

<sup>191</sup> van Dyke 1997:18f

<sup>192</sup> Edwards 2008:73

<sup>193</sup> Trotter 2004:32

<sup>194</sup> Trotter 2004:32

<sup>195</sup> Trotter 2004:35; Manninen 2004:8

krigen vart eit faktum. Liknande synspunktet vart også hyppig gjengitt i russiske media. Både før, under og etter krigen vart det i den sovjetiske offentlegheita presentert eit narrativ om at konflikten hadde eit klasseaspekt over seg. Det vart rapportert om uro i det finske proletariatet, og at imperialistiske krefter hadde planar om å bruke landet som utgangspunkt for ein invasjon av Sovjetunionen.<sup>196</sup>

### 3.3.1 På leit etter vener

Både under og etter dei mislykka forhandlingane vendte Finland seg i ulike retningar for å søke støtte. Responsen var nedslåande. På eit nordisk statsjefsmøte i Stocholm 18. – 19. oktober, der både dei skandinaviske kongane og den finske presidenten tok del, var det tydeleg for alle at der var grenser for den nordiske solidariteten når det kom til praktisk handling. Verbalt mangla det ikkje på broderlege klapp på skuldra, men dei andre nordiske landa var redde for at det skulle bli stilt spørsmål ved deira respektive nøytralitetslinjer. I og med Moskvapakta mellom Tyskland og Russland var det også tydeleg at Finland no var å rekne for sovjetisk interesseområde.

I eit nordisk perspektiv kan det også vere på sin plass å peike på at alle dei fire landa – Finland, Danmark, Sverige og Noreg – hadde ulike omsyn å ta, sjølv om dei var samla om prinsippet om nordisk nøytralitet. Dei geografiske og politiske føresetnadene var ulike. Politisk var Noreg orientert vestover, Sverige sørover, og Danmark i begge retningar. Geografisk var også biletet nyansert. Der Noreg og Sverige såg tryggingproblema sine ut frå ein hovudsakleg sjømilitær synsvinkel, måtte Finland og Danmark også ta omsyn til faren for landmilitære angrep.<sup>197</sup> For Finland viste jo denne risikoen seg no som høgst reell.

Tyskland stilte seg også avvisande til finske forsøk på å få støtte, medan vestmaktene var meir interesserte i Finlands strategiske stilling enn landets fridom. Her spelte den svenske jernmalmen ei rolle, og landa fekk etter kvart som krigen utspelte seg klar ein ekspedisjonsstyrke til Finland, men denne skulle primært kome over frå Noreg via Kiruna, og sikre kontroll med dei svenske jernmalmfelta for å hindre Tyskland i å få tilgang på desse ressursane. Frankrike og Storbritannia ville så langt som råd unngå direkte konfrontasjon med Sovjetunionen. Omsynet til Finland var underordna.<sup>198</sup> “Finland stod alene i verden. Finnene hadde ikke andre enn seg selv å stole på.”<sup>199</sup>

---

<sup>196</sup> Trotter 2004:35

<sup>197</sup> Ørvik 1961:9ff

<sup>198</sup> Strømsøe 1997:46ff; Johansen 1983:71f; Edwards 2007:70ff

<sup>199</sup> Johansen 1983:72

Og likevel – trass i denne vanskelege stillinga – gjorde statsminister Cajander det i ein tale 23. november det klart at Finland ikkje ville innta rolla som “vasallstat.”<sup>200</sup> Men det var særleg ein mann som såg med uro på den retninga utviklinga tok. Carl Gustav Mannerheim hadde, trass i talrike forsøk, ikkje makta å nå fram med sine sterke oppfordringar om å møte i alle fall *nokre* av russarane sine krav. Den finske hæren var ute av stand til å kjempe, slo han fast, og bad innstendig, seinast den 26. november, politikarane om å gjenoppta drøftingane med russarane. Regjeringa var framleis overtydd om at russarane bløffa, og avslo. Dagen etter bad Mannerheim om avskjed, eit ønske som vart etterkomme av president Kallio.<sup>201</sup>

### 3.4 Krigen november – desember 1939

Den 26. november 1939, tre dagar før det offisielle krigsutbrotet, inntraff den såkalla Mainila-episoden. Mainila var ein landsby på russisk side av grensa, der russarane hevda at finsk artillerield hadde drepe 4 sovjetiske soldatar.<sup>202</sup> Sovjetunionen forlangte i ein note ei finsk orsaking for episoden, og i tillegg at finske troppar skulle trekke seg 25 km tilbake frå grensa. I realiteten betydde dette at finnane då måtte forlate fleire framskotne forsvarsstillingar framfor den såkalla Mannerheim-linja. Dei nekta då også å etterkome kravet, om ikkje russarane for sin del gjennomførte ei tilsvarandre tilbaketrekning på *si* side av grensa.<sup>203</sup> Finnane avviste å stå bak episoden, og foreslo å etablere ein felles granskingskommisjon.<sup>204</sup> Det er seinare kome fram at episoden var arrangert av sovjetarane for å gi dei eit påskot for å invadere Finland<sup>205</sup> – slik Tyskland gjennom eigne provokasjonar rettferdiggjorde angrepet på Polen den 1. september.

To dagar seinare, den 28. november 1939, sa utanriksminister Molotov opp ikkje-angrepspakta mellom dei to landa, og det diplomatiske sambandet vart brote. I ein radiotale rett etter midnatt den 30. november gjorde han det klart at det var Finland sitt ansvar at relasjonen mellom dei to landa var øydelagd.<sup>206</sup>

Sjefen for Leningrad militærdistrikt, Meretskov, hadde i juni 1939 fått i oppdrag å planlegge eit militært angrep på Finland. Operasjonen måtte ikkje ta meir enn to veker, insisterte Stalin. Alt før den russiske militæraksjonen mot Polen som starta 17. september,

---

<sup>200</sup> Edwards 2007: 92

<sup>201</sup> Trotter 2004:38

<sup>202</sup> Edwards 2007: 93; van Dyke 1997:24; Strømsøe 1997:74; Trotter 2004:39

<sup>203</sup> Strømsøe 1997:74

<sup>204</sup> Strømsøe 1997:74

<sup>205</sup> Strømsøe 1997:74; Tidemand-Johannessen 2000:12; Trotter 2004:39

<sup>206</sup> van Dyke 1997:24; Tidemand-Johannessen 2000:12



flytta Sovjet styrkar mot Baltikum og den finske grensa. I byrjinga av september starta konsentrasjonen av styrkar ved Murmansk, og troppar langs grensa på Det karelske neset vart gjort klare til krig i oktober. Samtidig starta Finland mobilisering. Sovjetunionen sende stadig fleire forsterkingar. Ordren som kom den 29. oktober var klar: Det finske forsvaret skulle brytast ned, fiendens styrkar isolerast og knusast i ein koordinert operasjon mellom hær og flyvåpen. På Det Karelske neset var målet å bryte opp dei finske forsvarsstyrkane og innta festningsverka langs Mannerheimlinja.<sup>207</sup>

Nokre timar etter Molotovs radiotale ved midnatt den 30. november, byrja det sovjetiske angrepet på Finland ved eit artilleribombardement mot finske stillingar langs ein front som strekte seg frå Barentshavet til Finskebukta. Seinare same morgonen kryssa i alt 460.000 soldatar grensa fleire stader; på det Karelske neset, nord for Lagodasjøen, ved Salla i Midt-Finland og ved Petsamo. Sovjetunionen hadde utplassert minst ein divisjon ved alle vegar som leidde frå aust til vest, og angrepet begynte langs alle desse vegane samtidig.

Finske forsvarsstyrkar måtte over alt trekke seg tilbake 80 – 100 km. Tidleg på føremiddagen på krigens første dag starta bombinga av Helsinki. I løpet av dei neste døgn inntok den sovjetiske baltiske flåten øyane i Finskebukta som hadde vore oppe i forhandlingane før krigen: Suursaari, Lavansaari, Tytäsaari og Lanskari, og starta bombarderinga av festningsverk langs den finske kysten.<sup>208</sup>

Det vart også sleppt flygeblad der det finske folket vart oppmoda til å gjere opprør mot regjeringa. Øvstkommanderande for dei sovjetiske styrkane gjorde det då også klart at målet med invasjonen var å frigjere folket frå landeigarar og kapitalistar.<sup>209</sup> Vi ser altså her eit forsøk på å sette konflikten inn i eit narrativ med ideologiske motsetningar og klassekamp. Stalin sjølv hadde ei forestilling om at Den Raude Armè ville bli helst velkomne som frigjerarar av finske kommunistar, arbeidarar og bønder.<sup>210</sup> Ei vidareføring av dette var kunngjeringa allereie første krigsdagen om at det var oppretta ei “demokratisk finsk regjering” leia av eksilkommunisten Kuusinen.<sup>211</sup> For sovjetarane skulle dette vise seg å vere eit feilsteg, då det ikkje let seg gjere å vekke til live igjen motsetningane frå borgarkrigen i det finske samfunnet. Kuusinen vart sett på som ein Quisling, og den kommunistiske

---

<sup>207</sup> Manninen 2004:13f

<sup>208</sup> van Dyke 1997:39; Edwards 2007:114; Trotter 2004:17

<sup>209</sup> van Dyke 1997: 27

<sup>210</sup> Söderman 2004:99

<sup>211</sup> Trotter 2004: s. 84f

marionettregjeringa skulle tvert imot vise seg å sveise det finske folket saman mot fienden.<sup>212</sup> Krigen mot Sovjetunionen i 1939 bar i seg ekko frå *fridomskrigen* i 1918.

Feltmarskalk Carl Gustav Mannerheim, som i misnøye med regjeringa si handtering av den finsk-russiske krisa hadde gått av som leiar for det finske forsvarsrådet, vart no gjort til øvstkommanderande for dei finske forsvarskreftene. Feltmarskalken gjorde det klart at det sosialdemokratiske partiet måtte med i regjeringa for å samle folket i kampen som låg framfor dei. Det var semje om at landet måtte få ei regjering som kunne skape fred etter samanbrotet i dei finsk-russiske forhandlingane. Ny statsminister etter Cajander vart Risto Ryti, medan Tanner tok over stillinga som utanriksminister etter Eljas Erkko. Den nye regjeringa hadde sitt første møte den 1. desember, og hadde som uttalt mål å gjenopne forhandlingane slik at krigshandlingane kunne avsluttast snarast råd.<sup>213</sup> For å oppnå ein best muleg forhandlingsposisjon, skulle ein verne nasjonen og landets sjølvstende gjennom å forsvare kvar meter finsk territorium. Russarane skulle påførast så alvorlege tap at Stalin fann det best å kome tilbake til forhandlingsbordet. Om lag på same tid, 1. desember, vart opprettinga av Den finske folkerepublikken under leing av president Otto Kuusinen kunngjort over Moskva Radio, noko som bidrog til å forsterke den finske motstandsviljen på tvers av samfunnslaga.<sup>214</sup>

Det skulle bli ein ulik kamp. Kjeldene varierer noko med omsyn til storleiken på styrkane partane disponerte. Felles for dei alle, er at Den Raude Armè på papiret hadde ei suveren overmakt. Då krigen braut ut, hadde finnane rundt 215.000 mann under våpen. Av tyngre materiell disponerte forsvarsstyrkane mangelfullt artilleri, nesten ingen stridsvogner og om lag hundre fly. Den sovjetiske invasjonshæren bestod på si side av 460.000 soldatar, 1.500 stridsvogner og 1000 fly. Då krigen slutta kl. 11.00 den 13. mars 1940, var dei finske styrkane om lag på same nivå som ved krigsutbrotet (vel å merke etter å ha brukt opp store reservar på personellsida), medan dei sovjetiske styrkane på dette tidspunktet disponerte heile 1.000.000<sup>215</sup> soldatar, meir enn 6.500 stridsvogner og nesten 4.000 fly.<sup>216</sup>

Den største konsentrasjonen av finske forsvarsstyrkar låg på Det karelske neset, ei landtunge mellom Finskebukta og den store Lagoda-sjøen,. Rett nord for Ladoga-sjøen hadde finnane ei noko mindre styrke, medan den lange grensa vidare nordover vart vakta av lett væpma grensetroppar.

---

<sup>212</sup> van Dyke 1997: s. 27; Johansen 1983: s. 72f; Klinge 1981: s. 102; Edwards 2007: s. 103ff

<sup>213</sup> Edwards 2007: s.110f; Tidemand-Johannessen 2000: s. 12

<sup>214</sup> Edvards 2007: s. 111; Tidemand-Johannessen 2000: s. 12

<sup>215</sup> Manninen 2004: s. 18

<sup>216</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 12:Sjå også Trotter 2004: s17

Mannerheim-linja såg ut til å halde stand mot dei sovjetiske angrepa. Situasjonen var alvorlegare sett med finske auge i Ladoga-Karelen. Også her gjekk russarane inn med store styrkar, og det vart klart at dei i tillegg til å angripe Mannerheim-linja framifrå, også ville forsøke å kome bak dei finske stillingane nordifrå.<sup>217</sup> Dei første dagane av krigen var svært krevjande for dei finske forsvarsstyrkane, ikkje minst var dei store mengdene russiske tanks noko finnane ikkje var budde til å møte. Men etter kvart lærte dei seg å stanse dei russiske stridsvognene på mange vis. I tillegg til å bokstaveleg talt stikke kjeppar (tømmerstokkar) og brekkjern inn mellom drivhjula og slik øydelegge belta, tok ein også i bruk “Molotovcocktails.”<sup>218</sup> Det nye våpenet var rimeleg og effektivt.

Den raude Armèen hadde budd seg til ein rask kampanje, og planane føresette fleksible og raske rørsler der ein skulle omgå dei finske forsvararane og angripe dei frå flankane og bakifrå. Men kampane den første veka hadde ikkje gitt russarane noko endeleg gjennombrøt, hverken på Det karelske neset eller andre stader. Etter den raske framrykkinga over grensa, vart angriparane opphaldne i langvarige og utmattande kampar; det måtte kjempast hardt for kvar einaste meter. Sovjetarane hadde også store tap, både av materiell og soldatar.

Også i Nord-Finland og ved andre frontavsnitt var kampane harde gjennom heile desember 1939. Etter kvart fekk finnane hjelp av den harde vinteren. Den sovjetiske hæren var dårleg utrusta til å handtere dei klimatiske forholda, og det tynne vegnettet i skogsområda nordover langs grensa klarte ikkje absorbere dei motoriserte kolonnane, noko som bidrog til å seinke framrykkinga. Finnane hadde stor suksess med den såkalla *motti-taktikken*, ei form for geriljakrigføring som gjekk ut på rask omringing og avskjering av fiendtlege kolonnar som var bundne til det dårlege vegnettet. Taktikken bidrog sterkt til at den sovjetiske framrykkinga stoppa opp langs heile den lange fronten.<sup>219</sup> Stadig kortare vinterdagane og krevjande vêrfold gjorde det også for vanskeleg for det sovjetiske flyvåpenet.<sup>220</sup>

Russiske offensivar og angrep i desember gav lite framgang der det var som viktigast – på Det karelske neset – og det at finnane tilsynelatande klarte å stanse den i utgangspunktet overlegne sovjetiske militærmakta, skapte stor entusiasme og glede i Skandinavia og verda elles.<sup>221</sup> Faktisk klarte finnane å sette i gang fleire motoffensivar i slutten av julemånaden 1939. Sjølv om desse var kortvarige, hadde dei likevel stor symbolsk verdi. Etter ein månads

---

<sup>217</sup> Edwards 2007: s. 114

<sup>218</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 16

<sup>219</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 13; Trotter 2004: s. 173-176

<sup>220</sup> van Dyke 1997: s.38; Sjå også Edwards 2007: s. 149

<sup>221</sup> [www.snl.no/Finlands\\_Historie](http://www.snl.no/Finlands_Historie): nedlasta 7.7.2016; Johansen 1983:73

krig heldt framleis Mannerheimlinja stand, og det vart klart for den sovjetiske overkommandoen at ein måtte inn med endå fleire troppar om ein skulle ha håp om å bryte den ned.<sup>222</sup>

Johansen kallar dei veldige mengdene med køyrety og våpen som russarane måtte etterlate seg på finske vinterveggar denne siste månaden i 1939 for “et visuelt uttrykk for et lite folks heroiske forsvarskamp. Men samtidig skapte det en optisk illusjon av at Finland i det lange løp ville ha en sjanse.”<sup>223</sup> Uansett vart det finske folket samansveisa av framgangane på slagmarka, og gamle sosiale konflikhtar lagde til sides og til og med løyste.<sup>224</sup>

### 3.5 Krigen januar – mars 1940

Stalin hadde tenkt at det skulle ta tolv dagar å erobre heile Finland, men den første månaden av krigen hadde vore ein katastrofe sett med sovjetiske auge. Sovjetiske tap var enorme og den militære framgangen liten. Troppane var utslitne, dei trong kvile og forsterkingar.<sup>225</sup> Ved årsskiftet var Den raude Armè langt frå målet; finnane ytte hardnakka motstand mot overmakta. Stalin var rasande, og meinte den sovjetiske krigsmaskinens vanskar hadde ein øydeleggande effekt på landets utanrikspolitikk fordi heile verda såg på det som gjekk føre seg. Det kom også inn etterretningsrapportar om at ein muleg fransk-britisk intervensjon i konflikten.<sup>226</sup>

Eit skifte i dei militære planane gav nye prioriteringar. Krigen i dei djupe finske skogane hadde vorte ein krig på finske premisser.<sup>227</sup> No skulle ein satse alt på eit gjennombrøt på Det karelske neset. Mannerheim-linja skulle nedkjempast og vegen til Helsingfors leggest open. I løpet av januar fekk dei sovjetiske styrkane på neset tilført ein halv million nye soldatar. 15. januar starta eit tungt bombardement av granatar og bombefly som skaka dei finske stillingane og hadde ein utmattande effekt på soldatane. Dei sovjetiske tapa var store, men 12. februar klarte dei endeleg å få det første gjennombrøtet i Mannerheim-linja. Om morgonen den 15. februar vart det gjeve ordre om finsk retrett frå denne forsvarskjeda.<sup>228</sup>

Etter kvar lukkast det sovjetarane å presse finnane bakover på den vestlege delen av Det karelske neset, til forsvarslinja ved Viborg, og dei neste vekene skulle den sovjetiske overmakta få eit avgjerande overtak på finske forsvarsstyrkar som heilt sidan krigens start

---

<sup>222</sup> Manninen 2004:21

<sup>223</sup> 1983:73

<sup>224</sup> Meinander 2012:61

<sup>225</sup> Manninen 2004:22

<sup>226</sup> Manninen 2004: s. 37

<sup>227</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 17

<sup>228</sup> Manninen 2004: s.46

hadde slite med minimale reserver på personellsida. Hemmelege forhandlingar mellom partane starta i februar med regjeringa i Stocholm som mellomledd.<sup>229</sup> 7. mars reiste ein delegasjon med statsminister Ryti i spissen til Moskva. Ein ny sovjetisk offensiv nord for Lagoda-sjøen gjorde situasjonen kritisk for finnane, og forsvarssjefen, marskalk Mannerheim, rådde difor regjeringa til å forhandle fram ein fred.<sup>230</sup> Ein avtale om våpenkvile vart underteikna den 12. mars. Freden trådde i kraft dagen etter kl 11.00.

Fredsavtalen, «Moskvafreden», vart kostbar for Finland. Landet måtte gi frå seg heile Det karelske neset, fire øyar i Finskebukta, kommunane Salla og Kuusamo i nordaust, og størstedelen av Petsjenga-regionen. Finland forplikta seg til å bygge ein jernbane frå den nye grensa ved Salla til Kemijärvi. I tillegg fekk Sovjetunionen opprette ein flåtebase på Hangö. Over ti prosent av dei finske landområda gjekk tapt, og 30 prosent av landets økonomiske ressursar.<sup>231</sup> Dessutan måtte det finske samfunnet handtere 450.000 flyktningar frå Karelen som ikkje lenger kunne bu i områda som var overgjevne til Sovjetunionen.<sup>232</sup> Dei 105 dagane med krig i eit ugjestmildt klima hadde vore svært blodige. Ulike kjelder opererer med ulike tapstal. Finnane miste ein stad mellom 20.000 og 30.000 soldatar, medan sovjetarane hadde tap på mellom 250.000 og 300.000.<sup>233</sup>

### 3.6 “Ånda frå Vinterkrigen”

I det finske kollektive minnet og den offentlege samtalen blir det enno i dag referert til “Ånda frå Vinterkrigen,” ein mentalitet i det finske samfunnet som vaks fram som følgje av det vesle folkets rettferdige kamp mot ein overlegen aggressor. Det nasjonale samhaldet vart svært sterkt, og skapte ein kampvilje og solidaritet som sameina både den sivile og den militære fronten på ein måte som vakte oppsikt langt utover landegrensene. Alle lag av folket samla seg på tvers av gamle økonomiske, politiske og kulturelle grenser under nasjonale symbol då krigen var eit faktum.

Pressa presenterte eit narrativ som bygde opp under og forsterka allereie sterke antirussiske haldningar i det finske folket, godt hjulpet av brutale sovjetiske luftangrep mot sivile mål og amatørmessig sovjetisk propaganda som hevda at den Raude Armèen ville “frigjere” finske arbeidarar og jordlause.

---

<sup>229</sup> Johansen 1983: s.74

<sup>230</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 17

<sup>231</sup> Johansen 1983:76; Edwards 2007: s.12;Meinander 2012: s.60

<sup>232</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 17

<sup>233</sup> Tidemand-Johannessen 2000: s. 17; Sjø også Edwards 2007:s. 12; Trotter 2004: s. 18;Meinander 2012: s. 60

Viljen til å forsvare landets sjølvstende, den sterke kjensla av å ha eit moralsk overtak i forhold til angriparen, bidrog sterkt til ein samla front. Det gjorde også den homogene samansetninga befolkninga hadde når ein ser på den religiøse dimensjonen ved Finland anno 1939-40. Kristendommen spelte ei sterk og samlande sosial og kulturell rolle desse vanskelege månadene. Den finske evangelisk-lutherske kyrkja var sterkt knytt til staten, og utbrotet av vinterkrigen bidrog ytterlegare til å styrke kyrkja si stilling i folks liv. Religiøse språklege bilete vart brukte for å halde moralen oppe: Krigen var ein kamp mellom David og Goliat, mellom det gode og det vonde etc.

Religionen stod også sterkt i avdelingane ved fronten, og mange stader i landet såg ein religiøse vekkingar. Presteskapen inngjekk så å seie i propagandamaskineriet, men hadde også ei svært viktig rolle i møtet med traumene krigen førte med seg for sivile og soldatar. I større grad enn i andre land under 2. verdskrigen vart det lagt stor vekt på å gravlegge falne soldatar på heimstadane deira. Dei militære gravene låg i eigne seksjonar av kyrkjegardane, offiserar og menige om ein annan, noko som skulle demonstrere det dei døde for: landets og folkets demokratiske verdiar. Kvinnene og særleg mødrane til dei falne fekk ei spesiell rolle i den nasjonale mytedanninga. Dei hadde ytt det største offeret i kampen for landets fridom og sjølvstende.<sup>234</sup>

### 3.7 Noreg og vinterkrigen

Som vist i innleiingskapittelet skapte utbrotet av Vinterkrigen noko nær panikk i politiske kretsar i Noreg,<sup>235</sup> og forvirringa rundt kva ein skulle gjere, var stor. Dei første krigsvekene vart det ikkje vurdert av styresmaktene å engasjere seg i krigen med regulære troppar, og regjeringa møtte lite press frå Stortinget om å endre denne politikken.

I pressa var der imidlertid aktivistiske røyster og appellar som kunne tyde på eit gap mellom opinionen og regjeringa sin heller forsiktige politikk – sjølv om rekrutteringa til den militære frivilligrørsla heller ikkje var så sterk at den kunne tolkast som eit folkekrav om direkte norsk militært engasjement i Finland.<sup>236</sup> Den norske regjeringa var – som den svenske – oppteken av å halde nøytralitetsfana høgt, då ein frykta å verte direkte innblanda i både vinterkrigen og stormaktskrigen som var eit faktum etter det tyske overfallet på Polen 1. september 1939. Samtidig måtte regjeringa Nygårdsvold heile tida ta omsyn til ein ustabil opinion som kunne bli påverka av aktivistisk propaganda. Ved årsskiftet var det “ikke

---

<sup>234</sup> Junila 2012:194-196

<sup>235</sup> Berg 2016:57

<sup>236</sup> Strømsøe 1997:187

usannsynlig at at krigens vidare forløp ville resultere i sterkere internt og eksternt press på regjeringens passive og varsomme linje overfor Finland.”<sup>237</sup> Alt i slutten av desember og byrjinga av januar kom det dessutan handfaste og konkrete utfordringar frå utlandet. Vestmaktene ønskte ei mindre sterk praktisering av den norske nøytraliteten – og Sovjetunionen kravde det stikk motsette.<sup>238</sup>

### 3.8 Press frå aust og vest

Di lenger krigen mellom Finland og Sovjetunionen varte, di meir auka presset på Noreg og Sverige, og di større vart faren for at begge skulle bli direkte involverte i storkrigen.<sup>239</sup> Frankrike og Storbritannia drøfta frametter hausten 1939 korleis dei skulle kunne svekke Tyskland og for så vidt også Sovjetunionen no når Molotov-Rippentropavtalen var kjend og dei første fryktelege konsekvensane av den viste seg i Polen og Finland. Franskmennene og britane hadde på bordet ulike alternativ for korleis ein kunne støtte Finland, og samtidig svekke posisjonen til Tyskland.

Som tidlegare nemnt var den svenske eksporten av jermalm til Tyskland, og ikkje minst skipstrafikken som sytte for at den hamna i tyske våpensmier, eit stort problem for vestmaktene. Sverige leverte mellom 20 og 35 prosent av jernmalmen som vart brukt i den tyske krigsindustrien. Utskipinga gjekk føre seg frå Luleå i Nord-Sverige og via Narvik i Noreg, noko som gjorde heile denne regionen strategisk svært verdfull for både Tyskland og vestmaktene.<sup>240</sup> Den øvste krigsrådet, der Storbritannia og Frankrike sat saman for å koordinere og planlegge krigføringa, oppmoda Noreg og Sverige til å hjelpe Finland, og gav også løfte om støtte dersom dette skulle skape vanskar. Ein såg det slik at ein eventuell russisk eller tysk reaksjon ville vere eit perfekt høve for vestmaktene til å gripe inn mot den tyske malmtransporten utan å krenke nøytraliteten til dei to skandinaviske landa. Den 5. januar 1940 kom svaret frå Noreg og Sverige. Dei kunne la frivillige passere over deira respektive territorium, i tillegg til krigsmateriell donert av framande statar, men utover det ville dei ikkje gjere noko for å hjelpe Finland.

Responen frå Noreg og Sverige gjorde at britane kom opp med ein større og meir omfattande plan. Storbritannia og Frankrike skulle ope proklamere at ein hadde til hensikt å sende hjelp til Finland, og med ein resolusjon frå Folkeforbundet i ryggen *forlange* at Noreg og Sverige gav fri passasje. Planen var å gå i land i Narvik og så fortsette på tog til Luleå.

---

<sup>237</sup> Strømsøe 1997:187

<sup>238</sup> Strømsøe 1997:187

<sup>239</sup> Meinander 2012:64

<sup>240</sup> Meinander 2012:62

Dermed ville allierte styrkar ha kontroll over begge utskipingshamnene Tyskland brukte til malmen dei kjøpte med Sverige. Hjelp til Finland ville her vere fikenbladet som vart brukt for å skaffe britane og franskmennene eit strategisk overtak i sjakkspillet med Tyskland. Ein kalkulerte med at tyskarane ville reagere sterkt og gå til mottiltak, men då hadde ein lukkast i å engasjere fienden i nord framfor på kontinentet, noko som ikkje minst frå britisk side vart sett på som svært fordelaktig, gitt det store overtaket britane hadde til havs. Dermed kunne ein svekke Tyskland utan å kome i direkte konfrontasjon med russarane.

I nye notar vart nordmennene og svenskane åtvare om at eit nytt nei til transitt for slike ekspedisjonsstyrkar indirekte var ein støtte til nazistane. Britane gjorde det klart overfor den norske ministeren i London at Storbritannia også ville bruke norske territorialfarvatn i krigen mot Tyskland. Dette vart grunngeve med at tyskarane brukte norskekysten til sine malmtransportar.<sup>241</sup> Men svaret frå dei to nordiske landa var det same: dei ville forsvare nøytraliteten sin med alle middel, same kven som krenka den. Ein frykta at eit ja til dei fransk-britiske planane berre ville provosere fram tyske motangrep, opne ein ny front i Nord-Skandinavia, og slik drage Noreg og Sverige inn i krigen.<sup>242</sup>

Finland let vere å offisielt be om hjelp frå Storbritannia, då ein meinte at assistansen ville verte for liten og kome for seint til å bety nokon forskjell. Ein hadde også fått beskjed om at det var planlagt å berre late ein liten del av det britiske ekspedisjonskorpset krysse den svenskfinske grensa. Hovuddelen av styrken skulle okkupere Narvik og ta kontroll over dei svenske jernfelta. Då den finske appellen uteblei, unngjekk også Noreg og Sverige å hamne i ein svært vanskeleg situasjon.<sup>243</sup> Til slutt enda vinterkrigen utan at Finland hadde motteke noka substansiell hjelp frå Storbritannia eller Frankrike via norsk eller svensk territorium. Finlands sak hadde altså dei siste månadene kun vore eit middel til å fremje andre, regionale strategiar.<sup>244</sup>

Presset utanfrå kom ikkje berre frå ein kant. Natta til den 6. januar mottok utanriksminister Koht ein note der Sovjetunionen skulda Noreg for ikkje å opptre nøytralt og for å drive ein fiendtleg kampanje mot den kommunistiske stormakta. Skuldingane vart grunngeve med at norsk presse stadig trykte oppmodingar til militær støtte til finnane, og at den norske regjeringa gjorde lite for å hindre dette. Tvert om, slik sovjetarane såg det, medverka regjeringa til å opprette vervingskontor for frivillige soldatar, den planla å sende

---

<sup>241</sup> Strømsøe 1997: 190f.

<sup>242</sup> Meinander 2012:62

<sup>243</sup> Søderman 2014:101

<sup>244</sup> Trotter 2004:298-303, 315:



våpen austover, og tillett i tillegg at Noreg vart gjort til transitland for militært materiell frå utlandet. I sitt svar understreka utanriksminister Koht at alle oppmodingar og krav om militær støtte kom frå privatpersonar, og at det – gitt pressefridommen i Noreg – var normalt at det vart uttrykt meiningar og krav som ikkje hadde støtte i offisiell politikk. Det vart elles understreka i svaret til den sovjetiske ministeren i Oslo at verving til krigsteneste var forbode etter norsk lov.<sup>245</sup> Det ovanståande viser kva press Noreg vart utsett for – og korleis ein måtte velje mellom solidaritet med eit nabofolk på eine sida og ønsket om å bevare nøytraliteten på den andre.

Vinterkrigen fekk mykje publisitet i Europa. Dei tyske og sovjetiske felttoga i Polen og det påfølgjande polske nederlaget kom så fort at vestleg opinion knapt rakk å reagere med anna enn sjokk. Annleis var det med Finland, dette vesle nordiske landet langt mot nord som med vilje og kraft kjempa ein eksistensiell kamp mot den bolsjevikiske imperialismen – ein kamp som drog ut i veker og månader. I denne fasen av 2. verdskrigen var det dessutan få andre militære trefningar som konkurrerte med Vinterkrigen om mediadekking.<sup>246</sup>

### 3.9 Krigen i norske media og opinion

Torstein Strømsøe peikar på to føresetnader som må vere til stades for at den jamne mann og kvinne skal bli engasjert i internasjonale konflikhtar – nemleg *gjenkjenning* og *identifikasjon*. Ein må kunne *ta parti* for nokon, samtidig som ein *tek avstand* frå ein annan:

Omfattende undersøkelser har på en overbevisende måte dokumentert at opinionen preges av en markert tendens til å tolke internasjonale handlinger og aktører gjennom bruk av stereotypier og enkle verdiladete klisjeer. Følgelig blir internasjonal politikk av mange forstått innenfor motsatte verdibegrepspar som god/slem, vennlig/fiendtlig, fredelig/aggressiv etc. Krig vil ofte, om ikke alltid, appellere særlig sterkt til menneskers svart-hvitt-tenkning.<sup>247</sup>

I eit slikt perspektiv, meiner Strømsøe, skulle Vinterkrigen passe godt til å provosere fram stereotypiar og sterke folkelege reaksjonar, og han viser til at folk vil ha ein tendens til å reagere på utanrikspolitiske spørsmål ut frå korleis dei trur dei vil påverke stillinga til eige land og samfunnsgruppe.<sup>248</sup> “Nasjonalismens veldige følelsesmessige styrke ligger utvilsomt

---

<sup>245</sup> Strømsøe 1997:190. Forfattaren peikar på at røyndommen ikkje var fullt så unyansert som svaret frå den norske regjeringa gav uttrykk for. Mellom anna transporterte NSB frå midten av desember britisk krigsmateriell til Finland, gods som kom til Noreg Bergen hamn.

<sup>246</sup> Meinander 2012:61; Strømsøe 1997:397

<sup>247</sup> Strømsøe 1997:397. Forfattaren viser her til V. Bronfenbrenner: The mirror image in Soviet-American relations. A Social Psychologist Report. I *Journal of Social issues*. 1961.

<sup>248</sup> Strømsøe 1997:401

nettopp i denne forherligelsen av inngruppen og ringeakten for utgruppen.”<sup>249</sup> Det må kunne hevdast at determinasjonen av kven som er “inne” og kven som er “ute” ikkje nødvendigvis treng å stoppe ved eiga statsgrense, noko også fiendebileta under den kalde krigen viste. I tilfellet med Vinterkrigen var finnane *inne* og russarane *ute* i den norske opinionens medvit. Finnane var ein del av vårt utvida *forestilte fellesskap*.<sup>250</sup>

Mediadekninga og andre samtidige kjelder hadde ei sterk slagside til fordel for den eine parten – Finland. Ein ny ideologisk dimensjon vart tydeleg etter at ikkje-angrepspakta mellom Tyskland og Sovjetunionen vart kjend i august 1939: Avtalen skapte stor forvirring. I vide kretsar hadde ein i løpet av trettiåra oppfatta den ideologiske hovudfronten i kampen om Europas sjel å gå mellom kommunisme og fascisme. No var plutselig situasjonen ein annan. Vinterkrigen viste i mange sine auge at kommunisme og fascisme/nazisme kunne oppfattast som to sider av same sak.<sup>251</sup> Eit eksempel på det er eit voldsomt angrep på hovudorganet til Norges Kommunistiske parti, *Arbeideren*, i sosialdemokratiske *Arbeideravisen*. Under tittelen *En ynkelig journalistikk* stod det å lese:

Komintern-organet har bitt hodet av all skam. Det opprørende overfall på Finland blir framstilt som Sovjetunionens svar på de finske grensekrenkelser. Slik låt det også i den tyske nazistpressa før og under overfallene på Tsjekkoslovakia og og Polen.<sup>252</sup>

Nazismen og kommunismen vart sidestilt. Krigen mellom Sovjetunionen og den vesle naboen var blitt ein kamp mellom einsretta diktatur på eine sida og pluralisme og demokrati på den andre. Alt låg med andre ord til rette for at andre nordiske folk skulle sympatiserte med Finland. I løpet av mellomkrigstida var Finland blitt ein sjølvstendig del av Norden. Det sovjetiske angrepet vakte sterke kjensler – som var ein nødvendig ingrediens i det som skulle bli brei folkeleg støtte til broderfolket si sak.<sup>253</sup>

I kortfilmen *Finland kjemper* frå tidleg i 1940 kommenterte Toralv Øksnevad – som seinare skulle bli kjend for nordmenn i det okkuperte Noreg som “røysta frå London” – levande bilete frå Vinterkrigen. Lyden av flyalarm, brennande hus, overfylte tilfluktsrom, ansikta til redde barn og kvinner tala sitt tydelege språk, og vart forsterka av orda frå

---

<sup>249</sup> Bjøl 1974: 93

<sup>250</sup> Om termen *forestilt fellesskap*, sjå Anderson 1996.

<sup>251</sup> Strømsøe 1997:397f. I ein leiar brukar *Arbeiderbladet* 2.11.1939 uttrykket *nazi-kommunisme*. Sjå elles leiarartikkelen i same avis 1. 12. Her vert dei sovjetiske påstandane om finsk aggresjon sagt å vere heilt “etter fascistisk eller nazistisk oppskrift.”

<sup>252</sup> *Arbeiderbladet* 1.12.1939

<sup>253</sup> Strømsøe 1997:398

Øksnevad. Identifikasjonen med det kjempande vesle folket var effektiv: I mange hundre år hadde Finland vore “den vestlige kulturens utpost mot øst.”<sup>254</sup> Finnane hadde vunne alle siviliserte krefters respekt og beundring for sitt “byggende arbeid på demokratisk grunn.”<sup>255</sup> Ordvalet i reportasjen var lada: russiske bombefly sleppte si dødbringande last over “åpne finske byer,”<sup>256</sup> og russiske troppestyrker “veltet”<sup>257</sup> over grensa frå “Det karelske neset i sør til ishavskysten i nord.”<sup>258</sup> Kommentatoren melde at krigen som finnane hadde “gjort sitt ytterste for å unngå,”<sup>259</sup> no var “en grusom virkelighet, og dens første ofre var sivile, mest kvinner og barn. (...)Den russiske imperialismen, frihetens og demokratiets fiende, hadde kastet masken.”<sup>260</sup> Finnane sin heroiske kamp var ein kamp som truga “hele den vesterlandske kultur,”<sup>261</sup> og galddt den “demokratiske friheten i hele Norden.”<sup>262</sup> Finland representerte her fred og sivilisatorisk utvikling, medan antagonisten Russland stod for det diametralt motsette.

Vel ein måned ut i krigen gjengav Aftenposten den finske presidenten Kallio sin tale i høve landet sin sjølvstendedag den 6. desember. Også her vart Finland si rolle som forsvarar av vestlege verdiar framheva: “Vi beskytter ikke bare våre hjem og vår selvstendighet, men også den vestlige kultur.”<sup>263</sup>

Regjeringa og andre delar av det politiske maktapparatet var oppteken av å bevare landets nøytralitet, men vart, som vi tidlegare har sett, etter kvart utsett for sterkt krysspress internasjonalt for å lempe på denne linja. Også frå krefter i befolkninga kom det krav om ei meir eller mindre indirekte norsk hjelp til Finland på det militære planet. Men dette var langt frå det einaste resultatet av informasjonsflaumen som nådde det norske samfunnet frå konflikten lenger aust i Norden.

### 3.10 Reportasjar, meldingar og kommentarar i media

Det ovanståande referatet frå Filmavisen gir eit eksemplarisk bilete av korleis den sovjetiske invasjonen i Finland vart presentert overfor den norske opinionen. Men tradisjonelle aviser

---

<sup>254</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>255</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>256</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>257</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>258</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>259</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>260</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>261</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940.

<sup>262</sup> Kortfilmen “Finland kjemper,” frå 1940. Det må nemnast at klippet er ein del av Filmavisen veke 44 frå 1944, då Filmavisen var eit propagandaverktøy for okkupasjonsmakta. Det blir påpeika at kortfilmen er laga før kommentatoren Øksnevad “forrådde Norge og flyktet til London.” Ein tekstplakat etter filmen konstaterer syrleg: “I dag hilser han de bolsjevikiske erobrere i Nord-Norge som våpenbrødre og befriere.”

<sup>263</sup> Aftenposten 7.12.1939

var – saman med radio – dei viktigaste kanalane for informasjon til befolkninga om utanrikspolitiske spørsmål.<sup>264</sup> Både Aftenposten og Arbeiderbladet følgde situasjonen i Finland tett dei første krigsveke.<sup>265</sup> Ein studie av desse publikasjonane viser korleis den finsk-russiske krigen fullstendig dominerte nyhendebiletet i vekene etter 30. november – akompagnert av ei generell dekking av krigstilstanden mellom vestmaktene og Tyskland. Vala av eksempla som følgjer er ikkje systematisk, og gjer altså ikkje krav på å gi eit *fullstendig* bilete av haldningane til vinterkrigen som kom til uttrykk i *alle* delar av norsk presse. Den er heller ikkje balansert i forhold til *alle* dei politiske leirane og grupperingane som var aktive.<sup>266</sup> Det primære målet for meg er å – med brei pensel – forsøke å gi eit bilete av det *narrativet* som *breie lag* av befolkninga vart presentert for, korleis stemninga i det offentlege rommet var med på å forme norske menn og kvinner si haldning til krigen i Finland, og i neste omgang deira vilje til å engasjere seg på eitt eller anna nivå for å hjelpe finnane.

Alt dagen etter krigsutbrotet leverte Aftenposten brei dekning av konflikten i form av reportasjar og meldingar. Korrespondenten i Finland, Torolv Kandal, rapporterte at “tallrike russiske luftangrep har voldt stor skade. 50 drept og over 130 skadet, derav kvinner og barn.”<sup>267</sup> Alle bombeangrepa var retta mot ikkje-militære mål, og bombeflya vart kalla “djevleske mordmaskiner.”<sup>268</sup>

Skildringane var svært emosjonelle: “Kvinner som var ute med sine barn skrek av redsel og kastet seg ned og prøvde å dekke de små.”<sup>269</sup> Finnen Erik Lindblom fortalde i eit intervju med NRK femti år etter korleis han opplevde bombinga: “Størstedelen av bombene fall jo midt i byen. Luftvernet var jo ikkje så bra da (...).”<sup>270</sup> Fire dagar etter fekk Aftenposten sine lesarare vite at rundt 250.000 av Helsingfors sine knapt 300.000 innbyggjarar hadde rømt byen. Det tette skydekket gjorde bombing lite sannsynleg. “Hele denne overveldende beksvartheit er som balsam på betente sinn og nerver.”<sup>271</sup> Og så, i same artikkel, som ein indirekte appell om sympati for offera for dei russiske bombetokta:

---

<sup>264</sup> Strømsøe 1997:311

<sup>265</sup> Desse var landets to største aviser, og representerte dei to hovudblokkene i norsk politikk, med Aftenposten som hovudorgan for Høgre, og Arbeiderbladet for Arbeiderpartiet og den sosialdemokratiske arbeidarrørsla.

<sup>266</sup> Norges Kommunistiske Parti sitt hovudorgan, *Arbeideren*, hadde til dømes ei heilt anna og langt meir sympatisk framstilling av Sovjetunionens krig og motiva for den.

<sup>267</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>268</sup> Aftenposten 1. 2.1939

<sup>269</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>270</sup> Intervju i reportasje i samband med markeringa av femtiårsdagen for utbrotet av den finsk-russiske vinterkrigen 1939-40. Minnehøgtid i Finlandiahuset i Helsinki. *Verden i dag – NRK Dagsnytt* sendt 30.11. 1989. Mi omsetting frå svensk.

<sup>271</sup> Aftenposten 4.12.1939

De som sitter trygt og godt noen hundre kilometer fra en by som har været bombet to dager efter hverandre kan ha godt av å vite at man ikkje videre faller til ro den tredje eller fjerde dag viss dagens regn uteblir.<sup>272</sup>

I Arbeiderbladet 1. desember vart det under tittelen *Den første redselsdag i Helsinki* meldt at: “Mordfuglene fra Baltischport strøk lavt over byen og slapp ned bomber.”<sup>273</sup> Det er fokus på mjuke, sivile og forsvarsause bombemål:

– Panikk blant kvinnene og barna. Sykehus, skoler og kirker satt i brann. (...) løsnet redselens fryktelige grep, og folk løp i vill flukt til de bombesikre rommene på Esplanaden og parkene. (...) På skolene hadde barna nettopp sunget morgensalmen. (...) ble grepet av vill panikk. De slet seg løs fra lærere og lærerinner og løp med fortvilte skrik gjennom gatene mot sine hjem. (...) Gjennom gatene kjører det lastebiler med soldater. De synger *Karelenes sång*. Folk gråter og vinker til dem, kanskje for siste gang.<sup>274</sup>

Under kjensleladde titlar fekk norske avislesarar dei siste vekene av 1939 fortalt korleis situasjonen var i Finland – sett med nordiske auge. Det er liten tvil om kvar sympatien til journalistane og redaksjonane låg. Russarane gjekk ikkje av vegen for å bruke maskingevær og bomber mot kvinner og barn, vart det fortalt. På førstesida av Arbeiderbladet 4. desember, under tittelen *Russerne truer med 800 bombefly*<sup>275</sup> rapporterte avisas eigen utsende medarbeidar:

Det er den frykteligste terror som vårt århundre har sett på disse kantene av verden russerne nå har satt i gang over Finland og det samlede finske folk. Ord kan ikke skildre de redslene som er utspilt i Helsinki og over hele sør-Finland i disse dagene, da shrapnellbomber (splintbomber, min komm.) har drysset fra de russiske “rovfuglene” i skydekket og kulesprøytene har meiet med flyktende kvinner og barn bort fra sine hjem innover de finske ødemarkene. Jeg har med egne øyne sett lemlestedde kvinnelik og barn som er maltraktert til det ugjenkjennelige bli brakt til likhuset fra landeveien (...) Jeg har sett de tause skarene evakuere, og med sine fattige eiendeler i hånden ta ut på vandring i nattemørket for å bli beskyttet mot en fiende som ikke kjenner barmhjertighet.<sup>276</sup>

Slik var tendensen også dei komande vekene fram mot årsskiftet. Sivile lidingar vart understreka og rapportert med sterke ord. Aftenposten melde om barn som var sakna og

---

<sup>272</sup> Aftenposten 4.12.1939

<sup>273</sup> Arbeiderbladet 1.12.1939

<sup>274</sup> Arbeiderbladet 1.12.1939

<sup>275</sup> Arbeiderbladet 4.12.1939

<sup>276</sup> Arbeiderbladet 4.12.1939

traumatiserte av bombeangrepa: ”Det er historier om disse barnesjokk som er så tragiske at det simpelthen ikkje går an å fortelle dem vidare.”<sup>277</sup>

Meldingar om finske flyktningar som kom over grensa i Nord-Noreg fekk også god plass, og ikkje minst den gode mottakinga som vart dei til del. I Kirkenes vart skular og andre offentlege bygg opna for “De finske flyktninger tause tog.”<sup>278</sup>

Hele Kirkenes er full av finske flyktninger. Biler har gått lastet fra Svanvik helt siden fredag aften, da de første flyktninger kom over(...) Førstehjelpen har nok å gjøre med innkvarteringen.(...) Ingen gråt, ingen klaget. Kravene var efter angsten, spenningen og kulden ikke så svære: Litt søvn her i varmen, en sekk eller en bylt under hodet, litt mat og litt varm drikke, det var velsignet. Og den unge moren som sitter der i kroken med barnet til brystet, hun er utenom alle land og alle sorger i alle fall i denne stund. Det ser man på ansiktet hennes, fredelig og smilende. En gammel kone så trett så trett er sovnet sødelig inn like ved døren. Flere små unger leker og ler i gangen. Men en smal, liten pike har trykket sig inn i kroken ved papirkassen, og ser bare på alt som foregår uten uttrykk i sitt hvite ansikt.<sup>279</sup>

Arbeiderbladet kommenterte på leiarplass den store innsatsen for finske flyktingar i nord:

Det er en dyster tragedie som utspilles ved vår grense, et tog av krigsrammede mennesker som har måttet bryte opp fra hjemmet og hjemlandets jord. Men de skal vite at de kommer til venner og frender som ønsker å gjøre alt det som står i menneskelig makt for å mildne ulykken. Vi skal hjelpe dem som nære slektninger og gi dem den støtte vi kan i den største av alle ulykker som kan ramme mennesker.<sup>280</sup>

Finnane er som familie i denne leiaren. Dei er ein del av den førestilte fellesskapen.

### 3.11 Militært heltemot

Men alle dei gruoppvekkande rapportane om dei sivile finske ofra var ikkje det fullstendige biletet det norske folk fekk av konflikten i aust. Gjennom heile desember fortalde overskriftene i norske aviser om ei finsk forsvarsmakt som i forbausande grad heldt stand mot overmakta: “Russernes tap hittil over 2000 mann. 60 sovjettanks ødelagt;”<sup>281</sup> “Tre russiske bataljoner tilintetgjort (...) Russerne foretar det ene angrepet efter det annet, men blir slått tilbake alle steder;”<sup>282</sup> “Finnene seierherrer etter tre dagers slag nord for Lagoda. Optimisme i

---

<sup>277</sup> Aftenposten 7.12. 1939

<sup>278</sup> Aftenposten 4.12. 1939

<sup>279</sup> Aftenposten 4.12. 1939

<sup>280</sup> Arbeiderbladet 4.12.1939

<sup>281</sup> Aftenposten 6.12. 1939

<sup>282</sup> Aftenposten 13. 12. 1939

finske militærkretser;”<sup>283</sup> “60,000 russere falt i Finland hittil.”<sup>284</sup> Rapportar frå finske stillingar dukka også opp på avissidene. Som her, under overskrifta “Med finske tropper på det Karelske Nes:”<sup>285</sup>

Det var koldt. Mens de russiske granatene hvinte over hodet på oss, fikk jeg være med helt til dit ingenmannsland begynner. (...) De finske linjer er overordentlig sterke, og alle hindringer i terrenget er utnyttet. Troppenes utmerkede moral gjorde et sterkt inntrykk. Alle soldatene var muntre, beslutsomme.<sup>286</sup>

I det store og heile var haldninga til Finlands krig mot Sovjetunionen svært lik på leiar- og kommentarplass i landets to største aviser i desember 1939. Sympatien låg utelukkande på finsk side, det var Finland som var utsett for overgrep, og det var Finland som fortente beundring og respekt for sin kompromisslause kamp.

Den 1. desember 1939, under overskrifta *Overfallet på Finland*, slo leiarskribenten i Arbeiderbladet fast at meldingane frå Finland “har vakt den dypeste forstemthet og forferdelse innen alle lag her i landet, likevel mest blant det arbeidende folk.”<sup>287</sup> Sovjetunionens angrep var eit brotsverk. Og vidare:

Sovjetisk presse og kringkasting prøver å innbille andre “at det er det lille og fredelige Finland som er en fare og en trusel for sine store og mektige nabo. Den er da for grov og plump. (...) Som vanlig ved bombardement fra fascistmakter, og deres venner, gikk det også denne gangen mest ut over kvinner og barn.”<sup>288</sup>

Her vart Sovjetunionen nok ein gong sidestilt med Nazi-Tyskland. Same dag peika Aftenposten på at det var etablert ein verdsopinion mot angriparen, og viste til ein sterk internasjonal sympati med Finland:

Hvis den internasjonale opinion og indignasjon overhodet kan spille en rolle under nutidens kriger, må den komme til å gjøre det her.(...) man kan vel også regne med at verdensopinionen vil gi sig visse praktiske utslag til støtte for det tapre nødstedte folk.<sup>289</sup>

---

<sup>283</sup> Arbeiderbladet 15.12.1939

<sup>284</sup> Arbeiderbladet 19.12. 1939

<sup>285</sup> Aftenposten 11.12.1939

<sup>286</sup> Aftenposten 11.12.1939

<sup>287</sup> Arbeiderbladet 1. 12.1939

<sup>288</sup> Arbeiderbladet 1. 12.1939

<sup>289</sup> Aftenposten 1.12.1939

Sovjetiske styresmakter vart karakteriserte med sterke ord. Under tittelen “ Barbariet har avslørt sig”<sup>290</sup> slo Aftenposten fast at den russiske regjeringa “er en avgrunnsdyp sump av uærlighet.”<sup>291</sup>

Og igjen: Den nordiske dimensjonen vart også også sterkt poengtert desse vekene. Førestillinga om at Finland og finnane i røynda kjempa på vegner av noko langt større enn seg sjølv, vart hyppig understreka: “Et lite nabofolk slåss for sin frihet og framtid. Men ikke bare det. Dette folket slåss også for et fritt Norden.”<sup>292</sup> I lesarbrev er det like eins. Russarane er “notoriske rovdyr,”<sup>293</sup> og det vert påstått at:

Verdenshistoriens største kapittel skrives i dag av det finske folk. Det er umulig å måle rekkevidden av det som nu skjer. Mutters alene står de på ytterste skanse i kampen for de små staters rett til å eksistere. Dette er den siste gnist av håb vi har igjen. Stuper de – hvad så? – Tanken er ikke hyggelig.<sup>294</sup>

Kampen mot den gudlause bolsjevismen var viktig for mange:

Korstogenes tid er kommet igjen. Den kultur, som i snart tusen år er bygget op på det ideal som er kjernen i Kristi guddommelige lære, den er i fare. Det laveste i menneskenaturen har fått sin chance og bruker den.<sup>295</sup>

### 3.12 “Finlandsrørsla”

Alle mediarapportane om sivil lidning, men også om heltemodig militær innsats av ein nederlagsdømd David mot ein overveldande Goliat som måtte kaste inn stadig større ressursar for å prøve å skaffe seg eit overtak, gjorde djupt inntrykk på folk i Noreg. Avisene kunne då også rapportere om mange planlagde og spontane markeringar og tiltak med meir varig verknad over heile landet, og ikkje minst i hovudstaden. “Norsk ungdom hyller Finland”<sup>296</sup> heitte det i ein artikkel i Aftenposten 1. desember – om studentar, arbeidarar og funksjonærar som på ettermiddagen 30. november heldt ein “spontan hyldest”<sup>297</sup> framfor den finske legasjonens lokale i Thomas Heftyes gate 1. Det vart understreka at demonstrasjonen ikkje var organisert, men meir var “et helt umiddelbart uttrykk for hvad de følte ved tanken på den ulykke som har rammet vårt nabofolk (...).”<sup>298</sup> Også om kvelden same dag oppstod nye

---

<sup>290</sup> Aftenposten 6.12.1939

<sup>291</sup> Aftenposten 6.12.1939

<sup>292</sup> Arbeiderbladet 16.12.1939

<sup>293</sup> Aftenposten 7.12. 1939. Sivert Aarflot i lesarinnlegg.

<sup>294</sup> Aftenposten 7.12. 1939. Sivert Aarflot i lesarinnlegg.

<sup>295</sup> Aftenposten 17. 12. 1939. Nils S. Hauff i lesarinnlegg.

<sup>296</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>297</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>298</sup> Aftenposten 1.12.1939



demonstrasjonar framfor legasjonens bygning, “dette stykke Finland i Norge.”<sup>299</sup> Ein ung mann klatra opp på gjerdet og tok ordet: “Vi kommer for å bringe Finland vår hyldest og hilsen og forsikre om vår dype sympati med dets folk.”<sup>300</sup> Orda vart helsa med “sterk tilslutning fra den tusentallige mengde (...)”<sup>301</sup> Også dagen etter melde Aftenposten om liknande demonstrasjonar framfor den finske legasjonen.<sup>302</sup>

Det ovanstående er berre nokre av tallause eksempel på at den finske vinterkrigen skapte “et sjeldent omfattende og dyptgående menneskelig engasjement”<sup>303</sup> over heile Norden. Dette engasjementet manifesterte seg på svært ulike måtar, men alle aksjonar, lesarinnlegg, demonstrasjonar og konkrete tiltak for å yte humanitær hjelp, var uttrykk for ei heilt særeigen atmosfære av verketrong og lyst til å bidra. Det var snakk om “intet mindre enn en *Finlandsbevegelse!*”<sup>304</sup> “*Finlands sak er vår,*”<sup>305</sup> var eit hyppig brukt slagord, og uttrykk for ei sterk samkjensle mellom alle nasjonane i Norden, som no såg seg som brør og søstrer i ein liten båt på eit opprørt hav.

Det humanitære engasjementet var naturlegvis i seg sjølv positivt, men representerte også ei utfordring for alle dei nordiske regjeringane som vakla mellom ønsket om å vise solidaritet og sympati med finnane, og behovet for å bevare nøytraliteten. Strømsøe diskuterer i denne samanhengen omgrepet *aktivisme* som vart mykje brukt i samtida og hadde ein negativ valør. Enkelte kretsar, som til dømes kommunistane, var interessert i å legge både sivil arbeidshjelp, frivillig militærhjelp og materielle innsamlingar innunder aktivistparaplyen, for på den måte å vise at dette kunne bryte med nøytralitetspolitikken. Finskvennlege krefter som hadde eit ønske om å kombinere statleg nøytralitet med humanitær innsats, meinte at kun *direkte* militærhjelp til Finland kunne fortene å bli kalla aktivisme.<sup>306</sup>

I eit radiointervju med YLE frå februar 1940 fortalde ein finsk offiser om gleda over ei norsk innsamling av 30.000 ryggsekkar til dei finske styrkane. Norske ryggsekkar var verdas beste, med eller utan meis, slo han fast, og kalla det ei storarta gåve. Sekkane var praktiske, sterke, og passa til forholda i felten. Sjølv hadde han i mange år hatt ein Bergans-modell. Han

---

<sup>299</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>300</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>301</sup> Aftenposten 1.12.1939

<sup>302</sup> Aftenposten 2.12.1939

<sup>303</sup> Strømsøe 1997: 5

<sup>304</sup> Strømsøe 1997: 5

<sup>305</sup> Godal 1984:184

<sup>306</sup> Strømsøe 1997:6f

retta ei stor takk til det norske folket, og sa ein kunne trenge 100.000 sekkar til. I kampen med russarane er rask hjelp god hjelp, avslutta offiseren.<sup>307</sup>

Kanskje var sekken som offiseren heldt i handa eitt av dei 25.000 eksemplara som er omtala i Arbeiderbladet ein månad tidlegare, den 3. januar. I ein landsomfattande aksjon hadde ein kome halvvegs mot målet: 50.000 “finnlandssekker,”<sup>308</sup> og avisa besøkte innsamlingssentralen i Odd Fellow-kjellaren i Oslo. Sekkane var stappa fulle med islendarar, varme strømpar og godt undertøy. Det vart fortalt om ein fantastisk respons over heile landet: “Småsteder der en ventet om lag 10 sekker, har ofte sendt 100.”<sup>309</sup>

Sekkeaksjonen var berre eitt av svært mange initiativ frå ulike hald. Enkeltpersonar, frivillige humanitære organisasjonar og organisasjonar i arbeidslivet og andre delar av sivilsamfunnet trådde til på brei front. Arbeiderbladet for 7. desember publiserte eit opprop frå LO om hjelp til det finske folk.<sup>310</sup> Dagen etter kunne same avis melde at Norges Arbeidsgiverforening gav 100.000 kroner.<sup>311</sup> 7. desember gjekk over 50 representantar for faglege og økonomiske organisasjonar saman om stiftinga av Norsk folkehjelp. Finland stod øvst på prioriteringslista. 100.000 kroner<sup>312</sup> frå Spaniakomiteen vart stilt til disposisjon for samanslutninga.<sup>313</sup> Den nye organisasjonen skulle bli ein stor bidragsytar. I januar sende dei til dømes 500 skikjelkar til Finland. Grunnen var at “Finnene trenger hardt til transportmateriell for de sårede.”<sup>314</sup> *Gi Finland din sjanse!* heitte det i ein notis som oppmoda folk til å kjøpe lodd i Pengelotteriet og gi dei – og dermed eventuelle gevinstar – til Finland.<sup>315</sup> Bondeorganisasjonane vurderte å yte hjelp i form av naturalia,<sup>316</sup> og tallause folkemøte med appellar og kulturinnslag til ære for Finland vart avvikla, gjerne supplert med filmframvisning. Det norske Studentersamfunn heldt møte for Finland i universitetets aula. Musikken sytte Filharmonisk selskap for, og eit sjølvstøtt og sikkert rørende innslag på repertoaret var Sibelius sitt storverk *Finlandia*.<sup>317</sup> “Norges hjerter banker for Finland,”<sup>318</sup> melde Aftenposten i midten av desember. Det vart vist til den store og spontane givargleda

---

<sup>307</sup> Finsk offiser om den norske innsamling av ryggsekker til Finland under vinterkrigen. Intervju (på svensk)

Opptak frå YLE, Sendt i NRK radio 7.2. 1940

<sup>308</sup> Arbeiderbladet 3.1.1940

<sup>309</sup> Arbeiderbladet 3.1.1940

<sup>310</sup> Arbeiderbladet 7.12.1939

<sup>311</sup> Beløpet tilsvarer knapt 3,3 millionar 2017-kroner.

<sup>312</sup> Beløpet tilsvarer knapt 3,3 millionar 2017-kroner.

<sup>313</sup> Arbeiderbladet 8.12.1939

<sup>314</sup> Arbeiderbladet 4.12.1939

<sup>315</sup> Arbeiderbladet 9.12.1939

<sup>316</sup> Arbeiderbladet 3.1.1940

<sup>317</sup> Aftenposten 5.12.1939

<sup>318</sup> Aftenposten 15.12.1939

som hadde blitt Finland til del etter at krigen braut ut. Kjenslene for Finland er dei same, uansett kjønn, alder eller yrke:

Byens forretninger kan berette om de mange som kjøper julegaver til de finske barn og soldater som det skulde være deres egne. De velger omhyggelig ut de tykkeste skinnvotter, den varmeste genser og ullne små skjerf. De sender dem av sted med kjærlige tanker. (...) Foreningen Nordens kontor forteller om mange rørende givere. (...) En dag kom det en hel liten prosesjon småpiker fra en av byens folkeskoler op. De hadde med små pakker til de finske soldater, Alt hadde de laget selv. (...) På listen til Finlands Røde Kors har vi bidrag fra hver krok av landet. (...) Lærerinne og lærerlag, ungdomslag og arbeiderforeninger.<sup>319</sup>

I eit intervju med Aftenposten fortalde den finske ministeren og generalkonsulen i Oslo at det strøymde på med gåver, sjekkar og telegram: “Vi er overveldet og av hjertet takknemlig for alles godhet. (...) Det er så imponerende vakkert at vi finner ikke ord.”<sup>320</sup>

### **3.13 Samarbeid mellom Foreningen Norden og Norges Røde Kors**

Alt i november, medan forhandlingane mellom Finland og Sovjetunionen enno gjekk føre seg, gjekk Foreningen Norden og Norges Røde Kors saman om om ei landsinnsamling til Finlands Røde Kors. Innsamlinga heldt fram etter krigsutbrotet og resulterte i både pengar, klede og matvarer.<sup>321</sup> I Norges Røde Kors sitt tidsskrift frå november 1939 stod følgjande appell på trykk:

Foreningen Norden og Norges Røde Kors' innsamling til Finnlands Røde Kors er besluttet utvidet til også å omfatte de finske flyktninger som i disse dager strømmer inn over den norske grense. Hjelpen til flyktningene vil bli formidlet av Norges Røde Kors.<sup>322</sup>

Det var ikkje det einaste Foreningen Norden og Noregs Røde Kors skulle samarbeide om i tida framover.

---

<sup>319</sup> Aftenposten 15.12.1939

<sup>320</sup> Aftenposten 15.12.1939

<sup>321</sup> Meinich 1975: s. 34

<sup>322</sup> Norges Røde Kors' Månedstidsskrift 11/ 1939

## 4 Finlandsambulansen

I eit radioprogram produsert av det finske kringkastingsselskapet YLE, sendt på NRK radio den 6. februar 1940, fekk lyttarane nærkontakt med Norges Røde Kors sin ambulanse, som kom til ein stad i Nord-Finland den 2. januar. Det var den finske hærens hovudkvarter som hadde bestemt at det norske bidraget skulle plasserast i nord, og ein representant for Finlands Røda Kors meinte dette var heilt naturleg, all den tid “nordmännerna er ju kända för at vara mycket härdade mot köld og sny (...)”<sup>323</sup> Ein var derfor overtydd om at dei som arbeidde ved ambulansen ville takle dei harde klimatiske forholda.

Leiaren for ambulansen, ein professor *Johan Holst*, vart framstilt som noko av ein Finlandsven som var høgt respektert i landet, ikkje minst takka vere sin innsats på den norske ambulansen som vart utrusta og sendt til Finland under borgarkrigen i 1918 – i radioprogrammet kalla “vårt frihetskrig”.<sup>324</sup> Den finske Røde Kors-representanten var entusiastisk og glad for at akkurat Holst endå ein gong hadde blitt “drivits av sina varma känslor för vårt land,”<sup>325</sup> og igjen hadde stilt si erfaring og sitt enorme organisasjonstalent til disposisjon for den store saka. Hjelpa frå andre nordiske land, som Norges Røde Kors sin ambulanse var eitt av mange eksempel på, viste at ein forstod kva den harde kampen handla om: Ikkje berre Finlands sjølvstende, men heile Nordens fridom. Medrekna Holst sjølv, hadde ambulansen fire kirurgar, tolv “fullt utbildade Røda Kors-sjuksystrar,”<sup>326</sup> fire medisinstudentar, sjåførar og anna teknisk personale. Utstyret som var “förstklasser och modern”<sup>327</sup> gjorde det muleg “at göra allt som behövs for dom sårade.”<sup>328</sup> Ambulansen hadde etter oppstarten fire veker tidlegare hatt rikeleg å gjere, med mottak av sårå frå fronten, vart det understreka.

Johan Holst sjølv fekk så mikrofonen, og hadde tydelegvis budd seg godt på kva han skulle seie:

---

<sup>323</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. “Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland. “

<sup>324</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>325</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>326</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>327</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>328</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

Når jeg er blitt anmodet om å si noen ord til norske lyttere, vil jeg begynne med å takke dem i Norge som gjorde det mulig for ambulansen å komme av sted til Finland. Hit, hvorhen de fleste mennesker i Norden vel gjerne ville dra for å yte sin lille skjerv til den store sak som gjelder alt for oss alle. Vi har hatt anledning til å se at de skikkelser vi kjenner fra Fenrik Stål ikke er legendariske og idealiserte sagnfigurer, men at de fremdeles finnes lys levende i tusentall blant finske soldater. Vi er takknemlige for den ære og tillit som er blitt vist oss ved at vi får behandle soldater fra Finlands tapre hær (...) som uten et ord til klage bærer sine sår og sine smerter (...) de som kjemper for oss alle.<sup>329</sup>

Holst fekk her tydeleg fram den *nordiske* dimensjonen ved krigen, og at han såg seg sjølv og dei andre på ambulansen som representantar for mange *andre* – ein større fellesskap – som ville teke del om dei hadde hatt høve til det. Kampen til finnane, *de som kjemper for oss alle*, gjaldt lagnaden til alle dei andre innbyggjarane i Noreg og Norden. Så var temaet skadane ambulansen behandla, som han karakteriserte som “usedvanlig svære og ondartede;”<sup>330</sup> resultat av eksploderande prosjektil, såkalla dumdum-kuler.

Til å begynne med syntes vi det så håpløst ut (...) men det har vist seg at (...) naturens helbredende kraft er stor hos unge gutter som har levet den frie manns liv i Nordens skoger. I løpet av de siste dager har jeg hatt den glede å se avgjort vending til det bedre for de aller flestes vedkommende. Det store materiell som hjertelag og gavmildhet i Norge skjenket oss (...) har vist seg førsteklasses i enhver henseende. (...) Personalet arbeider utmerket, særlig vil jeg fremheve våre sykepleierskers fremragende innsats. Deres utrettelige omhu for pasientene, deres systematiske orden som gjør det mulig for alt annet arbeide her å gå med letthet og presisjon. Transporten av sårede er gått nøyaktig og uten uhell.<sup>331</sup>

Utstyret var “så rikelig,”<sup>332</sup> sa Holst, at ein no var i stand til å utvide verksemda betydeleg. Krigssjukehuset skulle same veka utvidast til 130 sengeplassar, Dessutan var det planar om å opprette eit framskote feltlasarett med tretti senger, som skulle fungere som ein mottaksstasjon for såra soldatar som kom direkte frå fronten med ambulansebilane. Leiaren for den norske ambulansen avslutta si helsing heim på denne måten:

Vi er blitt mottatt med stor elskverdighet av våre finske venner her, og vårt krigssykehus er innebragt i en prektig bygning hvor det arbeides og effektivitet ytes i

---

<sup>329</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>330</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>331</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

<sup>332</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland.

høy grad. Jeg bringer fra ambulansens personale en hilsen til slekt og venner hjemme i Norge. Vi har det bra. Stemningen er bra, Molotovs kråker har ikke generet oss.<sup>333</sup>

Ei gjennomlytting av intervjuet etterlet ingen tvil om at Holst og resten av personalet sitt engasjement først og fremst var prega av solidaritet med det finske broderfolket. Finland var brennpunktet for ein konflikt som gjaldt heile Norden, ein fredeleg Davids kamp mot ein nådelaus og aggressiv Goliat, ein kamp som vart utkjema på vegne av alle dei nordiske folka. Dei finske soldatane var frie menn, og den implesitte budskapen var at det var ikkje soldatane på sovjetisk side. Holst og dei andre såg seg sjølve som del av ein førestilt fellesskap der finnane hadde sin naturlege plass. Som vist i kapittel 2 skulle Røde Kors-representantar etter den første Genevekonvensjonen opptre som den *tredje stridande*, den som arbeidde for *begge* dei krigførande partane, men dette idealet ser altså ikkje ut til å ha vore årsaka til at den norske ambulansen var komen til Finland. Rett nok skal vi seinare sjå at også russarar fekk hjelp av nordmennene, men det var ikkje *deira* lidingar som fekk Johan Holst og dei andre til å reise austover.

Så langt dette radiobiletet frå Finland i februar 1940. Men *organiseringa* av den norske ambulansen starta to månader før, nesten umiddelbart etter det sovjetiske overfallet den 30. november 1939. Først litt om sentrale personar i denne historien.

#### **4.1 Leiarane og deira band til Finland**

Som vi forstår av innleiinga til dette kapitlet, var professor i kirurgi ved Rikshospitalet, Johan Holst (1892 - 1953), ein heilt sentral person for Røde Kors og Finlandsambulansen under vinterkrigen. Faktisk hadde heile det norske krigssjukehuset kome i stand på hans initiativ. I intervjuet med YLE går det fram at Holst var i Finland som deltakar på Norges Røde Kors sin ambulanse under borgarkrigen mellom dei kvite og dei raude i 1918. Ambulansen var ein av to, den andre var utsendt av Norske Kvinners Sanitetsforening.<sup>334</sup>

Revolusjonsåret 1917 vart dramatisk også for Finland. Dette året fann det stad ei radikalisering av den finske arbeidarklassen, og dei sosiale spenningane auka. Spørsmålet om finsk sjølvstende var no ikkje lenger berre ei nasjonal politisk problemstilling; det fekk også ein tilleggsdimensjon ved at det vart ein del av den ideologiske kampen mellom finske samfunnsklassar som stod steilt mot kvarandre.

---

<sup>333</sup> Radioprogram sendt i NRK 6.februar 1949. Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland. "Molotovs kråker" er russiske bombeffly.

<sup>334</sup> Jentoft 2018

I tida før det finske parlamentet med sitt borgarlege fleirtal proklamerte Finlands fulle sjølvstende den 6. desember 1917, hadde radikale sosialistar etablert *Den raude garde*, væpna grupper som drap over tjue motstandarar under ein generalstreik i november. Dette skapte sterke reaksjonar, ikkje minst blant fleirtalet av sosialdemokratane.<sup>335</sup> Raudegardistane fann sitt motstykke i dei borgarlege sine vernekorps («skyddskårer»). Uro og streikar, terrorhandlingar og væpna samanstøytar gjorde det finske samfunnet svært ustabil. Sviktande avlingar og ein hard vinter førte til svolt og naud.<sup>336</sup> Forholda i det finske samfunnet var svært motsetningsfylte mot slutten av revolusjonsåret 1917.

31. desember 1917 gjorde den ferske sovjetiske regjeringa det klart at dei ville akseptere finsk sjølvstende. Finnane var no herrar i eige hus, men det var eit hus i strid med seg sjølv. Nokon såg den komande borgarkrigen som ein *fridomskrig*, andre som ein *klassekrig*. I ettertid har dette vore nemningane på to konkurrerande narrativ i den finske diskursen rundt borgarkrigen. For dei borgarlege var dette ein krig for fridom,<sup>337</sup> der dei raude var landsforrædarar. Dei raude på si side såg den som arbeidarklassens forsvarskamp mot borgarskapens kupplanar og sosiale utarmingspolitikk.

Den radikale venstresida, som hadde teke kontroll over det sosialdemokratiske partiet, ønskte revolusjon også i Finland.<sup>338</sup> I januar 1918 gjorde dei raude opprør, tok kontroll over Helsingfors og Sør-Finland, og etablerte etter kvart si eiga regjering og ein eigen hær med basis i Raudegardane og revolusjonære russiske styrkar.<sup>339</sup> Dei radikale inntok fleire byar i det sørlege Finland, som også var dei økonomisk sterkaste delane av landet, og etablerte ei revolusjonsregjering. Etter den raude makttovertakinga flykta den borgarlege regjeringa nordover. I februar var landet delt i to; dei raude kontrollerte det sørlege Finland, og dei kvite det midtre og nordlege.<sup>340</sup> Frå sin nye base i Vasa etablerte dei kvite sin militære øvstkommanderande, general Gustav Carl Mannerheim, ein hær med sikte på ta tilbake kontrollen over heile landet. Etter at Mannerheim hadde teke den raude raude bastionen

---

<sup>335</sup> Singleton 1998:107

<sup>336</sup> Trotter 2004:20

<sup>337</sup> Singleton 1998:110: Som ei stadfesting på dette, peikar konservative historikarar på at leiarar for dei raude flykta til Sovjetunionen der dei stifta det finske kommunistpartiet og seinare vart medlemmar i vasallregjeringa som Stalin forsøkte å innsette i Finland under vinterkrigen i 1939-40. Sjå også Meinander 2012:51

<sup>338</sup> Klinge 1981:94; Trotter 2004:20

<sup>339</sup> Singleton 1998:109

<sup>340</sup> Klinge 1981:94; Singleton 1998:109

Tammerfors, kom det endelege nederlaget for dei raude, og dei kvite feira sigeren med ein parade i Helsingfors 16. mai 1918.<sup>341</sup>

Det var til denne konflikten med sine sterke ideologiske overtonar at Norges Røde Kors sende sin ambulans i 1918. Sjølv om det på Stortinget vart understreka at begge sider i borgarkrigen skulle få hjelp, er det lite som tyder på at det var intensjonen frå initiativtakarane. Mellom andre formannen i Stortingets militærkomitè, Ivar Aavatsmark, frykta at arbeidarklassen i Noreg skulle følgje det russiske og finske eksempelet og gjere opprør. Leiande politiske krefter såg dermed dei norske ambulansane som del av den internasjonale kampen mot den radikale arbeidarrørsla, og Morten Jentoft skriv at all dokumentasjon tyder på at “Finlandsoperasjonen 1918” var styrt av den norske regjeringa.<sup>342</sup> Det var på Røde Kors-ambulansen at Johan Holst fekk plass som assistentlege saman med Johannes Heimbeck. Begge hadde bakgrunn som vernepliktige assistentlegar. Sistnemnde gav like etter krigen ut memoarboka *Med Finlands hvite. Optegnelser fra Finlands frihetskamp*. Tittelen er talande, fordi den klart viser kva side Røde Kors-ambulansen opererte på. “Det var til et folk som rustet sig til den avgjørende kamp for sit lands frihet og fremtid jeg var kommet. Gjennem hundreder av aar hadde Finland været under russeraaget.”<sup>343</sup> Her er det altså ikkje berre kommunismen som er den store motstandaren, vi anar også den mykje eldre norske russofobien mellom linjene. No skulle nordmennene yte sitt for å løfte børa av finnane.

[Dei norske ambulansane vart, trass i forsikringar frå det offisielle Noreg, stilte til rådvelde for dei kvite under heile borgarkrigen, og vart helste velkomne som viktige bidrag i kampen mot bolsjevismen.<sup>344</sup> Johan Holst vart til og med etter kvart avgitt frå ambulansen sin og knytt til dei kvite sin Vasa bataljon som bataljonslege.<sup>345</sup> Under framrykking kjende han seg svært utsett med Røde Kors-armbindet, og valde fleire gongar å rive det av seg og heller kjempe som vanleg soldat. “Da Vasa bataljon kjempet seg fram fra hus til hus i Tammerrfors, hadde Holst festet den grønne grankvisten i luen, som et symbol på at han nå først og fremst var hvit soldat,” skriv Morten Jentoft.<sup>346</sup> Holst vart seinare innstilt til den finske utmerkinga Frihetskors for innsatsen sin, så det var tydeleg at både han og dei andre ved ambulansane

---

<sup>341</sup> Singleton 1998:110; Meinander 2012:50. Sjå også Edwards 2007:14: Mannerheim, skulle få ei sentral rolle i finsk historie også dei neste 25 åra, og vart av mange sett som mannen som hadde hindra bolsjevismen i å få fotfeste i landet. For den tapande sida var han eit hatobjekt med blod på hendene.

<sup>342</sup> Jentoft 2018: 40

<sup>343</sup> Heimbeck 1918:5

<sup>344</sup> Jentoft 2018:57

<sup>345</sup> Jentoft 2018:77

<sup>346</sup> 2018:160



ikkje var i Finland som *tredje stridande*. Før nemnde Harald Natvig var elles kjend som ein konservativ mann, og vart seinare med i styret for det svært konservative Samfundsvernet.<sup>347</sup> Vi aner altså eit miljø med liten sans for radikale samfunnseksperiment.

I tilfellet Finland 1918 ser vi at Norges Røde Kors vart eit villeg instrument for den norske statens utanrikspolitikk, og det er også på det reine at ingen av dei to norske ambulansane hadde sett dagens lys utan direkte engasjement og materiell støtte frå Forsvaret si side. Slik sett var Norges Røde Kors i godt selskap; den samtidige verdskrigen hadde jo – som vi konstaterte i kapittel 2 - knytt sterke band mellom nasjonale Røde Kors-foreiningar og deira respektive statar over heile Europa.

Johan Holst sjølv ytra seg seinare lite offentleg om eigen innsats og eigne opplevingar under den finske borgarkrigen.<sup>348</sup> Alt tyder imidlertid på at han delte haldningane til Heimbeck, som i boka si ikkje la skjul på kva side i borgarkrigen hjartet *hans* banka for: Mannerheim og dei kvite. Om dei raude hadde Heimbeck dette å seie: “Og disse førte an i grusomheter og ødelæggelser. Vanviddet grep dem. Blodlukten i et mord drev dem til det næste, de myrdedes blod farvet dem alle, gjorde dem til en enhet, de røde mordere og ransmenn.”<sup>349</sup> At Holst vart knytt til Vasa bataljon og ved minst eitt høve reiv av seg Røde Kors-emblemet for å delta som kjempande kvit soldat, seier også sitt. Om Holst før avreisa til Finland i 1918 hadde ei meir nøytral innstilling til dei stridande partane, er umuleg å vite. I så tilfelle var dette ein nøytralitet han raskt forlèt etter ankomsten. Der Holst referer til borgarkrigen i rapportar og andre kjelder eg har arbeidd med, omtalar han konsekvent den finske borgarkrigen som *Frihetskrigen*. Han har adoptert dei kvite sitt narrativ.

Det sovjetiske overfallet vakte eit nytt og sterkt engasjement for Finland hos Johan Holst i 1939. Han må ha følt at han måtte gjere noko. Det er dermed grunn til å hevde at det ikkje *berre* var humanitære grunnar for initiativet han tok overfor Norges Røde Kors den 3. desember 1939,<sup>350</sup> om å sette opp ein ambulansetilstand til Finland. Motivet hans kan ha hatt klare ideologiske overtonar. Det er elles verdt å merke seg at Sophus Lossius, lege på den første kontingenten til Finlandsambulansen i 1940, også var med i 1918.<sup>351</sup> Både Holst og Lossius opplevde borgarkrigen under sine formative år både som menneske og profesjonsutøvarar.

---

<sup>347</sup> Jentoft 2018 :247. Denne organisasjonen hadde til oppgåve halde ro og orden, samt å vere ei støtte for politiet ved spesielle høve – som til dømes arbeidaropprør.

<sup>348</sup> Jentoft 2018:248

<sup>349</sup> Heimbeck 1918:8

<sup>350</sup> Sammenfattende rapport fra J. Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>351</sup> Jentoft 2018: 216f

Finland 1918 og alle opplevingane der danna nok eit verdimeessig og emosjonelt resonnanskammer for vala dei gjorde i 1940.

Formative opplevingar kan også ha lege til grunn då Harald Grieg, leiaren i Foreningen Norden, ivra så sterkt for å støtte Finlandsambulansen i 1940. Grieg hadde nemleg vore i Finland i 1918 saman med Holst og Lossius. Den seinare forlagssjefen i Gyldendal var materialforvaltar på NKS sin ambulanse, og fungerte dessutan som krigskorrespondent for arbeidsgjevaren heime i Noreg, avisa Tidens Tegn. Morten Jentoft skriv at Harald Grieg såg seg sjølv som ven av Finland, og meinte det var nødvendig å slå ned det raude opprøret.<sup>352</sup>

Leiarane for dei to andre kontingentane i 1940 var Knud Dahl Nicolaysen og Nikolai Paus. Nicolaysen var sjef for Drammen sjukehus frå 1933 til 1959, og stod bak ei omfattande utvikling og utbygging av sjukehuset.<sup>353</sup> Paus var direktør og overlege ved Tønsberg fram til 1947. Banda hans til Røde Kors var tette og langvarige. Frå 1930 til 1945 var han visepresident i organisasjonen, og på tida for vinterkrigen også fungerande president. I 1945 var han valt til president i Norges Røde Kors.<sup>354</sup>

## 4.2 Opptakta

Norges Røde Kors retta, som nemnt i kapittel 3, merksemda si mot Finland alt *før* den sovjetrussiske invasjonen. I månadstidsskriftet for november 1939 vart det i leiarartikkelen understreka at “*Røde Kors er også internasjonalt!*”<sup>355</sup> Storkrigen i Europa var to månader gammal, og i starten av artikkelen var bekymringane sentrert rundt Røde Kors-beredskapen her heime: “Hvorledes er det fatt med det som sanitet og militær sykepleie heter? Og hvordan er det med civilbefolkningens, kvinners og barns beskyttelse?”<sup>356</sup> Seinare vart imidlertid blikket retta ut og over landegrensene, for det ville vere eit dårleg nasjonalt Røde Kors om det ikkje også retta blikket utover, mot internasjonale forhold, rett og slett fordi det var eit

---

<sup>352</sup> Jentoft 2018: s. 13 Eit sitat på side 65 i Jentofts bok frå ein av Griegs artiklar i Tidens tegn gir dessutan eit talande bilete av haldninga hans til dei raude: “Selv om de absolutt røde er fordrevet eller har fått opprørernes strenge straff, så finnes det ennå mange aom ikke er til å stole på. Selv kaller de seg nøytrale. Kan hende ulmer det en rød glød under den nøytrale overflate. Og hvem vet om den ikke i en skummel stund kan bryte ut i lyse luer.” Eit interessant poeng er det jo elles her at broren Nordahl Grieg hadde ei heilt anna haldning til bolsjevismen og kommunismen. Han rapporterte jo dessutan ivrig frå den spanske borgarkrigen, og la aldri skjul på kva side han sympatiserte med.

<sup>353</sup> Palmer 1987:92; <http://byleksikon.drmk.no/nicolaysen-knud-dahl-1891-1973/>

<sup>354</sup> [https://no.wikipedia.org/wiki/Nikolai\\_Nissen\\_Paus](https://no.wikipedia.org/wiki/Nikolai_Nissen_Paus). Paus vart æresmedlem i Norges Røde Kors i 1947. Av andre legar ved ambulansen kan elles nemnast Arne Hvoslef og Bernhard Paus (sonen til Nikolai Paus), som begge var med på talrike utanlandsoperasjonar etter 2. verdskrigen,<sup>354</sup> Gløymast må heller ikkje Gunnar Ulland – lege for Norges Røde Kors i Etiopia i 1936.

<sup>355</sup> Røde Kors Månedstidsskrift 11/1939

<sup>356</sup> Røde Kors Månedstidsskrift 11/1939

spørsmål om plikt for denne organisasjonen: “Det er en av Røde Kors-organisasjonens bærende tanker, født som den er under ropet *Tutti fratelli* – husk at vi som lever på denne vår lille klode dog til syvende og sist alle er brødre.”<sup>357</sup> Etter å ha vist til eksempel på korleis det norske Røde Kors hadde levd etter dette gamle slagordet gjennom sin innsats under og etter den første verdskrigen, peika skribenten på at alt også no måtte gjerast for å verkeleggjere og leve etter den store og samlande idèen til Røde Kors: “Denne krever at vi efter evne hjelper *dem som trenger det* også under de kritiske og tragiske forhold i Europa, Denne gang er Finland naturligen kommet i første rekke (...)”<sup>358</sup>

Sjølv om den finsk-russiske krigen enno ikkje hadde brote ut, var bakteppet for artikkelen at masseevakuering av finske sivile frå utsette område alt var i gang, med dei påkjenningane dette innebar for den det finske røde Kors. Organisasjonen kunne trenge all muleg hjelp frå nordiske og andre søsterforeiningar.

Den 11. november sende generalsekretær Arnold Rørholt ut ei orientering til kretsane om at landsstyret hadde gått saman med Foreningen Norden om eit opprop om hjelp til Finlands Røde Kors, og at det “vilde være ønskelig om Røde Kors-kretsens formann støttet oppropet i lokalavisene.”<sup>359</sup> I eit brev til landsstyrets medlemmar vart det understreka kor viktig det var å kome i gang med innsamlinga – all den tid dei svenske og danske søsterforeiningane alt var i godt gjenge med liknande tiltak.<sup>360</sup> Jens Meinich jr., sonen til presidenten i Norges Røde Kors, arbeidde ved hovudkontoret som sekretær og redaktør for månadstidsskriftet. Han kallar i sine memoarar dette oppropet for “et forspill til krigens dystre år.”<sup>361</sup> Ein innsamlingskomitè vart etablert med representantar for både Foreningen Norden og Norges Røde Kors, og det offisielle namnet på aksjonen vart *Finnlandsinnsamlingen*. Oppropet som gjekk ut til pressa, Røde Kors-kretsane, Foreningen Nordens lokalforeiningar, skular, bedrifter og andre den 10. november 1939, hadde tittelen *Hjelp Finlands Røde Kors!* Språket var appellativt og spelte på strengar av nordisk samkjensle og solidaritet:

Det norske folks tanker går idag til Finland, Det er sikkert også i vårt land mange som føler trang til å gi et positivt uttrykk for sin sympati med dem som har det vondt. (...) I

---

<sup>357</sup> Røde Kors Månedstidsskrift 11/1939

<sup>358</sup> Røde Kors Månedstidsskrift 11/1939

<sup>359</sup> Mappe “Finland III, Opprop fra Foreningen Norden og Norges Røde Kors ang. hjelp til Russland.” Boks 53, RA. (Det står faktisk “Russland” på mappa, sølv om alt innhaldet er sentrert rundt Finland.)

<sup>360</sup> Mappe “Finland III, Opprop fra Foreningen Norden og Norges Røde Kors ang. hjelp til Russland.” Boks 53, RA

<sup>361</sup> Meinich 1975: s. 34

den tunge tid som det finske folk gjennomlever, er store deler av landet, civilbefolkning ytterst vanskelig stilt, og Finnlands Røde Kors trenger støtte for sitt sosiale hjelpearbeide ikke minst blant kvinner og barn. Vi vet at en hjelp fra det øvrige Norden her vil være kjærkommen, og vi har derfor ment at den norske innsamling bør skje til fordel for det arbeide som det Finnlands Røde Kors har tatt op. Norges Røde Kors og Foreningen Norden retter en inntrengende opfordring til hele det norske folk om å hjelpe her.<sup>362</sup>

Responsen lèt ikkje vente på seg. Alt i november-nummeret av tidsskriftet vart det meldt om “veldig oppslutning” om aksjonen.<sup>363</sup> Etter ein måned kunne Aftenposten den 11. desember opplyse at innsamla beløp var kome opp i 600.000 kroner,<sup>364</sup> og dagen etter hadde summen stige til 750.000.<sup>365</sup> Innsamlingskomitèen diskuterte korleis ein kunne nå stadig vidare med aksjonen, mellom anna med “Finnlandsaftener”<sup>366</sup> over heile landet, og det vart understreka at sjølv små bidrag på fem-ti kroner og mindre hadde stor betydning.<sup>367</sup>

### 4.3 Ambulanse til Finland

Situasjonen i Finland førte til hektisk møteverksemd både i staben og landsstyret til Norges Røde Kors i november og desember 1939. Den 11. desember møttest landsstyret for å diskutere ulike sider ved Finlandshjelpa. Til stades var også styreformann Harald Grieg frå Foreningen Norden, den finske generalkonsulen Sejersted Bødtker, og professor Johan Holst. Sistnemnde hadde alt den 3. desember foreslått å organisere ein norsk ambulanse til Finland, og dagen før landsstyremøtet fekk han i oppdrag “å sette opp ambulansen.”<sup>368</sup> På møtet gjorde Holst greie for kva utstyr som ville trengast. Mellom anna var det snakk om å låne eit halvt krigslasarett frå sanitetssjefen i Forsvaret. Som i 1918 vart den norske staten ved

---

<sup>362</sup> Opprop og innsamlingsliste. Mappe “Finland III, Opprop fra Foreningen Norden og Norges Røde Kors ang. hjelp til Russland.” Boks 53, RA.

<sup>363</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 11/1939

<sup>364</sup> Aftenposten 11.12.1939. Beløpet tilsvarer 19,7 mill. 2017-kroner.

<sup>365</sup> Aftenposten 12.12.1939. Beløpet tilsvarer 24,6 mill. 2017-kroner Også andre hadde høg innsamlingsaktivitet. På seks dagar runda t.d. fagrørsla sin humanitære hjelpeorganisasjon, Norsk Folkehjelp, sine første 100.000, i følgje Arbeiderbladet, som elles kunne melde at “De økonomiske hjelpeaksjonene til Finland har blitt en mektig folkerørslø i alle de tre andre nordiske landene, og en kan for lengst regne de samlede bidragene i millioner.” Sjø Arbeiderbladet 14.12.1939.

<sup>366</sup> Eit eksempel på ein slik “Finnlandsaftener” vert grundig førehandsannonisert i Aftenposten 12.12.1939: Den 14. desember inviterer Oslo Unge Høire til Finnlands-aften til inntekt for Finnlands Røde Kors. Invitert er “medlemmer av byens og omegnens høire-foreninger - med bekjente.” Røde Kores sin landssekretær Jens Meinich skal tale, og her skal vere mange musikkinnslag. Mellom anna skal fru Eva Haxtow synge, akkompagnert av fru Yda Bjørset-Wagner. Billettprisen er kr. 1,25, og det vil også vere “anledning til å yde bidrag til Finnlands Røde Kors.”

<sup>367</sup> Plan for møte i innsamlingskomitèen 13. november 1939. Mappe “Finland III, Opprop fra Foreningen Norden og Norges Røde Kors ang. hjelp til Russland.” Boks 53, RA.

<sup>368</sup> Sammenfattende rapport fra J. Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA. Sjø også Welle-Strand 2001:75

forsvarsmakta heilt frå starten tiltenkt ei rolle i ein humanitær aksjon på ei framand slagmark i regi av Norges Røde Kors. Sjølv om den finske staten måtte stå for forpleininga av personellet, var det behov for store summar til ulikt nødvendig kirurgisk utstyr, steriliseringsmateriell, røntgenapparat og mykje meir. Holst kunne imidlertid også melde at det såkalla Malthe-fondet hadde løyvd 13.500 kroner<sup>369</sup> til stipend for legar som ville studere krigskirurgi.<sup>370</sup> Teneste i Finland var eit godt høve i så måte. Foreningen Nordens formann Grieg uttrykte at “det vilde være en av de beste anvendelser av de innsamlede midler å bruke dem til en Finlandsambulans.”<sup>371</sup> Ein ambulans til Finland måtte finansierast av midlane som var tiltenkte Finlands Røde Kors, og ein bestemte derfor å klarere dette med den finske foreininga. Svaret var positivt.<sup>372</sup>

I eit udatert notat, kanskje skrive som ei førebuing til landsstyremøtet, gjorde Holst punktvis greie for kva organisering han såg føre seg for ambulansen. Personellbehovet var klart og tydeleg definert: Ti søstrer, fire legar, ein tannlege eller røntgenolog, ein intendant (offiser), ein “altnuligmann” og ein bilmekanikar som begge kunne køyre bil, og til slutt ein medisinsk student som også kunne gjere teneste som sjåfør. Holst la til at han rekna med at finnane ville syte for “full forpleining, vask og matstell.”<sup>373</sup>

Den 13. desember kunne Aftenposten melde at “Ambulans til Finland sendes mellem jul og nyttår. Professor Holst leder det første hold, overlege Knut Nicolaysen i Drammen det annet.”<sup>374</sup> Same dag gjekk det ut bod frå hovudkontoret til alle Røde Kors-kretsar som hadde sjukepleiarskular, med beskjed om at ein no kunne melde seg til teneste ved Finlandsambulansen. Etter uttaket ville det bli avvikla eit gassvernkurs i Oslo. Søknadsfristen var sett til berre tre dagar.<sup>375</sup> Umiddelbart strøymde søknader frå legar, sjukepleiarar og andre

---

<sup>369</sup> Beløpet tilsvarer om lag 443.500 2017-kroner.

<sup>370</sup> Den endelege summen frå Malthes legat, var 13.600 kroner, “avsatt til utdanning i krigskirurgi, fortrinnsvis ved norske ambulanser i Finland.” Sjå Aftenposten 12.12.1939.

<sup>371</sup> Protokoll frå landsstyremøtet 11.12.1939

<sup>372</sup> Norges Røde Kors Tidsskrift 12/1939. I Aftenposten 12.12.1939 står det også at det finske Røde Kors sitt ja var ein førestnad for at ambulansen kom i stand: “Pengene må nemlig tas av det beløp som Røde Kors og foreningen Norden i fellesskap har samlet inn, og der er jo en mulighet at finnene har bedre bruk for pengene til andre formål.”

<sup>373</sup> Udatert notat frå Johan Holst. Mappe “Finland 1 ambulans,” Boks 51, RA.

<sup>374</sup> Aftenposten 13.12.1939. Holst sjølv var intervjuet i artikkelen: “Vi kommer forhåpentlig av sted engang mellem jul og nyttår. Alt avhenger av når vi kan få det utstyret vi trenger. En del av det skal komme hit fra Amerika før jul, men blir skibet forsinket under veis, vil også vi bli forsinket.”

<sup>375</sup> Aftenposten 13.12.1939. Gassvern var ein ordinær del av Røde Kors-søstrene si utdanning, men professor Holst meinte eit repetisjonskurs var nødvendig.

personellkategoriar inn til sekretariatet på Bankplassen.<sup>376</sup> “Ja, det gjorde slikt inntrykk på meg at et naboland ble angrepet, så jeg meldte meg til Norges Røde Kors og kom da i deres ambulanse,(...)” uttalte ein av “altmulegmennene” og sjåførane ved ambulansen, Hans Christen Mamen, mange år seinare.<sup>377</sup>

I eit brev til hovudkontoret 15. desember understreka Johan Holst at det allereie dagen etter måtte avgjerast kva for Røde Kors-søstrer som skulle vere med, fordi dei både måtte vaksinerast og få utstyr tilpassa det arktiske klimaet som venta i Finland. Han kunne også opplyse at han same dag hadde snakka i telefonen med den finske sanitetssjefen og fått ei klar forståing av at det hasta med å få den norske ambulansen fram og i aksjon.<sup>378</sup> Det går ikkje fram av kjeldene korleis Holst hadde gått fram for å kome i dialog med det finske forsvaret – om det var via formelle eller uformelle kanalar, eller om han nytta seg av relasjonar som gjekk tilbake til då han tenestegjorde i Finland under borgarkrigen. Dialogen med den eine krigførande parten var uansett etablert.

På utstyrssida såg Johan Holst føre seg at den norske ambulansen hadde med seg fullt kirurgisk utstyr med røntgenapparat og i tillegg nødvendig materiell for behandling av gasskadar. Feltsjukehuset skulle plasserast på lastebilar som så vart frakta med jernbanevogner fram til etableringsstaden. “Reisen vil antagelig gå over Stockholm-Haparanda og vidare til Torneå. Det var samme vei man tok i 1918.”<sup>379</sup>

Før desemberutgåva av månadstidsskriftet til Røde Kors gjekk i trykken, var namna til deltakarane på den første kontingenten klare. Under tittelen “Finlandsambulansen” var heile personalet til dette første skiftet dessutan avbilda over fire spalter på førstesida av Aftenposten 21. desember. Høvet var eit møte ved hovudkontoret til Røde Kors, og søstrene var kledde i full Røde Kors-uniform med forkle, skaut, armbind og det heile, dei mannlege deltakarane i dress og slips. “Alle sammen, både damene og herrene, er gode skiløpere. Det var en av forutsetningene for at de kunde bli med,” heitte det i brødteksten.<sup>380</sup>

---

<sup>376</sup> I Røde Kors sitt arkiv ligg der meir enn 90 søknader frå sjukesøstre. 20 av desse er ikkje Røde Kors-søstre. Vidare finn vi 28 søknader frå medisinstudentar, 10 tannlegar og mellom 10 og 15 legar i tillegg til dei som vart tekne ut til å vere med på Finlandsambulansen. Mappe “Ansøkninger til Finlandsambulansen,” Boks 52, RA

<sup>377</sup> Intervju i reportasje i samband med markeringa av femtiårsdagen for utbrotet av den finsk-russiske vinterkrigen 1939-40. Minnehøgtid i Finlandiahuset i Helsinki. *Verden i dag* – NRK Dagsnytt sendt 30.11. 1989.

<sup>378</sup> Brev frå Johan Holst datert 15.12. 1939. Mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA.

<sup>379</sup> Mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA.

<sup>380</sup> Aftenposten 21.12.1939

## 4.4 Travle veker

Dei tre vekene fram mot årsskiftet vart hektiske. Holst sitt ønske om å kome av garde mellom jul og nyttår, vart oppfylt, men berre så vidt.

### 4.4.1 Utstyr og logistikk

Sjøelve hjartet i krigssjukehuset som no tok form, var som tidlegare nemnt eit felthospital utlånt av Forsvaret,<sup>381</sup> som vart supplert og utvida slik at personalet skulle vere i stand til å drive eit “basis-sykehus” på ca. 100 senger, “og derfra fremskyte mindre ambulanser mot fronten.”<sup>382</sup> Organiseringa vart gjort i nært samarbeid med både sanitetssjefen og forsyningsjefen i Forsvaret. Meininga var at ambulansen skulle tene som mønster for vidare modernisering av Forsvarets eigne feltsjukehus.<sup>383</sup> Også her kan ein spore desse halvoffisielle banda mellom privatorganisasjonen Røde Kors og den norske staten, der den norske nasjonalforeininga av Røde Kors sin kompetanse og komande erfaring frå ein humanitær aksjon under krigshandlingar i utlandet, blir sett som noko Forsvaret kan dra vekslar på heime i Noreg.

Bilparken ein hadde med til Finland hadde god kapasitet, og ein artikkel i Aftenposten frå 18.desember 1939 viser at pengesterke organisasjonar, privatpersonar og firma gjerne støtta ambulansen. Det var nok neppe heller nokon ulempe for desse å få knytt namna sine til ein solidaritetsaksjon som var så lite kontroversiell som denne.<sup>384</sup>

Ambulansens utstyr var i det heile omfattande. Faktisk var dette “den best utstyrte ambulanse som noen gang er sendt fra Norge.”<sup>385</sup> Listene over medisinsk materiell var på 11 sider og svært detaljerte.<sup>386</sup> Utstyret var pakka i store kasser med vekt på opp mot 80 kilo kvar,<sup>387</sup> og alt hadde sin dokumenterte plass. Her var også 160 ullteppe, 200 sengesett med putevar, laken og dynetrekk, 120 pasientskjorter, meir enn 300 handklede, 12 operasjonsfrakkar m.m. Berre mengdene med tekstilar viser dimensjonane ved utfordringane Holst og dei andre ansvarlege venta å møte i Finland. At feltsjukehuset var sett opp på

---

<sup>381</sup> Feltsjukehuset “blev ved velvillig imøtekommenhet fra Sanitetschefen utlånt gratis.” Sjå Representantsskapets beretning om Norge Røde Kors’s virksomhet 1938 – 1940, s 13. Gratis var det nok, Foreininga Norden og Norges Røde Kors fekk låne både dette og anna utstyr, men måtte stille ein bankgaranti på 25.000 kroner (Om lag 825.000 2017-kroner.)

<sup>382</sup> Aftenposten 18.12.1939

<sup>383</sup> Aftenposten 18.12.1939.

<sup>384</sup> Aftenposten 18.12.1939. “Når vi får med oss så stort transportmateriell, blir ambulansens effektivitet øket betraktelig,” uttalte Johan Holst til avisa.

<sup>385</sup> Representantsskapets beretning om Norge Røde Kors’s virksomhet 1938 – 1940, s. 13.

<sup>386</sup> Utstyrliste for “Stor sanitetsmateriellenhet,” mappe “Finland 1 Ambulansens utstyr,” Boks 51, RA

<sup>387</sup> Alle kassene vart vege individuelt med tanke på bilane si totalvekt.

militært vis, vert tydeleg når ein studerer lista med reglement som følgde med: “Ekserserreglement for hærens sanitet,” “håndbok for sanitetsoffiserer,” (...) “Feltutrustningsplan for sanitetskompani og feltsykehus,” disiplinærreglement etc.<sup>388</sup>

Til den daglege drifta av ambulansen pakka ein også ned mengder av koke- og anna kjøkkenutstyr, samt andre ting som var nødvendige for å halde ambulansen i drift under utrygge forhold. Sjølv sagt var også eit stort norsk flagg med, saman med eit stort “Genferflagg,” i tillegg til 30 små flagg av kvar sort. Elles: 28 båresenger for personalet ved ambulansen, 12 stålhjelm utlånt frå Hærens Munderingsmagasin, og dessutan nokre pistolar med patroner, samt tre gassmasker med filterpatroner, berevesker og pusseklutar kjøpt frå Hærens våpentekniske korps.<sup>389</sup> Heile feltsjukehusets materiell hadde ei vekt på til saman 2792 kg.<sup>390</sup> Også listene over deltakarane sitt personlege utstyr var utarbeidde med omhu og omtanke for alle eventualitetar.<sup>391</sup> Opplasting av utstyret gjekk føre seg ved den vesle gymnastikksalen på Akershus festning den 28. desember.<sup>392</sup> Her var også pressa til stades.

Alt i alt er det tette samarbeidet med Hæren om oppsettinga og organiseringa av ambulansen eit godt eksempel på at den norske nasjonalforeininga av Røde Kors hadde sterke band til “si” forsvars- og statsmakt, slik andre nasjonalforeiningar hadde det til sine – som eg var inne på i kapittel 2. Finlandsambulansen skulle vere eit humanitært prosjekt utført av ein humanitær aktør, men var umuleg utan eit samarbeid med ein krigsorganisasjon.

#### 4.4.2 Politisk og militær klarering

Den praktiske førebuinga gjekk parallelt med fleire initiativ på eit meir offisielt plan for å sikre Finlandsambulansen politisk og formell ryggdekning. I 1918 var det formelt formannen i Stortingets militærkomitè som tok opp spørsmålet om offisiell godkjenning av ein ambulanse til Finland.<sup>393</sup> I 1939 var det Norges Røde Kors og Foreningen Norden sjølve som gjorde det. I eit felles brev av 20. desember 1939 til den norske regjeringa viste fungerande president i Norges Røde Kors og Foreningen Nordens formann Harald Grieg til artikkel 11 i Genevekonvensjonen av 27.juli 1929, og “tillater (...) sig å søke om Den Kongelige norske

---

<sup>388</sup> Utstysrliste for “Stor sanitetsmateriellenhet,” mappe “Finland 1 Ambulansens utstyr,” Boks 51, RA

<sup>389</sup> Utstysrliste for “Stor sanitetsmateriellenhet,” mappe “Finland 1 Ambulansens utstyr,” Boks 51, RA

<sup>390</sup> Utstysrliste for “Stor sanitetsmateriellenhet,” mappe “Finland 1 Ambulansens utstyr,” Boks 51, RA

<sup>391</sup> Ekviperingslister for mannlege og kvinnelege deltakarar, mappe “Finland 1 Ambulansens utstyr,” Boks 51, RA

<sup>392</sup> Notat frå Johan Holst til ambulansekomiteen 27.12 1939. mappe “Finland 1 rapporter fra ambulansens ledere,” Boks 51, RA

<sup>393</sup> Jentoft 2018:37



Regjerings samtykke til å yde det krigførende Finland hjelp med å stille til landets disposisjon en ambulanse.”<sup>394</sup> Her blir det eksplisitt uttrykt at det er det krigførende Finland som skal ha hjelp, ikkje den sovjetiske sida. Ein bad også om regjeringa si hjelp til å “opnå Finlands autorisasjon.”<sup>395</sup> Julaftan 1939 kunne den norske legasjonen i Helsingfors stadfeste at den finske regjeringa “med takk tar imot tilbudet om norsk ambulanse til Finnland.”<sup>396</sup> Ved kongeleg resolusjon av 5. januar 1940 følgde den norske regjeringa tilrådinga frå utanriksdepartementet og godkjende ambulansen.<sup>397</sup>

Den 22. desember bad Johan Holst Jens Meinich ved hovudkontoret på Bankplassen 1 om hjelp til å få godkjent ein “Overenskomst mellom Norges Røde Kors og den finske krigsledelse ang. Røde Kors ambulanse til Finland.”<sup>398</sup> Generalsekretær Arnhold Rørholt signerte avtalen for Norges Røde Kors, medan det finske hovudkvarterets generalstabssjef, generalløytnant K.L. Oesch, skreiv under for på vegne av det finske forsvaret.

Avtalen hadde til saman åtte artiklar. Dei fire første handla om forpliktingane til Norges Røde Kors. I første omgang tok ein på seg eit engasjement på tre månader, og ville stille med legar, sjupleiarar og materiell for behandling av inntil 100 kirurgiske pasientar. Ambulansen aksepterte også å bli lokalisert der den finske hærleinga til ei kvar tid fann det best, og ville organisere seg slik at den kunne flyttast på kort varsel. Krigsskadde sivile som lokale styresmakter ikkje hadde høve til å hjelpe, skulle også få behandling av nordmennene. Til gjengjeld skulle den finske hærleinga syte for og betale for innkvartering god nok til at ambulansen fekk utført oppdraget sitt. Det var også finnane sitt ansvar å sikre forpleining av både personell og pasientar, samt å stille til rådvelde for ambulansens sjefslege ein svensktalande representant for myndigheitene, og – om nødvendig – svensktalande finske

---

<sup>394</sup> Brev av 20.12.39 frå Norges Røde Kors og foreningen Norden til Regjeringa. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>395</sup> Brev av 20.12.39 frå Norges Røde Kors og foreningen Norden til Regjeringa. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>396</sup> Brev av 27.12.39 frå utanriksdepartementet til Norges Røde Kors. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>397</sup> Brev av 11.1.40 frå utanriksdepartementet til legasjonen i Helsingfors. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>398</sup> Avtale datert 23. desember 1939. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

lotter og andre hjelpemannskap som kunne bidra til sjukepleien og vask av sengeklede og andre tekstilar ved krigssjukehuset.<sup>399</sup>

#### 4.5 Lokalisering, operasjonsområde, organisering

Etter den før omtala avgangen frå Østbanen i Oslo den 30. desember 1939,<sup>400</sup> drog toget med den norske Finlandsambulansen via Stockholm og nordover i Sverige, før det kryssa den svensk-finske grensa i Haparanda inst i Bottenviken.<sup>401</sup> I Torneå måtte materiellet til den norske ambulansen lastast om grunna overgang til finsk sporvidde.<sup>402</sup> Dette skjedde ikkje utan vanskar, fordi stasjonen var overbelasta med store mengder krigsmateriell. Dette minnte Johan Holst om borgarkrigen, eller *Frihetskrigen*, som han kalla den. Det var heilt nødvendig for leiaren å vere til stades fullt og heilt under omlastinga: “Jeg stod på Torneå stasjon i 10 timer, hvorefter alt endelig var i orden, vårt tog kom av sted og intet av vårt materiell kom på avveie.”<sup>403</sup>

Først natt til 3. januar kunne nordmennene fortsette med eige tog inn i Finland.<sup>404</sup> Endeleg destinasjon for transporten var Uleåborgs län i midt-Finland.<sup>405</sup> Her er Finland på sitt smalaste. Det strategiske målet for sovjetarane hadde vore å trenge fram til Uleåborg, og dermed kutte Finland i to,<sup>406</sup> noko som effektivt ville avskjere Sør-Finland frå Sverige – og dermed også det livsviktige jernbanesambandet med nabolandet i vest.<sup>407</sup> Alt på invasjonssdagen 30. november hadde den sovjetiske 163. divisjon rykka over grensa ved Lonka og Raate og teke Suomissalmi. I starten lukkast det finnane å stanse framrykkinga. Tidleg i januar var det igjen voldsomme kampar i det som vart kalla Raatesektoren, og dei russiske styrkane gjekk i oppløysing.<sup>408</sup> Målet om å dele Finland på midten, vart oppgitt av Den røde armè.<sup>409</sup> Men finnane betalte ein svært høg pris, og det var dei såra frå desse kampane det norske feltsjukehuset skulle få til behandling umiddelbart etter at det var etablert og klart til teneste.

---

<sup>399</sup> Avtale datert 23. desember 1939. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>400</sup> I innleiingskapittelet, pkt. 1.1.1

<sup>401</sup> I Haparanda vart ambulansens personell motteke av den svenske Finlandshjelpe, og var deira gjestar til middag 1. januar og frukost dagen etter.

<sup>402</sup> Ein arv etter tida då Finland låg under Russland. Russisk sporbreidd var 1524 mm, mot det som var europeisk standard, 1434 mm. Jentoft 2018:52

<sup>403</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>404</sup> Norges Røde Kors sitt tidsskrift 1/1939

<sup>405</sup> Ein hamna altså ikkje nord for Torneå slik Holst gjekk ut frå

<sup>406</sup> Welle-Strand 2001:76

<sup>407</sup> Edwards 2007: 138

<sup>408</sup> Edwards 2007: 155; Welle-Strand 2001: 77

<sup>409</sup> Edwards 2007: 157

## 4.6 Verksemda i Finland – 1. ambulanse

Etter ønske frå den finske overkommandoen vart det norske basissjukehuset oppretta i “prektige lokaler”<sup>410</sup> i eit delvis evakuert tuberkulosesanatorium i Päivärinne i Muhos, vest for kampområda og like søraust for kystbyen Uleåborg.<sup>411</sup> Etter berre eitt døgn med hektisk aktivitet, utlasting og oppsetting av alt utstyret dei hadde med seg frå Noreg, kunne professor Holst melde til finske militære myndigheiter at “vi var klare til å begynne.”<sup>412</sup> Utfordringane let ikkje vente på seg. I løpet av dei neste 24 timane mottok og opererte personellet ved ambulansen 72 hardt såra frå dei omfattande kampane ved Suomissalmi. “Ved starten av vår virksomhet blev det således temmelig strengt arbeide i noen døgn,”<sup>413</sup> skreiv leiaren for ambulansen, og i januarnummeret kunne månadstidsskrift til Røde Kors melde at ambulansen arbeidde “natt og dag.”<sup>414</sup>

Etter ei hektisk første veke vart situasjonen litt rolegare ved krigssjukehuset til Noregs Røde Kors. Rutinane sette seg, og personalet fekk tid til å kvile mellom hektiske arbeidsøkter. Johan Holst byrja å sjå framover, det var tid for å diskutere den vidare drifta med dei andre deltakarane på ambulansen. Det vart semje om nokre viktige prinsipp for verksemda: Både materiell og personell skulle utnyttast til det yttersta av yteevna si; kvar og ein skulle ha oppgåver i samsvar med kvalifikasjonane sine, og sist men ikkje minst: “Et krigssykehus som arbeider isolert vil få sine sårete for sent. Det så vi på de første sårete som kom til oss.”<sup>415</sup>

### 4.6.1 Feltlasarett

Ambulansens arbeid var i godt gjenge, men dette var altså ikkje nok, understreka Holst:

Det må dessuten skapes en organisasjon hvorved dette krigssykehus direkte får kontrollere over de sårete, så å si fra det øieblikk de blir såret. Kun på denne måte vil krigssykehuset kunne få gjort sine kirurgiske prinsipper og metoder effektive. En slik organisasjon fordrer at ambulansens leder setter sig nøie inn i den militære situasjon, og derefter samarbeider med de respektive staber om å få de kirurgiske indikasjoner for transport og behandling inpasset til den spesielle militære situasjon (...). Dette er grunnlaget for all effektiv sanitetstjeneste i krig.<sup>416</sup>

---

<sup>410</sup> Sammenfattende rapport fra J. Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>411</sup> Sjå kart – vedlegg 3

<sup>412</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>413</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>414</sup> Norges Røde Kors’ Månedstidsskrift 1/1940 s. 2

<sup>415</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>416</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

Den norske kirurgen er altså igjen oppteken av samarbeidet med dei militære myndighetene. Det handlar om å skaffe seg eit så godt muleg handlingsrom som råd, ut frå dei premissane krigen legg. Det er elles interessant at Holst eksplisitt brukar termen *sanitetstjeneste*. Ordet er tradisjonelt nytta om det militære helsevesenet,<sup>417</sup> og det kan vel bidra til å styrke inntrykket av at Holst nærast såg Finlandsambulansen som en applikasjon til den finske militære styrkane.

Poenget var altså å få raskare tilgang til dei skadde ved fronten, slik at prioritering og behandling av sára soldatar ikkje måtte vente til dei kom fram til krigssjukehuset i Muhos. Holst fekk støtte for synet sitt i den finske armèstaben, og dermed også aksept for å opprette eit “fremskutt”<sup>418</sup> feltlasarett. Samarbeidet med den eine krigførande parten bar frukter, og gjorde det muleg å effektivisere drifta av den norske ambulansen. Handlingsrommet for den humanitære hjelpa vart utvida, truleg fordi den finske armèstaben såg at Holst sine forslag ikkje var i strid med militære prioriteringar. Dette kan tene som eit praktisk eksempel på det eg er inne på i kapittel 2, om kva rammer og premissar ein krigførande part kan legge for humanitær innsats, og korleis handlingsrommet kan opne og lukke seg i takt med skiftande strategiske og militære disposisjonar hos den eine parten i konflikten. Det kan også her passe å peike på at den norske ambulansen heilt frå starten av aksepterte å bli lokalisert der den finske hærleiinga til ei kvar tid fann det best, og sa seg villig organisere seg slik at den kunne flyttast på kort varsel.”<sup>419</sup>

Den 19. januar telegraferte Johan Holst heim til hovudkontoret i Oslo at han same kveld “avmarsjerte med en del av personalet og materiellet for å oprette et mobilt feltlasarett på ca. 40 senger nærere fronten.”<sup>420</sup> Lasarettet vart forlagt i ein 200 år gammal prestegard i Sotkamo, 210 kilometer søraust for krigssjukehuset i Muhos, og 90 kilometer bak dei fremste finske frontstillingane ved fronten. Det norske personalet ved lasarettet vart supplert med finske kvinnelege sjukepleiarar, tolkar og anna hjelpepersonell. Ein hadde også med nesten alle bilane som tilhørde ambulansen, slik at transportkapasiteten skulle vere best mogleg.

Den første veka etter etableringa var forholda relativt rolege ved feltsjukehuset i Sotkamo. Tida gjekk med til behandling av sára sivile etter hyppige luftangrep mot den vesle

---

<sup>417</sup> Sjå t.d. [snl.no/sanitet](http://snl.no/sanitet)

<sup>418</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>419</sup> Avtale datert 23. desember 1939. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>420</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 1/1940

landsbyen, som også var eit militært knutepunkt.<sup>421</sup> Ein finsk offensiv ved Kuhmo-sektoren lenger aust førte så til ein jamn straum av sårå til lasarettet. I løpet av seks døgn vart lasarettet tømt og fylt på nytt fire gongar. Det var full aktivitet på operasjonsstova.<sup>422</sup>

Kampane ved Kuhmo-fronten rasa vidare. Operasjonsstova greide å behandle dei sårå som kom inn, men transportkapasiteten var vanskeleg, trass i at bilmateriellet nesten knelte av påkjenninga og den harde bruken.<sup>423</sup> I tillegg var mange soldatar så alvorleg skadde at dei ikkje kunne flyttast. Det gjorde heller ikkje situasjonen enklare at feltlasarettets næraste evakueringsjukehus vart bomba og gjort ubrukeleg. For å bøte på problema vart det oppretta to annekser for lettare sårå, pasientar som var oppegåande og for det meste berre trong sårskift og mindre omfattande kirurgi. Desse nye avdelingane var på til saman 175 senger. Den største vart leia av ein finsk lege og ein norsk medisinstudent, den minste vart administrert direkte av legane ved lasarettet i prestegarden.<sup>424</sup> “Ved hjelp av disse annekser, (...) samt ved å utvide vårt krigssykehus (*I Muhos, min merknad*) til 150 plasser, og ved å presse våre ambulanserbiler til det ytterste av deres yteevne, klarte vi å tilfredsstille de krav som stilledes til oss,”<sup>425</sup> skriv Holst i rapporten sin, og legg til at ein no kunne konsentrere seg om å evakuere berre dei hardast skadde til basissjukehuset i Muhos.<sup>426</sup> Dette skjedde så snart dei var sterke nok til å tole transporten.<sup>427</sup>

Holst og den andre norske legen ved feltlasarettet i Sotkamo den første tida, Ulland, var opptekne av å gjere pasientvurderingar så nær fronten som råd, “på et tidspunkt da primær kirurgisk behandling i større grad kunne være mulig (...).”<sup>428</sup> Derfor reiste dei ofte om nettene fram til forbindingsplassar og bataljonshjelpeplassar for å studere transportforhold og konferere med finske kollegaer. Desse rekognoseringssturane gjekk med slede gjennom skogane ved den russiske grensa. “Syketransportene fra disse avdelinger langt ute i ødemarken foregikk først med pulk til *truppverbandsplass* som var i store gode telt av papp eller tøy, godt oppvarmet med en eller to kaminer, og skorsten gjennom telttaket,”<sup>429</sup> skreiv Holst.

---

<sup>421</sup> Welle-Strand 2001: 80

<sup>422</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, i Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA. Sjå også intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>423</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>424</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>425</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>426</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>427</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>428</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>429</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

Etter å ha fått førstehjelp ved det Holst kalla *truppverbandsplass*, vart så dei såra frakta med slede til næraste veg. Her venta ambulanselilar. Desse transportane kom ofte under angrep frå den sovjetiske fienden fordi dei hadde størst problem med å forsvare seg.

Ein av medisinstudentane bad om å bli stasjonert ved ein av dei mest framskotne forbindings- og hjelpeplassane, og det var ikkje utan ei viss stoltheit at Holst etterpå konstaterte følgjande: “Dermed har ambulansen etablert seg på alle trin av sanitetstjenesten i kontinuerlig rekke, fra de lengst fremskudte infanteribataljoners hjelpeplasser (...) til krigssykehuset ca 300 km. lengere tilbake.”<sup>430</sup> Målet om “en organisasjon hvorved dette krigssykehus direkte får kontrollere over de sårete, så å si fra det øieblikk de blir såret”<sup>431</sup> var langt på veg oppfylt.<sup>432</sup>

Arne Hvoslef, lege ved den andre kontingenten, fortalte seinare om harde tak ute ved ein av desse framskotne hjelpeplassane nær frontlinja. Saman med ein finsk lege var det hans oppgåve å gjere dei såra klare for transport ved å gi dei absolutt nødvendig førstehjelp, t.d. stoppe blødningar og operere bukskadar. “I nærheten av forbindingsplassen hadde en dag 600 finske soldater slått teltleir i eit skogholt. Om natten ble de overraskende angrepet av en russisk avdeling, I flere timer pågikk en grusom nærstrid.”<sup>433</sup> Etter at slaget og natta var over og “det bleke dagslyset flimret over landskapet,”<sup>434</sup> var russerane drivne bort. Hvoslef og den finske kommandanten inspiserte kampområdet: “Russerne var blitt meiet ned i haugevis, likene i den ramponerte skogen og kruttstenkte snøen, kropper som den strenge kulden hadde fått til å stivne allerede under dødskampen. Over 2000 russere ble drept i dette sammenstøtet.”<sup>435</sup>

#### **4.7 Verksemda i Finland – 2. ambulanse**

Om kvelden 7. februar 1940 drog den andre kontingenten til Finlandsambulansen av garde frå Østbanestasjonen i Oslo. Dei var framme i operasjonsområdet natt til 10. februar, og med seg hadde dei ei jernbanevogn med eit assortert utval forsyningar.<sup>436</sup> I løpet av dei to påfølgjande

---

<sup>430</sup> Sammenfattende rapport fra J.HolstMappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>431</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>432</sup> For ei skjematisk framstilling av logistikken i ambulansens verksemd, sjå vedlegg 4.

<sup>433</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>434</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>435</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>436</sup> Rapport om Finlandsambulanse 2. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

døgna var personalet utskifta både ved basissjukehuset i Muhos og feltlasarettet ved Sotkamo. På dette tidspunktet hadde den norske ekspedisjonen om lag 350 pasientar under behandling.<sup>437</sup>

Brorparten av den første kontingenten ved Finlandsamblansen kom heim til Oslo og Noreg den 15. februar. “Alle så kjekke og friske ut til tross for den store påkjenning og spenning de hadde vært utsatt for.”<sup>438</sup>

Arbeidet etter personalskiftet vart organisert slik at tre legar og 13 sjukesøstrer tok seg av dei rundt 150 pasientane som til ei kvar tid låg på basissjukehuset i Muhos.<sup>439</sup> Til hjelp i dette arbeidet hadde dei finske lotter som også delvis fungerte som tolkar. To av ambulansens legar og tre sjukesøstre vart stasjonerte ved feltsjukehuset i Sotkamo, der søstrene utelukkande fungerte som operasjons- og røntgensøstre. Pleia av dei 40 stadig skiftande hardt såra pasientane vart her gjort av finske sjukepleiarar og lotter. Det eine av dei to anneksa som var knytte til feltsjukehuset hadde inga fast norsk bemanning, medan ein av dei norske legane og to norske søstrer vart sende til det andre. Sistnemnde vart etter kvart organisert som eit sjølvstendig lasarett.<sup>440</sup>

Det var harde kampar særleg på Kuhmo-fronten då det nye personellet starta arbeidet sitt. Talet på såra steig stadig, og det gjekk hardt ut over materiell og forsyningar.<sup>441</sup> Der kom ofte nye sendingar med medisinar og materiell frå Norges Røde Kors, men då det nærma seg slutten på krigen, kunne det hende at forsyningsstraumen vart hindra fordi jernbanenettet var overbelasta av finske troppar og materiell. Trass i dette såg Knud Nicolaysen lyst på situasjonen: “Jeg finder i denne forbindelse aa ville nevne at ambulansens utstyr efter min mening var noe så nær fuldkomment.”<sup>442</sup>

---

<sup>437</sup> Rapport nr 1 fra Den norske Finlandsambulanse II. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>438</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 2/1940 s. 19

<sup>439</sup> Knud Nicolaysen brukar konsekvent stadnamnet Päivärinne som lokasjon for basissjukehuset i sine rapportar. Päivärinne ligg i kommunen Muhos. Av praktiske årsaker vel eg å bruke namnet Muhos.

<sup>440</sup> Rapport om Finlandsambulanse 2 til Norges Røde Kors. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>441</sup> Johan Holst meinte t.d. at Forbruket av bandasjemateriell var 7-8 gongar så stort som ved eit tilsvarende sivilt sjukehus. Norges Røde Kors Månedstidsskrift 1/1940 s. 3

<sup>442</sup> Rapport om Finlandsambulanse 2 til Norges Røde Kors, s. 3. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

### 4.7.1 Ulike oppgåver for lasarett og sjukehus

Kvardagen og drifta ved krigssjukehuset i Muhos og feltlasarettet i Sotkamo var svært forskjellig, skreiv leiaren for den 2. ambulansen. “Ved lasarettene kom de saarete i store mengder ind efter de større slag. Det kunde da være et voldsomt arbeidspress i løpet av et døgn.”<sup>443</sup> Etter sortering, registrering, vask og stell i mottaksrommet, vart dei såra borne til røntgen, vidare til operasjonsstova, og deretter tilbake til sjukesalen. “Visitten gik om formiddagen – man arbeidet ellers helst i den mørke tid av døgnet. For øvrig fulgte vi det raad vi fik av vore finske venner: Sov naar du kan og spis naar du kan.”<sup>444</sup> Ein del år seinare fortalde Arne Hvoslef som arbeidde saman med Nicolaysen i Sotkamo, at det var krevjande veker for det norske personalet:

Pasientene ble først vasket i den grad det var mulig og journalført. Deretter ble de brakt inn på røntgenstuen. Mens legene opererte, ble bildene fremkalt, Ingen tid måtte gå tapt. (...) Hver natt strømmet nye sårede til feltlasarettet, og operasjoner ble utført på løpende bånd til langt ut på morgensiden.<sup>445</sup>

Ved krigssjukehuset i Muhos var det enklare å få inn faste rutinar, sjølv om arbeidsbelastninga også der var svært stor. Pasientane kom ofte til sjukehuset ut på morgonkvisten etter ei lang natts køyring frå Sotkamo. Då vart dei stelte og lagde til sengs. Heile formiddagen gjekk med til visitten, og til stell og sårskift “i et antal man neppe kan forestille seg – puss alle vegne og svære saar.”<sup>446</sup> Etter lunchtid gjekk tida med til operasjonar, gipsing, og nye sårskift til ein var ferdig om ettermiddagen. “For søstrene blev arbeidsdagen her stadig lengere ettersom antallet av saarede øket.”<sup>447</sup>

### 4.7.2 Alvorlege skadar

I løpet av åtte veker behandla feltlasarettet i Sotkamo meir enn 1.200 pasientar. Mange klarte ikkje transporten frå fronten. “Spesielt bukskuddene trengte øyeblikkelig operasjon, og de færreste overlevde kjøreturen.”<sup>448</sup> Skadane var varierte og kompliserte: Svært mange var såra i armar og bein; andre i hovud og ansikt – med og utan hjerneskode. Kraniebrot, bryst-, mage- og lungeskader var vanleg, og dessutan rygg- og ryggmargsskadar. Ved feltsjukehuset i

---

<sup>443</sup> Rapport om Finlandsambulans 2 til Norges Røde Kors, s. 4. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>444</sup> Rapport om Finlandsambulans 2 til Norges Røde Kors. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>445</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>446</sup> Rapport om Finlandsambulans 2 til Norges Røde Kors. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>447</sup> Rapport om Finlandsambulans 2 til Norges Røde Kors. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>448</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965



Sotkamo vart reine skotsår “tørt bandasjert,”<sup>449</sup> berre viss prosjektillet var lett tilgjengeleg, vart det fjerna. Ved infeksjonar vart påverka vev, forureiningar og framandlekamar tekne bort. Alle sår som kunne gi infeksjon, vart behandla med sulfonamid-preparat. Amputasjon vart sett på som aller siste utveg.

Det mobile røntgenapparatet ved feltsjukehuset var i kontinuerleg drift, og det vart gjort meir enn 956 eksponeringar på 663 pasientar. Erfaringane ved basissjukehuset i Muhos viste at sjølv dei verste frakturar (brot) kunne gjerast noko med, Brot som følgje av skot vart midlertidig stiva av med pappskinner ved feltsjukehuset, og vart så gipsa ved basissjukehuset når pasientane kom dit.”<sup>450</sup> Johan Holst hadde også nokre refleksjonar rundt skadane dei fekk inn på feltlasarettet og basissjukehuset. Dette var så alvorlege, ikkje minst fordi russarane brukte dumtum-kuler som ekspanderte idet dei trefte kroppen, at han ikkje kunne hugse å ha sett så alvorlege skader under borgarkrigen. Mange av pasientane ville nok bli invalidar – om dei i det heile tatt overlevde.<sup>451</sup> Nikolai Paus, fungerande president i Norges Røde Kors og leiar for den tredje ambulansen, var også oppteken av sovjetarane sin bruk av eksplosiv ammunisjon:

alle pasienter var hårdt såret, for det meste lunge- og ekstremitetsskader. Store, åpne sår, frembrakt tydeligvis av eksplosive kuler eller granatsplinter, ben i over- og underekstremiteter knust, i tusen biter – ofte fullstendig pulverisert, granatsplinter og geværkuler rundt om i bløtdelene, og så flømmet det av materie. Det fantes faktisk ikke et eneste rent sår.<sup>452</sup>

Eit fotoalbum som Laura Hoff, ei av Røde Kors-søstrene laga seg etter krigen, viser at legane ikkje overdriv. Nærbilete av ansiktsskadar, kompliserte brot og generelt hardt såra og sterkt pleietrengande pasientar, viser at dei medisinske utfordringane må ha vore svært store også for erfarne kirurgar og sjukesøstrer – for ikkje å snakke om dei mentale påkjenningane som følgde med det å arbeide med så mykje menneskeleg liding på alle kantar.<sup>453</sup>

Hans Eckholdt tilhørde den første kontingenten, og var sjåfør på ein av ambulansane som gjekk i skytteltrafikk mellom fronten og feltlasarettet i Sotkamo. I eit intervju med Dagbladet i februar 1940 la han ikkje skjul på at oppdraget hadde vore ei stor påkjenning. Spesielt syntes han synd på dei som hadde fått øydelagt ansiktet. “Det var de grusomste

---

<sup>449</sup> Rapport om Finlandsambulanse 2 til Norges Røde Kors. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>450</sup> Henta frå Nicolaysens krigskirurgiske data, gjengitt i Welle-Strand 2001: s. 79, 85f

<sup>451</sup> Rapport frå Johan Holst datert 24.1. 1940 Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>452</sup> Rapport om den 3dje Finlands-ambulanses virksomhet såvel i Finland som i Norge s. 6f. Mappe Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>453</sup> Fotoalbum, Laura Hoff 1940. Kopiar av albumet er vedlagt denne oppgåva.

lidelser vi ble vitne til, nese, munn, kjeve, øyne var skutt vekk, bare tungerota sprikte. Men lægene gjorde underverker, kjever og bein og kjøtt ble bygd sammen (...).”<sup>454</sup> Sterke inntrykk var det også for Hans Christen Mamen, som var med på den 2. kontingenten som altmulegmann og sjåfør. Femti år etter dei dramatiske hendingane uttalte den dåverande prosten til NRK: “Jeg var tyve år den gangen, og det gjorde et uutslettelig inntrykk på meg alt det eg opplevde her i Finland da, med folk som døde...første gang eg opplevde å sitte ved ...eh...døendes dødsleie.”<sup>455</sup>

### 4.7.3 Transport

Det langstrekke operasjonsområdet var ei stor utfordring for den norske Finlandsambulansens transportteneste.<sup>456</sup> Mellom basissjukehuset i Muhos og feltlasarettet i Potsamo var det 210 kilometer, og avstanden frå Sotkamo til dei framre “hentestasjonane” ved fronten var på ytterlegare rundt 75 kilometer. Dette innebar ei voldsom belastning for sjåførane. For å unngå flyangrep gjekk transportane stort sett føre seg med blenda lykter om natta, i ned mot 40 kuldegrader gjennom “brendende byer,”<sup>457</sup> og mellom bombekrater. Bilar og sjåførar levde i ein symbiose, og “sammen undgik de flammenes rov, bombenes dype huller og de sammenfiltrede telefontråders fangarmer, hvorefter de, til avtalt tid ankom sitt bestemmesessted og (...) blid og fornøiet avleverte alle patientene i god behold.”<sup>458</sup> Hans Eckholdt fortalde til Dagbladet at køyringa på “slette veier” og under slike forhold var svært anstrengande.<sup>459</sup> Den største ambulansen hadde plass til 9 liggande og 9 sitjande pasientar, og var “det flotteste utstyret finnene hadde sett og ambulansen gjorde oss meget populære.”<sup>460</sup> Også Nils Eie, ein av ei norske medisinstudentane som arbeidde ved feltsjukehuset i Sotkamo, var imponert av sjåførane si evne til å halde det gåande:

Flere ganger måtte disse kjøre først fra 9 – 12 timer med full buss av sårede patienter de 240 km tilbake til basis-sykehuset (...) ved ankomsten på morgenkvisten kadde de knapt tid til å hive i sig litt kaffe for så å kjøre tilbake samme vei efter ny last, ofte truet av fly som fulgte veien ferdig med maskingeværer og bomber. En påkjenning som de alle greide udmerket.<sup>461</sup>

---

<sup>454</sup> Dagbladet i februar 1940. Mappe “finland – film, meddelelser til pressen, foredrag av Holst. Boks 51, RA.

<sup>455</sup> Intervju i reportasje i samband med markeringa av femtiårsdagen for utbrotet av den finsk-russiske vinterkrigen 1939-40. Minnehøgtid i Finlandiahuset i Helsinki. *Verden i dag – NRK Dagsnytt* sendt 30.11.1989.

<sup>456</sup> Sjå vedlegg 4

<sup>457</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>458</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>459</sup> Dagbladet i februar 1940

<sup>460</sup> Dagbladet, februar 1940.

<sup>461</sup> Aftenposten 27.3. 1940; Sjå også Aftenposten 15.2.1940

#### 4.7.4 Risiko

Medan det andre skiftet var i Finland under leiing av overlege Knud Nicolaysen, kom det ein dag eit handskrive brev til Norges Røde Kors sitt hovudkontor på Bankplassen 1 i Oslo. Brevet var truleg skrive i mars, og var signert ein Tomas Torsvik i Kristiansand.<sup>462</sup> Dottera hans, Liv, var med som Røde Kors-søster på Finlandsambulansen. Far Torsvik hadde nok følgt godt med på utviklinga i krigen i Finland, og ville luften ei uro i brevet til hovudkontoret. Han hadde nemleg ikkje høyrte frå Liv på lenge: “Den siste meddelelse vi hadde fra henne er datert 15. f.m. Da hun ellers pleier være flittig til å holde os underrettet, synes min hustru og jeg, at det trækker noe lenge ut før vi hører fra henne,”<sup>463</sup> skreiv han, og lurte på om det var “kommet noe forbud mot at ambulansens kvindelige medlemmer får anledning til å skrive hjem?”<sup>464</sup> Generalsekretær Arnold Rørholt var nettopp heimkomen frå eit besøk i Finland og hadde ved sjølvsyn skaffa seg kjennskap til aktivitetane der.<sup>465</sup> Han prøvde derfor å dempe uroa til ekteparet Torsvik:

Jeg reiste selv fra ambulansen for en uke siden og kan hilse Dem fra Deres datter, som hadde det utmerket alle måter. Vi har dessuten senere fått et telegram hvorefter alt er vel ved ambulansen. Jeg tror derfor ikke at De har noen grunn til engstelse med hensyn til Deres datter,<sup>466</sup>

skreiv Rørholt, før han til slutt understreka at ambulansens kvinnelege medlemmar ikkje hadde forbod mot å skrive heim.<sup>467</sup> Mor og far Torsvik i Kristiansand var nok ikkje dei einaste som kjende på ei nagande uro for familiemedlemmar og vener som var i Finland. Avisrapportane fortalde dagleg om ei brutal krigføring med store tap av menneskeliv, og det var naturleg nok ei påkjenning for mange å følgje dramaet på avstand. Og risikofritt var det jo ikkje, noko både avisoppslag og ambulanseleiarane sine rapportar vitna om. Særleg feltlasarettet i den 200 år gamle prestegarden i Sotkamo var utsett, ikkje minst for bombeangrep.

---

<sup>462</sup> Torsvik var redaktør i Fædrelandsvennen.

<sup>463</sup> Udatert brev frå Tomas Torsvik. Mappe “Finland 1, 2dre ambulanse”, Boks 51, RA

<sup>464</sup> Udatert brev frå Tomas Torsvik. Mappe “Finland 1, 2dre ambulanse”, Boks 51, RA

<sup>465</sup> Rørholt si reise var komen i stand etter at ambulansekomiteen, etablert av Foreningen Norden og Norges Røde Kors i fellesskap, hadde bestemt at “det vilde være av stor betydning for dem som hadde med organisasjonen av ambulansen å gjørem at de får et førstehånds kjennskap til en ambulanses arbeid .“ Dette ville dessutan gjere det lettare å skape tettare samband med Finlands Røde Kors, og “få førstehånds kjennskap til forholdene i Finland, “på samme måte som andre hjelpeorganisasjoner som har sendt representanter til Finland. Dette vil i høi grad lette hjelpearbeidet.” Frå protokoll etter ambulansekomiteens møte 11.1. 1949, Mappe “Overenskomst, Autorisasjon ac Regjeringen, Overenskomst med Finland, protokoll fra møter i Ambulansekomiteen” Boks 51, RA.

<sup>466</sup> Udatert brev, i mappe “Finland 1, 2dre ambulanse”, Boks 51, RA

<sup>467</sup> Ein kan jo i 2018 undrast over kvifor det eksplisitt vart lurt på om *kvinnene* hadde forbod mot å skrive heim.

Vi lærte snart at det eneste vi hadde å gjøre hvis vi selv vilde undgå å bli bombet, var å gjøre natt til dag. (...) Vi begynte å arbeide så snart det blev mørkt og bombeflyene tok en liten pause. Så arbeidet vi intenst hele natten og sluttet så snart det lysnet av dag. Denne arbeidstid blev gjennomført konsekvent (...) Alt måtte foregå i stummende mørke. Vi hadde stadig visitt av bombefly, men hverken hovedstasjonen (krigssjukehuset i Muhos, min mrk.) eller nogen av våre filialer (feltlasarettene i og ved Sotkamo, min mrk.) blev rammet, iallfall ikke av fulltreffere.<sup>468</sup>

Johan Holst peika i sin sluttrapport på denne konstante trusselen frå lufta, og korleis den la premissane for verksemda i Sotkamo. Han fortalde om “ganske heftig bombardement og maskingeværild fra fly praktisk talt alle klarværsdager – og op til 4 ganger om dagen.”<sup>469</sup> Ein av sjåførane vart kasta over ende av lufttrykket frå ei eksploderande bombe, og andre “fikk sine klær oversprøytet med sand fra bomber som slog ned i nærheten; men ingen av vårt personale blev skadet.”<sup>470</sup> Andre var ikkje så heldige: “En del huser på vårt forlegningsområde blev ødelagt ved fulltreff eller antendt ved brannbomber, hvorved 4 sivile personer blev såret og 3 drept.”<sup>471</sup> Ved bombeangrep var den ståande ordren at dei som arbeidde “på medisinsk indikasjon”<sup>472</sup> skulle halde fram, medan alle andre skulle søke tilflukt. I ein annan og tidlegare rapport konstaterte Holst at ein i Sotkamo hadde vore genert av russiske fly. “Vort forlægningssted er gjentagende gange bombarderet, men ingen er skadet. Nu har vi også fået gravet gode beskyttelsesgraver i de gamle bombehul, og lært os til at ta våre forholdsregler i det hele.”<sup>473</sup> Om dei gamle bombehola var aldri så trygge, valde likevel dei fleste å gå ut i skogen der dei kunne halde auge med flya i staden for å sitje passive å vente.<sup>474</sup>

Offisielt var legane og sjukepleiarane i Sotkamo innkvarterte i eit pensjonat, men grunna faren for bombeangrep overnatta dei der berre når det var snø- eller gråvør. For det meste budde dei i runde femmannstelt, og låg ofte fullt påkledde i soveposane for å halde varmen. “En dag var temperaturen nede i minus 52 grader, og da er ikke campingtilværelse det hyggeligste man kan tenke seg.”<sup>475</sup> Krigssjukehuset i Muhos, “som lå meget gunstig til, og ikke en eneste gang blev bombarderet,”<sup>476</sup> vart forskåna for flyangrep og andre militære truslar. Dette var ein naturleg konsekvens av at Finlandsambulansens hovudeining låg så langt

---

<sup>468</sup> Ein av legane ved 1. kontingent, Dr. Ulland, til Aftenposten 15.2. 1940.

<sup>469</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>470</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>471</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>472</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>473</sup> Rapport No 3. av 24. januar 1940. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>474</sup> Intervju i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>475</sup> Intervju i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>476</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

vest i landet, og at russarane ikkje hadde lukkast i sin opprinnelege strategi; å dele Finland i to.

#### 4.7.5 Genferkorsets status

Vel heime frå si vakt som leiar for Finlandsambulansen, lufta professor Johan Holst ei sterk uro rundt Genferkorsets status i moderne krigar. I følgje Geneve-konvensjonen skulle jo det raude korsmerket på kvit botn garantere ambulanse- og sanitetspersonell nøytral status, og dermed vere sikra respekt av dei krigførande partane. Dette var også bakgrunnen for at ein i avtalen med det finske forsvaret hadde fått løyve til – i pakt med Genevekonvensjonen – å heise Røde Kors-flagg og norsk flagg der ambulansen var stasjonert. I tillegg skulle “Røde Kors’ tegn i størst mulig dimensjon anbringes på taket av den eller de bygninger som tas i bruk av den norske ambulanse.”<sup>477</sup> Holst konstaterte at partane (les: russarane) ikkje brydde seg. Og dette hadde han sett før, i Finland 1918. Røde Kors-emblemet vart ikkje respektert. Tvert om, det utgjorde ein tryggingrisiko.

Og i den nuværende finsk-russiske krig er det alles erfaring at det, i hvert fall i nærheten av fronten, er selvmord å vise Genferkorset. Russerne angriper fortrinsvis sanitetsformasjoner, sykehus, syketransporter, fordi de regner med at disses forsvarsmuligheter er mindre enn kombattante avdelinger, – et fullkomment riktig regnestykke,<sup>478</sup>

skreiv professoren i eit notat, og la til at han fekk måla over alle Røde Kors-symbol på ambulansebilane då han kom til Finland. Han sytte også for at det karakteristiske merket ikkje vart brukt på dei framskotne lasaretta, og takka i tillegg ja til eit finsk tilbod om ei mitraljøse og seinare ei luftvernkanon som vart oppstilt like ved lasarettet. Dette antiluftskytset var teke frå russarane, og “når flyene nærmet seg med sin dødbringende last, fikk de en varm mottagelse.”<sup>479</sup> Nærgåande russiske fly måtte halde større høgd og vart dermed mindre treffsikre. Konsekvensen av denne erfaringa, meinte Holst, var at ein ambulanse burde vere utstyrt med antiluftskytts heller enn med Genferkors. Ambulansar burde også ha maskinpistolar til bruk mot bakhaldsangrep. Dei humanitære ideala nedfelte i Genevekonvensjonen vart stempla som

---

<sup>477</sup> Avtale datert 23. desember 1939. I mappe “Overenskomst. Autorisasjon av regjeringen. Overenskomst med Finland. Protokoll fra møter i ambulansekomiteen,” Boks 51, RA.

<sup>478</sup> Notatet “Genferkorset som beskyttelse for ambulanser i krig,” 19.2. 1940. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>479</sup> Intervju med lege Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

illusoriske i en ulvetid som vår. Dermed er intet annet å gjøre enn å ta konsekvensene, også Røde Kors får tute med tidens ulve, og ikke unødig risikere patienters og personales liv for å oppretholde papirbestemmelser som livets hårde virkelighet i det Herrens år 1940 ikke respekterer.<sup>480</sup>

Denne noko resignerte haldninga kan jo få ein observatør til å lure på kva poeng Johan Holst i det heile såg ved å organisere ambulansen innanfor Røde Kors sitt humanitære og ideelle rammeverk i det heile. Spørsmålet er om han først og fremst såg Norges Røde Kors som ein av få organisasjonar – om ikkje den einaste – som kunne verkeleggjere ønsket hans om å tilby sanitetshjelp til det finske forsvaret.

Norges Røde Kors tok ikkje lett på dei alvorlege spørsmåla som Holst reiste i notatet sitt, og kunne i tidsskriftet opplyse at ein hadde sendt eit protestskriv til ICRC i Geneve. “Fra alle kanter”<sup>481</sup> hadde nasjonalforeininga fått meldingar om “de fryktelige bombardementer av civilbefolkningen i Finland,”<sup>482</sup> og vidare om at Genferkorset såg ut til å gjere bygningar og bilar til bombemål: “(...) Norges Røde Kors ønsker herved å protestere på det kraftigste overfor hele verden mot disse flagrante brudd på Genferkonvensjonen og likeledes mot de redselsfulle bombardementer av en hel befolkning (...).”<sup>483</sup>

Holst og Norges Røde Kors si uro og indignasjon over manglande russisk respekt for Genferkorset var nok både berettiga og ektefølt, den nøytrale og ikkje-stridande statusen til Røde Kors sine mannskap var jo understreka i Genevekonvensjonen frå starten av. Det same var prinsippet om at ein såra soldat ikkje lenger var ein fiende, og følgeleg heller ikkje kunne vere eit legitimt mål for krigførande. Når det er sagt, kan det vel hevdast at verken Holst eller Norges Røde Kors sentralt brukte særleg tid på å problematisere si eiga rolle i krigen. Det var jo ingen tvil om kvar sympatien til nordmennene låg, og det var dermed heller ingen tvil og at den norske ambulansen var i Finland for å hjelpe finnar. Sovjetunionen stod for eklatante brot på Genevekonvensjonen, det dokumentet som skulle sikre Røde Kors handlingsrom og arbeidsro. Men det er heller ikkje umuleg at innsatsen til den norske ambulansen skapte andre assosiasjonar til Røde Kors-symbolet i den sovjetiske overkommandoen enn dei reint humanitære og filantropiske.

---

<sup>480</sup> Notatet “Genferkorset som beskyttelse for ambulanser i krig,” 19.2. 1940. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>481</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 2/1940

<sup>482</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 2/1940

<sup>483</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 2/1940.

#### 4.7.6 Nøytralitet og omsorg for alle? Russiske fangar

Hausten 1939 heldt dr. med. St. Tschudi Madsen ein tale for nyutdanna Røde Kors-søstre i Bergen over temaet *Å vere nøytrale i våre hjerter*. Bakteppet var den spente internasjonale situasjonen, og at totalitære krefter var på frammarsj.

Det er ikke noen lett sak å være nøytrale i våre hjerter. Vi som er tilknyttet Røde Kors, skulde ha visse forutsetninger for det. Vi kan i alle fall enes om, at det ikkje er vår sak å dømme i skyldspørsmål, men å bøte på skade. Og vi får også forsøke å finne årsakene til, at verden er hvad den er i dag, og forsøke å motarbeide disse. Den dypeste årsak er egeninteressen, - den manglende vilje og evne til å erkjenne og anerkjenne andres rett, andres mål. Og hvem er de andre? Det er de som står utenfor gjerdene, rasens, nasjonens, klassens, partiets, religionens gjerder.<sup>484</sup>

Ein kan her ane eit forsvar for universalismen og internasjonalismen som var Røde Kors-rørsla sin berande idè i starten. *Røde Kors var et krigens barn*, og organisasjonen vart til i krigens skugge. Tschudi Madsen understreka også at Røde Kors ikkje berre arbeidde *mot* krigen, men også *føresetnadene* for krigen. Nøytralitetsidealet var stort og rett, men også vanskeleg å nå i møte med verda og realitetane som prega den. Tschudi Madsen kunne vel også her gjort ein avstikkar til den noko mindre rettlinja haldninga som ein del nasjonalforeiningar la for dagen før og under 1. verdskrigen. Som vist i kapittel 2 ser historikarar på rolla til mange nasjonalforeiningar som ein del av problemet når det kjem til spørsmålet om korleis krigen vart muleg, og ikkje minst fekk vare så lenge med så ufattelege lidingar. Nasjonalisme og patriotisme i nasjonalforeiningane, kombinert med at Røde Kors sine humanitære tenester vart tilbydd statane sine krigsmaskiner, kan ha bidrege til å legitimere krigføringa, og dermed det motsette av kva Tschudi Madsen påstod i sin tale til dei nye Røde Kors-søstrene.

I møtet med Vinterkrigen og dei kjempande partane der, valde den norske Finlandsambulansen utan tvil side, det var russarane som var *de andre* som Tschudi Madsen snakka om, og som stod utanfor gjerdene – utanfor den fellesskapen nordmennene og finnane begge meinte å tilhøyre. I Vinterkrigen møttest to kulturar. Den eine var edel og rein. Den andre var det ikkje.

Men sjølv der den gode og den vonde sida begge var så klart definerte, måtte ikkje nøytralitetsidealet gløymast, meinte mange. I midten av januar 1940 sette presten Gustav Dietrichson jr. seg ved skrivebordet i Vestre Aker prestegård i Oslo for å skrive eit brev til presidenten i Norges Røde Kors. Han var svært prega av “de forferdelige herjinger og lidelser

---

<sup>484</sup> Norges Røde Kors månedstidskrift 12/1939

som vi daglig hører og Leser om i forbindelse med krigen i Finland.”<sup>485</sup> Dietrichson var også ein av dei som hadde ytt sitt bidrag “i ringe monn”<sup>486</sup> til arbeidet for dei nødlidande. Interessant er det også at dottera hans, Signe Bang-Diethricson, var Røde Kors-søster, og deltok på ambulansen. Imidlertid var det ikkje først og fremst Signe eller finnane sine påkjenningar som var grunnen til at han skreiv:

Når jeg nå henvender meg til Dem, er det for å spørre om det gjøres eller tenkes gjort noe for de tusener *russerne* som lider på det forferdeligste. Jeg tenker på dem som sulter, fryser, forblør, uten at noen rekker dem en hjelpende hånd. Det står for meg som en menneskeplikt å hjelpe uansett nasjonalitet og politisk opfatning.<sup>487</sup>

Diethrichson meinte det for eit nøytralt land ikkje kunne vere avgjerande kva for nasjon som leid, men kvar det var mest behov for hjelp.<sup>488</sup> “Så vidt jeg vet har også Røde Kors som internasjonal institusjon tradisjoner å føre vidare nettopp når det gjelder å hjelpe, endog den vi kanskje ikke umiddelbart har sympati med.”<sup>489</sup> Implisitt i brevet ligg ein kritikk av organisasjonen, som blir oppfatta å vere partisk i krigen mellom Finland og Sovjetunionen, og ikkje ein nøytral hjelpear. *Tutti fratelli* verka å vere lite anna enn ein vakker talemåte.

Generalsekretær Arnold Rørholt svarte den bekymra presten mindre enn ei veke etter, og viste til at rutinane var slik at den internasjonale komitèen i Geneve (ICRC) ved eit krigsutbrot vende seg til dei involverte landa sine regjeringar for å tilby hjelp. I dette konkrete tilfellet takka Finland umiddelbart ja til slik assistanse, medan ein i desember enno ikkje hadde fått noko svar frå russisk side. Dette var også grunnen til at Norges Røde Kors ikkje hadde fått noka oppmoding frå ICRC om å hjelpe Russland og russiske soldatar på slagmarka.<sup>490</sup> “Vi har derfor konsentrert vårt hjelpearbeide om Finland,”<sup>491</sup> skreiv Rørholt.

---

<sup>485</sup> Brev frå Gustav Dietrichson jr. i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA

<sup>486</sup> Brev Brev frå Gustav Dietrichson jr. i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA

<sup>487</sup> Brev i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA

<sup>488</sup> Ein kan her få inntrykk av at brevskrivaren oppfattar det slik at ambulansen er i Finland som representant for den norske staten.

<sup>489</sup> Brev i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA

<sup>490</sup> Eg har for min del ikkje funne nokon dokumentasjon i arkivet til Røde Kors på at ICRC kom med ei slik oppmoding til Norges Røde Kors om å hjelpe Finland.

<sup>491</sup> Svarbrev til Diethrichson i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA



Han presiserte imidlertid også at ein ikkje ville motsette seg å hjelpe russarar, om Geneve eller Russland sjølv skulle be om det.<sup>492</sup>

Om innsats for Stalins soldatar hadde vore omgitt av omsorg, forståing og kjærleik lik den som vart finnane til del, er vel heller mindre truleg. Likevel hjelpte den norske Finlandsambulansen russarar som trong det. Mange gongar kom til dømes russiske krigsfangar til feltlasarettet i Sotkamo. Dei var russarar og fiendar, men som *menneske* må dei ha vekt medynk hos mange. Kanskje slutta dei å vere fiendar då dei vart såra. Måten dei skada og sjuke russarane vart møtte på, kan tyde på det. Stalin hadde hatt eit mål om å få avslutta krigen i god tid før fødselsdagen sin den 21. desember. Slik skulle det jo ikkje gå. Ikkje berre var soldatane dårleg trente for vinteroperasjonar, dei var også utstyrte med gammaldagse og utdaterte sommar- og haustuniformar som på ingen måte var passande for dei klimatiske forholda. Mange hadde ingen frakkar dei første vekene av krigen, og måtte ta det dei kunne finne av høvelege klede frå døde finske soldatar.<sup>493</sup> Medisinstudenten Nils Eie rapporterte at russarane ofte var i “en ubeskrivelig tilstand,”<sup>494</sup> då dei kom, ikkje minst grunna forfrysningar. Mange av dei kunne ikkje gå, men kom krypande frå fangerommet. Etter at filtøflane vart fjerna, var det ikkje sjeldan at overhuda følgde med. “Andre hadde vannblemmer som dekket hele ryggen av foten, mens forfrysning hos enkelte var gått så langt at blemmene var tørret inn og blemmene var blitt sorte.”<sup>495</sup> Dei russiske soldatane var svært forundra over den gode behandlinga dei fekk, for

de hadde alle ventet at de skulde få ører og armer skåret av og senere bli drept. En av dem som hadde forfrosset nesen sin vilde således først ikke la mig behandle ham da han så jeg trakk frem en saks og pinsett. Da jeg hadde forklart ham at jeg bare skulde fjerne det verste av det infiserte vev så han skulde få en sjanse til å beholde nesen, så han først litt mistroisk ut, men da han vel var vasket og bandasjert smilte han takknemlig.<sup>496</sup>

I dette kulturmøtet mellom russiske soldatar og den norske ambulansen fall altså stereotypiane bort i den mellommenneskelege dynamikken som oppstod. Den russiske soldaten var ikkje lenger representant for ein ansiktslaus horde frå aust, men eit hjelpelaust medmenneske som tok imot den hjelpa hjelparen kunne tilby. Og hjelparen var heller ikkje den skremmande fienden frå vest som russaren var opplært til å tru.

---

<sup>492</sup> Svarbrev til Diethrichson i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA

<sup>493</sup> Sprague 2010:103

<sup>494</sup> Aftenposten 27.3.1940

<sup>495</sup> Aftenposten 27.3.1940

<sup>496</sup> Aftenposten 27.3.1940

Imidlertid var ikkje alle på feltlasarettet i stand til å sjå med vennleg, profesjonell distanse på russiske soldatar. Ein av legane i Sotkamo, Bernhard Paus, kunne i eit intervju frå 1995 hugse at nordmennene “måtte sitte kontinuerlig vakt”<sup>497</sup> over ein russisk soldat: “Ikke fordi han var syk, men for at finnene ikke skulle ta livet av mannen.”<sup>498</sup> Særleg god stemning var det nok heller ikkje i situasjonen som Arne Hvoslef fortalde om: Stort sett var pasientane på feltlasarettet rolege når flyalarmen gjekk – bortsett frå ein gong då to såra russiske fangar var innlagde for behandling: “Når tordenen fra bombeflyene hørtes i det fjerne moret de seg kostelig, skrek ”Molotov bom bom!” Finnene trakk putene over hodet og mumlet innbitt: Perkele Molotov!”<sup>499</sup>

#### 4.8 Avvikling av Finlandsambulansen

Vinterkrigen vart avslutta med ein fredsavtale mellom Finland og Sovjetunionen 13. mars 1940. Samtidig var ein ny kontingent Røde Kors-personell på veg frå Noreg, og det at kamphandlingane hadde stilna, gjorde at denne fekk litt andre oppgåver enn dei føregåande to mannskapa. Avløysinga skjedde den 19. mars 1940 i Muhos. Feltsjukehuset i Sotkamo vart avvikla i løpet av ei veke etter fredsslutninga, men drifta av basissjukehuset måtte halde fram. Krigen var slutt, men det var ikkje behandlings- og pleiebehovet for dei om lag 200 pasientane som låg der. Mykje av verksemda vart no konsentrert rundt å drive “reparerende krigskirurgi så langt evnene rakk.”<sup>500</sup> I tillegg fekk ein fleire nye og hardt skadde pasientar frå feltlasarettet i Sotkamo.<sup>501</sup> Men tida gjekk, og pasient etter pasient vart utskriven frå det “norske” sjukehuset i Muhos. I april drog ambulansens leiar Nikolai Paus til Helsingfors for diskutere ei avrunding av det norske engasjementet med den finske saniteten. På vegen tilbake til Muhos den 9. april fekk han eit telegram “hvori det blev meddelt mig, at Norge hadde mobilisert, og at de finske myndigheter forstod, at ambulansen måtte reise så snart som mulig.”<sup>502</sup>

I sin sluttrapport har Nikolai Paus ein passasje der han skildrar eit besøk i den vesle soknekyrkja i Sotkamo. Gudshuset var fullt av kister, 97 i talet: “Rundt omkring gikk koner og barn og løftet kistelokkene – lette for om mulig å finne sine falne. Det var et syn så trist, at

<sup>497</sup> Welle Strand 2001:79f

<sup>498</sup> Welle Strand 2001:79f

<sup>499</sup> Mannskapsavisa 7-8 1965

<sup>500</sup> Representantskapets beretning om Norges Røde Kors's virksomhet 1938 – 1940 s. 16

<sup>501</sup> Welle-Strand 2001:86

<sup>502</sup> Rapport om den 3dje Finlands-ambulanses virksomhet såvel i Finland som i Norge. Mappe Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

det umulig kan beskrives.”<sup>503</sup> Noko av det same alvorlet pregar omtalen av det norske personalets avreise frå Muhos den 9. april, dagen då Tyskland invaderte Noreg. Avskjeden frå dei finske pasientane var svært kjensleladd. Då nordmennene drog av garde, stod dei som var i stand til det, oppstilte i hallen, medan dei song Sillanpääs marsjsong: “(...) Gamla, unga – vårt liv och blod / Offras glatt och med mannamod: / Så länge en enda her har vapen i hand / Står än upprät vårt fosterland.” Det er ein rørt Nikolai Paus som konstaterer: “Det var ikke en av disse menn, som ikke hadde fulgt oss, hvis de hadde hatt helsen. Det var avskjeds-øieblikke, som aldrig glemmes.”<sup>504</sup>

#### 4.9 Kulturmøte

Nikolai Paus og alle dei litt over 80 andre nordmennene som tenestegjorde ved ambulansen, hadde dei vel to månadene sidan årsskiftet 1939 – 40 opplevd eit rad kulturmøte som tydeleg sette sterke spor etter seg. Finnane var eit anna folk, men scena frå kyrkja i Potsamo og avskjeden i Muhos viste at det var knytt mange personlege band mellom finnane og nordmennene. Nordmennene opplevde ein fellesskap med dei som utløyste solidaritet, empati og medliding, og dermed handling og vilje til å hjelpe. Medliding og empati kjende dei heilt sikkert også for russarane som fekk fekk behandling for alvorlege skader i Muhos og Sotkamo. Men kanskje kan det det likevel vere rett å hevde at russarane tihørde kategorien St. Tschudi Matsen kalla *Dei andre*, “(...) de som står utenfor gjerdene, rasens, nasjonens, klassens, partiets, religionens gjerder.”<sup>505</sup>

Dei norske Røde Kors-søstrene fekk nok også sterke relasjonar til pasientar og andre dei møtte i Finland. Kvinnene opptre nærast berre som skuggar i rapportar, notat og andre dokument som omhandlar Finlandsambulansen i Røde Kors-arkivet. Til dømes er det ambulanseleiarane sine observasjonar som gir eit innblikk i relasjonane mellom søstrene og pasientane deira. Andre kjelder kan imidlertid gi ein peikepinn på mellommenneskelege band som oppstod. Laura Hoff var med i den første kontingenten, og gjorde teneste ved krigssjukehuset i Muhos. I hennar fotoalbum frå opphaldet i Finland finst det mange bilete der Røde Kors-søstrene opptre saman med pasientar og andre finnar, både i pleiesituasjonar og ved andre, meir hyggelege høve. Det er tydeleg at pleiarane og pasientane trivst godt i kvarandre sitt selskap; latteren og smila sit laust – trass i dei alvorlege skadane mange av

---

<sup>503</sup> Rapport om den 3dje Finlands-ambulanses virksomhet såvel i Finland som i Norge s. 5. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>504</sup> Rapport om den 3dje Finlands-ambulanses virksomhet såvel i Finland som i Norge s. 6f. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>505</sup> Norges Røde Kors månedstidskrift 12/1939

finnane slit med. Her er også nokre bilete der norske Røde Kors-søstrene er saman med finske søstrer og lotter, og det er tydeleg at dei har funne tonen.

I albumet finst også eit postkort som Laura fekk i slutten av mars 1940, etter at ho var vel tilbake i sitt daglege arbeid ved sjukehuset i Drammen. Ho har tydelegvis sendt ein pakke med noko velsmakande til finske kollegaer. Ordlyden i kortet er slik: “Kjære Laura! Församlade till kaffe på “Lotta-café” sända vi dig en hjärtlig hilsen och tack för packetet. Det smakar dejligt. Tusen takk.”<sup>506</sup> Kortet er signert ei Ruth Kojola og 12 andre finske kvinner. Det er all grunn til å tru at dette var søstrer og lotter som Laura vart kjend med og arbeidde saman med under Finlandsopphaldet sitt. Finland sette spor hos Laura Hoff og kollegaene hennar frå Noreg. Og dei sette spor i Finland.

Då Nikolai Paus og resten av den siste Finlandsambulansen kom til Noreg 12. april 1940, vart store delar av kontingenten sett inn i den norske sanitetsinnsatsen ulike stader,<sup>507</sup> denne gonge som ei nasjonalforeining i teneste for nasjonens forsvar. Her møtte Paus att “den senere sanitetschef, professor Johan Holst.”<sup>508</sup> Det er ei anna historie.<sup>509</sup>

#### **4.10 Aktivt opinionsarbeid**

“Finlands situasjon optar alle – både med tanken på dagen og på hvad fremtiden kan rumme. Og de inntrykk og erfaringer den norske ambulanse har høstet (...) vil vekke sterk interesse både på lægehold og blant menigmann.”<sup>510</sup> Slik sette ein journalist i Adresseavisa ord på ei utbreidd oppfatning i pressekreterar i den tida Norges Røde Kors hadde ambulanse i Finland. Gjennom alle krigsvekeene etter at ambulansen kom til Finland, var staben ved hovudkontoret på Bankplassen 1 Oslo særskild aktiv på mediafronten i Noreg. Stadig gjekk det ut pressemeldingar med korte og litt lengre rapportar om korleis det stod til med dei som hadde reist for å hjelpe det hardt plaga nabofolket. I ein rapport ført i pennen av Johan Holst og vidaresendt til Norsk Telegrambyrå, vart det understreka at alt gjekk etter planen: “De sårede soldater er alle ved godt mot. De setter helt rørende pris på det stell de får.”<sup>511</sup>

---

<sup>506</sup> Postkort i fotoalbumet “Finland 1940. Laura Hoff.”

<sup>507</sup> Meinich 1957:34

<sup>508</sup> Rapport om den 3dje Finlands-ambulanses virksomhet såvel i Finland som i Norge s. 8. Mappe “Finland I, Rapport fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>509</sup> Holst var heime i Noreg att då Noreg vart invadert av Tyskland, og vart sjef for den norske saniteten. Etter kapitulasjonen vart han med i Milorg-leiinga, og flykta seinare til Storbritannia, der han vart sjef for Forsvarets sanitet. Sjå [https://no.wikipedia.org/wiki/Johan\\_Holst](https://no.wikipedia.org/wiki/Johan_Holst)

<sup>510</sup> Adresseavisen 15.2.1940

<sup>511</sup> Pressemelding 31.1.1940 Mappe “Finland – film, meddelser til pressen, foredrag.” Boks 51, RA

#### 4.10.1 Den gode finnen og “Østens horder”

Johan Holst låg heller ikkje på latsida etter at han kom heim til Noreg. Reisa gjekk via Trondheim, og han lèt seg villeg intervju i Adresseavisen. Avisa uttrykte klart den same sympatien for ambulansen som resten av den norske pressa, og kalla Holst og dei andre “ambulanse-pionerer.”<sup>512</sup> Etter å ha gjort greie for verksemda til ambulansen, og skadane ein fekk til behandling, kom Holst med eit hjartesukk. Han visste at mange norske frivillege hadde meldt seg til kamp for broderfolket, men fann det “sørgelig så meget av vårt lands beste ungdom går i kampen uten å være ledet av sitt lands eget befal.”<sup>513</sup> Holst viste til at alle andre lands frivillege hadde egne befal.<sup>514</sup> Igjen: Holst sitt engasjement for Finland var ikkje utelukkande humanitært; han meinte det nordiske broderfolket burde få norsk militær hjelp, og den måtte vere så profesjonell som muleg.<sup>515</sup>

Det er her interessant å sjå korleis Holst prøvde å fylle to funksjonar. Han var i Finland for å leie eit humanitært hjelpearbeid i god Røde Kors-ånd, slik denne kom til uttrykk i den tidlege og mest idealistiske pionørtida etter danninga av organisasjonen på 1860-talet, og ikkje minst slik ambulansen vart framstilt overfor den norske opinionen. Det var snakk om å lindre og bøte på verknadene av det Barnett kalte dei menneskelege *destruksjonskreftene*, som refert til i kapittel 2. Samtidig var Holst oppteken av at dei same kreftene måtte *styrkast* på den finske sida i konflikten med Sovjetunionen, og gjerne med norsk hjelp. Kanskje var han klar over paradokset som låg i dette – men Holst sjølv og Norges Røde Kors hadde jo heller ikkje lagt særleg vekt på nøytralitetsaspektet ved oppdraget i Finland, verken internt eller overfor opinionen i Noreg. I alle fall er det få eller ingen spor etter slike refleksjonar i arkivet. Som vi har sett tidlegare i dette kapittelet kan det også trygt seiast at Holst ikkje var nokon pasifist, og heller ikkje nødvendigvis ein *trejde stridande*, slik det gamle Røde Kors-idealet lydde. Tvert om; under borgarkrigen i Finland i 1918 hadde han regelrett *kjempa* med våpen i hand på den kvite sida. Og det trass i at han, som under Vinterkrigen, var komen dit som representant og lege for Norges Røde Kors.

---

<sup>512</sup> Adresseavisen 15.2. 1940

<sup>513</sup> Adresseavisen 15.2. 1940

<sup>514</sup> Adresseavisen 15.2. 1940. Sjå også Aftenposten 15.2. 1940

<sup>515</sup> Det er også ingeniør Hans Eckholdt inne på i eit intervju i Dagbladet i februar 1940. Han var i Finland samtidig med Holst.

Initiativtakaren til Finlandsambulansen heldt talrike foredrag – “hver kveld siden han kom hjem.”<sup>516</sup> Høgdepunktet i så måte var nok den store velkomstfesten for Finlandsambulansen i lokala til Det medisinske Selskap i Oslo den 11. mars. Arrangørar var Foreningen Norden og Norges Røde Kors. Applausen runga då Holst gjekk på talarstolen, og det han hadde å seie “blev påhørt med spent oppmerksomhet,”<sup>517</sup> mellom anna av kong Haakon og kronprinsparet på første rad. Foredraget, slik det er referert i Aftenposten, gir eit interessant konsentrat av Holst sitt syn på finnane sin kamp – og dermed også på russarane. Det er liten grunn til å tru at desse haldningane ikkje fann djup resonnans hos tilhøyrarane.

Etter først å ha skildra verksemda til krigssjukehuset og feltlasarettet “blant sårede finske helter,”<sup>518</sup> understreka Johan Holst “den fabelaktige dyktighet og tapperhet som det finske folk har vist under denne ulike kamp”<sup>519</sup> Ëin ting var finnane sin fysiske styrke: “Man har hevdet at finnene er så usedvanlig hårde, og det er nok så at deres fysikk står høit over gjennomsnittsmennesket,”<sup>520</sup> sa professoren i kirurgi, utan å legge fram medisinsk empirisk belegg for denne påstanden. Det var det då heller ikkje behov for. Holst meinte nemleg at forklaringa på finnane sine spesielle eigenskapar låg langt djupare enn berre på det fysiske planet – ja, faktisk “i en enklere og renere livsoppfatning enn den man finner hos de av materialismen gjennemsyrte vesteuropeiske folk.”<sup>521</sup> Finnen står i Holst sitt narrativ ikkje berre fram som ein motpol til russarane, men også som ein ubesudla forsvarar av ein vesteuropeisk kultur som alt er tilsmussa av konsumerisme og materialisme.<sup>522</sup>

Det er noko *hamsunsk* over dette; noko antimoderne og tilbakeskodande, som om finnen kjempar for ideal resten av Norden og Vesten har gløymt. Vidare blir finnen hylla inn i eit nær mytologisk slør, med ei historisk rolle som utpost mot barbariet i aust, og Holst tek opp igjen tråden frå radioreportasjen han deltok i like etter at han kom til Finland i januar. Det er nemleg ånda frå “Fenrik Ståhls saga man møter der den dag i dag, den ånd som er skapt av bevisstheten om at alle slektsledd må være beredt til å ta sin tørn og ofre sitt liv i kampen mot Østens horder.”<sup>523</sup>

---

<sup>516</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>517</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>518</sup> Tittel i Norges Røde Kors Månedstidsskrift 2/1940

<sup>519</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>520</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>521</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>522</sup> At Finland si oppgåve var å forsvare den vesterlandske kulturen, var også feltmarskalk Mannerheim inne på i sin takktale til dei finske troppane den 13. mars 1940.

<sup>523</sup> Aftenposten 12.3.1940

Finnane er eit *folk*, medan sovjetrussarane er “horder (...)hærmasser”<sup>524</sup> – ansiktslause og aggressive bølger som veltar inn over eit uskuldig lite land. Og at sovjetrussarane ligg på eit lavare sivilisasjonsnivå, kjem vel fram mellom linjene i avisreferatet når Holst igjen uttrykker sinne over den manglande respekten Den raude armè viste Genferkorset: “Når det gjelder krig på den *østlige* (mi utheving) front iallfall, kan man gjerne la Genferkorset bli liggende i feltlasarettets kasse (...).”<sup>525</sup> Sovjetrussarane strittar altså mot den *siviliseringa* av krigen som ein gong for lenge sidan var målet til Dunant, Moynier og dei andre pionerane i Røde Kors sin spede barndom. Det vert i foredraget etablert eit *oss* og eit *dei*, der finnane vert innlemma i ein førestilt *nordisk* fellesskap, *oss*, som deler sentrale verdiar; “troskap og urokkelig vilje til å verne hjemmets jord.”<sup>526</sup>

Også Arne Hvoslef, som seinare også gjorde teneste som feltlege i Korea, var som Holst imponert av finnane. I eit intervju sa han at dei finske soldatane var heilt spesiell, og meinte fysiske eller psykiske påkjenningar ikkje beit på dei. Dei klaga aldri over lagnaden sin: “Når vi spurte pasientene om hvordan de hadde det, var svaret alltid “Kynä” – bedre – uansett hvor hårdt såret de var. Finnene viste meg virkelig hva det vil si å være mannfolk.”<sup>527</sup>

Eit usignert og udatert foredrag i Røde Kors sitt arkiv teiknar eit bilete av eit heroisk finsk folk sin kamp mot hordane frå aust. Truleg vart det ført i pennen etter krigen slutt av generalsekretær Arnold Rørholt. Som tidlegare nemnt var han på eit kort besøk i Finland under krigen. Der møtte han det finske Røde Kors, i tillegg til at han fekk sjå verksemda til den norske ambulansen på nært hald. Forfattaren hentar metaforar frå bokseverda:

Forestill Dem en kamp mellem en liten teknisk fullkommen fjærvekter og Carnera.<sup>528</sup> Hvert av Carneras slag er tilstrekkelig til å knuse motstanderen, NB. Hvis han da treffer, men fjærvekteren holder seg akkurat utenfor rekkevidde slik at alle slagene bare snerter ham, danser rundt i ringen og lokker sin tungt bevegelige motstander efter sig inntil han i et lynsnart angrep plaserer en rekke velrettede slag, – og danser så ut av rekkevidde igjen. (...) Omtrent slik er den kamp som Finland siden 1. desember i fjor har ført mot den russiske bjørn.<sup>529</sup>

---

<sup>524</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>525</sup> Aftenposten 12.3.1940

<sup>526</sup> Etter foredraget til Holst var direktør Harald Grieg inne på at det på dette tidspunktet i mars gjekk føre seg fredssamtalar mellom Finland og Sovjetunionen, og at finnane hadde grunn til å kjenne seg bitre over den manglande hjelpa dei hadde motteke frå dei andre nordiske folka: “Det kan bli vanskelig å gjenskape den nordiske samfølelse som hadde vokset sig så sterk. I så fall vil det arbeidet den norske Finlandsambulans har utført få betydning langt utover dets egentilge mål. Den sympati den har vunnet sig hos det finske folk vil veie tungt i vektskålen til vår fordel.” Aftenposten 12.3. 1940

<sup>527</sup> Intervju med Arne Hvoslef i Mannskapsavisa 7-8/1965

<sup>528</sup> Primo Carnera var verdsmeister i boksing 1933 – 34, over 2,05 m høg og meir enn 125 kg tung.

<sup>529</sup> Foredrag 1940 om Finland. Mappe “Finland – film, meddelser til pressen, foredrag, Boks 51, RA

Rørholt er som Holst og Hvoslef tydeleg imponert over “de finske soldaters hårdførhet,”<sup>530</sup> over deira brennande ønske etter å vende tilbake til fronten for å kjempe vidare, trass i alvorlege skader. Desse arketypiske finske eigenskapane vert i foredraget personifiserte, for ikkje å seie besjela, av to finske såra soldatar som Rørholt trefte på; løytnant Pekka og soldat Nurmi. I tre og ein halv månad var det finske folk *ein* organisme: “Hver mann, fra guttungen til det gamle menneske, – hver kvinne hadde sin plass, og hele folket levet for en eneste ting, – nemlig å tilføie russerne så megen skade som mulig og holde ut inntil hjelpen kom.”<sup>531</sup>

Men hjelpa – den militære – kom jo aldri i eit slikt omfang at den endra utfallet av krigen. Og nettopp dette triste faktum får Rørholt til å konkludere med at finnane etter krigen var eit skuffa folk, og at Norge og Sverige ikkje hadde innfridd dei forventningane hadde til naboane sine: “(...) vi har sittet trygt på vår tue (...) men jeg tror at man i Finland er klar over at den norske ambulanse ydet glimrende arbeide.”<sup>532</sup> Ja, skuffa og bitre var dei nok, finnane. Men dei var framleis stolte, hugsa Arne Hvoslef, som var til stades då ei gruppe finske soldatar ved fronten fekk vite om fredsavtalen med russarane i midten av mars: “Finnene satt tause rundt en radio da de harde betingelsene ble kunngjort. Det var ingen glede å spore blant soldatene. Men plutselig reiser en seg og utbryter: - Ta mej fan'n, æran har vi reddat!”<sup>533</sup>

Krigen mellom Sovjetunionen og Finland var i augene til Holst, Rørholt og andre noko langt meir enn ein mellomstatleg, militær konflikt. Vinterkrigen var ein samastøyt mellom kulturar og ideologiar – ja, kanskje kan vi seie *sivilisasjonar*. Dette var ingen enkel strid om ressursar og territorium for ein mann som Holst. Det var ein eksistensiell kamp. Og han kjempa på den finske sida, ved operasjonsbordet, med skalpell, slik han hadde kjempa på den kvite sida i 1918. Den gong hadde han skalpell i den eine handa – og våpen i den andre.

#### 4.11 Skisma

I januar 1940 bestemte Foreningen Norden seg for å utvide innsamlinga til Finland som organisasjonen hadde hatt saman med Norges Røde Kors. Foreininga ville starte ein ny aksjon, “Nordens landsinnsamling for Finland,” saman med ei rekke andre riksdekkande organisasjonar. Pengane skulle no gå til den finske legasjonen i Noreg, som dermed også fekk

---

<sup>530</sup> Foredrag 1940 om Finland. Mappe “Finland – film, meddelser til pressen, foredrag, Boks 51, RA

<sup>531</sup> Foredrag 1940 om Finland. Mappe “Finland – film, meddelser til pressen, foredrag, Boks 51, RA

<sup>532</sup> Foredrag 1940 om Finland. Mappe “Finland – film, meddelser til pressen, foredrag, Boks 51, RA

<sup>533</sup> Mannskapsavisa 7-8/1965



avgjere korleis pengane skulle brukast. Det Finske Røde Kors vart dermed ikkje lenger adressaten for dei innsamla midlane. Norges Røde Kors takka nei til å vere med på det nye initiativet, “da det ikke vil stemme med Røde Kors’ ånd å bevilge penger til våben o.lign.”<sup>534</sup> Norges Røde Kors heldt difor fram med si innsamling på eiga hand.

Brotet i samarbeidet skapte problem for Norges Røde Kors, tydelegvis fordi mange i opinionen oppfatta det slik at landsforeininga ikkje lenger dreiv pengeinnsamling til Finland. Derfor vart det i ei pressemelding presisert at “(...) aldri har nødropene frå det tappert lidende finske folk vært mere inntrengende. (...) For å avhjelpe nøden og ulykken i Finland fortsetter derfor Norges Røde Kors sin innsamling og vil av all kraft søke å skaffe midler.”<sup>535</sup> Til slutt konkluderer generalsekretær Arnold Rørholt i nokre patosfylte vendingar med at arbeidet for Finland vil halde fram: “Ved å holde ambulansen i Finland lindrer vi ikke bare lidelsene hos dem som er såret under kampen for sitt land, oppfyller vi ikkje bare Røde Kors’ første og største opgaver, men vi hjelper oss selv, vi hjelper Norge.”<sup>536</sup> Finlandsambulansen kan altså oppfattast å vere ein del av forsvaret av fedrelandet. Det er elles eit interessant poeng at Norges Røde Kors av prinsipp ikkje involverte seg i aktivitetar som kunne bidra til å finansiere våpen, samtidig som leiaren og initiativtakaren til Finlandsambulansen på si side ivra for militær hjelp til Finland ved sitt krav om at dei norske frivillege soldatane måtte underleggast norsk befall.

#### 4.12 Situasjonsbestemt humanitarisme?

I kapittel 2 var eg inne på eit viktig poeng i Michael Barnetts *Empire of Humanity*,<sup>537</sup> nemleg at humanitarisme aldri kan bli ein *transhistorisk* kategori fordi den alltid vil vere rotfesta i og farga av samtidas oppfatningar av kva humanitet er for noko. Dermed vil også samtida og forståingshorisonten ein ber på vere med og bestemme kven som treng – ja, faktisk også kven som *fortener* – hjelp. Norges Røde Kors sin Finlandsambulanse er etter mitt syn eit godt eksempel på dette. Dei verdige trengande var Finland og det finske folket, det var dei som var offer for eit kaldblodig åtak frå ein barbarisk nabo i aust. Derfor var det også enkelt – ut frå samtidas norske (og vestlege) verdisyn – å plassere sympatien på den eine sida. Sovjetunionen

---

<sup>534</sup> President Nikolai Paus i eit brev til Norges Røde Kors sine distrikt og kretsar 12. mars 1940. Mappe “Opphør av samarbeidet med foreningen Norden,” boks 52, RA

<sup>535</sup> Pressemelding 26. januar 1940. Mappe “Opphør av samarbeidet med foreningen Norden,” boks 52, RA

<sup>536</sup> Pressemelding 26. januar 1940. Mappe “Opphør av samarbeidet med foreningen Norden,” boks 52, RA

var kommunistisk, totalitært, og vart oppfatta som ein eksistensiell trussel mot heile den vesterlandske kulturen og sjølve den økonomiske og sosiale samfunnsordninga. Vinterkrigen var dermed også eit møte mellom to kulturar. Den eine representerte det nordmennene kunne identifisere seg med og kjenne seg heime i, den andre var framand. *Tutti fratelli! Vi er alle brødr!* Det universalistiske slagordet til Røde Kors var nok eit ideal også for dei som drog til Finland. Men nokon var meir brødr enn andre.

I si masteroppgåve, “*Utforming og gjennomføring av norsk humanitær hjelp etter opprøret i Ungarn, 1956 – 1957*” dreg Heidi Cecilie Vekony Olsen opp interessante perspektiv på Norges Røde Kors si rolle i forhold til ein annan internasjonal konflikt.<sup>538</sup> Ungarn-krisa oppstod etter at den kalde krigen hadde avløyst 2. verdskrigen. Her blir det peika på at det store og vedvarande flyktningproblemet i etterkrigstidas Europa hadde gitt Norges Røde Kors eit nytt handlingsrom internasjonalt, til dømes gjennom deltaking i Europahjelpen.<sup>539</sup> Røde Kors ligaen – organisasjonen av Røde Kors sine nasjonalforeiningar – vart også svært viktig som premissleverandør for Norges Røde Kors sine internasjonale engasjement. Ligaen slo fast at det var plikt for alle nasjonale Røde Kors-foreiningar å ha ein katastrofeberedakap, og at nasjonalforeiningane ved internasjonale hjelpeaksjonar skulle kanalisere hjelpa via Ligaen.

Slik var det ikkje for Finlandsambulansen til Norges Røde Kors, som meir fekk preg av eit direkte og mellomfolkeleg hjelpearbeid, utan eit overnasjonalt koordinerande organ som Ligaen inne i biletet. Rett nok hadde oppmoding om å hjelpe kome gjennom ICRC,<sup>540</sup> men frå då av var Norges Røde Kors sjølv i førarsetet med omsyn til korleis ambulansen skulle settast opp og drivast i Finland. Som vi har sett skjedde dette i tett samarbeid med det finske forsvaret.

Viktig var det også i tida fram mot Ungarn-krisa at verda vart meir og meir splitta av *den kalde krigen*. Røde Kors prøvde derfor å arbeide for fred på måtar som ikkje kunne oppfattast å tene den eine eller andre parten. Derfor skulle all hjelp skje kun på humanitært grunnlag; dei gamle berebjelkane frå Røde Kors sin barndom – nestekjærleik og universalisme, skulle settast i høgsetet og vere styrande for engasjementa. Bak dette låg erkjenninga av at fredsslutningar berre kunne kome gjennom politisk tilnærming mellom

---

<sup>538</sup> Vekony Olsen 2016

<sup>539</sup> Dette var ein aksjon for innsamling av matvarer til utdeling av flyktningar på kontinentet, og var eit slags motstykke til Nasjonalhjelpen, som var ei innsamling av midlar til naudlidande i Noreg. Sjø Vekony Olsen 2016:72

<sup>540</sup> Svarbrev til Diethrichson i mappe “Finland III, Oprop fra foreningen Norden og Norges Røde Kors ang hjelp til Russland” Boks 53 RA

blokkene. “Ved et slikt upolitisk og allmennmenneskelig “forberedende” arbeid for freden skulle skillelinjene fjernes og større forståelse skapes for andres problemer både på det nasjonale og internasjonale plan, slik at grunnlaget litt etter litt kunne legges for en holdbar fred.”<sup>541</sup> Kanskje var denne nye vektlegginga av nøytraliteten eit forsøk på å gjere humanitær hjelp til det Barnett hevdar er umuleg i den verkelege verda: *Ein transhistorisk kategori*.

Vekony Olsen peikar på at ICRC i tilfellet Ungarn vektla universalismen ved å løfte fram dei berande prinsippa i Genevekonvensjonen: at alle deltakarar i konflikten skulle behandlast med respekt, og sårå og sjuke skulle bli tekne hand om utan diskriminering. Denne apolitiske haldninga til den internasjonale komiteen kjenneteiknar *naudhjelpshumanitarismen*, der prinsippa om nøytralitet, upartiskheit og uavhengigheit er viktige for å kunne nå fram med hjelp til menneske i naud. Dette er ei haldning som fokuserer i støre grad på symptoma enn på årsakene til lidinga. ICRC tok ikkje stilling til årsakene til opprøret i Ungarn, men ville berre hjelpe dei som leid som følgje av det.<sup>542</sup>

Sjølv om begge konfliktane var væpna, var situasjonen i Ungarn 1956 – 1957 og Finland 1939 – 1940 på mange måtar fundamentalt forskjellige, og dermed også innsatsen til Norges Røde Kors. Oppfatninga i vestleg opinion av kven som var aggressoren, var nok mykje godt den same ved begge høva. I Ungarn var det først og fremst flyktningsspørsmålet som stod i fokus, i oppdraget til Finlandsambulansen var det humanitær bistand til den eine parten på slagmarka.

Finlandsambulansen var altså ikkje *apolitisk*. Tvert om, det var aldri tvil om kva side ambulansen, og dermed Norges Røde Kors, var på. Naturlegvis ville ein hjelpe lidande medmenneske – begrense dei grusomme verknadene som krigen hadde på skada og sårå. Men ved å samarbeide så tett med den eine krigførande parten som dei gjorde, og ved å gjere sine disposisjonar i tett samråd med det finske forsvaret, må det kunne hevdast at Finlandsambulansen indirekte var med på å styrke den finske forsvarsevna. I avtalen med den finske forsvarsleiinga stod det også eksplisitt at finske sivile skulle hjelpast i den grad lokale styresmakter var ute av stand til å gjere det. Implisitt: Finske soldatar skulle ha hovudprioriteten.

---

<sup>541</sup> Sæter 1965: 214

<sup>542</sup> Vekony Olsen 2016:75f . Det kan elles her leggst til at nettopp denne apolitiske haldninga til ICRC har vore sterkt kritisert. Eit eksempel på det er krigen i Etiopia, der komiteen i svært liten grad kritiskerte Italia for å bruke stridsgass. Denne viser også dilemmaet: Kor langt kan ein gå i kritikk av ein krigførande part, før det går utover evna og mulegheitene til å yte hjelp.

## 5 Søstrene – identitet, ideal og motivasjon

Vi har sett at den finsk-russiske krigen vekte ei voldsom interesse og sterke reaksjonar i den norske opinionen, og at dette utløyste ulike former for folkeleg engasjement i store delar av samfunnet. Oppmodingar og appellar om hjelp til flyktingar, bidrag til innsamlingsaksjonar m.m. fekk god respons. Rundt 700 nordmenn valde å reise til Finland for å kjempe på dei finske soldatane si side. Deltaking i Norges Røde Kors sitt arbeid på krigssjukehuset i Finland var ein annan kanal for å “gjere noko” for eit broderfolk i nød. Dette er den ytre historiske ramma for Finlandsambulansen.

Humanitarianisme handlar om å møte andre sine behov, og samtidig møte våre eigne, meiner Michael Barnett. Nokre menneske er motiverte av ei kjensle av makt og kanskje til og med ein meir eller mindre umedviten arroganse i forhold til den som mottek hjelpa; andre kan bere på ei slags ei indre oppfatning av skuld som må gjerast opp for, kanskje religiøse ønske om frigjering og frelse. Atter andre er ute etter å demonstrere eiga godheit overfor seg sjølve og omverda. Ofte er vel altruisme og filantropi eit resultat av ei blanding av ei mengd motiv.

Det kan vere interessant å sjå nærare på kva ytre – og, så langt det er muleg, indre – motivasjonskrefter hos Røde Kors-søstrene som kan ha bidrege til at dei valde å forlate eit relativt trygt tilvere i Noreg for å vere med på det store oppdraget. I den samanhengen er det føremålstenleg å sjå på kva tankeunivers og forståingshorisont desse kvinnene levde med, og kva krefter i tilveret deira som Røde Kors-søstrer som kan ha utløyst dette konkrete ønsket om å bidra då naboen i aust kom i krise. Vi skal møte ein kultur som, for sjukesøstera som levde i den, representerte eit mangslunge og samtidig heilskapleg syn på hennar eiga gjerning i verda. Det er snakk om eit univers og ein historisk tradisjon som kunne tilby både danning, oppgåver og høge mål å strekke seg etter, både reint praktisk og eksistensielt.

### 5.1 Søstrer utan stemme?

Ein gjennomgang av arkivet til Røde Kors, interne notat, rapportar frå leiarane av Finlandsambulansen, Røde Kors sitt månadskrift og årsmeldingar, og ikkje minst samtidige aviser, gir grunnlag for ein slående og påfallande observasjon: Røde Kors-søstrene som var med på oppdraget i Finland desse tre opprivande og hektiske første månadene av 1940, framstår i svært liten grad med *eigne stemmer*. Vi får eit inntrykk av kven dei var og kva dei gjorde kun gjennom den framstillinga og representasjonen dei får av legane og andre som arbeidde saman med dei. Røde Kors-søstrene hadde ei heilt avgjerande rolle i arbeidet, både under planlegging og oppsetting av ambulansen, men også i den daglege drifta av både

krigssjukehuset i Muhos og feltlasarettet i Kotsamo. Dei var nærast pasientane, dei gav dei pleie og omsorg, og dei utsette seg sjølve for ein ikkje ubetydeleg risiko. Likevel er det andre som skildrar innsatsen deira, og gir oss eit inntrykk av haldningane og innstillinga dei møtte oppdraget med. I ein av rapportane sine skriv til dømes Johan Holst at søstrene yter ein framragande innsats: “Pleien av de mange hårdt sårede er meget vanskelig, men søstrene greier det på en beundringsverdig måte.”<sup>543</sup> Også i sin oppsummerande rapport brukar Holst tid og plass på å lovprise søstrene:

Søster Astrid Frenning har hovedæren for ambulansens opsetning, således at alt det sykehusmessige klaffet til fulkommenhet. Oversøster Esther Karlson var, støttet av alle de andre søstre en fremragende og elskelig chef for en sykepleie, som menneskelig og faglig stod så høyt som overhodet mulig, som innbragte søstrene patientenes største hengivenhet, og som vårt land kan være stolt av. (...) et glimrende arbeide, som gikk med liv og lyst, og som vanskeligheter ikke syntes å eksistere. (...) og de 2 søstre arbeidet like selvfølgelig og rolig til akompanement av duren fra russiske fly nærmet sig, maskingeværenes knattring og drønnende bombenedslag. De lærte oss at sykepleiersker arbeider like godt som noen mann i de forreste linjer, og at likeså sikkert som kirurgien må trekke frem til fronten, like sikkert må sykepleierskene med.<sup>544</sup>

Mann og kvinne blir på sett og vis likestilt av Holst, men der ligg likevel ein lett paternalistisk tone skjult i “like godt som noen mann” – som om mannen er standarden kvinna skal målast mot. Etter heimkomsten, på spørsmål frå ein journalist om korleis “de norske sykesøstre tok påkjenningen,”<sup>545</sup> svarte Johan Holst imidlertid meir kontant: “Med samme sinnsro som menn.”<sup>546</sup> Møtet med søstrene og deira innsats kan tilsynelatande sjå ut til å ha gjort noko med dei stereotypiane overlegen måtte ha hatt av “det svake kjønn” i ein krigssituasjon.

Heller ikkje leiaren for den 2. kontingenten, Knud Nicolaysen, sparer på godorda: “De var trette, men alltid blide og øiensynlig lykkelige over aa faa yte al den hjelp de kunde til sine prektige pasienter.”<sup>547</sup> Fram trer eit bilete av oppofrande og sjølvutslettande kvinner som pressa seg for å gjere godt for lidande medmenneske. Dei “utførte et virkelig kjærlighets-

---

<sup>543</sup> Rapport nr 2 fra Finlandsambulansen frå Johan Holst til Norges Røde Kors. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA

<sup>544</sup> Sammenfattende rapport fra J.Holst, s. 5. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA. Også gjengitt i Månedstidsskrift for Norges Røde Kors 2/1940

<sup>545</sup> Aftenposten 15.2.1940

<sup>546</sup> Aftenposten 15.2.1940

<sup>547</sup> Rapport om Finlandsambulanse 2 til Norges Røde Kors s. 3f . Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

arbeide (...) Ydende kjærlighetsarbeide på den ene side, takknemlighet og påskjønnelse på den annen.”<sup>548</sup>

*Ydende Kjærlighedsarbeide.* I dette ordparet ligg mange av dei ideala og forventningane som sjukesøstrene i Finland vart venta å strebe imot å oppfylle. Dei kvinnelege Finlandsfararane er så godt som stemmelause i rapportar og skriv som i dag er å finne i organisasjonens arkiv – og i like stor grad i samtidige riksmidia. I staden framstår dei som sjølve inkarnasjonen av eit tenande sjukepleiar- og kvinneideal med djupe historiske røter. Dei er representantar for ei kvinnedominert yrkesgruppe som *både* var eit resultat av samfunnsutviklinga frå siste halvdel av 1800-talet og framover, og *samtidig* var med på å prege den same utviklinga.

## 5.2 Sjukepleien – gammal omsorg i nye former

Framover på 1900-talet vart ein uniformert sjukepleiar frå Røde Kors det dominerande symbolet på organisasjonen si verksemd, “alltid beredt til å lindre menneskers nød.”<sup>549</sup> Dette var ikkje så rart, for utdanninga av sjukepleiarar vart no den viktigaste enkeltaktiviteten for landsforeininga.<sup>550</sup>

Fram til midten av 1800-talet var hospitala i byane mest å rekne for interneringsanstaltar for fattige sjuke og menneske som hadde fått epidemiske sjukdommar. “Sjukepleiarane” på denne tida, *gangkonene*, var ofte eldre kvinner, og gjerne enker. Dei hadde lav status, var rekrutterte frå arbeidar- og tenesteklassen, hadde lite *dannelse*<sup>551</sup> og vart sett ned på av høgare sosiale lag.

I siste halvdel av 1800-talet vart det gjort store framsteg på det medisinskfaglege feltet. Samtidig bidrog sterk urbanisering og befolkningsvekst i byane til auka behov for sjukehus og andre institusjonar. Medan hospitala si hovudoppgåve hadde vore å gi pleie og omsorg, var det på sjukehusa viktigast å gi *medisinsk behandling*. Sjukehusa vart då også ein arena for utdanning av legar. Vanlegvis var det fattige som vart lagde inn på sjukehusa – dei meir kondisjonerte som kunne betale for seg, fekk legebehandling heime.<sup>552</sup> Befolkningsveksten, høgare levealder, ein aukande sosialpolitisk innsats frå styresmaktene si side, ei rivande utvikling i førebyggjande helsearbeid, framsteg innan behandlingsmedisin og

---

<sup>548</sup> Rapport om den 3dje Finlands-ambulanses virksomhet såvel i Finland som i Norge. Mappe “Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen.” Boks 51, RA.

<sup>549</sup> Mageli 2014:64

<sup>550</sup> Mageli 2014:64

<sup>551</sup> Martinsen og Wærness 1991:10

<sup>552</sup> Fause og Micaelsen 2008: s. 81

sterk vekst i talet på sjukehus: Alle desse faktorane auka behovet for kvalifiserte sjukepleiarar.<sup>553</sup>

### 5.3 Formalisert utdanning

Dei første sjukepleieutdanningane i Europa på 1800-talet var kristne. I det protestantiske Tyskland fekk diakonien frå oldtidskyrkja nytt liv som ein reaksjon på den store nøden og fattigdommen som breidde seg i fotspora etter napoleonskrigane og den industrielle revolusjonen. Der var mykje sjukdom mellom dei fattige. Mange kvinner i arbeidarklassen hadde imidlertid arbeid i industrien, slik at der oppstod store udekte pleiebehov.<sup>554</sup>

Det var ikkje godteke på denne tida at borgarskapens ugifte kvinner tok lønna arbeid utanfor heimen. Mange av desse ønskte meiningsfylte oppgåver, men var avskorne frå å ta del i omsorgsarbeid. I Kaiserwerth utanfor Düsseldorf oppretta presten Flidner i 1836 eit diakonissehus – ein *søsterheim* – som skulle erstatte familieheimen og ha sjukepleie som oppgåve. Kravet til diakonisseeleven var at ho måtte vere lese- og skrivekyndig, ha god hygiene og elles god vandel. Etter ei viss opplæring, vart elevane sende ut for å arbeide i sjukehus og heimesjukepleie.<sup>555</sup>

Diakonissehuset i Keiserwerth danna modell for den første formaliserte utdanninga av sjukepleiarar i Noreg, nemleg Diakonisseanstalten til Kristiania Indremisjon, som opna dørene i 1868. Det var eit mål å rekruttere diakonisseelevar frå dei betre stilte laga av befolkninga. Kvinnene skulle ikkje lenger sitje heime med hendene i fanget, men utdannast for sjukepleiens kristelege kjærleiksgjerning. Målet var å styrke det kristeleg-sosiale hjelpearbeidet gjennom sjukepleiarane sitt lydige, oppofrande og passive omsorgsarbeid.<sup>556</sup> Det første året utdanna institusjonen 14 diakonisser, og i 1900 var meir enn 400 pleiarar knytte til diakonissehuset i hovudstaden.<sup>557</sup> Diakonissehuset vart førebilete også for andre sjukepleiarutdanningar i Noreg. Mellom anna vart sjukepleiarane kalla søstrer, og sjukepleien vart sett på som ei miskunnsjærning fundert i eit kall.<sup>558</sup> Kristen nestekjærleik skulle linde menneskeleg naud.<sup>559</sup> Slik fekk unge ugifte kvinner frå gode heimar noko å leve for og av, og slik vart sjukepleie eit respektabelt og akseptabelt yrke i dei betrestilte laga av befolkninga. For å ta vare på denne nyvunne statusen for yrket, måtte imidlertid gangkonene frå arbeidar-

---

<sup>553</sup> Melby 1991: 27

<sup>554</sup> Fause og Micaelsen 2008:86

<sup>555</sup> Fause og Micaelsen 2008: 86f, 96f

<sup>556</sup> Martinsen og Wærness 1991:11f

<sup>557</sup> Melby 1991:27; Mageli 2014:64

<sup>558</sup> Fause og Micaelsen 2008: 93

<sup>559</sup> Mageli 2014:64

og tenesteklassen haldast på avstand.<sup>560</sup> Viktoriatidas kvinneideal var dominerande i borgarskapskretsar. Kvinna sin arena var heimen. Ho skulle vere uskuldig, rein og uvitande, og vere familiens hjarte.<sup>561</sup> Dette idealet vart på sett og vis overført til den nye sjukesøsterrolla. Sjukepleien fordra sjølvfornekting, at ein kunne føye seg og hadde kraft til å seie frå seg eigen vilje. Diakonisseutdanninga etablerte eit patriarkalsk og – vil mange seie – undertrykkande mønster i sjukepleien som skulle gjere seg gjeldande også i den *verdslege* greina av profesjonen.<sup>562</sup>

#### 5.4 Verdsleg sjukepleieutdanning – Røde Kors og andre

Før århundreskiftet var behovet for sjukepleiarar større enn tilbodet,<sup>563</sup> og då Norges Røde Kors satsa på sjukepleieutdanning, vart dette eitt av fleire slike verdslege tilbod som no dukka opp i privat-humanitær og offentleg regi.<sup>564</sup> Skulle ein kunne bidra på slagmarka, eit krav som jo var heile fundamentet for Røde Kors, måtte ein ha erfaring med stell av sjuke, var omkvedet. Så lenge den offentlege sjukepleien ikkje kunne å tilby ein slik “øvingsarena,” måtte Norges Røde Kors ta skeia i eiga hand. Foreininga vende seg til tre private klinikkar i Oslo for å organisere praktisk opplæring i sjukepleie.<sup>565</sup> I 1895 opna danske frk. Sophie Bornemann ein heim for sjukepleiarar som fekk praktisk undervisning på klinikken til ein dr. Jervell.<sup>566</sup> Røde Kors stod for den teoretiske undervisninga, og damene som deltok måtte sjølve betale kost og losji. Året etter vart dei første Røde Kors-søstrene uteksaminerte, og ved århundreskiftet hadde foreininga 30 søstre i rullane sine.<sup>567</sup> Samarbeidet med dr. Jervell varte fram til 1902, då Røde Kors opna sin eigen klinikk.<sup>568</sup>

No vart det i tur og orden stadig fleire verdslege sjukepleieutdanningar i landet. Røde Kors etablerte tilbod både i Bergen (1898) og i Trondheim (1906). Også Norske Kvinners Sanitetsforening og fleire kommunar opna tilbod. Før 1900 hadde landet 5 sjukepleieskular. I 1919 var talet 14.<sup>569</sup> Talet skulle berre auke på framover i det nye hundreåret. Felles for mange av skulane var at dei baserte seg på det før nemnde systemet med søsterheimar og sterk hierarkisk oppbygging.

---

<sup>560</sup> Martinsen og Wærness 1991:17

<sup>561</sup> Fause og Michaelsen 2008:87

<sup>562</sup> Martinsen og Wærness 1991:12 – 16.

<sup>563</sup> Melby 1991: 29

<sup>564</sup> Martinsen og Wærnes 1991:19

<sup>565</sup> Mageli 2014:64

<sup>566</sup> Wyller 1990:112. Hausten 1896 fekk ein også ein avtale med Rikshospitalet om at røde Kors skulle overta pleien ved ei av avdelingane der.

<sup>567</sup> Mageli 2014:66; Melby 1991:30

<sup>568</sup> Wyller 1990:112

<sup>569</sup> Melby 1991:31



Heilt frå starten bestemte Norges Røde Kors at ein skulle satse på *kvinnelege* sjukepleiarar. Dette vart sett på som enklast. Sjølv om Røde Kors var ein verdsleg organisasjon, vart sjukepleien like fullt sett på som ein kall som kravde totalt engasjement og forplikting. Utdanninga var kostbar og løna minimal. Difor var det også best om dei kvinnelege kandidatane kom frå dei høgare sosiale laga.<sup>570</sup>

Sjukepleiarane fekk ei veksande profesjonsstoltheit. Då Norges Sykepleierforbund vart stifta i 1912, hadde ein opptakskrav som skulle sikre kvaliteten på medlemmane, og slik markere avstand til ufaglærte pleiarar. “Sykepleien er et så stort kald, at det maa vernes om og ikke trekkes ned.”<sup>571</sup> Ein måtte ha eit minstemål av *utdanning* i faget.<sup>572</sup>

## 5.5 Nightingale-systemet

Idealet for NSF vart ei utdanning etter Nightingale-systemet. Eit viktig moment her var at utdanninga skulle vere mest muleg *uavhengig* av legane, det var dei overordna sjukepleierskene som hadde makta over utdanninga, og også over dei praktisk arbeidande sjukepleiarane. Her er altså eit aktivt forsøk på å skilje sjølve pleie- og omsorgsaspektet frå legegjerninga og den medisinskfaglege behandlinga; sjukepleien får sin eigen, sjølvstendige autoritet i systemet, sjølv om det var legane som hadde den absolutte makta og autoriteten i forhold til pasienten og vala som skulle gjerast med tanke på behandling etc.

Utdanninga NSF ønskte skulle vere knytt til eit større sjukehus.<sup>573</sup> Øvst i systemet stod ei forstandarinne, dernest kom oversøstrer og avdelingssøstrer. Dei sistnemnde hadde ansvaret for undervisning av elevane, som skulle følgje ein fastsett praktisk og teoretisk plan. Medan legane underviste i medisinske fag, tok avdelingssøstre seg av opplæring i teknisk-praktisk sjukepleie.<sup>574</sup> Ein skuleplan for Norges Røde Kors frå 1935 har tydelege avtrykk av denne utdanningsmodellen.<sup>575</sup> Eleven skulle dessutan bu på utdanningsstaden og vere under stadig tilsyn og leiing av overordna og lærarar. Disiplinen var hard, det var venta at eleven skulle arbeide mykje og lenge.<sup>576</sup>

---

<sup>570</sup> Fause og Micaelsen 2008:105

<sup>571</sup> Melby 1991:18f. 12 av dei 43 søstre som var med på stiftingsmøtet til NSF, var frå Røde Kors. Pionerane i den formaliserte sjukepleien, diakonissene, vart ståande utanfor.

<sup>572</sup> Ei viktig kampsak for forbundet i åra framover, skulle derfor bli kravet om ei treårig utdanning. Dette ville både heve kvaliteten på faget, og ikkje minst bidra til statusheving for profesjonen i samfunnet.

<sup>575</sup> I tillegg til det treårige løpet kom ein obligatorisk forskule på to – tre månader. Røde Kors sitt krav var at forskulen skulle vare i tre månader, som eit praktisk og teoretisk kurs før dei fekk nærme seg pasientane.

<sup>574</sup> Martinsen og Wærness 1991:86; Mause og Micaelsen 2008:146

<sup>575</sup> Plan for Norges Røde Kors' sykepleierskeskoler fastsatt av Landsstyret 1935. Mappe “Ensartede regler for NRK sykepleieskoler,” boks 248, Norges Røde Kors søsteravdeling Arkiv 1935 - 1945

<sup>576</sup> Martinsen og Wærness 1991:86; Fause og Micaelsen 2008:145 – 149.

Interessant er det at Røde Kors frå starten av stilte krav om at elevar som vart opptekne ved utdanninga måtte vere av evangelisk-luthersk tru. Så seint som på trettitalet vart det slått fast at: “De bør være av evangelisk trosbekjennelse.”<sup>577</sup> Den kristne arven, forestillinga om den miskunnsame samaritanen, viser seg tydeleg her. Idealkvinna framtrer også implisitt i andre krav. Søkarane måtte til dømes ha “uplettet rykte (...) vennlig og behagelig vesen.”<sup>578</sup> Søkarane måtte skrive søknadene sine sjølve, og det var heilt vanleg å forlange attestar for god vandel. Desse var ofte skrivne av lensmann, prest eller lærar.<sup>579</sup> I eit ferdigtrykt “Formular angående livsforhold” for søkarar ved Røde Kors sin sjukeiarskule i Tønsberg, blir også søkaren beden om å “Opgi navnet på to troverdige menn som Deres reference.”<sup>580</sup> Det paternalistiske preget var stadig sterkt til stades i systemet. Også gjennom skuletida vart elevane sin moral overvåka. Kvinnelege sjukepleiarelevar måtte haldast borte frå det motsette kjønnet i elevtida – og heller ikkje som ferdige pleiarar fekk dei ha herrebesøk på rommet.<sup>581</sup>

Under utdanninga vart det gitt karakterar for praktisk teneste. Mange av momenta elevane vart prøvde i, opnar for subjektive vurderingar hos observatøren. Eit karakterkort i Røde Kors-arkivet er delt inn i eigenskapar og dugleikar: “Samvittigsfullhet og pålitelighet,” “iakttagelsesevne og omtenkksomhet,” “alminnelig ordenssans,” “orden og renslighet,” “disiplin” og til slutt “opførsel likeoverfor de syke.” Vurderingane på desse felte skulle så saman bygge opp under ein hovudkonklusjon: Om eleven hadde anlegg for yrket.<sup>582</sup>

Dei som til slutt vart ferdig utdanna, måtte forholde seg til eit detaljert reglement med klare krav: Ein måtte vere budd på å bli beordra til tenestestader dersom landsforeininga bestemte det. Vidare forplikta ein seg på å vere disponibel for Røde Kors “når hæren eller marinen settes på krigsfot.”<sup>583</sup> Legane kunne ha sterk innverknad på karrien. Til dømes kunne ein “autorisert læge”<sup>584</sup> erklære ei søster mentalt eller fysisk uskikka til vidare teneste. Rett

---

<sup>577</sup> “Bestemmelser for opptagelse og utdanning av sykepleierskeelever ved Røde Kors’ sykepleierskeskole i Oslo.” Mappe “Ensartede regler ved forskjellige sykepleierskoler,” Boks 248, RA

<sup>578</sup> “Bestemmelser for opptagelse og utdanning av sykepleierskeelever ved Røde Kors’ sykepleierskeskole i Oslo.” Mappe “Ensartede regler ved forskjellige sykepleierskoler,” Boks 248, RA

<sup>579</sup> Fause og Micaelsen:147

<sup>580</sup> Mappe “Ensartede regler ved forskjellige sykepleierskoler,” Boks 248, RA

<sup>581</sup> Melby 1990:87f

<sup>582</sup> Plan for Norges Røde Kors’ treårige sykepleierskoler, Mappe “Bestemmelser og planer for Norges Røde Kors’ Sykepleieskoler,” Boks 248, RA

<sup>583</sup> “Bestemmelser for Røde Kors’ sykepleiersker” frå 1933. Mappe Ensartede regler ved forskjellige sykepleierskoler,” Boks 248, RA

<sup>584</sup> <sup>584</sup> “Bestemmelser for Røde Kors’ sykepleiersker” frå 1933. Mappe Ensartede regler ved forskjellige sykepleierskoler,” Boks 248, RA

<sup>584</sup> Bestemmelser for Røde Kors’ sykepleiersker” frå 1933. Mappe Ensartede regler ved forskjellige sykepleierskoler,” Boks 248, RA

nok kunne ho då forlange ei vurdering også av ein lege nummer to, men det er tydeleg kven som sit med makta i slike saker.

## **5.6 Sosial, geografisk og utdanningsmessig bakgrunn**

Rulleblada til 37 av Røde Kors-søstrene som reiste til Finland er å finne i organisasjonen sitt arkiv i Riksarkivet.<sup>585</sup> Ein studie av desse dannar eit interessant bilete av kven dei var, desse kvinnene; kor gamle dei var då dei reiste austover, kor gamle dei var då dei starta Røde Kors-utdanninga si, kvar dei tok utdanning – og kva form for utdanning dei hadde *før* dei byrja i Røde Kors. I tillegg er det i stor grad muleg å finne den sosiale bakgrunnen til søstrene. Ein del av av rulleblada er noko mangelfulle, men supplerande søk i Digitalarkivet har til dels vore med og lagt nye bitar til mosaikken.

### **5.6.1 Generelle trekk – norske sjukepleiarar**

Først nokre generelle trekk ved sjukepleiargruppa i Noreg på slutten av 1800-talet og dei tidlege tiåra av det neste hundreåret. Dei som valde å bli sjukepleiarar, valde samtidig eit liv som innebar institusjonsliv, lite løn og lite individuell fritid, men også eit meningsfylt livsinnhald. For unge og ugifte kvinner i meir velstående familiar representerte dermed sjukepleien ei mulegheit for å bryte ut av eit stillesitjande heimeliv.<sup>586</sup> Mange unge kvinne såg pliktene som høyrde til sjukepleien som eit alternativ til ansvaret som følgde med eigen familie. Sjukepleie var ei livslang teneste som ikkje kunne kombinerast med det å ha eigen familie. Vart du gift, måtte du slutte i yrket.<sup>587</sup> Det høyrer også med til historien at der var eit betydeleg kvinneoverskot i Noreg før og etter århundreskiftet. Giftarmålsalderen rundt 1895 var til dømes 27 år,<sup>588</sup> og mange kvinner opplevde aldri å finne seg ektemake. Melbye<sup>589</sup> har sett på karrierane til dei over førti kvinnene som var med på å stifte NSF i 1912, og observerer at dei 12 Røde Kors-søstrene blant desse pionerane hadde ein gjennomsnittsalder på 28 år då dei starta på utdanninga. Dei var altså godt vaksne. Søstrene frå Ullevål sjukehus som var med på stiftingsmøtet var litt yngre, men generelt kan det hevdast at gjennomsnittsalderen var høg då søstrene starta på utdanninga si, og dermed også karrieren i den forpliktande fellesskapen som sjukepleien representerte.

Forklaringane på dette kan vere mange. Mellom anna hadde mange erfaring frå andre arenaer, som kontor og teneste. Det siste var ikkje uvanleg for døtrer av gardbrukarar,

---

<sup>585</sup> Røde Kors sykepleiere. Ruller. Boks 289, 290, 291 og 292, RA

<sup>586</sup> Melbye 1991:35

<sup>587</sup> Mageli 2014:64

<sup>588</sup> Melbye 1991:36

<sup>589</sup> 1991:42

handverkarar og arbeidarar. Eit anna sentralt moment med tanke på den høge startalderen, kan også vere at sjukepleien ikkje berre var eit dårleg betalt yrke; det var også eit kall som kravde vilje til forsaking og oppofring. At det kosta pengar å utdanne seg, kan også vere med og forklare at mange hadde hatt ei eller anna form for løna arbeid før dei starta på utdanninga – pengar som kunne gi dei utdanningskapital. Eit anna poeng kan vere at dei gjekk inn i yrket “i så voksen alder at sjansene for å gifte seg statistisk sett var redusert.”<sup>590</sup>

### 5.6.2 Alderen til dei som drog

Det har lukkast å finne alderen på 39 av søstrene. Gjennomsnittsalderen då dei reiste til Finland var 35,6 år. 10 av søstrene var 40 år eller eldre, 18 var mellom 30 og 40 år, medan resten var under 30 år. Den yngste 24 år og den eldste var 48. Nesten halvparten var altså i trettiåra.

### 5.6.3 Sosial bakgrunn

Når det gjeld sosial bakgrunn for *alle* søstrene i den norske sjukepleien i tiåra fram til 2. verdskrigen, er det naturlegvis vanskeleg å skape eit komplett bilete. Men om vi ser på dei 44 stiftarane av NSF i 1912, så var desse døtrer av handverkarar og handelsdrivande, lensmann og lærar, sjømann og bankdirektør. Røde Kors-søstrene i denne gruppa kom frå eit høgare sosialt skikt; fedrane var høgare funksjonærar, akademikarar og forretningsdrivande.<sup>591</sup> Det må imidlertid leggjast til at alle stiftarane av NSF høyrde til pionergenerasjonen, og at tendensane kan ha endra seg i tiåra fram mot 1940. Ved opptaket til Bratsberg sykepleierskole i Telemark i 1915 og 1916 var til dømes halvparten av 55 elevar døtrer av gardbrukarar. Nokre få av fedrane var lærarar, prestar og kjøpmenn – og resten arbeidarar og handverkarar.<sup>592</sup>

Vi kan konstatere at Røde Kors-søstrene som reiste til Finland hadde varierende sosial bakgrunn. Det har vore muleg å finne yrket til 36 av fedrane. Den største gruppa, 9 i talet, er gardbrukarar. Elles er det vi må kunne kalle middelklassen sterkt representert: Her er to befal i forsvaret, to handelsmenn, ein kontorist og ein bankkasserar, to maskinistar, ein kvalfangarbestyrar, ein stasjonsbestyrar, ein byggmeister og ein redaktør. Dei øvre sosiale skikta er representerte ved ein skipsreiar, ein sokneprest og faktisk også ein fylkeslege.

Det er få av søstrene som kjem frå det vi må kunne kalle arbeidarklassen. Her er ein tømrrar, ein fabrikkarbeidar, og i tillegg eit postbud.<sup>593</sup> Slik kan det kanskje vere grunnlag for

---

<sup>590</sup> Melby 1991: s. 44

<sup>591</sup> Melby 1991: s. 44

<sup>592</sup> Fause og Micaelsen 2008: s. 147

<sup>593</sup> Melby 1991: s. 44

å hevde at samansetninga av kontingentane til Finland viser det Melby er inne på med tanke på den sosiale rekrutteringa til Røde Kors sine sjukepleiarskular nokre tiår før: At få kom frå arbeidarklassen.

#### **5.6.4 Geografisk bakgrunn**

Eg har funne fødestaden til 32 av søstrene. 4 av dei kjem frå Sør-Trøndelag, 1 frå Møre og Romsdal, 1 frå Sogn og Fjordane, 3 frå Hedmark, 1 frå Aust-Agder, 3 frå Vestfold, 4 frå Akershus, 4 frå Rogaland, 5 frå Østfold, 1 frå Hordaland, 1 frå Telemark, 1 frå Buskerud, 1 frå Vest-Agder og 1 frå Kristiania. I tillegg er ei av søstrene fødd i Berlin. For dei resterande søstrene har det ikkje vore muleg å finne data, men minst to har truleg svensk opphav.<sup>594</sup>

Østfold, Sør-Trøndelag og Rogaland er sterkt representerte, medan det er interessant å konstatere at ingen har fødestaden sin i dei tre nordlegaste fylka er. Sju av søstrene er frå byar, resten frå landsbygda.

#### **5.6.5 Alder ved opptak til Røde Kors-utdanninga**

Som vist ovanfor var utdanningane ved ulike sjukepleiarskular av varierende lengd framover første del av 1900-talet. Røde Kors var imidlertid tidleg ute med å innføre treårsløpet som Norges sykepleierforbund gjekk inn for frå 1915.<sup>595</sup> Vi kan ut frå rulleblada som er tilgjengelege slå fast at i alle fall 32 av “Finlandssøstrene” fullførte treårig utdanning ved Røde Kors-skular. Truleg er talet høgare, men informasjonen på ein del rulleblad er mangelfull på dette feltet. Det er samtidig grunn til å tru at nokre av dei eldste søstrene ikkje fekk treårig utdanning; dei var rett og slett for tidleg ute.

Vi har tidlegare sett at mange i sjukepleiaryrkets barndom søkte seg inn på utdanninga i det som kan kallast godt vaksen alder. Til dømes var jo Røde Kors-søstrene som deltok på stiftingsmøtet for NSF i 1912, over 28 år i snitt då dei *byrja* på si utdanning. Ein studie av rullane til Røde Kors-søstrene i Finland viser imidlertid ein betydeleg lavare “startalder”. Dei 32 søstrene som tok treårig utdanning, var i gjennomsnitt knapt 24 år då dei byrja. 23 av kvinnene var 25 år eller yngre, og seks av desse var 19 eller 20 år gamle.

#### **5.6.6 Skulebakgrunn før sjukepleiekarrieren**

Fause og Micaelsen<sup>596</sup> viser at krava til skulebakgrunn før opptak til sjukepleieutdanning varierte rundt om. Nokre stader vart kvinner med artium prioriterte, sjølv om desse utgjorde eit fåtal. Nokre hadde middelskule, medan andre nøyde seg med folkeskulen. At søkarar

---

<sup>594</sup> Røde Kors sykepleiere. Ruller. Boks 289, 290, 291 og 292, RA; Digitalarkivet

<sup>595</sup> Fause og Micaelsen 2008: s. 145

<sup>596</sup> 2008: S 147

hadde husmorskule eller folkehøgskule, vart elles sett på som ein fordel. I trettiåra hardna kampen om studieplassane til ytterlegare. “De best kvalifiserte ble foretrukket.”<sup>597</sup>

Også dei søstrene som reiste til Finland hadde varierende skulebakgrunn før dei starta på Røde Kors-utdanninga si. 24 rulleblad har slike opplysningar. Her ser vi at 4 hadde examen artium. I tillegg til desse hadde 9 søstrer middelskule. Elles har 6 søstre gått på husmor- eller “husholdningsskule,” og 1 har vore på folkehøgskule. Ei og anna av søstrene har teke handelsskule og “sosiale kurser,” medan 1 har gått på handelsgymnas. Berre 6 søstrer har oppgitt kun folkeskule.<sup>598</sup>

### 5.6.7 Praksis før sjukepleiekarrieren

“Idealet for den vanlige arbeidende kvinne var at de var “jern til å arbeide”. (...) Denne arbeidsmentaliteten gjaldt i høyeste grad også for sykepleiersker.”<sup>599</sup> Som nemnt var det ikkje uvanleg at kvinner hadde anna arbeiderfaring før dei byrja på sjukepleieutdanninga. Det vart nok også sett på som ein fordel at dei visste kva det ville seie å *arbeide*. Opplysningar om tidlegare arbeidserfaring er heilt fråverande i rulleblada til “Finlandssøstrene.” Her er ingen rubrikk for slik informasjon.<sup>600</sup>

## 5.7 Søknadene

I Røde Kors-arkivet har eg funne søknadene til dei som vart med til Finland.<sup>601</sup> Eg har gått gjennom desse på jakt etter informasjon som kan seie noko om motiv og grunnar for melde seg til teneste i Finland. Det er lite å finne av slike spor. Søster Edith Poulson er imidlertid heilt klar på at ho *vil* til Finland uansett, sjølv om ho ikkje seier *kvifor*: “Jeg har bestemt mig til at jeg vil til Finland selv om jeg skal bli nødt til å reise på egen hånd.”<sup>602</sup>

Nokre søknader er svært kortfatta, medan andre brukar plassen på personalia, kvar og når dei er utdanna, og ikkje minst praksis som kan vere relevant for teneste ved ambulansen. Enkelte poengterer at dei er gode på ski, medan ei anna understrekar at ho har gode nerver.<sup>603</sup> Til første kategori – søknader av det meir kortfatta slaget – må vel den frå Laura Hoff seiast å

---

<sup>597</sup> Melby 1990:87

<sup>598</sup> Røde Kors sykepleiere. Ruller. Boks 289, 290, 291 og 292, RA

<sup>599</sup> Fause og Micaelsen 2008:147

<sup>600</sup> Røde Kors sykepleiere. Ruller. Boks 289, 290, 291 og 292, RA

<sup>601</sup> I tillegg har arkivet søknadene frå legar, legestudentar, søstrer og sjåførar som *ikkje* kom med, mellom anna over 70 Røde Kors-søstrer, knappe 30 legestudentar, og rundt 20 tannlegar og legar.

<sup>602</sup> Søknad i mappe “Finland 1 2dre amulanse,” Boks 51, RA

<sup>603</sup> Søknad frå Alberta Wedul i mappe “Finland 1 3dje ambulanse,” Boks 51, RA

tilhøyre: “Jeg tillater mig herved å melde mig til tjeneste ved Finlandsambulansen. Ærbødigst, Laura Hoff. Drammen 14/12 1939.”<sup>604</sup>

### 5.7.1 Attestar og referansar

Attestar og referansar som følgjer ein del av søknadene, er interessant lesnad. Her er det lagt vekt på positive eigenskapar og dugleikar hos søkaren som kan kome til nytte i Finland. Attestane er ofte skrivne av legar eller oversøstrer. Søster Hilda Wie er til dømes “rolig og sindig og vil være en verdifull hjelp ved ambulansen.”<sup>605</sup> Det meiner i alle fall hennar føresette ved Røde Kors-klinikken i Trondheim. Ei anna, Ingeborg Stene, har “meget gode administrative evner”<sup>606</sup> og i tillegg “et elskverdig og venlig vesen, et jevnt godt humør og har alltid vært grei og let å ha med å gjøre.”<sup>607</sup> Om søster Sigbjørg Klafstad heiter det at “hun er et i alle dele dyktig menneske, med et usedvanlig godt “lag” som pleierske, avholdt av sine pasienter, arbeidsglad og bestemt.”<sup>608</sup> Hjørdis Waage “har vist sig å være i besiddelse av sjeldne evner til å behandle pasienter, og til å omgå overordnede.”<sup>609</sup> Søster Helene Smith har også gode referansar. “Hun er en særdeles pliktoppfyllende og samvittighetsfull søster, som man trygt kan stole på, er intelligent og får arbeidet raskt fra hånden samtidig som hun arbeider sikkert.”<sup>610</sup> Gurli Wasteson vert oppfatta som “velvillig, paalidelig og elskværdig,” og “omsorgsfuld i sin gjerning, som hun synes at omfatte med stor interesse.”<sup>611</sup>

Attestane er altså gode, og det er interessant å sjå korleis superlativa harmonerer med dei ideala som gjennomsyrrer sjukepleieutdanninga og -praksisen slik desse kjem til uttrykk i skuleplanar, pensum og annan litteratur. Meir om dette seinare.

## 5.8 Søsterideal i utdanning og pensum

Hva er det å føle kall for noe? Er det ikke å gjøre ditt arbeid slik at det tilfredsstill dine egne høye idealer for hva som er riktig å best, og ikke fordi du vil bli “avslørt” hvis du ikke gjør det? Det er den “entusiasmen” som alle, fra skomakeren til billedhuggeren, må ha for å kunne føle sitt “kall” ordentlig. Sykepleiersken arbeider hverken med sko eller øks eller marmor, men med mennesker; og hvis hun ikke passer på sine pasienter for sin egen tilfredsstillelses skyld, kan intet lære henne å gjøre det.<sup>612</sup>

---

<sup>604</sup> Søknad i mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>605</sup> Attest i mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>606</sup> Attest i mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>607</sup> Attest i mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>608</sup> Attest i mappe “Finland 1 2dre ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>609</sup> Attest i mappe “Finland 1 2dre ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>610</sup> Attest i mappe “Finland 1 3dje ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>611</sup> To attestar i mappe “Finland 1 3dje ambulanse,” Boks 51, RA

<sup>612</sup> Nightingale, F. (1997):179

Den lett retoriske teksten ovanfor tilhøyrer den moderne sjukepleiens mor, Florence Nightingale. Sitatet er interessant fordi det viser eit sjukepleiarideal der kall og gjerning flyt saman, og nærast må springe ut frå ei kjelde djupt inne i sjukesøstra. Indre motivasjon er alt. Rett nok er Nightingale oppteken av dugleik, praktisk trening og betydninga av kunnskap og rutinar. Men om ikkje inspirasjonen og lysta til å gjere det gode for pasienten kjem *innanfrå*, hjelper ikkje all verdas kunnskap i det heile. Ein kan altså seie at kallet gjer at sjukepleieyrket ikkje er rein sysselsetting; det stikk djupare enn som så: Kallet gjer yrket til ein del av den enkelte sin personlegdom og identitet.

Ein måte å kome på sporet av forståingshorisonten Røde Kors-søstrene som drog til Finland levde og arbeidde under, er å studere nærare noko av den pensumlitteraturen dei hadde i sjukepleieutdanninga si. Denne litteraturen gir eit rikt innblikk i søsterideala, etikken og kallstanken som så sterkt gjorde seg gjeldande hos den enkelte – og den større fellesskapen dei tilhøyrde.

### 5.8.1 Kallet i ånd og praksis

Ei viktig lærebok i så måte var Ullevålslegane Grøn og Widerøe si *Haandbok i sykepleien* frå 1921. Boka var revidert fleire gongar, og i bruk i sjukepleieutdanninga til byrjinga på førtitalet.<sup>613</sup> Alt i opninga av dette læreverket vert eleven presentert for kortfatta biografiar om nemnde Florence Nightingale og Cathinka Guldborg – to ruvande pionerar i internasjonal og norsk sjukepleie. Det er ingen tvil om kven dei blivande sjukesøstrene skulle ha som modellar under utdanninga.

Boka har kapittel om anatomi og fysiologi, om sjukepleie ved indremedisinske sjukdommar, kirurgisk sjukepleie, smittsomme sjukdommar og mykje meir. Viktigast i vår samanheng er imidlertid *innleiinga* i boka, som er skriven av Andrea Arntzen, forstandarinna ved Ullevål sjukehus. Her tek ho føre seg sjukepleierska sine eigenskapar og plikter. “Sykepleien er et kald som ligger særlig godt til rette for kvinder,”<sup>614</sup> skriv ho. Alt frå dei eldste tidene har det for det meste vore kvinner som har pleia og teke seg av dei sjuke og såra etter legens ordre, “eller paa egen haand forsøkt at gjøre det saa godt for de syke som mulig.”<sup>615</sup> Ei liste med *sykepleierskens egenskaper* vert presentert, som for å ramme inn kallet i praktiske og forståelige termar. Ved sidan av god helse, styrke, god forstand og rask oppfattingsevne, står moralske lada som “ansvarsfølelse og paalidelighet – et høflig, værdig

---

<sup>613</sup> Fause og Micaelsen 2008:151

<sup>614</sup> Grøn og Widerøe 1921:1

<sup>615</sup> Grøn og Widerøe 1921:1



væsen – selvbeherskelse – medfølelse – taalmodighet og takt (..)<sup>616</sup> Det å kjenne ansvar og vere til å stole på er avgjerande, og det er også avgjerande for sjukesøstera å kjenne sin plass i systemet. Heile fundamentet for eit godt tillitsforhold mellom sjukepleierska på eine sida og pasienten og legen på den andre, er “gjennomført sanddruhet og nøiaktighet.”<sup>617</sup> Og vidare: “Absolut lydighet og punktlighet i utførelsen av ordrer er det første krav som lægerne og de øvrige overordnede stiller til den sykepleierske, som skal arbeide for og med dem.”<sup>618</sup> Det strenge hierarkiet og den autoritære rollefordelinga kjem tydeleg til uttrykk. Sjukepleierska må elles føre seg på ein mild og verdig måte overfor pasienten, men samtidig vite å sette seg i respekt og “som lægens stedfortreder paase hans bestemmelser overholdt.”<sup>619</sup> Ho må heller ikkje vere nærtakande, men ha sjølvkontroll.<sup>620</sup>

Med omsyn til sjukesøstera sine *plikter*, deler Andrea Arntzen desse inn i fire kategoriar: Plikter overfor pasientane, plikter overfor legane og andre overordna, plikter overfor kollegaene – og til slutt plikter overfor *seg sjølv*. I relasjon til pasienten må ho vere så lydlaus og stille som muleg, og ho “maa øve sig i at bevæge sig både hurtig og stillfærdig. (...) Al familiaritet og nærgaaenhet maa være banlyst; men sykepleiersken skulde altid søke at sætte sig ind i den enkelte patients sindstilstand og behov for medfølelse.”<sup>621</sup> Ho må altså vere ei lydlaus og mest usynleg tenande ånd i sjukerommet. Overfor legen er “sykepleierskens første pligt lydighet. (...) absolut og ubetinget.”<sup>622</sup> Det same gjeld i forholdet til anstaltens styre og andre overordna i systemet. Hierarkiet er rigid og autoritært. Omsynet til kollektivet er viktig, meiner Arntsen: “Alle som utøver sykepleien skulde føle sig som tilhørende et samfund og gjensidig støtte og hjælpe hverandre,”<sup>623</sup> skriv ho, før ho i detalj tek føre seg den enkelte sine plikter overfor seg sjølv. Alt frå måltidsrytme og kosthald til klesdrakt og sovevaner er strengt regulert.<sup>624</sup>

Kallet er altså alt. Utan kallet, forfell sjukepleiarrolla. Arntsen åtvarar mot å ta lett på oppgåvene: “Den som som arbeider sløvt, er glad for hver dag som er gjort unda, og lærer sig til bare saavidt at knipe sig igjennem, vil aldri bli til noget. Det er den slags sykepleiersker som bringer kaldet i miskredit.”<sup>625</sup>

---

<sup>616</sup> Grøn og Widerøe 1921: 2

<sup>617</sup> Grøn og Widerøe 1921: 4

<sup>618</sup> Grøn og Widerøe 1921: 4

<sup>619</sup> Grøn og Widerøe 1921: 4

<sup>620</sup> Grøn og Widerøe 1921: 4

<sup>621</sup> Grøn og Widerøe 1921: 4f

<sup>622</sup> Grøn og Widerøe 1921: 6

<sup>623</sup> Grøn og Widerøe 1921: 5

<sup>624</sup> Grøn og Widerøe 1921: 7

<sup>625</sup> Grøn og Widerøe 1921: 9

Vi får eit inntrykk av ei sjukepleiarrolle som ein alltid ber med seg. I helg og kvardag, i arbeids- og fritid; kallet kviler aldri. NSF sin første leiar, Bergljot Larsen, la stor vekt på at sjukepleiarane måtte vere uthaldande: “Som kallsarbeidere blir vår innstilling og vår yteevne særlig gjenstand for vurdering, hevdet hun. Sykepleierskene skulle øke utholdenheten ved å søke stimulans hos den syke, bearbeide sine egne erfaringer og forholdet til kollegene.”<sup>626</sup>

Og kallet vert altså utøvd innan eit strengt hierarki der legens autoritet er absolutt, og der overordna søstrer syter for at den underordna kjenner sin plass. Samtidig peikar Fause og Micaelsen<sup>627</sup> på at sjukepleiarens *sjølvstendige* funksjonar i Grøn og Widerøes lærebok vert framheva i forhold til det å “berre” vere legens hjelpar. Sjukepleien vert eksplisitt skilt frå medisinsk kunnskap. Pliktene overfor *pasienten* er viktigast, og definerer så å seie *kallet*. Dette kjem tydeleg til uttrykk også i kapittel 2, *Almindelig sykepleie*, som er skrive av ei anna kvinne, nemleg oversøster Aagot Larsen ved Kristiania kommunale sjukehus. Ved i detalj å ta føre seg konkrete oppgåver som møter pleiaren i kvardagen, viser Larsen korleis kallet kan omsettast i praktisk, flittig arbeid. Pasienten er i sentrum, og i tur og orden vert eleven presentert for den ideelle sjukepleiargjeringa. Detaljert skildrar Aagot Larsen korleis pasienten skal handterast: “Sætet vaskes morgon og aften hos patienter som ligger til sengs. Er patienten urenselig, maa det gøres saa ofte han er tilsølet. Hvis patientens tilstand tillater det, legges han over paa siden mes sætet vaskes (...).”<sup>628</sup>

### **5.8.1.1 Hagemanns etikkbok**

Eit anna læreverk som fekk stor betydning for og samtidig speglar sjukepleiar-identiteten til fleire generasjonar søstrer, var diakonissa Elisabeth Hagemanns “Sykepleieskolens etikk” som kom ut i 1930.<sup>629</sup> Aud V. Tønnesen kallar verket “en dannelsesbok, en bok om dannelsen av kvinnen og sykepleieren.”<sup>630</sup> Boka er lita i omfang – berre 48 sider – men innhaldslista presenterer ei rekke store emne. I avsnittet “Grunnlaget for sykepleien” refererer Hagemann til det eg vil kalle det same *kallsuniverset* som Andrea Arntsen. Hagemann slår fast at dei fleste som søkte seg inn på sjukepleien, gjorde det

fordi de der mente å finne et arbeide som kunde tilfredsstillte dem og gi deres liv innhold. Og i dette ligger der da – mere eller mindre bevisst – den trang til å *hjelp*e, som er selve kjernen i all virkelig sykepleie.

---

<sup>626</sup> Melby 1990:105

<sup>627</sup> 2008:151

<sup>628</sup> Grøn og Widerøe 1921:19

<sup>629</sup> Fause og Micaelsen 2008:152. Boka var på lista over tilrådd pensum så seint som på 1970-talet.

<sup>630</sup> Tønnesen 2003:33

Hvis hjertelaget for de syke skulle mangle, vil selv den beste tekniske utdanning ikke kunne gjøre en søster skikket til på rett måte å fylle sin plass.<sup>631</sup>

For Elisabeth Hagemann er utdanninga berre eit middel til å nå eit mål, nemleg det å bli i stand til å hjelpe “lidende medmennesker. Det er *kjærligheten* som må være den drivende og bærende kraft i sykepleien.”<sup>632</sup> Sjukepleien er for Elisabeth Hagemann eit produkt av “den kristelige barmhjertighet. (...) Jesu enkle ord i lignelsen om den barmhjertige samaritan: “Plei ham!”<sup>633</sup> Sjukepleia er så “gjennemtrent av kristendommens ånd at man kan ikke gå et skritt uten å støte på dens krav.”<sup>634</sup> Og kanskje er Norges Røde Kors sitt før nemnde ønske om at søkarar til sjukepleiarutdanninga måtte ha evangelisk-luthersk bakgrunn, eit ekko av nettopp denne haldninga – *sjølv om Røde Kors* var en verdsleg organisasjon.

I kapittelet “Disiplin og selvdisciplin” slår Hagemann fast at overgangen frå eit vanleg liv til sjukepleieutdanninga og kallet kan vere brutal. Eleven “må lære alt forfra, tåle tilrettevisninger, som mang en gang kjennes ydmykende nok, og finne seg i en helt uvant disiplin. Og fremfor alt – fra å *bli* tjent, må hun nu selv *være* en tjener.”<sup>635</sup> Det handlar om å misse seg sjølv for å finne seg sjølv; om ein prosess “som skal forvandle en tankeløs og selvpoptatt ung pike til en “god kvinne.” Disse to ting sammen er det som skaper den ideelle sykepleierske, henne vi alle ønsker å ligne.”<sup>636</sup>

Vidare tek Hagemann føre seg korleis den enkelte skal oppføre seg i det ytre: “Med hensyn til høflighet og “god tone,” så er der for en søster som kommer fra enkle landsens forhold, meget å lære når hun kommer til byen.”<sup>637</sup> Det går på alt frå stemmebruk, via måten ein skal gå på i korridorane, til korleis uniformen ser ut. Ei sjuskete drakt er forkasteleg, men “like galt er det med den motsatte ytterlighet, hvor drakten bærer et tydelig preg av sin eierinnes forfengeligheit.”<sup>638</sup> Balansegangen kan ikkje ha vore enkel.

Hagemanns etikkbok går også inn på dyder som *Orden, Nøiaktighet, Punktlighet, Sannferdighet, Troskap* og *Taushet*, samt forholdet til institusjonen, dei overordna og kollegaene. Forholdet til pasientane er også vigd stor plass. Pasientens eksistensielle smerte skal heller ikkje vere utanfor sjukepleiarens domene. Pasientar som ligg for døden er ei utfordring og ei mulegheit for pleierska. Dette er stundene då ikkje berre den sjuke sin kropp, men også sjel skal pleiast. Då er det viktig at søstera sjølv har funne svar på livets “dypeste

---

<sup>631</sup> Hagemann 1930:7

<sup>632</sup> Hagemann 1930:7

<sup>633</sup> Hagemann 1930:8

<sup>634</sup> Hagemann 1930:8

<sup>635</sup> Hagemann 1930:9f

<sup>636</sup> Hagemann 1930:13

<sup>637</sup> Hagemann 1930:14

<sup>638</sup> Hagemann 1930:15

spørsmål, så hun i en slik stund har noget å gi til den som trenger det! For det å øve sjelepleie er kunst så stor at den kun kan læres i Mesterens egen skole.”<sup>639</sup> Hagemanns etikkbok avsluttar med eit inntrengande imperativ: “la oss da (...) øve vår tjeneste slik at det engang kan lyde til oss fra vår Frelzers munn: “Alt hvad I har gjort mot den av disse mine minste brødre, det har I gjort mot mig.”<sup>640</sup>

Personkarakteristikkane i attestane og referansane som følgde søknadene til ein del av “Finlandssøstrene,” harmonerer svært godt med dei ideala og normene for gode sjukesøstrer som trer fram i både Hagemanns etikkbok og Grøn og Widerøes lærebok frå 1921. Det er som om ideala får kjøtt og blod. Dei same ideala finn også sterk klangbotn i andre delar av Røde Kors-kulturen.

## **5.9 Røde Kors-kulturen i Røde Kors Månedstidsskrift**

Når vi leitar etter forståingshorisonten til Røde Kors-søstrene som reiste til Finland, er månadstidsskriftet ei rik kjelde. Tidsskriftet er den sentrale informasjons- og propagandakanalen for den nasjonale Røde Kors-familien. Her er nyheiter og rapportar frå krinsane landet rundt, opplysningsstoff om alt frå smittsame sjukdommar til hygiene – og ikkje minst stoff som tek sikte på å halde Røde Kors-flammen levande hos så vel frivillege, sjukesøstrer og andre som på ein eller annan måte identifiserer seg med organisasjonen.

### **5.9.1 Søstervigsler – appellar og talar**

Etter endt utdanning vart dei ferdige Røde Kors-søstrene “innviet” ved ei festleg tilstelling prega av fest, vakker song og alvor. Slike “søsterinnvielser” vart rapporterte i tidsskriftet, og i denne samanhengen er det interessant å sjå nærare på ein del av talane som vart haldne som helsingar og formaningar til dei ferske søstrene som no stod på terskelen til den store gjerninga si til menneska sitt beste. Alle desse helsingstalane gir eit sterkt innblikk i det idèlandskapet søstrene no trådde inn i. Og dei er haldne av menn. Det kunne vere presidenten i Norges Røde Kors, ein overlege ved sjukehuset der søstrene er utdanna, ein sokneprest eller andre rangspersonar som stod på talarstolen. Talane vart haldne i ein appellativ stil, og hadde ikkje så reint lite patos. Formannen i Bergen Krets, dr.med. St. Tschudi Madsen snakkar til dømes om påkjenningane som vert ein del av gjerninga som no ventar søstrene: “Sykepleien

---

<sup>639</sup> Hagemann 1930:47. Sjelepleie var også eit fag i forskolen til Norges Røde Kors si sykepleieutdanning. Sjå Plan for Norges Røde Kors treårige sykepleieskole godkjent av landsstyret i september 1936. I Mappe

“Bestemmelser og planer for NRKs sykepleieskoler 1935. Boks 248, RA.

<sup>640</sup> Hagemann 1930:48

kan være en prøvelse i sig selv (...) Skuffelser, smerter, sorg svir for en stund; men har man det rette sinnelag, gir skuffelsene kraft, smerten bæreevne, og sorgen gir den forståelse som hjelper andre.”<sup>641</sup> Nikolai Paus – overlege ved Tønsberg sjukehus, seinare president i Norges Røde Kors og ein av leiarane for Finlandsambulansen – heldt i oktober 1935 tale for nye søstre over temaet ideal og sanning: “Full av tro på idealene og streben efter alt, som er skjønt, har Dere drømt og svermet, ønsket og håpet, strevet og kjempet, for en fremtid i lys og skjønnhet. (...) Vi må tro på sannheten og sannhetens seier.”<sup>642</sup> Etter så å ha vore innom Kierkegaard og understreka at “Gud taler ikke til dig om andre. – Gud taler til dig om dig selv,”<sup>643</sup> avsluttar Paus med følgjande formaning: Så vil jeg ønske Dere, at Dere vil søke sannheten i dypet av Deres sjel (...) Den ønsker jeg, at Dere alle må erfare – da vil Dere få lønn for strevsomt kjærlighetsarbeide i sykepleiens tjeneste.<sup>644</sup>

Ein kristen motivkrins er til stades i meir eller mindre dominerande grad i så godt som alle desse talane til dei nyutdanna søstrene som er refererte i månedstidsskriftet på trettitalet. Nikolai Paus var ein flittig talar på slike tilstellingar. “Bliv lys!” er oppfordringa hans til nyutdanna søstrer i 1937.

### 5.9.2 Mental beredskap

Tidsskriftet unnlet heller ikkje å halde oppe medvitnet hos lesarane om at Røde Kors i utgangspunktet var ein organisasjon stifta for å handtere og møte behov i samband med krig og konflikt. Artiklar om Henri Dunant og Røde Kors-rørsla si historie bidrog til å forankre medlemmane mentalt i ein humanitær tradisjon som gjerne ville kjempe mot menneskeslekta si sørgelege evne til å drepe og øydelegge. Ideala var høge, men organisasjonen levde og verka i ei nådelaus verd. Stadig kunne ein finne notisar og artiklar om gass og gassikre rom, om sivilt luftvern, om produksjon av sanitetsmateriell, i tillegg til andre tema med betydning for krigsberedskapen.

I august 1939 sende landsstyret i Norges Røde Kors ut skjema for mobiliseringsplan til utfylling i alle kretsar, der siktemålet var å skaffe oversikt over både sanitetspersonell og -smateriell som organisasjonen kunne stille rådvelde for Forsvaret i tilfelle krig. Vidare vart det same hausten utarbeidd mobiliseringsplanar for Røde Kors-søstrer. Landsstyret bestemte også at søstrer som hadde forlete tenesta *ikkje* var fritekne for krigsinnsats.<sup>645</sup> Vidare vart det fram mot 1940 satsa sterkt på utdanning av såkalla *felthjelp* og *reservehjelp* – såkalla

---

<sup>641</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 11/1936.

<sup>642</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 10/1935.

<sup>643</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 10/1935.

<sup>644</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 10/1935.

<sup>645</sup> Representantskapets beretning om Norges Røde Kors's virksomhet 1938 – 40 s. 7

*hjelpepleiersker* som skulle kunne bidra og avlaste sjukepleiarar i ein krigssituasjon.<sup>646</sup> Var du Røde Kors-søster, vart du altså stadig gjort merksam på kva plikter som venta om landet skulle kome i krig.

## **5.10 Internasjonalt utsyn i Røde Kors' månadstidsskrift**

1930-talet var som vi har sett eit turbulent tiår internasjonalt. Perioden var prega av ei tiltakande polarisering der nasjonalisme og totalitære ideologiar i stadig større grad rådde grunnen i internasjonale relasjonar. Fleire konflikhtar skapte engasjement i Røde Kors-rørsla både nasjonalt og internasjonalt – noko som mellom anna vart grundig demonstrert i månadstidsskriftet. “Røde Kors må (...) ikke forsømme den plikt det samtidig har til i sin almindelighet å lindre lidelsene i verden.”<sup>647</sup>

### **5.10.1 Etiopia**

3. oktober 1935 gjekk Mussolinis Italia til angrep på Etiopia. I mai, etter harde kampar og sterk motstand frå etiopiarane, vart hovudstaden Addis Abeba erobra, etter at keisar Haile Selassie hadde flykta. Den italienske aggresjonen innebar mellom anna bruk av sennepsgass.<sup>648</sup> Den 7. desember 1935 sende Norges Røde Kors eit feltsjukehus med kapasitet på 50 senger og over seks tonn utstyr til Etiopia.<sup>649</sup> Ambulansen vart leia av kirurgen Gunnar Ulland. Med seg hadde han også Kåre Gulbrandsen.<sup>650</sup> I midten av juni vart oppdraget i Etiopia avvikla, og då Gunnar Ulland forlet landet i juli, hadde ein behandla over 4000 pasientar.<sup>651</sup>

Ambulansen til Etiopia var eit hovudtema i månadstidsskriftet for Norges Røde Kors gjennom store delar av 1936. Utgåvene er prega av fyldige reiseskildringar og opplevingane til Gunnar Ulland og dei andre. Ulland sine brev og rapportar vart flittig gjengjevne i tidsskriftets spalter. Han tok inngående føre seg både reise-, kultur-, krigs- og andre opplevingar frå dette eksotiske landet langt borte – naturlegvis i tillegg til å teikne eit bilete av utfordringane det norske feltsjukehuset stod overfor reint medisinsk. Etiopia var viktig for

---

<sup>646</sup> Representantskapets beretning om Norges Røde Kors's virksomhet 1938 – 40 s. 8

<sup>647</sup> Norges Røde Kors Månedstidsskrift 1/1937

<sup>648</sup> Internasjonal opinion fordømte den italienske framferda, og landet vart utsett for sanksjonar vedtekne i Folkeforbundet. Men sanksjonane omfatta til dømes ikkje oljeleveransar eller sperring av Suezkanalen – tiltak som kunne vore svært effektive mot den italienske krigsmaskinen. “Demokratiene viste en vankelmodighet overfor diktaturstaten som skulle bli skjebnesvanger.” Sjå Welle-Strand 2001: s. 64f.

<sup>649</sup> Mageli 2014:151; Meinich 1957:33

<sup>650</sup> Mageli 2014:151 Både Ulland og Gulbrandsen skulle få viktige roller på Finlandsambulansen fire år seinare.

<sup>651</sup> Welle-Strand 2001:62 - 70

Norges Røde Kors, og ambulansens deltakarar vart heidra med velkomstfest i Universitetets aula, der også kongen var til stades. Røde Kors-søstrer stod æresvakt med Røde Kors-flagg.<sup>652</sup>

### 5.10.2 Kina og Spania

I Kina førte krigen mot Japan med seg store humanitære behov. I januar 1938 initierte Norges Røde Kors ei landsomfattande innsamling som skulle sendast til misjonssjukehus i Kina, der det var komne inn meir enn 100.000 “ulykksalige”<sup>653</sup> soldatar. Responser frå den norske opinionen var ikkje oppløftande, noko som vel *kunne* ha samanheng at Kina var ein stad langt, langt borte. Dei humanitære behova i Kina fekk imidlertid brei omtale i tidsskriftet.

Den spanske borgarkrigen (juli 1936 – april 1939) skapte sterke meininger og polarisering av opinionen over heile Europa. Frå Noreg reiste rundt 300 frivillege for å vere med i dei internasjonale brigadane. Arbeidarpartiet og fagrørsla engasjerte seg sterkt, og dei norske og svenske Spaniakomitèane bestemte seg i februar 1937 for å opprette eit felles sjukehus som etter kvart stod ferdig i Alcoy, 110 kilometer sørvest for Barcelona.<sup>654</sup> Norges Røde Kors sende ingen ambulanse, men bidrog på andre måtar, mellom anna gjennom innsamlingar. Ein del ressursar gjekk til flyktingar i Frankrike og internt i Spania, og ikkje minst til spanske flyktingebarn.<sup>655</sup> Også det tyske overfallet på Polen 1. september 1939 utløyste innsats frå Norges Røde Kors, hovudsakleg i form av materiell hjelp til polske flyktingar i Litauen.<sup>656</sup>

Eldrid Mageli meiner *Etiopia-oppgjøret* var med på å utvide oppfatninga folk i Noreg hadde av Norges Røde Kors. Ein forstod at internasjonalt humanitært arbeid var viktig, og “at Norges Røde Kors både kunne og burde vere til stede i krig og kriser utenfor Norges grenser.”<sup>657</sup> Det var nok mange – både søstrer og andre – som med ei blanding av eventyrlyst og eit ønske om å hjelpe, fekk utvida medvitte sitt med tanke på behovet for humanitær hjelp til andre folkeslag, ja, så langt borte som under heilt andre heilt andre himmelstrok.<sup>658</sup> Tidsskriftet var i så måte ein viktig propagandakanal. Ein kan levande sjå føre seg søstrene på søsterhjemmet bruke ledige kveldstimar til å diskutere Etiopia, Kina, Spania og Polen. Dei humanitære behova i ei plaga verd var enorme. Det er grunn til å tru at nyhende frå det store

---

<sup>652</sup> Mageli 2014: s. 154

<sup>653</sup> Welle-Strand 2001: s. 71

<sup>654</sup> Moen og Sæther 2009: s. 121f

<sup>655</sup> Welle Strand 2001: s. 72

<sup>656</sup> Meinich 1957: s.33

<sup>657</sup> 2014: s. 154

<sup>658</sup> At Etiopia-ambulanse vekte sterkt engasjement også utanfor Røde Kors, er nok også memoarboka til Ulland eit teikn på. Den heitte *Under Genferkorsets i Etiopia*, og kom ut på Aschehoug i 1936.

utlandet i tidsskriftet og elles andre mediekkanalar var med på å bygge eit fundament for den enkelte søsters ønske om å hjelpe. Då vinterkrigen kom, vart den kulminasjonen av ein stadig dystre utvikling på det humanitære området på trettitalet. Denne konflikten skapte også den samkjensla med finnane som eg tidlegare har vore inne på – og som vart ein katalysator for handling.

### 5.11 Søsterhjemmet og søstersamfunnet

Gjennom opplæring og utdanning vart søstrene gradvis førte inn i eit felles univers av dyder og plikter, av kall og ideal. Sentralt i så måte stod *søsterhjemmet*, som vart pleiarane sin heim alt då dei vart opptekne som elevar, og som heldt fram med å vere det så lenge dei var i aktiv teneste for Røde Kors. Søsterhjemmet var prega av streng disiplin, men var også ein stad for trivsel for søstrene.<sup>659</sup> Før nemnde Elisabeth Hagemann skilde ikkje mellom sjukesøstera som privatperson og yrkesutøvar. Livet som sjukepleiar prega alle sider ved tilveret, og det er all grunn til å tru at søsterheimane bidrog i avgjerande grad til å prege også sjukesøstrene som reiste til Finland for Norges Røde Kors under vinterkrigen. Denne sosialiseringsarenaen måtte bety mykje for dei som budde der. Her diskuterte ein ting og tema i tida, her utvikla ein lojalitet til institusjonen, til organisasjonen og ikkje minst til kvarandre. Mangt eit vennskap vart etablert her, og mange av dei skulle vare livet ut.

Felles hyggestunder for søstrer og elevar bidrog til å bygge ein felleskultur, ein arena for samkjensle og fellesskap på livsvegen dei hadde valt som sjukepleiarar. Nyhender i samtida, som til dramatiske hendingar i det store utlandet vart flittig diskutert – ikkje minst når humanitære behov kom i sentrum for media si merksemd.

I 1935 danna Røde Kors sine sjukesøstre eit landsomfattande søstersamfund som hadde tre hovudoppgåver, nemleg “å fremme samfølelsen mellom alle søstre i Norges Røde Kors, å arbeide for standens interesser å øke kjennskapet til og interessen for Røde Kors’ organisasjon, nasjonalt og internasjonalt.”<sup>660</sup> Prologen til det aller første landsmøtet er interessant fordi den gir eit innblikk i søstrenes og organisasjonens sjølvforståing, og kva tankegods som kan ha vore med og motivert “Finlandssøstrene”:

---

<sup>659</sup> Fause og Micaelsen 2008:152

<sup>660</sup> Lover for Norges Røde Kors’ søstersamfund, vedtekne på landsmøte i Tønsberg i september 1939. Mappe “Protokoll NRK Søstersamfund 1935 – 1939,” boks 294, RA



Det er så mangt et liv som blør / i ufreds gru og lede / det er så mang en sjel som spør  
om hjelp til bøn å bede / Det Røde Kors – det bøies ned / i livets bitre øde / Det lyser i  
sin stillhet – fred / og leger ufreds brøde.<sup>661</sup>

## 5.12 Interne band

Utdanning og praksis, påverknad og propaganda, eit kollektivt tankeunivers som skapte individuelle krav hos den enkelte: Alt dette danna og heldt ved like Røde Kors- og søsterkulturen som var med og forma alle kvinnene som var med på Finlandsambulansen. Saman med sympatien dei kjende med det vesle landet i aust som var blitt offer for eit slikt grusomt overfall av den store naboen sin, var alt dette insitament til å reise austover for å hjelpe.

Ein må imidlertid ikkje gløyme den *interne* motivasjonen som vaks fram mellom søstrene i miljøa rundt omkring på dei ulike søsterheimane. Som vist tidlegare levde og arbeidde søstrene tett på kvarandre, og det er rimeleg å gå ut frå at også Finland-saka vart heftig diskutert mellom søstrene når dei endeleg kunne trekke seg tilbake for å kvile etter dagens arbeid på sjukehuset.

Eg har sett på arbeidsplassane dei kom frå, søstrene som reiste frå Finland. Heile 27 av dei, nesten halvparten, kom frå berre tre søsterheimar, nemleg dei i Drammen (11), Tønsberg (8) og Oslo. Leiaren for den 2. ambulansen, Knut Nicolaysen, var overlege ved nettopp sjukehuset i Drammen, medan leiaren for 3. ambulanse, Nikolai Paus, til dagleg var overlege ved Drammen sjukehus. Til slutt har vi Johan Holst, som var kirurg på Rikshospitalet i hovudstaden, der mange av Røde-Kors søstrene arbeidde. Det er ikkje vanskeleg å tenke seg at dette enkle faktum kan ha bidrege til at så mange av sjukepleiarane ved ambulansen kom frå nettopp desse tre institusjonane. Overlegane kjende truleg godt søstrene, og var nok interesserte i å ha med seg ein stab som dei i utgangspunktet hadde ein relasjon til. På mange av søknadene frå “Tønsberg-søstrene” står det då også påteikna at dei er “anbefalt av dr. Nicolaysen.”<sup>662</sup> Dette, kombinert med at søstrene som budde på same søsterheim sikkert inspirerte kvarandre til å ønske å vere med, bidrog nok til at ein så stor majoritet av søstrene kom frå så få miljø. Andre Røde Kors-søstre i Finland kom frå sjukehus og sjukestover på stader og byar som Ski, Elverum, Kristiansund, Strinda, Molde, Bergen, Trondheim, Stavanger, Stokmarknes og Stavanger.

---

<sup>661</sup> Mappe “Protokoll NRK Søstersamfund 1935 – 1939,” boks 294, RA

<sup>662</sup> Søknad i mappe “Finland 1 ambulanse,” Boks 51, RA

Til slutt må nemnast ein annan faktor som sikkert for mange var ein viktig ingrediens i bakgrunnen for at dei søkte seg med på ambulansen i Finland: God gammaldags eventyrlyst. Det er ikkje urimeleg å tenke seg at oppdraget vart sett på som spennande og dramatisk, eit høve til nye opplevingar i eit liv som elles var strengt regulert – og at Finland på same tid vart oppfatta som ein både nær og eksotisk stad for nye opplevingar.

## 6 Avslutning

I denne masteroppgåva har eg teke føre meg ulike sider ved Norges Røde Kors sin ambulanse til Finland under krigen mellom Finland og Sovjetunionen 1939-1940, også kalla Vinterkrigen. Eg starta med ei rekke forskingsspørsmål som eg gjerne ville ha svar på. Hensikten var å skape eit så breitt bilete som muleg av både den historiske og humanitære konteksten som ambulansen opererte innanfor.

### 6.1 Engasjement og nordisk samkjensle

Vinterkrigen var ein blodig militærkonflikt mellom stormakta Sovjetunionen og det nordiske nabolandet Finland. Bakgrunnen var den internasjonale geopolitiske situasjonen i Europa på 1930-talet, og dei stormaktsinteressene Sovjetunionen forsøkte å verne om. Finland si stilling vart dramatisk forverra etter den tysk-sovjetiske Moskvpakta, der Finland vart ein del av den sovjetiske interessesfæren. I denne samanhengen vart kontroll over Finskebukta og Finland oppfatta å ha avgjerande betydning for Stalin og resten av den sovjetiske leiinga.

Eg har vist at det sovjetiske overfallet på Finland skapte ei voldsom bølge av sympati og omtanke for Finland både i Noreg og resten av Norden; det Torstein Strømsøe kallar ein *Finlandsbevegelse*.<sup>663</sup> Sovjetunionen vart oppfatta som ei aggressiv stormakt som tok seg til rette overfor eit lite naboland. I den offentlege diskursen, slik den vart spegla i avisene, kom det tydeleg fram klare antirussiske, ja, russofobe stemningar. Medan norske styresmakter vakla mellom solidaritet med Finland og omsynet til eige lands nøytralitet, rulla ei sterk bølge av samkjensle med det vesle nordiske nabolandet gjennom alle norske samfunnslag. Dei viktigaste avisene på både høgre- og venstresida var unisone i si fordømming av Sovjetunionen. I den norske persepsjonen var det ikkje berre snakk om ein ordinær militær konflikt, men også ein kamp med klare ideologiske og kulturelle overtonar der Sovjetunionen – ved sidan av å vere kommunistisk – representerte noko autoritært, barbarisk og framandarta, medan Finland stod for noko reint, nordisk, og var ein demokratisk forsvarar for vestlege kulturelle verdiar. Også innad i Norges Røde Kors, ikkje minst i månadstidsskriftet og i talar av sentrale aktørar, var det same narrativet dominerande.

### 6.2 Den humanitære konteksten

Det har ikkje alltid vore sjølvsagt å dra over landegrensene med humanitær hjelp. For å forstå *meir* av motivasjonen bak Finlandsambulansen, har eg derfor studert den humanitærhistoriske

---

<sup>663</sup> Strømsøe 1997:5

konteksten som den og Norges Røde Kors verka innanfor – og då særleg den internasjonale Røde Kors-rørsla si historie frå starten på 1860-talet. Røtene til humanitarianismen er eldre, men Røde Kors-rørsla fekk sin fødsel i liknande omgjevnader som den Finlandsambulansen skulle operere i 75 år seinare: På ei slagmark i Italia. Lidingane der fekk Henry Dunant til å skrive boka *Minner fra Solferino*, som vart sjølve grunnsteinen i det som skulle utvikle seg til det som kan kallast ein idealistisk Røde Kors-ideologi.

*Tutti fratelli – vi er alle brødr* – ber i seg den idealistiske filantropiske universalismen som skulle prege den internasjonale Røde Kors-komiteen i Geneve, og som gav verda den første Genevekonvensjonen. I dette dokumentet blir det drege opp klare prinsipp for tilhøvet mellom statsmakt, militærmakt, humanitet, og dermed også humanitarianisme. Ikkje minst blir prinsippet om den såra soldatens nøytralitet knesett, og slik også nøytraliteten til ambulansar, sjukehus og personell som var involvert i hjelpearbeidet. I utgangspunktet var statane skeptiske til denne forma for samaritanisme på slagfelt der det vart kjempa om realpolitiske verdiar som makt og territorium, men ved å knyte nasjonalforeiningane til Røde Kors sterkare til dei militære organisasjonane, lukkast ein *både* i å kontrollere den nye rørsla, *og* – i mange kritikarar sine auge – gjere den til eit nyttig attributt til dei væpna styrkane. Røde Kors kunne etter kvart oppfattast som ei *legitimering* av krigen, og gjere denne meir akseptabel for opinionen. Ikkje minst vart dette tydeleg under den første verdskrigen, og denne utviklinga må vel kunne seiast å vere ein heller ironisk bieffekt av den nye rørsla sitt i utgangspunktet fromme ønske om å hjelpe såra og lidande på slagmarka.

Vi har sett at dei nasjonale Røde Kors-foreiningane vart knytte stadig tettare til sine respektive statars militærvesen i åra fram mot første verdskrigen, at det å støtte opp om Røde Kors nasjonalt vart sett på som ei patriotisk dyd, og at nasjonalisme og patriotisme effektivt vann over den opphavelege ideen om universalisme og filantropi.<sup>664</sup> Faktisk vart desse banda mellom nasjonalforeiningane og statane formelt stadfesta av den reviderte Genevekonvensjonen av 1906, då hjelpeforeiningar vart godkjende som frivillege ressursar knytte til væpma styrkar.<sup>665</sup>

ICRC, den internasjonale komiteen i Sveits, makta vel i større grad å halde på idealet om universalitet og ikkje minst nøytralitet, men fekk også i visse kretsar kritikk for å vere *for* nøytrale, for ikkje å vere ei tydeleg moralsk røyst mot krigen.

---

<sup>664</sup> Barnett 2011:81

<sup>665</sup> Best 1980:142

Heller ikkje Norges Røde Kors var fri for nasjonale bindingar når det kom til krig og fred. Vi har sett at organisasjonen var ein villeg reiskap for den norske statsmakta sin utanrikspolitikk under t.d. borgarkrigen i Finland i 1918. Den norske ambulansen som vart sendt austover med velsigning frå regjering og nasjonalforsamling, hjelpte berre den eine sida, nemleg den som *ikkje* hadde bolsjeviksympatisørar og elles radikale krefter i sine rekker. I 1939 var det også ønsket om å hjelpe den eine siden i konflikten som initierte ein ny Finlandsambulanse. Bindinga til den norske statsmakta viste seg igjen ved lånet av utstyr til krigssjukehuset og feltlasarettet. Bilete frå Finland viser dessutan både legar og Røde Kors-søstrer i militærliknande uniformer, heilt i tråd med det Hutchinson påpeikar som eit særdrag ved mange nasjonalforeiningar under verdskrigen 1914 - 1918.<sup>666</sup>

Om vi utvidar forestillinga om ein norsk, nasjonal fellesskap, der ein deler eit sett av verdiar og måtar å sjå verda på, så vart Finland innlemma i denne fellesskapen idet Vinterkrigen var eit faktum. Den norske Finlandsambulansen var eit tydeleg og konkret uttrykk for det som kanskje kan kallast ein “pan-nordisk” solidaritet, noko ikkje minst også samarbeidet med Foreningen Norden understreka.

I Norges Røde Kors si sjølvforståing, slik denne kjem til uttrykk til dømes i månadstidsskriftet, er organisasjonen del av ei brei internasjonal rørsle for fred og internasjonal forbrødring. I eit slikt perspektiv er det interessant at Finlandsambulansen i 1940, på same måten som andre nordiske ambulansar, vart ein del av krigsorganisasjonen til Finland, med tett samarbeid mellom ambulanseleinga og finske militære sjefar. Kanskje kan det her dragast ein parallell til korleis nasjonale foreiningar i realiteten fungerte som del av krigsorganisasjonen for sine respektive nasjonalstatar under 1. verdskrigen,<sup>667</sup> slik Norges Røde Kors skulle gjere det etter den tyske invasjonen i Noreg berre ein måned etter at vinterkrigen tok slutt.

Eg har også gitt eksempel på Barnett sin påpeiking av at rammevilkåra og handlingsrommet for humanitært arbeid i ein krigssituasjon vert utvida og innsnevra i takt med ein krigførande part sine strategiske disposisjonar og kva han meiner er tenleg for han sjølv.<sup>668</sup> Det framskotne feltlasarettet i Sotkamo hadde ikkje blitt sanksjonert av finnane om ikkje det finske forsvaret meinte det var i deira interesse. På same tid forsøkte den russiske

---

<sup>666</sup> 1996:351

<sup>667</sup> Barnett 2011: 81

<sup>668</sup> Barnett 2011: 22f

sida å snevre *inn* handlingsrommet til nordmennene. Stadige angrep på transportane tvinga til dømes ambulansane til å køyre om natta.

Det har elles vore interessant å sjå likskapane og ulikskapane når det gjeld Norges Røde Kors si utsending av Finlandsambulansen og den same organisasjonens handtering av Ungarnkrisa i 1956 – 1957. Begge krisene skapte eit stort og vedvarande engasjement i den norske unionen. I tilfellet Ungarn var Røde Kors-ligaen i sterkare grad inne som koordinator av hjelpa. Ikkje minst ved å etablere eit slags “nøytralt” rammeverk for operasjonen, ville ein unngå at innsatsen skulle bli teken til inntekt for den eine parten i konflikten, ein konsekvens av at det internasjonale Røde Kors ville styrke vektlegginga av dei opprinnelege apolitiske ideala nestekjærleik og universalisme i ei tid der skismaet mellom aust og vest berre vart tydelegare og tydelegare.

Som vi har sett, hadde også Norge Røde Kors si sjølvopfatning på trettitalet klare drag av det same, som ein forkjempar for forbrødring og universelle filantropiske idèar. Dette hindra imidlertid ikkje organisasjonen i å bli ein sterkt partisk aktør i Finland. Den historiske konteksten, det sovjetiske overfallet på eit nabofolk, skapte ein kollisjon mellom dei overordna ideala og røynda i den verkelege verda. Reaksjonane på krigen i Finland gjorde at nøytralitetsprinsippet måtte vike for dei sterke sympatiane og antipatiane krigen skapte. At Finlandsambulansen også hjelpte russiske soldatar, er i tråd med idealet som ligg i mottoet *Tutti fratelli*, men rokkar ikkje ved hovudinntrykket: Finlandsambulansen var først og fremst i Finland på grunn av finnar, ikkje russarar.

### **6.3 Søstrene si rolle**

I innleiingskapittelet skriv eg at eg har vore spesielt interessert i kven dei var, Røde Kors-søstrene som reiste til Finland. Eg har sett på den sosiale og geografiske bakgrunnen deira, kva utdanning dei hadde før dei starta på sjukepleiarutdanninga, alder m.m. I det store og heile harmonerer funna mine med det eksisterande litteratur viser når det gjeld samansettinga av denne yrkesgruppa i tiåra fram mot 2. verdskrigen.

Som nemnt i innleiingskapittelet har eg ikkje funne primærkjelder der desse kvinnene *sjølve* kjem til orde og forklarar kvifor dei melde seg for å vere med Finlandsambulansen. Dei vart naturlegvis, som resten av befolkninga, prega av den offentlege diskursen om krigen. I jakta på ytterlegare motivasjonskrefter har eg studert Røde Kors-kulturen generelt, og søsterkulturen spesielt. Sjukepleiarane fann seg sjølve i eit sterkt patriarkalsk og for så vidt også autoritært hierarki, men innanfor desse rammene skapte dei også sin eigen identitet og ein viss autonomi. Søstrene vart både i utdanning og praksis eksponerte for sterk disiplin og klare

etiske krav. Forestillinga om eit *kall* til å yte omsorg og lindre lidning, verka sterkt normativt. Vidare vart søstrene gjennom Norges Røde Kors sin eigen propaganda stadig eksponerte for organisasjonens sølvforståing som ein *internasjonal* organisasjon for fred og lindring av lidning. *Tutti Fratelli!*

#### **6.4 Leiarane – betydning og motivasjon**

I tilfellet Finlandsambulansen må det vere rett å seie at leiarane hadde svært stor betydning, både for etablering og gjennomføring av tiltaket. Vi har sett at t.d. Johan Holst hadde sterke personlege band til Finland etter sitt engasjement ved Røde Kors sin ambulanse der under borgarkrigen i 1918. Her fungerte han etter kvart som bataljonslege for dei kvite, og kom til slutt i en situasjon der han såg seg sjølv som soldat heller enn som nøytral Røde Kors-lege med motiv om å lindre menneskeleg lidning. Også president Harald Grieg i Foreningen Norden var med på ein ambulanse i Finland i 1918, og det er grunn til å tru at både Holst og Grieg sine opplevingar der var formative og avgjerande for det sterke engasjementet dei skulle legge for dagen i 1939 – 1940. Indisia for dette er mange, ikkje minst i talar og andre ytringar dei kom med under og etter Vinterkrigen. Begge hadde klare ideologiske overtonar i argumentasjonen sin, og ein kan få eit inntrykk av at dei såg på Vinterkrigen som eit framhald frå borgarkrigen, som ein eksistensiell kamp mot den russiske faren, representert ved kommunismen og bolsjevismen.

*Tutti fratelli! Vi er alle brødr!* Men igjen: Nokon er meir brødr enn andre.

## 7 Referanseliste - kjelder og litteratur

### Bøker og artiklar

- Anderson, B.(1996): *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Oslo: Spartacus.
- Barnett, M. (2011): *Empire of Humanity. A History of Humanitarianism*. New York: Cornell University Press.
- Berg, R. (2016): *Norsk utanrikspolitikk etter 1814*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bjørl, E. (1974): *Internasjonal politikk*. Oslo: Cappelens Forlag.
- Dyke, C. van (1997). *The Soviet invasion of Finland 1939 – 40*. London: Cass Publishers.
- Edwards, R. (2007). *Hvit død. Russlands krig mot Finland 1939 – 40 (1. utg.)*. Oslo: Vega Forlag.
- Fause, Å. og Michaelsen, A. (2008): *Et fag i kamp for livet. Sykepleiens historie i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke.
- Forsythe, D. P. (1977). *Humanitarian Politics*. Baltimore: The John Hopkins University Press.
- Forsythe, D. P. (2005). *The Humanitarians. The International Committee of the Red Cross*. New York: Cambridge University Press.
- Grøn, Kr. og Widerøe, S. (1921): *Haandbok i Sykepleien*. Kristiania: Aschehoug.
- Godal, I (1984). *Det blåser i grenseland*. Oslo: Atheneum.
- Haavikko, P. (1979). *Finlands linje. Kommentar till ett okänt folks okända historia 1904 – 1975*. Stockholm: Atlantis.
- Hagemann, E. (1930). *Sykepleieskolens etikk i korte trekk*. Oslo: Aschehoug.
- Heimbeck, J. (1918). *Med Finlands hvite. Optegnelser fra Finlands frihetskamp*. Kristiania: Aschehoug.
- Hutchinson, J.F (1996). *Champions of Charity. War and the Rise of the Red Cross*. Oxford: Westview Press.



- Hytönen, Y. (2002). *Se människan. Finlands Røda Kors 1877 -2002*. Helsingfors. Finlands Røda Kors.
- Jentoft, M. (2018). *Finland 1918. Den finske borgerkrigen og nordmennene som var vitne til den*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Johansen, J.O. (1983). *Finland – det muliges kunst*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.
- Junila, M. (2012). Wars on the home front. Mobilization, economy and everyday experiences. I: T. Kinnunen & V. Kivimäki (Red.), *Finland in World War II, History, Memory, Interpretations* (s. 191 – 232). History of Warfare volume 69. Leiden, Boston: Brill
- Kjelstadli, K (1999). *Fortida er ikkje kva den en gang var!* Oslo: Universitetsforlaget.
- Klinge, M. (1981). *Utsyn over Finlands Historie*. Helsingfors: Forlagsaksjeselskapet Otava.
- Krog, T. (2014). *Hermeneutikk. Om å forstå og fortolke*. 2. utgave. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Lorentz, G. (1951). *I barmhertighetens tjänst. En bokfilm om Svenska röda Korset. Stockholm*. Bengt Forsberg Förlag.
- Mageli E. (2014). *Med rett til å hjelpe. Historien om Norges Røde Kors*. Oslo: Pax Forlag.
- Manninen, O. (2004). *The Soviet plans for the north western theatre of operations in 1939 – 1944*. Helsinki: National Defence College.
- Martinsen, K. og Wærness, K. (1991). *Pleie uten omsorg? Norsk sykepleie mellom pasient og profesjon*. Oslo: Pax Forlag.
- Meinander, H. (2012). Finland and the great powers in World War II, Ideologies, Geopolitics, Diplomacy . I: T. Kinnunen & V. Kivimäki (Red.), *Finland in World War II, History, Memory, Interpretations* (s. 49 – 92). History of Warfare volume 69. Leiden, Boston: Brill.
- Meinich, J. (1957): *Kjenn ditt Røde Kors*. Hefte til bruk ved Norges Røde Kors Sykepleierskoler. Oscar Andersens Boktrykkeri .
- Meinich, J. (1975): *Mitt liv med Røde Kors*. Oslo: Dreyer.
- Melby, K. (1990): *Kall og kamp. Norsk sykepleierforbunds historie*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.

- Moen, J.S. og Sæther, R. (2009): *Tusen dager. Norge og den spanske borgerkrigen 1936 – 1939*. Oslo: Gyldendal Forlag
- Moorehead, C.(1998): *Dunant`s Dream. War, Switzerland and the History of the Red Cross*. London: Harper Collins Publishers.
- Nightingale, F. (1997): *Notater om sykepleie*. Redigert av Victor Skretkowicz. Oslo: Universitetsforlaget.
- Palmer, H. (1987): *Glimt fra sykehuset i perioden 1887 – 1962*. I: Palmer, H. (Red.), Drammen sjukehus, Buskerud sentralsykehus 100 år. Drammen: Buskerud sentralsykehus.
- Rosèn, G. (1977): *Hundra år av krig och fred. Finlands Röda Kors 1877 – 1977*. Helsingfors: Finlands Røda Kors.
- Sandmo, E. (2015). *Tid for historie. En bok om historiske spørsmål*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Singleton, F. (1998). *A short history of Finland*. Cambridge: Cambridge University press.
- Sprague, M. (2010). *Sweedish volunteers in the Russo-Finnish Winter War 1939 – 1940*. Jefferson: McFarland & Company Publishers.
- Strømsøe, T. (1997). *Solidaritet eller nøytralitet? Norsk finlands-politikk og opinionen under Vinterkrigen 1939-1940*. Nr. 22 i skriftserie frå Historisk institutt. Trondheim: NTNU.
- Sæter, M. (1965). *Over alle grenser: Norges Røde Kors 100 år*. Oslo: Aschehougs Forlag.
- Söderman, T. (2004). *Tage Erlander och Max Jakobson om vinterkriget*. I: Nordisk tidsskrift för vetenskap, konst och industri, 2014, årg. 90, h. 1, s. 99 – 102.
- Tidemand-Johannessen, B. (2000). *Den kalde fronten*. Oslo: Cappelen
- Trotter, W. (2004). *Den finske vinterkrig 1939 – 1940*. København: Borgens Forlag.
- Tønnesen, A.V. (2003). *Dannelse og maskulin dominans*. I: Martinsen, K. og Wyller, T. (Red.). *Etikk, disiplin og dannelse* (s. 33 – 50). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Welle-Strand, E. (2001): *Grenseløs omsorg. Norges Røde Kors ute i 100 år*. Oslo: Norges Røde Kors.
- Wyller, I. (1990). *Sykepleiens historie i Norge*. 2. utgave. Oslo: Gyldendal.

Ørvik, N. (1961). *Sikkerhetspolitikken 1920-1939 : Fra forhistorien til 9. april 1940. 2 : Vern eller vakt?* Oslo: Tanem

## **Mastergradsoppgåver**

Gripp Bay. E. (2014). *Historien om frontsøstrene. De norske frontsøstrenes historie i et nytt lys.* Mastergradsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, Oslo.

Vekony Olsen, H. C. (2016). *Utforming og gjennomføring av norsk humanitær hjelp etter opprøret i Ungarn 1956 – 1957.* Mastergradsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, Oslo.

## **Arkiv**

RA: Riksarkivet, Røde Kors Privatarkiv PA 0250

RA/PA-0250/F/Fa/Faf/L0051

RA/PA-0250/F/Fa/Faf/L0052

RA/PA-0250/F/Fa/Faf/L0053

RA/PA-0250/F/Fd/Fdc/L0248

RA/PA-0250/F/Fe/Feb/L0289

RA/PA-0250/F/Fe/Feb/L0290

RA/PA-0250/F/Fe/Feb/L0291

RA/PA-0250/F/Fe/Feb/L0292

RA/PA-0250/F/Fe/Feb/L0294

## **Aviser**

Aftenposten

Arbeiderbladet

Dagbladet

Mannskapsavisa

Morgenposten

## **Røde Kors - publikasjoner**

Norges Røde Kors Månedstidsskrift 1930 - 1940

Representanskapets beretning om Norges Røde Kors's virksomhet 1935 - 1938

Representanskapets beretning om Norges Røde Kors's virksomhet 1938 - 1940

## **Nettsteder**

[www.snl.no](http://www.snl.no)

[www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no)

[www.snl.no/Finlands\\_Historie](http://www.snl.no/Finlands_Historie): nedlasta 7.7.2016

<http://byleksikon.drnk.no/nicolaysen-knud-dahl-1891-1973/>

## **Film**

Kortfilmen “ Finland kjemper,” frå 1940. Vist som del av Filmavisen veke 44/1944

## **Radioprogram**

Holst, J. (1940, 6. februar). *Professor Johan Holst hilser hjem fra den norske ambulanse under vinterkrigen i Finland*. Oslo: NRK

Mamen , C. (1989, 30.november) *Verden i dag –Dagsnytt* . Oslo: NRK

Ukjent offiser (1940, 7. februar) *Finsk offiser om den norske innsamling av ryggsekker til Finland under vinterkrigen. Intervju (på svensk)* Opptak frå YLE. Oslo: NRK

## **Andre kjelder**

Fotoalbum “Laura Hoff Finland 1940”

Elisabeth Karete Marianne Rye Dybvik (Samtalar våren 2018)

## **Vedlegg 1: Kontingentane**

Til saman 83 norske menn og kvinner tenestegjorde i dei tre kontingentane som sette opp og dreiv Norges Røde Kors sin Finlandsambulansse frå slutten av desember 1939 til byrjinga av april 1940. Dei var fordelte på tre hovudkategoriar: Legar, sjukesøstrer, lege studentar, sjåførar og anna teknisk personell.

### ***1. Kontingent – leia av professor Johan Holst. Drog frå Noreg 30. desember 1939.***

Legar: Dr. Gunnar Ulland, dr. Røvig, dr. Lossius.

Røde Kors-søstrer: Ester Karlson, Astrid Frenning, Bertha Haugen, Anna Gislefoss, Aagot Sørensen, Nini Holtan, Bertha Wegner Storesund, Hilda Wie, Katharina Galtung Meyer, Ingeborg Stene, Laura Hoff og Birgit Plathe.

Legestudentar: Collett, Finne, Nissen Meyer, Arnesen, Strøm.

Sjåførar og anna teknisk personale: Pedersen, Torbjørnsen, Tandberg, Kulsrud og Kaare Gulbrandsen.

### ***2. Kontingent – leia av overlege Knud Nicolaysen. Drog frå Noreg 7. februar 1940.***

Legar: Erling Borch Johnsen, Arne Hvoslef, Bjarne Fretheim, Bernhard Paus og Anton Gulsvik.

Røde Kors-søstrer: Oversøster Hjørdis Waage, Berthe Peckel Wam, Liv Thorsvik, Esther Sannum, Gudrun Hille, Astrid Voilestøl, Sigbjørg Klafstad, Sigrid Steen, Gudrun Macedo, Marit Moe, Edit Poulsson, Magnhild Kjeserud. (I tillegg kjem Astrid Frenning, Anna Gislefoss og Bertha Storesund, som vart att frå den første kontingenten.)

Legestudentar: John Myhre og Nils Eie.

Sjåførar og anna teknisk personale: Kjell Nilsen, Arne Gladheim, Hans Christen Mamen, Olav Thujord, og Øivind Arnesen. (I tillegg kjem Tandberg, Kulsrud og Kaare Gulbrandsen som vart att frå forrige kontingent.)

### ***3. Kontingent – leia av overlege Nikolai Paus. Drog frå Noreg 16. mars 1940.***

Legar: Einar Fr. Lindboe, O. Bang-Diethrichson, Ebbe Thorgersen, Hilmar Myrhaug og Torsten Dale.

Røde Kors-søstrer: Lilljan Øhrn, Ella Kopstad, Randi Næsmo, Valborg Hansen, Margit Kirkaune, Eva Tuft, Maja Hallberg, Gurli Wasteson, Magna Hindahl, Alberta Wedul, Helene Mikkelsen, Helene Smith, Maren Hoff, Hildur Hofland, Karoline Kvakkestad og Anna Gurine Knudsen.

Medisinstudentar: Christian Eger, Johan Lundar og Torfinn Dramsdahl.


Overdiakon: Olai Pavestad.

Sjåførar og anna teknisk personale: Hroar Foss, Ambjørn Andresen, Helge Vesteng, Nils Frøisland, Trygve Fosser, A. Grove Knutsen og Egil Bjørn-Hansen.<sup>669</sup>

---


<sup>669</sup> Representantskapets beretning om Norges Røde Kors's virksomhet 1938 – 1940. s. 13-16.

Vedlegg 2: Finland dei to første krigsmånadene.<sup>670</sup>




<sup>670</sup> Kartet er laga av The Department of History at the U.S. Military Academy, lasta ned frå [https://no.wikipedia.org/wiki/Vinterkrigen\\_den\\_13.05.2018](https://no.wikipedia.org/wiki/Vinterkrigen_den_13.05.2018)

### Vedlegg 3: Krigssjukehusets og feltsjukehusets plassering i Finland





## Vedlegg 4: Organisering av Finlandsambulansen



Skissa er laga av Johan Holst, og viser skjematisk korleis verksemda i Finland var organisert.<sup>671</sup>

<sup>671</sup> Skissa er vedlagt Sammenfattende rapport fra J.Holst. Mappe "Finland I, Rapporter fra lederne av ambulansen." Boks 51, RA

## Vedlegg 5: Ambulansar frå andre land

Ved krigsutbrotet hadde det finske Røde Kors allereie utrusta og klargjort ni feltsjukehus. Desse vart omgåande stilte til disposisjon for den finske forsvarsmakta. I tillegg vart foreininga sitt sjukehus i Helsingfors gjort om til militærsjukehus i januar.<sup>672</sup>

Nasjonalforeininga i Noreg var naturleg nok ikkje den einaste i den store Røde Kors-familien som kjende sympati med Finland og sin finske søsterorganisasjon. Mange bar på eit sterkt ønske om å bidra direkte med medisinsk hjelp på og ved slagmarka. Også Sverige, Danmark, Nederland, Sveits og Frankrike byrja rett etter krigsutbrotet å førebu ambulansar, og ikkje minst dei andre nordiske landsforeiningane sine bidrag var betydelege. Sveriges Röda Kors hadde til dømes to komplette ambulansar. Den første hadde eit personell på 40 personar, og kom til Finland 22. desember 1939. Eit krigssjukehus på 150 sengar vart etablert i Nyslott nokre mil vest for den russiske grensa. Ved krigens slutt hadde sjukehuset 200 pasientar, i tillegg til eit feltsjukehus som vart lokalisert fleire stader ved fronten på Det karelske neset, mellom anna i Kirvu, som etter fredsslutninga vart liggande på russisk side. Nyslott vart utsette for harde bombeåtak, og “Visst har vi fått vara med om en del under de här månaderna,”<sup>673</sup> uttalte leiraren for ambulansen, dr. Key til Stocholms-tidningen ved heimkomsten til Sverige i midten av april 1940:

Vi hade ju ett par svåra bombanfall över Nyslott, men til all lycka undgick sjukhuset att bli träffat, fast det inte var långt ifrån. Bombraiderna voro så allvarliga att patienterna blevo oroliga. De tyckte, att det var lugnare att vara vid fronten än att ligga överksamma i sine sängar och bara höra på bombkrevaderna.<sup>674</sup>

Den andre svenske ambulansen var den største Sveriges Røde Kors nokon gong har utstyrt, og verka i Lappland. I tillegg til eit krigssjukehus med 140 senger, hadde denne ambulansen eit 40-sengers feltlasarett i Kemijärvi og eitt ved fronten i Petsamo.

Den danske ambulansen var på plass i Finland alt på julaftan 1939, og vart først dirigert til Rovaniemi. Før ein i det heile teke hadde fått feltsjukehuset på hundre sengar operativt, kom imidlertid ein ny marsjordre – denne gong til Joensuu. Det danske personellet bestod av i alt 25 personar, mellom anna seks legar og 17 sjukesøstre, og tok seg i hovudsak av skadde frå frontane i Ilomants og Lagoda. I byrjinga av februar vart feltsjukehuset til danskane utvida med hundre senger til. Personellkapasiteten vart også auka med ytterlegare

---

<sup>672</sup> Hytönen 2002: s. 41f

<sup>673</sup> Lorentz 1951: unummerert side.

<sup>674</sup> Lorentz 1951: unummerert side.

fire legar og åtte sjukesøstre. Mot slutten av februar vart ambulansen flytta nok ein gong, og tok imot sårå frå det avgjerande slaget om Det karelske neset.<sup>675</sup>

---

<sup>675</sup> Rosèn 1977: s. 337f. Det er elles interessant å merke seg at den danske ambulansen, akkurat som den norske, vart leidd av ein lege med røymsle frå den finske borgarkrigen i 1918. Johan Holst hadde jo akkurat same bakgrunn. Ein av dei svenske ambulansane hadde også med seg dr. Fride Hylander, som hadde vore leiar for den svenske ambulansen i Etiopia – akkurat som norske dr. Ulland, ein av legane i den første norske kontingenten i Finland.

## **Vedlegg 6: Kopi av fotoalbumet Laura Hoff, Finland 1940**

Eg har valt å legge ved kopiar av sidene i fotoalbumet som bestemor Laura Hoff laga seg etter opphaldet i Finland. Albumet er ein god visuell dokumentasjon av opplevingane Finlandsambulansens oppgåver og gjeremål, både ved krigssjukehuset i Muhos og ved feltlasarettet i Sotkamo. Nokre bilete har vore lause inne i albumet, og er derfor samla på kvite ark før scanning. Elles er albumsidene scanna slik dei er. På den måte får vi også fram litt av tidskjensla.

Dessverre var bestemor svært sparsam med kommentarar til bileta. Dei får derfor i stor grad tale for seg sjølve. Der eg har funne det naturleg, har eg skrive litt sjølv, nedst på sidene.

POSTIKORTTI  
SUOMI.



*Fröken*

*Laura Hoff*


*Sykeluset  
Drammen*

*Norge.*

PARANTOLA

(parantola pidättää itselleen julkaisuksen) 21/3.

*Kuore läure ( Frä Sann alle till  
kallu hie fette-cake "suola" n  
dy alle härtig lisselu om Tulla hä  
pöcket. Det smakar dy sig. Tulla hä  
dyo Fräntan. dyo Fräntan  
Lami Väkaren. Lami Väkaren  
dyllan lälän. dyllan lälän  
dyllan lälän. dyllan lälän  
dyllan lälän. dyllan lälän  
dyllan lälän. dyllan lälän  
dyllan lälän. dyllan lälän  
dyllan lälän. dyllan lälän  
dyllan lälän. dyllan lälän*



Krigssjukehuset i Muhos var eit delvis evakuert tuberkulosesanatorium.
















Mannen i kvit frakk er truleg Johan Holst.



Johan Holst.





Fotografiene velvilligst utlånt av Aftenposten.

*Fra Finnlandsambulansens avreise. Tilvenstre: Navneopropet på Østbanestasjonen. Tilhøire sees ambulansens deltagere på vei til sine kupeer. Forrest professor Holst.*

































Frå feltlasarettet i Sotkamo.













Biletet i midten nedst på sida: Laura Hoff.



















Laura Hoff til høgre. Legg merke til dei finske flagga på brystlomma. Ingen tvil om kvar lojaliteten ligg.





Laura Hoff, truleg saman med Anna Gislefoss.



*Fra den vakre velkomstfest for professor Johan Holst og hans ambulansé i Det Norske Medisinske Selskap i Oslo med Kongen og Kronprinsparet på første benk. På talerstolen professor Holst.*

## Vedlegg 7: Røde Kors-søster i Finland: Laura Rye f. Hoff (1905 – 1988)



Bestemor mi, Laura Rye, var Røde Kors-søster i den første kontingenten til Finlandsambulansen. Den gongen hadde ho jentenamnet Laura Hoff. Laura vart fødd og vaks opp på Ellingsøy som ligg rett utanfor Ålesund. Faren Nils var fiskeskippar, bonde og elles ein aktiv mann i lokalsamfunnet. Mora Marie stelte heimen med myndig og kjærleg hand, og sytte for at Laura, dei to søstrene og tre brørne hennar alltid hadde eit godt ankerfeste på heimegarden. Kanskje var det gjennom hennar eksempel at Laura fekk den utprega evna til empati og omsorg for andre som følgde henne heile livet, og var med på å gjere tilveret for menneska rundt henne lysare og tryggare enn det kanskje elles ville vore.

Etter folkeskulen ønskte Laura å ta ungdomsskulen som den to år eldre søstera Lisa, men fekk beskjed om at det hadde ikkje familien råd til. Mange år seinare fortalde Laura at ho vart så sint då mora fortalde henne dette, at ho kasta ei vaskefille i hovudet på henne!

Temperament hadde ho altså. I staden for vidare utdanning var Laura i teneste i fleire år, mellom anna hos ein lege i Ålesund. Her lærte ho å operere eit røntgenapparat, og fekk vel såleis si første kontakt med sjukepleien. Det var også i Ålesund ho fekk sansen for fotografering, og ho tok kurs i filmframkalling hos ein av byens fotografar. Fotointeressa kom seinare til nytte i Finland, og resulterte i fotoalbumet som er vedlagt denne masteroppgåva.

Kva som fekk Laura til å ønskje seg inn i sjukepleien, veit vi ikkje. Men vi veit at faren ein gong tok henne med til Rikshospitalet for å finne ut om ho burde opererast i ei hand som lenge hadde vore vond. Truleg var det her ho fekk sjå sjukepleiaryrket i praksis og på nært hald for første gong, og det er vel ikkje umuleg at ho her tenkte at dette kunne vere noko for henne? Kanskje var det ein kombinasjon av mange motivasjonsfaktorar, som slike eg var inne på i kapittel 5, og kanskje var ho ganske typisk for sin generasjon kvinnelege sjukepleiarar.

Faktum er i alle fall at Laura sommaren 1931 forlet familien og heimen på Sunnmøre for å byrje på *Røde Kors Sykepleierskeskole* i Oslo. Då var ho 26 år og over sin første ungdom, og det er muleg håpet om å finne ein ektemake var i ferd med å svinne slik det gjorde for så mange andre ugifte jenter på hennar alder. Kanskje såg ho som mange andre på sjukepleien som eit yrke som kunne gi henne eit utkome, og som samtidig kunne fungere som ei erstatning for den omsorgsarenaen ein eventuell familie kunne ha vore? Igjen, vi veit ikkje. Dottera Elisabet seier i dag at Laura aldri seinare i livet sa noko eksplisitt til henne om kva som dreiv henne inn i yrket.

På rullebladet i Røde Kors sitt arkiv står det at Laura starta utdanninga si 1. juli 1931, og at ho vart vigsla og tilsett som ferdig utdanna søster på same dato i 1934. Etter eit års pliktår ved Røde Kors-klinikken, drog ho til Drammen sykehus, der ho arbeidde som avdelingssøster, operasjonssøster, nattsøster og meir. Her tok ho også spesialutdanning som operasjonssøster. Då ho vart utplukka til å vere med til Finland, arbeidde ho framleis i Drammen, saman med ei rad andre av Finlandsfararane. I Finland var ho i seks veker under leiing av Johan Holst.

Våren 1939, om lag eit halvt år før Vinterkrigen braut ut, døydde brått Laura si søster, Lisa, i samband med ein operasjon. Ho var gift med lærar Nils Rye heime på Ellingsøy, og hadde to gutar på åtte og seks år. Dette var eit stort sjokk for heile slekta, og storfamilien trådde til for å hjelpe enkemannen som no sat att med eineansvaret for gutane. Lisa og Nils budde på eit lite bruk som var utskilt frå garden til til Lisa og Laura sine foreldre.

Den 1. april 1941, då ho var 37 år gammal, gjekk Laura Hoff ut av teneste for å reise heim til Ellingsøy og hjelpe til med dei to morlause nevøane som no var 11 og ni år gamle.

Året etter gifte ho seg med Nils, og ikkje lenge etter kom Elisabet til verda som den tredje i søskenflokket. “Å oppgi sjukepleiartenesta var nok eit vanskeleg val å ta for mor mi, vil eg tru, men det sa ho aldri,” fortel Elisabet i dag. “Eg trur ho såg på dette som det einaste rette å gjere. Ho blei ei god mor for dei to gutane, som eg alltid har sett på som mine rette brør. Ho sa eingong at ho eigentleg ikkje ville ha eigne barn, fordi ho var redd for at gutane då skulle føle at dei kom i andre rekke. Men så blei det altså slik likevel då, at eg blei fødd, og eg trur aldri dei følte noko negativt med det. Vi hørde rett og slett saman, vi tre, sjølv om eg var ein del yngre.”

Underteikna sin far var eldst av dei to brørne som miste mor si i 1939, og som to år seinare fekk ho eg kallar bestemor som stemor. Verken far eller broren kalla nokon gong bestemor for noko anna enn “mor.” Dei såg henne som nettopp det – og eg tvilar på om dei nokon gong reflekterte i særleg grad over at Laura *eigentleg* var tanta deira. Dei kjende seg elska, og Laura representerte ein ny kontinuitet i liva deira etter at mor deira døde så brått – ein kontinuitet som tok vare på og opprettheldt alle dei slektsmessige banda på morssida.

Elisabet fortel om ei mor som utstrålte spesielt tre eigenskapar: Ro. Tryggheit. Varme. Laura hadde heilt spesielle evner som omsorgsperson, ikkje berre for kjerne- og storfamilien, men også for resten av folket på Ellingsøy. Heilt frå ho kom heim til Ellingsøy i 1941 og ho var mange og sytti år, var ho øyfolkets ankerfeste når noko stod på. På denne tida var der berre båtsamband med Ålesund, og “Rye-Laura” fungerte som ei forlenga arm for legar i Ålesund, både med omsyn til medisiner, sårskift og andre sjukepleieoppgåver. Alt naturlegvis frivillig og ubetalt. Telefonen kunne ringe til alle døgnets tider, fortel Elisabet: “Ofte banka det på ytterveggen nattetid. Då var det folk som kom for å hente henne. Når nokon skulle på sjukehuset, var ho ofte med i ambulansen eller båten til Ålesund. Berre det å ha henne i nærleiken, gjorde folk rolege.”

Kanskje var det slike eigenskapar som gjorde at ho også ofte var med presten når han skulle ut med sørgebod. Soknepresten budde på fastlandet, medan Laura var ein av øyas eigne, og kjende alle godt. Det låg ei tryggheit i å ha med Laura til heimar som skulle få vonde beskjedar. “Rye-Laura” var elles ein klok samtalepartner for menneske som låg for døden, og ikkje minst deira pårørande. Meir enn ein gong var det også ho som følgde folk med psykiske lidingar på bussen når dei skulle innleggast til behandling. Slik var Laura Rye, fødd Hoff. Det var ikkje utan grunn at ho vart sett på som *den gode samaritanen på Ellingsøy*. Ho sparte seg aldri når det var behov for henne.

Det gjekk ikkje lang tid frå Laura kom heim til ho byrja å engasjere seg i lag og foreiningar. Mellom anna sat ho i styret for Borgund Helselag i over tjue år, i lange periodar

som formann, og var stadig oppteken med basarar, loddsal og sal av julemerke og 17. mai-blomar til inntekt for ulike føremål både nasjonalt og lokalt. Gjennom heile sitt vaksne liv var ho medlem i Nasjonalforeningen for folkehelsen, og underteikna hugsar godt kor påpasseleg ho var med å klippe frimerka av all brevpost som kom i hus. Dei vart nemleg samla i ein stor konvolutt som vart sendt til Tubfrim når den var full. Elles stod Sjømannsmisjonen hennar hjarte nær, sjølv om helse og helsearbeid alltid hadde førsteplassen i prioriteringane hennar.

Laura Rye var utprega sosial, svært gjestfri og veldig interessert i folk. “Barn, unge, vaksne, gamle; alle blei glade i ho ”Rye-Laura,” og det var nok fordi dei merka at ho var genuint interessert i *dei*. Ho *såg* dei! Ho likte godt å gi positiv merksemd: Når nokon i familien eller vennekretsen hadde dag, skreiv ho gjerne talar som ofte gjekk på rim. Ho var flink til å ordlegge seg, og hovudmotivasjonen hennar var nok at ho ville glede. Eg trur ho egentlig var litt beskjeden av natur, ho hadde ikkje behov for å vere i fokus for sin eigen del, men ville gjerne gjere andre gode. Derfor var ho også ein god lyttar,” fortel Elisabet.

Underteikna og resten av dei ni barnebarna fekk eit svært nært forhold til bestemor, og kjenner oss att i skildringa ovanfor. Ho var eit tuntre i slekta, og ein svært viktig grunn til at vi alle elska å tilbringe heile sommarferien på Ellingsøy saman med henne og bestefaren vår - i år etter år etter år. Bestemor, bestefar og heimen på Ellingsøy var navet som batt saman storfamilien som elles var spreidd over heile landet. Der var ein spesiell atmosfære i huset deira – ein slags fredeleg balanse. Å kome dit, var som å kome heim for store og små.

Dotter Elisabet fortel at Laura var sine veners ven: “Venskap var viktig for henne gjennom heile livet, mellom anna heldt ho kontakten med sjukepleievenninnene sine livet ut. Eg hugsar mellom anna at ho stadig, også i høg alder, snakka om Anna Gislefoss som var i Finland saman med henne, og som ho også arbeidde saman med i Drammen. Som ven var ho lojal, ho utleverte aldri nokon. Hadde nokon betrudd seg til henne, stoppa det der. Ho la elles alltid stor vekt på at vi i familien måtte snakke fint om og til kvarandre. Dersom det blei knute på tråden mellom nokon, måtte vi sørge for å gjere opp, så ”inga bitter rot” fekk feste seg. Dette trur eg har prega alle oss søskenbarna, som var så heldige å få vekse opp i Hoffstorfamilien. Vi har alltid vore ein samansveisa gjeng! Ei dyrebar gåve!”

Eg likte å reise til Ellingsøy åleine, både i tidleg ungdom og seinare. Bestefar var skulestyrar på Grimstad skule på Ellingsøy i fleire tiår, og var på sin måte ein typisk representant for lærarstanden på denne tida; engasjert i samfunnsbygging frå morgon til kveld, som lærar, losjeleiar, misjonsmann, venstremann og ein ressursperson folk kunne vende seg



til om det skulle skrivast formelle brev til øvrigheita, lagast skøyte osv. Bestefar var ein kjærleg mann som også utstråla ein viss autoritet. Eg har tallause minne om gode samtalar med dei to ved respatex-bordet på kjøkkenet. Medan vi prata, tok bestefar seg av oppvasken. Det var lett å opne seg for bestemor, det var som om ingen menneskelege erfaringar var ukjende for henne. Og aldri hadde ho fordømande ord om nokon. Tvert om, ho poengterte at det alltid var ein *grunn* til at folk sleit, anten det var med alkohol eller noko anna som var lite sosialt akseptabelt. For bestemor var kvart liv ei historie som utfalda seg på sine egne premissar.

Inne i stova, på radiobordet under den tikkande klokka på veggen, låg alltid det tjukke fotoalbumet frå Finland. Det var eit mangslunge dokument, der motiva veksla mellom glade fjes, kaldt vinterlandskap, brennande bygningar og ikkje minst grusomme krigsskader. Menn som hadde fått sprengt bort ansiktet, andre som låg ille maltrakterte til sengs med tomme auge. Eg har ofte seinare lurt på kvifor denne harde røyndommen låg så fritt framme for alle som ville sjå – uansett alder. Kanskje kunne det ha med bestemor sitt syn på verda og livet? Ho pakka aldri inn røyndommen i fine ord og eufemismar, men hadde ei grunnleggande realistisk tilnærming til det vi menneske kallar tilveret. Truleg hadde ho sett så mykje både på sjukehuset i Drammen, ved Finlandsambulansen og ikkje minst i livet elles, at ho ikkje såg nokon grunn til å skjule eller omskrive noko som helst. Men kynisk vart ho ikkje av opplevingane sine, snarare tvert imot. Kanskje lærte erfaringane henne at er det noko verda treng, så er det empati og medliding.

Då eg var gymnasiast og svært oppteken av 2. verdskrigen, fortalde ho om opplevingar i Finland. Dessverre hugsar eg i dag lite konkret, og både eg og andre i slekta er i dag svært leie oss for at vi ikkje tok opp på band eller skreiv ned anekdotar og anna ho delte med oss. Bestemor hadde nemleg eit svært godt minne, og hadde vi spurt, hadde ho heilt sikkert villeg fortalt. Far min tok opp seks kassetband med samtale der ho i detalj gjorde greie for slekt og slektshistorie i alle retningar. Det er i dag klart at far min burde kjøpt ein stabel kassetar til, trykt på *record*, og sagt: “Mor, fortel om Finland!” Men det gjorde han altså ikkje.

Inne i peisstova til bestemor og bestefar hang eit diplom som viste at bestemor hadde vore i Finland. For innsatsen på ambulanse hadde ho og dei andre deltakarane fått Den finske fridomsmedaljen av 2. klasse. Her vart ho takka for innsatsen, og helsinga var signert sjølvaste *Mannerheim* – feltmarskalken som makta å å samle finnane i kampen mot overmakta desse kalde vintermånadene i 1939 -1940. I den samanhengen kan eg kome på noko bestemor ein gong fortalde frå krigssjukehuset i Muhos: “*Det* skal eg seie deg, Nils Einar, at då dei låg der i store smerter og frykta døden, så ropte dei ikkje på *Mannerheim*. Nei,

dei ropte på ho *mamma*.” Sa altså bestemor mi, Laura Rye, fødd Hoff. Og i dette ligg nok også noko av motivasjonen som prega henne som sjukepleiar og medmenneske: Menneske som lir og i meir enn berre ein forstand kjenner seg langt heimanfrå, treng nokon som *ser* dei.



*Bestemor saman med familien som ho fekk etter etter at ho gjekk ut av Røde Kors-tenesta i 1942. Mannen heitte Nils Rye og var lærar og skulestyrar på Ellingsøy. Dei to stesønene var eigentleg nevøane hennar. Nils Kristoffer (t.v.) og Noralf Magne flankerer Elisabeth (fødd i 1945)*